
Kautokeino menighetsråd:

Ønsker Kørner som vikarprest

–Et enstemmig Kautokeino menighetsråd har kallet prost Per Kørner i Strandebarm prosti til vikartjeneste i soknepresten permisjonstid og ferie i 1997. Saken er nå oversendt biskop Ola Steinholt og Nord-Hålogaland bispedømmeråd.

For noen uker siden gikk soknepresten i Kautokeino, Olav Berg Lyngmo, inn i Strandebarm prosti. Fra 1. mai til 5. september neste år skal soknepresten Lyngmo ha permisjon og ferie – og nå ønsker Kautokeino menighetsråd Strandebarm-prosten som vikarprest.



Kautokeino menighetsråd ønsker Per Kørner som vikarprest.

FOTO: SVEIN WILLY SANDNES

Kallsbrev

Derfor har menighetsrådet sendt Per Kørner et brev der de kaller han til tjeneste i den tiden soknepresten har permisjon og ferie. Kallsbrevet er undertegnet av samtlige som er med i menighetsrådet og de tre varamedlemmene. Underskriverne av brevet er: Klemet J. M. Hætta, Anders J. Sara, Ellen Marie Turi Gaup, Johan A. O. Eira, Anders P. Persen Buljo, Inger Marie Bongo Eira, Olav Berg Lyngmo, Karen Marie Eira Buljo, Ellen Marie G. Sara og Anne-Christine Mortensen.

Kørner har svart på dette brevet med å sende et brev der han søker vikariatet. Begge brevene er nå videresendt til biskop Ola Steinholt og Nord-Hålogaland Bispedømmeråd for vurdering og eventuell ansettelse.

Ringvirkninger

–Jeg synes at det er svært gledelig at Kautokeino menighetsråd har kallet Per Kørner til denne tjenesten. Dette er jo noe av det samme som skjedde i forbindelse med det luthersk-læsdadianske stevnet i Skibotn for noen uker siden. Da kallet menigheten to prester til å dra dit. Jeg håper at andre konservative menighetsråd følger opp med å gjøre det samme som Kautokeino menighetsråd – kalle til tjeneste prester som er avsatt fordi de har stått fast på Guds Ord. På denne måten kan den gamle norske kirke overleve, sier soknepresten Olav Berg Lyngmo.

–Hvordan opplever du å gi fra deg soknepresttjenesten for en periode til en prest som er avsatt?

–Jeg vil først poengtere at det er meget gledelig at et samlet menighetsråd har kallet Kørner til tjeneste som vikarprest. Kørner er ikke fremmed for å bruke tolk og å være i et fremmedspråklig område. Han har som kjent vært både misjonær og prestelærer i Sør-Afrika. Han står på Guds Ord og kirkens bekjennelse. Det er flere prester som er blitt avsatt fordi de ikke har godtatt et verdslig kirkestyre.

–Det som jeg også vet, er at prester som har ført vrang lære, er det ikke blitt reist sak mot. Vi gjerne nevne Helge Hognestad, utnevnt i statsråd som kapellan i Høvik, som eksempel. Disse har også beholdt kappe og krage.

–Så jeg ser på det å ha Per Kørner som vikarprest som en stor ære.

Reinflytting

Lyngmo legger ikke skjul på at prestetjenesten som soknepresten i Kautokeino er litt annerledes enn soknepresttjenesten i mange andre prestegjeld. Noe som kan gjøre arbeidet ekstra givende – ikke minst for vikarprester.

–Soknepresten er prest i et sogn som er meget stort. Kautokeino kommune er landets største kommune. I kvadratkilometer like stort som Oslo, Østfold og Akershus fylker. I tillegg til virksomheten i dette området har han også virksomhet utenfor området på sommerstid.

–Det er mulig at soknepresten i Kautokeino er med reinflytting fra innlandet til kysten om våren, men etter 1. mai har nok de fleste reinflokkene nådd kysten. Utover sommeren er det prekenturer til flyttsamene på disses sommerboplasser. Det kan nevnes gudstjenester på følgende steder: Kvalsund, Sennalandet, Kåfjord i Alta, Sekkemo i Kvænangen og Nordreisa. I tillegg husmøter og teltmøter mellom Hammerfest i nord og Balsfjord i sør, sier Lyngmo.

–Hva med det praktiske for Per Kørner – en prest som er ukjent i området?

–Med den samiske tolken som kjentmann vil det ikke by på problemer å finne fram til de aktuelle stedene. Videre er Per Kørner vant med fremmede språk, slik at det på sikt skulle være mulig for han å lære seg å lese den gamle 1920-liturgien på samisk. Det er dette alle prester må begynne med når de skal lære seg det samiske språk i tjenesten.

–Hva kan Kørner tilføre menigheten?

–Arbeiderne i Guds rike har forskjellige nådegaver. Det er viktig at mennesker med forskjellige nådegaver utfyller hverandre. Det er godt for en menighet noen ganger å få lytte til andre enn sin egen soknepresten.

Av SVEIN VILLY SANDNES

Oljeskatten på vei mot nye høyder

Oljeskatten er på vei mot nye høyder. Selskapene på norsk sokkel må ut med 22,8milliarder kroner i terminskatt for inntektsåret 1996. Det er nesten 5,5 milliarder mer enn i fjor. Holder dagens dollarkurs og oljeprisnivå rundt 24 dollar seg ut året, og det gjør det nok for det er ikke lenge igjen, kan samlet utlignet skatt for innevœrende år bli over 25 milliarder kroner. Terminskatten er en forhåndsskatt på formue og inntekt for oljeselskapene på norsk sokkel. Selskapenes halvårsregnskap og egne prognoser for oljepris fra august til nyttår står sentralt ved fastsettelsen av terminbeløpene. I år har de fleste selskapene lagt til grunn priser mellom 18 og 19 dollar per fat for annet halvår, med en gjennomsnittlig dollarkurs på 6,45. Gjennomsnittsprognosen tilsvarer en oljepris litt i underkant av 120 kroner fatet. Dette kan bli for lite når det endelige skatteregnskapet for inneverende år skal gjøres opp. Allerede ved utgangen av tredje kvartal hadde gjennomsnittlig oljepris så langt i år vœrt 19,68 dollar, eller 127 kroner per fat. I oktober har oljeprisene svingt mellom 24 og 25 dollar fatet. Et nivå på 24 dollar tilsvarer cirka 155 kroner med en dollarkurs på 6,45. Varer denne prisen ut året, vil gjennomsnittlig oljepris for 1996 bli rundt 135 kroner. Dermed kan det ligge an til en samlet restskatt på to til tre milliarder kroner når den endelige oljeskattligningen for 1996 er klar.

Det er flere grunner til prisoppgangen i innevœrende år. Vinteren 1995/1996 var svœrt kald og medførte en kraftig reduksjon i oljelagrene, i tråd med tidligere forbruksmønster, bygget opp igjen. Lageroppbyggingen var imidlertid svakere enn forventet som følge av mindre produksjonsøkning enn antatt fra land utenfor OPEC. Dekningsgraden for fremtidig forbruk fra lagerbeholdningen i november er dermed den laveste på ti år. Usikkerhet om Iraks gjeninntreden på markedet har i tillegg gitt et nervøst og stramt marked, med relativt store prissvingninger. I slutten av november kom det melding om at Irak får gjenoppta en begrenset oljeeksport fra desember. Avtalen gir Irak mulighet til å eksportere olje for omlag 2 milliarder dollar over en periode på seks måneder, noe som betyr en daglig eksport på 0,6 - 0,8 millioner fat. Meldingen kom like i forkant av OPEC-ministrenes 101. ordinœre medlemsmøte i Wien, som åpnet 26. november. På møtet blev det vedtatt at OPEC skal videreføre sine selvpålagte produksjonskvoter på 25,03 millioner fat per dag. Enkelte medlemsland produserer imidlertid adskillig mer enn kvoten tillater, slik at OPEC i dag produserer omlag 26 millioner fat daglig. Iraks eksport vil komme i tillegg til de øvrige medlemslandenes produksjon. Det antas imidlertid at klarsignal for oljeeksport fra Irak kan virke skjerpende på de øvrige medlemslandenes vilje til å etterleve vedtak om produksjonsbegrensning.


Da melding om at Irak har akseptert alle FNs betingelser for oljesalg kom, falt oljeprisen med over 1 dollar per fat. Prisen kom imidlertid raskt opp igjen. Markedets forsiktige reaksjon må ses i lys av at det fortsatt råder usikkerhet omkring avtalen. Det forventes ytterligere prisfall når avtalen virkelig blir realisert. Iløpet av vinteren vil prisene kunne stige noe. Prisutviklingen er imidlertid usikker, da det blant annet avhenger av temperaturen i vinter og om eksport av irakisk olje faktisk blir gjennopptatt i henhold til FNs betingelser.

Økonomisk notat

Av bedriftsøkonom Sturla R. Olsen

På dugnad for utvandringshistorien:

Emigrant-kirken tar form



T.h.:Oddmund Skjelvik er en av ildsjelene bak byggingen av kirken.

Under: Kirken er i ferd med å reises i bygden Sletta på Radøy. Dugnadsgjengen arbeider fra tidlig morgen til sen kveld for å få kirken ferd til 4. juli neste år.

Nederst: Dugnads-arbeider Rune Mellingen i det som om en stund skal bli kirkerommet. I kirken vil det være sitteplas-ser til ca. 170 personer.

Radøy (Dagen): Dugnadsgjengen arbeider på spreng. Fundamentet er støpt og veggene kommet på plass. Emigrantkirken på Radøy er i ferd med å ta form.

Det var i sommer at 12 ildsjeler fra Radøy, Bergen, Kvam, Samnanger, Fjell og Askøy reiste til Amerika for å hente kirken som skulle settes opp på Sletta på Radøy. Etter den lange turen over Atlanterhavet, begynner kirken nå å ta form. Dugnadsgjengen trosser både snø, regn og kulde for å gjennomføre prosjektet. Med hammer, spiker og sag jobber de fra tidlig morgen til sen kveld. 4. juli, på den amerikanske nasjonaldagen, skal kirken være ferdig gjenoppbygd. Det første målet er å få kirkebygget tett innen nyttår.

Det er en ivrig dugnadsgjeng Dagens utsendte møter. Hver dag arbeider 5-6 personer på kirken. Til sammen har 40-50 mennesker vært med på dugnaden. Bare én av dem er ansatt med lønn. De andre tar av fritiden for å gjennomføre et prosjekt som synes å bli mye større enn det i utgangspunktet var planlagt.

–Dette prosjektet blir mye mer omfattende enn vi hadde trodd. Det er flott og spennende, sier Oddmund Skjelvik til Dagen. Han er formann i kultur- og landbruksstyret i Radøy kommune og en av ildsjelene bak prosjektet.

Det var Asbjørn Ystebø, lektor ved Danielsen videregående skole i Bergen, som tok initiativ til å hente kirken fra Amerika. Han er storlig imponert over dugnadsånden som innbyggerne på Sletta viser.

–En hel bygd har grepet fatt i prosjektet og vist en ufattelig dugnadsånd. Denne bygden må være helt unik, sier han til Dagen.

Velvilje

Det sier seg selv at det ikke er billig å flytte en kirke fra Amerika til Norge. Selv om det meste av arbeidet er gjort på dugnad, kommer nedriving, frakt og oppbygging av kirken på til sammen 1,3 millioner kroner. Det finansieres dels gjennom kommunal og statlig støtte, dels gjennom støtte fra bedrifter og organisasjoner og dels gjennom private gaver.

–Vi har fått 200 000 kroner i støtte fra Radøy kommune, og vi håper å få 300 000 fra Stortinget. I tillegg setter vi snart i gang en innsamlingsaksjon blant kommunens innbyggere, forteller Skjelvik.

Hadde det ikke vært for den enorme dugnadsinnsatsen og gratis innsats fra både transport- og entreprenørfirmaer, ville summen selvsagt blitt atskillig høyere.

–Vi har møtt velvilje fra ende til annen. For eksempel hadde vi gravemaskiner her en uke gratis, og en entreprenør tok ingenting for å bore ut tomten. Å frakte kirken helt fra Nord-Dakota til Radøy kom dessuten på bare 45 000 kroner, sier en takknemlig Skjelvik.

Nord-Dakota

Som nevnt var det Asbjørn Ystebø som kom med ideen om å hente en kirke fra Amerika til Vestlandet. Radøy kommune tente på ideen, og arbeidet med å finne en passende kirke ble satt i gang. Gjennom organisasjonen Evangelical Lutheran Church of America fikk de høre om flere nedlagte kirker. Til slutt falt valget på kirken i den lille landsbyen Brampton i Nord-Dakota, en landsby som bare har ni fastboende innbyggere.

–For oss var det viktig å finne en kirke som var representativ for den norske utvandringen, sier Ystebø.

Fra tid til annen blir det lagt ned kirker på prærien i USA. Kirken i Brampton var en av disse. Med bare seks medlemmer igjen så ledelsen i kirken ingen annen utvei enn å legge ned driften. I desember 1995 holdt menigheten sin siste gudstjeneste, og var klar til å auksjonere bort inventaret da ildsjelene fra Vestlandet tok kontakt.

–Innbyggerne i den lille landsbyen jublet, og besluttet momentant å gi kirken med alt innboet til oss, sier Ystebø, som forteller at menigheten nå har reist et minnesmerke over kirken der den stod tidligere.

Arbeidsfolkene fra Norge fikk ikke overta bare kirken, men også hele inventaret. Det betyr at piano, orgel, benker, alter og sangbøker er identiske med de som ble brukt i kirken da den stod i Nord-Dakota. Slik håper Ystebø og de andre å gjenskape miljøet på en best mulig måte.

Et lite stykke Norge

–Men hvorfor har dere valgt en kirke som symbol på utvandringen?

–Historien om emigrasjonen er på en helt spesiell måte festet til kirkene. I kirkene hadde emigrantene et lite stykke av Norge med seg. De hadde med seg sin Gud og søkte trygghet i kirken. Gud fikk stor betydning for dem fordi de var fremmede og følte seg hjelpeløse. De norske utvandrerne holdt mye sammen som etnisk gruppe, og kirken var velegnet til å ivareta minnet om Norge. Kirken ble en besøkssentral. Veien til «the melting pot» gikk gjennom kirken, forteller Asbjørn Ystebø.

At akkurat Sletta ble valgt som sted for kirken, er ingen tilfeldighet. Ifølge Ystebø er den nemlig et typisk eksempel på en vestlandsbygd der utvandringen var stor. I tillegg kommer det faktum at bygden ikke har egen kirke.

–Det var mye som pekte mot at Sletta var et velegnet sted til å sette opp kirken. Det var svært

UTANRIKS

omen til Salman Rushdie



første som slo meg, var at denne mannen som verda tenkjer på som ein fange, tydelegvis var van med å spasere i gatene. Det andre var at folk kjende han att, slik dei ville kjenne att kronprins Charles eller Paul McCartney.

Men dei let denne fredlause som er prisa til to og ein halv millionar dollar, gå i fred.

– Folk flest er heilt på mi side, det er makteliten eg har problem med, forklarar Salman.

Eg freista å få han til å tale om dagleglivet sitt. Om det «safe house» Scotland Yard har gitt han. Om den eldste sonen hans som studerer i eit framandt land. Om den nyfødde sonen som han har kalla Milan etter forfattaren Milan Kundera. Den offentlege krangelen hans med John le Carré. Om filmar. Han likte Titanic, som alle andre. Og L.A. Confidential, på grunn av Kim Basinger.

Billettdama i Portrait Gallery let seg ikkje merke med at ho kjende att den berømte gjesten. Og Salman sjølv verka trygg og blid og interessert der han vandra mellom portrett av Capote, Sontag, Pinter, Faulkner og Hemingway.

Ute på gata igjen peikar han ut stadene sine for meg. Queen's Gallery. Club Atheneum, som han vitja ein gong med forfattaren Angus Wilson. Reklamebyrået der han arbeidde for tretti år sidan. Eg merkar at London er hans by, og kor viktig det er for han å kunne gi seg over til lagnaden og vandre fritt omkring. Men fritt? Livvaktene er aldri langt unna. Til tider får dei meldingar i øyret som får dei til å føre oss inn i ei anna gate enn den vi hadde tenkt. Eg har ei kjensle av at radaren følgjer oss for kvart steg vi tar.

«B» er ein in-restaurant i London der ein treffer på politikarar, skodespelarar, forfattarar og vakre kvinner. Det er tydeleg at Salman kjenner seg heime. Et «hello» der, eit nikk der. Handtrykk. Stambordet. Er livvaktene plasserte rundt i lokalet? Har dei sjekka kjøkenet og toalettet? Eg veit ikkje.

Og han er ikkje opptatt av slikt. Han et godt. Han nikkar og smiler i aust og vest. Han pratar med den eine og den andre. Det er ei gåte for meg korleis denne forfølgde mannen, som heile tida veit at livet kan ta slutt kva sekund som helst, kan halde på gleda si over goda i livet og på si interesse for andre menneske.

– Vi feira fødselsdagen min her for ei stund sidan, seier han. Seksti gjester. Og ikkje ein lekk til pressa. Ikkje ein einaste fotograf – i denne byen der eit glimt av ein kjendis får paparazziane til å sverme. Venene mine tar særs godt vare på meg.

Diana

Namnet Diana kjem fram. Har han møtt henne?

Andletet hans lyser opp. Det var rett før fatwaen. Han hadde fått billettar til operaen i Covent Garden i gåve. Ned på setet ved sida av han landa ei vakker kvinne. Nei, vakker var ikkje det rette ordet: ho var ei av dei mest elegante, glamorøse kvinnene han nokon gong hadde sett. Dei hadde veksla nokre ord, og det var det heile.

Har Diana sin død gått inn på han? Ja. Svært mykje. Han var i sambandsstatane da ulukka hende, men då han kom attende til London, drog han rett til Kensington Palace for å leve ut sorga si saman med tusenvis av andre engelskmenn.

– Hugsar du gravferda? Dei enorme mengdene med folk som følgde kista i absolutt ro? Applausen då kista var på plass i Westminster Abbey? Eg trur det er det meiningslause ved døden hennar som rører oss så sterkt. Om ho hadde blitt drepen av ei landmine, hadde det vore ein død med ei presis meining. Men no kan kvar og ein leggje si eiga meining i Diana sin død.

Den intellektuelle Salman Rushdie tok over til sist med analysen sin. Men eg har ikkje gløymt biletet av den andre Salman – han som brukte ti timar 3. september 1997 på å gråte over prinsessa sin død saman med dei britiske ungjentene.

Islam har skulda

Stemninga i restauranten verkar avslappa på overflata, men det er stadig små ting som gir ei kjensle av at tryggingsfolka har styringa med alle rutinar. Det styrkjer den tanken som gneg i meg heile tida: den fridomen vi har saman denne dagen, er eigenleg ein illusjon.

– Kva ville du seie til Khatami om det var han som sat her eg sit no?

Han skvett til. Så ler han.

– Ingenting. Til ein fyr som vil drepe meg, kan eg berre seie eitt ord: Stopp! Det kan vere at tilhøva endrar seg, og at det vil bli ei tid for dialog. Men nett no ville eg ikkje ha anna å seie enn «stopp!»

– Du trur altså ikkje at noko har endra seg i Iran etter det siste valet?

– Eg trur at folket har endra seg. Valet av Khatami er eit teikn på det sterke ynsket om reformer og endring.

Han skjenkjer seg eit nytt glas vin.

– Men vi må ikkje gløyme at Khatami sjølv er ein mullah. Har du høyrt han seie eitt ord om å oppheve fatwaen? Har han i det heile sagt noko som helst om meg og den situasjonen eg er i?

– Det er islam som er det verkelege problemet, held han fram. Korleis kan nokon framleis seie at islam er uskuldig når det gjeld Algerie, Sudan, Irak eller taliban? Eg veit at det ikkje er politisk korrekt å stille eit slikt spørsmål, men det må bli stilt. Kven er det i den såkalla ideelle islam som tar ansvar for det som blir gjort i islam sitt namn? Ein kan berre sjå på kulturen. Det er klart at den islamske kulturfiendskapen har samanheng med det Koranen seier om diktarane: «Dei er alle unyttige løgnarar! Kvifor skal ein bry seg med diktarar når ein har bøkene si bok, Koranen?» Eller lat oss sjå på kvinnene. Sjå berre korleis taliban burar dei inne som om dei var fuglar. Kan det vere ein samanheng her med den boka som seier at kvar tanke om at Gud si ånd kan finnast i ein kvinneleg skapnad, er heilagbrot? Det er dette dei versa som blir kalla sataniske, handlar om.

– Spørsmålet er om islam og menneskerettane i det heile kan leve i lag, konkluderer han.

Eg høyrer ein annan og mykje skarpare tone i røysta hans. Røysta til den politiske Salman, som meiner at han sjølv er den eigenlege prøva på om viljen til oppmjuking er til stades i Iran.

– Det verste er at dersom det var vilje til det, kunne ein få mullahene i kne. Veit du at det finst ein institusjon i Iran som heiter Council of Expediency? Han skal følgje med på kva regjeringa gjer. Instruksen er at det som er i nasjonen Iran si interesse, er legitimt sjølv om det går mot Koranen.

Hovudretten kjem, men han et ikkje med same appetitt som før. Det verkar som om tanken på Iran har fått fram sinnet og tatt bort matlysta.

– Det er Khomeini sjølv som har fått inn det prinsippet i den iranske grunnlova. Khomeini! Det tyder at alt som trengst for å setje fatwaen ut av kraft, er å overtyde leiarane i Iran om at det er i Iran si interesse. Men det gir europearane med franskmennene i spissen blaffen i! Dei veg ein stakkars forfattar sine interesser opp mot dei enorme interessene som knyter seg til olje og annan handel.

Tonen har skifta att. Tungsindig. Bitter. No teier han. Kanskje han tykkjer at han har sagt for mykje. Vi avsluttar måltidet i tung togn. Skritta hans verkar tyngre når han går mot utgangen. Litt fråverande, med auga halvt lukka, tar han avskil. Eg følgjer han med blikket der han går mot bilen mellom dei to skytsenglane sine. Han vender seg ein siste gong. Eit mildt, men trist smil. Har eg drøymt? Eller er det han som utan å vite det har spelt fridomskomedie for meg gjennom dei siste timane?

Bilen køyrer bort og forsvinn. Eg står attende i den bleike natta blant dei verkeleg levande, dei som kan kome og gå og skrive som dei vil. Han veit eg ikkje lenger kor er. Eg veit ikkje eingong sikkert om han er synleg eller usynleg, eit spøkjelse eller eit menneske av kjøt og blod. Eg prøver å tenkje meg kva han tenkjer. Eg spør meg om ikkje den lystige stemninga hans berre var eit spel som eg ikkje fatta med det same. Er han ein martyr eller eit fritt menneske? Kven kan måle Salman Rushdie si einsemd?

Einerett: Le Monde/Dag og Tid
Omarbeidd og omsett av Thor Vardøen og Kirsten Aasheim

ORDSKIFTE

Ein «lærd» Stutum

YTRING

Kjell-Arnt Labukt påstår at han er ein lærd mann. «Eg er godt skolert i islandsk, skandinavisk, russisk, tysk, fransk og engelsk og amerikansk litteratur, kultur og historie» skriv han i Dag og Tid 25. juni, som prov på at synet hans på opera ikkje er «eit oppgulp frå ein Stutum». Likevel opnar han innlegget sitt med både feil sitat og feil opphavsmann. Uttrykket om å gripe etter revolveren når ein høyrer ordet **kultur** blir i mange ordskifte tilskrive vekselvis Joseph Goebbels (Labukt) og Hermann Göring, men stammar ikkje frå nokon av dei. Den mest sannsynlege opphavsmannen er forfattaren Hanns Johst (1890-1978) som i teaterstykket *Schlageter* (1933) har replikken: «Wenn ich Kultur höre, entsichere ich meinen Browning».

Kan hende har både Göring og Goebbels brukt replikken også, men dette vesle holet i Labukts omfattande skolering er likevel ikkje det verste. Det er når han som argument i operadebatten hevdar at opera i seg sjølv er ei borgarleg, reaksjonær kunstform, motsett litteraturen, som vart brend på bål i Det tredje riket. Var det berre litteratur som vart undertrykt og forbode under nazismen?

Kronargumentet til Labukt er at Hitler og hoffet hans elska opera, og at «opera var den kulturelle samlingsstaden deira», serleg Wagner (som elles ikkje skreiv «Götterdämmung», men *Götterdämmerung*). Men Hitler var først og fremst ein lesehest og bokorm som i ungdomstida i Wien las alt han kom over, serleg av historie og filosofi. Men tysk åndsliv var ikkje berre Leibnitz, Kant, Goethe, Schiller, Bach og Beethoven, men også Johann Gottlieb Fichte, Hegel, Heinrich von Treitschke, Nietzsche, og sjølvsagt Wagner, for ikkje å snakke om dei fransk- og engelskfødde Joseph Arthur Gobineau og Houston Stewart Chamberlain, som med raseteoriane sine vart Hitlers intellektuelle heltar. William Shirer skriv i *Det tredje rikes vekst og fall* at «alle de skakkjørte ideene som de rastløse tankene hans tumlet med hadde dype røtter i tysk virkelighet og tenkning.» Og som *kunstnar* gjorde Hitler sjølv det definitivt størst som forfattar: *Mein Kampf* vart selt i multi-millionopplag, og med 15 prosent royalties frå Eher Verlag for bokverket sitt vart Hitler millionær og den best betalte forfattaren i Tyskland, på den mest selde boka etter Bibelen.

Altså finst det litteratur og litteratur, opera og opera, kunst og kunst. Det er godt mogleg at Labukt er ein skolert mann, men i staden for å bruke den store kunnskapen sin til å opplyse folk, brukar han berre fordomane sine til eit kunnskapslaust, lettbeint og overflatisk innlegg om opera som parfymert kunst og nazi-hygge. Han er altså ingen vanleg Stutum. Han er ein «lærd» Stutum.

Roald Helgheim

At namnet på operaen «Götterdämmerung» vart feilskrive i innlegget til Kjell-Arnt Labukt 25. juni, skuldast ein trykkfeil i Dag og Tid.

red.

Me vil hava bøkerne våre!

YTRING

I fjor haust lagde nokre som kalla seg «Nynorsk Elevgerilja» ut ei datalærebok på internettet. Boki hadde dei på eigi hand umsett frå bokmål til (ny)norsk, ho kom nemlegt ikkje i parallellutgåva slik lovi krev. Etter den aksjonen var det breid semja um at norskmålselevane sjølvsagt skulde få lærebøker i data på nynorsk. Men kva hender? Bøkerne som berre kom på bokmål i fjor kjem berre på bokmål i år med!

Programvareboki for Word 6.0 er framleides berre å få på bokmål – endå me veit at det finst ei nynorsk umsetjing. Når det gjeld nye former for læremidlar, CD-ROM-ar og programvare, finst ikkje norskmålsutgåvor. Word 97 er å få på gælisk irsk, men ikkje på nynorsk.

Me i Sunnmøre Målungdom vil ikkje lenger godtaka denne stoda. Det å vera norskmålsbrukar er ikkje nokon ser sjukdom eller merkelegt påhitt. Me hev full rett til å få same utdaningi som bokmålselevane, og då trengst det læremidlar!

I fjor vart Universitetsforlaget tekne på sengi av sinte elevaksjonistar.

No segjer me frå på fyrehand. Forlagi hev enno tid å koma med norskmålsutgåvone me tarv. Me finn oss ikkje lenger i å nytta bokmålsutgåvor. Difor uppmodar me alle til ikkje å kaupa ei einaste bok som ikkje er tilgjengeleg på nynorsk. Det hev seg nemlegt slik at um forlagi ikkje fær selt bøkerne sine tener dei helder ikkje pengar. Um mange nok neittar å lata forlagi driva den lovstridige praksisen sin kjem dei til å verta nøydde å fylgja lovi – og prenta nynorske parallellutgåvor.

Berre bokmål = Boikott

Kay-Morten Aarskog, Sunnmøre Målungdom

Konfliktane i m

YTRING

Dag og Tid har siste halvåret brukt mykje spalteplass på stoda i målrørsla. Men aktørane har etter mitt skjøn ikkje stilt rette diagnosen. Dei som har hevda at Norsk Målungdom er i ferd med å ta styringa i Noregs Mållag, tek noko feil. Det er ikkje NMU, men ei aktivistgruppe som NMU-leiinga er ein del av, som sikrar seg posisjonar. Tidlegare dagleg leiar Atle Faye tek òg noko feil når han i intervju snakkar om AKP-dominans. For AKP er eller var så mangt. Folk som lærde av Stalin og Øgrim og Steigan og folk som lærde av Mao og Dimitrov og norsk folkerørsletradisjon. Folk som er eller har vore AKP-arar, finst i ulike fløyer i Noregs Mållag.

Når også eg er uroa over Noregs Mållag no, er det altså ikkje på grunn av ein generasjon og ikkje på grunn av eit parti, men på grunn av ei tenking. Ei tenking som seier a) at det viktigaste av alt er det norske, og b) at til norskare, til betre.

Denne nasjonalismen er slett ikkje ny i målrørsla. Gustav Indrebø er ein av fedrane. For han var drivkrafta skamma over å høyre til eit land utan eige språk: «Med å kasta dansken... velter me av oss ei nasjonal skam. For det **er** audmykjande soleis som det stend til no», skriv han og fortel om ein gong han sat på eit bibliotek i Berlin og trong Falk og Torp: Dansk-norsk Etymologisk Ordbok. Under oppslagsordet norwegisch fann han ingen ting. Men så råka han til å sjå under dänisch, og der stod sanneleg boka. «Eg kjende det der eg sat i den framande byen liksom einkvan skulde ha slege meg i andlitet».

Det reine – sterile – språket

Nasjonalisme av dette slaget byggjer på tre mistydingar. For det første at berre nynorsken er norsk. Men bokmålet er norsk, det med. Det har ei dansk og ei norsk rot, men det er laga i Noreg og av nordmenn, og det blir oppfatta som norsk. Skulle det historiske opphavet avgjere nasjonsmerket, ville fransk og rumensk og kastiljansk og asturisk vere latinske eller romerske språk.

Den andre mistydinga er at ein nasjon må ha eitt og berre eitt språk, eit såkalla nasjonalspråk. Mange faktorar i kombinasjon skaper nasjonar. Nasjonar flest er fleirspråklege, og språk flest blir brukte i fleire nasjonar. Den finske nasjonen har to språk, finsk og svensk (attåt tre samiske, karelsk, olonetsisk, estisk og russisk), og den sveitsiske har fire (tysk, fransk, italiensk og retoromansk).

Den tredje mistydinga er at det ublanda språket er det beste. Altså at alt framandt er uty som språket må skjermast frå. Reint språk kallar dei det om lag som reine laken.

Draumen om det reine norske ligg attom andre standpunkt:

* Dialektane, iallfall mange av dei, er så skjemde at dei er lite verdt.
* Skriftmålet må styre talen, for skriftmålet er mindre infisert.
* Skriftmålet bør ha ei og berre ei form, slik at det er lettare å få auga på og å unngå smitte.
* Denne forma bør vere frå eldre tid, for endringane i seinare tid har skjedd etter påverknad utanfrå og er difor til skade.

Gir ei slik tenking nynorskbrukarar? For å svare kan vi sjå på Norsk Målungdom. Dei argumenterer på denne måten. «Dei siste 5-6 åra har me peisa på og mesta gaula Noreg med ein gong skuletimen byrjar», som ein av ideologane, Ingar Arnøy, skriv i Mål og Makt 4/97.

Men ungdom forlet nynorsk mål. Jamfører vi nynorskprosenten i barneskolen og blant rekruttar, ser vi at tre av åtte nynorskbrukande ungar blir bokmålsbrukande ungdommar. Blant skikkeleg vaksne er talet på nynorskbrukarar nokolunde stabilt og noko høgre enn blant rekruttane, endå språkpresset til bokmål oftast er sterkare blant vaksne enn blant skoleungdommar. Tala tyder på at det å peise på og gaule Noreg ikkje er den største tenesta folk kan gjere nynorsken.

Den «fårlege» kebabnorsken

Ein kommentar av leiar i Norsk Målungdom Magnus Bernhardsen i Klassekampen 4.6.98 viser kva for uføre den nasjonalistiske tenkinga kan føre



folk ut i. Han svingar pisken. Ikkje mot bokmålet og ikkje mot språkpress på nynorskbrukarar og ikkje mot engelsk, men mot fleirkulturell tenking. Slik tenking «står i vegen for ei demokratisk integrering». Til døme bruker han kebabnorsk, som er ei samlenemning for dei sjargongane som har utvikla seg blant ungdom i møte mellom norsk, urdu, vietnamesisk og andre språk. Mot denne styggedommen må folk åtvarast: «Ideen om å taka vare på og fremja kebabspråket er fårleg», les vi. Dinest slår Bernhardsen pisken mot NRK-leiarar som vil tilsetje folk med utanlandske taletrekk.

Brukarane av kebabnorsk blir altså ikkje ein del av det norske demokratiet, meiner ungdomsleiaren. Dei bør i staden bli heilnorske: «Ved å taka del i den norske kulturen får ein òg sjansen til å vera med i den norske nasjonen, og soleis fullt ut deltaka i det norske demokratiet». Tru det same gjeld samiske språk, kvensk og rom-språka? Også brukarar av desse språka eller av ord og tonefall frå dei blir råka av denne «Noreg for nordmenn»-tenkinga.

I staden bør vi som vil ha eit ope og demokratisk Noreg, sjå positivt både på kebabnorsk og folk med utanlandsk aksent i NRK. Blir ikkje folk med annleis tale og andre ord godtekne i det norske samfunnet, er det hjå oss og ikkje hjå dei feilen ligg. Når bedrift etter bedrift stengjer ute søkjarar med utanlandsk namn eller tonefall, er det ekstra bra at NRK vel den motsette praksisen.

Kva ligg i tankar om eit fleirkulturelt Noreg? Ikkje at den norske kulturen

dette er det grunn til å kritisera metoden NRK bruker i statistikkføringa si. Med å dela dialektdelen i to like store delar, gjev NRK inntrykk av at programma deira har meir nynorsk enn dei faktisk har.

KOR MANGE KJØNN HAR NORSK?

Alle veit at norsk har tre grammatiske kjønn i talemålet over det meste av landet. Helge Sandøy, som er språkkonsulent i NRK, opplyser at over 90 % bruker tre kjønn. Kva viser radiospråket? Av dei 243 bokmålsinnslaga der det førekom hokjønnsord, hadde berre 22,6 % hokjønnsform. Det er grunn til å stilla spørsmål om kvifor moderat bokmål, som har så lite talemålsgrunnlag, skal stå så sterkt i radioen, som er eit talt medium. Av dei tilsette i P4 var det til dømes berre 6,1 % som hadde hokjønnsformer. Dette kan neppe seiast "å spegla språkleg mangfald".

OPPSUMMERING OG KOMMENTARAR

Om sendingane i NRK har utvikla seg slik at det er naudsynt eller ynskjeleg å prioritera normert nynorsk høgare, er eit vurderingsspørsmål. Riksmålsforbundet vil kanskje svara "nei, det er ikkje ynskjeleg", mens målrørsla truleg vil ropa eit høgt "ja, og no er det på tide med rettferd her". Men 25 % regelen står fast, og dersom NRK ikkje vil halda fram med sivil ulydnad, er det på tide å leggja større vekt på å synleggjera nynorsken. Ein måte kunne vera å oppretta eit register over nynorsktalande fagfolk på ymse felt, som NRK kunne kontakta når "ekspertar" skal uttala seg.

Det folk flest høyrer av korrekt nynorsk, kjem gjennom kringkastinga. Pedagogisk sett bør det kanskje leggjast større vekt på normert nynorsk. I ei tid der bokmålsveldet er stort i etermedia, kan det vera godt for nokon kvar å høyra god munnleg nynorsk, både for å styrkja identiteten til oss som nyttar nynorsk til dagleg og ikkje minst for ungdom i bokmålsområda som ikkje har noko talt språk å festa sidemålet sitt til.

Det er også eit spørsmål om NRK-statistikken gjev eit rett bilete av omfanget av nynorsk i sendingane. Denne undersøkinga måler "nynorskfrekvens", medan NRK-statistikken måler "nynorskflate". Det går altså ikkje å samanlikna dei to målingane direkte. Undersøkinga har eit avgrensa omfang, og ein må rekna med statistiske feilmarginar og andre feilkjelder. Med desse atterhalda tyder undersøkinga vår på at

- nynorsknorma i NRK-statistikken er svært romsleg
- mykje av det NRK registrerer som nynorsk, held ikkje som mål på korrekt nynorsk tale
- omfanget av normert nynorsk er minimalt
- dei som er tilfeldig innom mikrofonen har større tendens til å ha ein nynorsknært talemål enn dei tilsette
- bokmålsbrukarar ser ut til å ha lengre sekvensar enn nynorskbrukarar
- det er langt att til NRK når opp til sine eigne vedtekter på det språklege området

I ei tid der målstyring og resultatorientering er daglegdagse ord, er det merkeleg at NRK kan ta så lett på dei språklege måla som er sette opp.

Vil du lesa heile rapporten? Ta kontakt med Kringkastingsringen. Me sender deg eit gratis eksemplar.

Telemark festivalen

Internasjonal folkemusikkfestival i Bø
29. juni – 2. juli 1995

Nå kan du kjøpe billettar og tinge kursplass!

OPPLEV: Konsertar, kurs, kunstutstilling, dans, barnetilbod, gatespel.

KONSERTAR: Elena Ledda (Sard), Justin Vali Trio (Madg.), Equation (Engl.), Lamine Konté (Senegal), Fliflets Frie Flyt, Sondre Bratland, Hauk Buen, Nils Sletta, Berit Opheim, Oslo Kammerkor, Gilles Obermayer, Øystein Romtveit, Tarjei Romtveit, Halvor Håkanes, Ragnhild Furholt, Øyonn Groven Myhren, Per Anders Buen Garnås, Ingvill Marit Garnås, Per Midtstigen og mange fleir.

LÆR: Kurs i Valiha-spel (Madg.), Perkusjon, Irish Set Dance, Cajun dans, Cajun spel, Religiøse folketonar, Torader, Hardingfele, Kveding for vaksne og ungar, Teledans for vaksne og ungar, Kantele-spel, Sjøfløytespel, Røros-pols, Cirkus-kurs for ungar.
Musikkverkstader med fleire av artistane.

DANS ETTER: Sigmund Dehli m/Tiit og Knerten, Terry Lehn's orkester, Louisiana Kvartett (cajun), og mykje norsk bygdedans.


INFORMASJON: Telemarkfestivalen, Gullbringvegen 34, 3800 Bø i Telemark
Telefon: 35 95 19 19, telefaks: 35 95 35 46, mob.tlf: 94 84 81 20

Billettar på Posten frå 28. april 1995, tlf. 810 33 133

Velkomen til Bø!

LEIARTEIGEN

Teksting og språkpolitikk



Åsmund Lien
leiar i Kringkastingsringen

Du ser og høyrer eit menneske verta intervjua på fjernsynet. Det er reprisesending, og innslaget er teksta. Same korleis intervjuaren og den intervjua snakkar, så er tekstinga på bokmål.

Når norsk tale vert teksta på NRK Fjernsynet, så er det på bokmål. Dette er av omsyn til dei høyrslehemma, seier NRK-leiinga, som til og med brukar dei høyrslehemma som brekkstong for å omsetja Terjei Vesaas til bokmål på skjermen.

Dette er språkpolitikk, seier eg.

Ein stor del av dei høyrslehemma som tidlegare har vore høyrande , og det gjeld dei fleste, vil ikkje ha noko problem med å lesa nynorsk. Mange les lokalaviser og anna på nynorsk - det er ikkje berre i bokmålsland det finst høyrslehemma - og det er endå til mange som har nynorsk som morsmål. For somme av dei leiande i NRK høver det likevel å skuva denne gruppa føre seg i striden for bokmålet.

Når norsk tale støtt vert teksta på bokmål på fjernsynet, så er det med på å byggja opp under den oppfatninga at det er bokmål som er det "normale" skriftlege uttrykket for all norsk tale. For nynorsken, og for alle dei som reknar nynorsk som sitt språk, er dette svært uheldig. Eg vil oppmoda høyrslehemma nynorskkrinsar om å ta dette opp, både gjennom organisasjonane for døve og høyrslehemma og med NRK, for å visa at det slett ikkje er sant at dei med dårleg høyrsle berre forstår bokmål.

Kan tale speglast?

- var temaet på konferansen som Kringkastingsringen heldt i april i år.

Har det talte mediespråket noko å seie for haldningane folk har til ulike talemål, bokmål, dialektar og nynorsk? Talemålet utviklar seg, kva faktorar er med på å styre retninga?

Konferansen spegla usemje mellom forskarane i kor stor grad dei meinte at mediespråket påverkar talemålet. Dei fleste av fordragshaldarane syntest likevel å skilje mellom aktiv og passiv språkpåverknad; Barn og ungdom ser på utanlandske kanalar og plukkar sjølvsagt opp ord og uttrykk. Dei kan til dømes forstå meir svensk og engelsk, men det skal mykje meir til før dei endrar talemålet. Korleis mediespråket påverkar haldningar, er ei anna sak. Norske kanalar er framleis bokmålsdominerte, sjølv om det er positivt at sjåarane kan høyre forskjellige dialektar. Men er talt bokmål normdannande for språket i samfunn som er prega av stor mobilitet, og er dette media si skuld?

Konferansen samla ei rekkje forskarar som nærma seg desse problemstillingane. Vi har gitt att to av emna frå konferansen her, men alle foredraga vert samla i eit kompendium som kan tingast hjå Kringkastingsringen frå hausten.

Den nye «bokmåls-nynorsken» tek form

YTRING

Nynorske ord og former som me, difor, då, endå og a-infinitivar er på veg ut or nynorske lærebøker.

»Vi har valgt å holde oss til en form som ligger så nær opp til bokmål som mulig da dette jo er en bok som skal brukes av begge målgrupper.»

Dette seier Gyldendal Norsk Forlag om språket i ei fellesspråkleg lærebok i samfunnsfag for VK1, i eit brev til Norsk Språkråd. I tråd med denne «språktoleransen» har dei skifta ut ein del uttrykk som nynorskomsetjaren opphavleg har nytta. Nokre døme på ord som forlaget har skifta ut:

billeg-billig
bører-byrder
einskildmenneske-enkeltmenneske
døme-eksempel
folkerøysting-folkeavstemming
framlegg-forslag
føremål-formål
gje-gi
gå føre seg-gå for seg
handsame-behandle
kring-rundt
medvite-bevisst
ottast-frykte
samd-einig
syte for-sørgje for
verte-bli
ymse-ulike
åt-til

Gyldendal er ikkje åleine om å praktisera «bokmålsnynorsk». Dei fleste lærebokforlaga har i lengre tid lege på denne språklina. Dei orsakar seg med at det er nynorskomsetjarane sjølve som avgjer kva valfrie former dei vil nytte i lærebøkene.

Nynorskomsetjarane har gode tekniske hjelpemiddel, med dataprogram som kan byta bokmålsord til nynorskord på ein blunk. Korte tidsfristar frå forlaga gjer at dei fleste vel den enklaste løysinga, dei skiftar berre ut dei bokmålsorda som det ikkje er lov å ha i nynorsk. Slik får me eit «moderne nynorsk».

Dei nynorske lærebokomsetjarane rår difor i stor grad, anten dei er klår over det eller ei, over den nynorske språkutviklinga. Det er deira «bokmålsnynorsk» elevane møter og kjem til å møta i lærebøkene i framtida, om ikkje nokon protesterer.

For hundre år sidan var målet med det norske skriftspråket at «ein sjølvstendig nasjon skal ha sitt eige språk». I dag er det målet meir at «eit effektivt folk skal ha sitt eige språk». Det tykkjest som om dei norske orda heftar folk i kvardagen.

Sissel-Anny Hjelmtveit.

Bjørnen slær seg i hel

Det var ein gong reven låg innunder eit høgt fjell og åt opp ei roti rjupe han hadde funne. So kom bjørnen etter.

Kva er det du et på? sa bjørnen.

Å du, sa reven, var eg kje her uppå fjellet og rende or meg tarmane, og no et eg dei upp att.

Er det godt? sa bjørnen.

Ja, det er no godt fyrst han er svolten, sa reven. So bjørnen upp på fjellet og sprang utfyre og slo seg i hel.

So fekk reven ete upp honom òg.

(Frå Hannaas: Sogur frå Sætesdal)

Forskingsprosjektet «Alternativ eksamensavvikling i sidemål»

YTRING

I *Norsk Tidend* nr 1/95 har styremedlem i Noregs Mållag, Liv Ingebrigtsen, eit innlegg om forskingsprosjektet "Alternativ eksamensavvikling i sidemål" ved Universitetet i Trondheim. Enkelte punkt i innlegget kan tyde på at Liv Ingebrigtsen, som også er medlem av referansegruppa for prosjektet, er dårleg informert om eller har feiltolka enkelte sider ved forskingsprosjektet. Prosjektleiaren og den faglege styringsgruppa vil her kort presentere prosjektet og kommentere nokre punkt i innlegget til Ingebrigtsen.

Bakgrunnen for prosjektet er at Fagerborg vidaregåande skole i Oslo og Laksevåg gymnas i Bergen sidan skoleåret 1992/93 har drive forsøksordning med konsentrasjonslesing av norsk sidemål kurs II, og at elevane har gått opp til eksamen i norsk sidemål i desember i vidaregåande kurs II. Forsøket omfattar òg elevar som har nynorsk som hovudmål. Den formelle heimelen for forsøksordninga finst i rundskriv frå Rådet for vidaregåande opplæring (RVO) 36/91. I underpunkt 5 heiter det mellom anna at "elever som leser etter modulopplegg" kan meldast opp til ordinær eksamen (SUE).

Eksamenssekretariatet ønskte ei vitskaplig gjennomgåing av erfaringane frå dei to skolane, og i samarbeid med Nasjonalt Læremiddelsenter (NLS) vart forskingsprosjekt "Alternativ eksamensavvikling i sidemål" sett i gang hausten 1994. Prosjektet skal mellom anna evaluere erfaringar med framskoten eksamen i norsk sidemål i til saman åtte klassar ved dei to vidaregåande skolane over ein periode på to år.

Vi vil understreke at initiativet til *forsøksordninga* kom frå dei einskilde skolane og at initiativet til *evaluering* av ordninga kom frå Eksamenssekreteriatet og Nasjonalt Læremiddelsenter. Det er altså ikkje skolemyndigheitene som har sett i verk ei systematisk utprøving av framskoten eksamen i sidemål. Det gir inga meining når det i innlegget blir sagt at "Det nye er at dei brukar forsking for å dokumentere betre resultat." Kven "dei" er i denne samanhengen er heller uklårt, men det er like fullt for tidleg å forskottere resultatet av undersøkinga før ho er avslutta.

Senter for etterutdanning ved Universitetet i Trondheim har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av prosjektet, som er forankra i fagmiljøet ved universitetet gjennom ei fagleg styringsgruppe. I tilknyting til prosjektet er det dessutan oppnemd ei referansegruppe med representantar for ulike organisasjonar og institusjonar: Norsk Språkråd, SUE, Landslaget for nynorskundervisning, dei ulike språkpolitiske organisasjonane og lærarorganisasjonane.

Det overordna *målet* med evalueringa er:

- *Å leggje fram dokumentasjon som kan seie noko om ulike konsekvensar av framskoten eksamen i norsk sidemål i eit utval klassar ved dei to skulane.*
- *På grunnlag av det innsamla materialet å vurdere korleis ordninga har fungert i dei aktuelle klassane ut frå eit norskfagleg perspektiv.*

Ein føresetnad for å kunne finne relevante svar på spørsmåla som ligg implisitte i målformsformuleringane, er at ein ser dei i samanheng med sidemålsopplæringa slik ho har vore driven i førsteklassane. Ei kartlegging av viktige pedagogiske og didaktiske prinsipp og av den *praktiske tilrettelegginga* av arbeidet med sidemålet blir såleis ei viktig side ved prosjektet. Denne kartleggingа vil hjelpe til å gi betre innsyn i sidemålsundervisninga spesielt og norskundervisninga generelt. Undervisning i og læring av sidemål kan ikkje rivast laus frå resten av norskfaget. Prosjektet vil såleis måtte fange opp hovudaspekt ved norskundervisninga i klassane, sjølv om hovudtyngda naturleg nok vil ligge på sidemålet.

Eit didaktisk og pedagogisk prinsipp i forsøksordninga har vore konsentrert arbeid med sidemålet. Men spørsmålet om konsentrasjonslesing og eksamenstidspunkt bør sjåast *uavhengig* av kvarandre. Organisering av undervisninga t.d. i form av periodeundervisning og delt eksamen, er ikkje nødvendigvis to sider av same sak. Tvert om vil det vere interessant å sjå om det er faglege og pedagogiske fordelar frå undervisninga i forsøksklassane som kan overførast til undervisninga innanfor dei noverande eksamensrammene. Kan det t.d. tenkjast at konsentrasjonslesing styrkjer stillinga til sidemålet, både ved at det gir betre resultat og fører til meir positive haldningar hos elevane? Kan det t.d. tenkjast at konsentrasjonslesing fører til at det totalt blir brukt meir tid til sidemålet enn når undervisninga er organisert etter andre prinsipp? Dette er av dei spørsmåla som forskingsprosjektet vil prøve å finne svar på, og som er uavhengige av eksamenstidspunkt. Det er dessutan naturleg å sjå prosjektet i samanheng med dei planane som ligg føre i samband med eksamen i norsk etter reform 94.

Slik forskingsprosjektet er definert både av dei som administrerer det, av prosjektleiaren og av det faglege referansegruppa, er det eit *norskfagleg og norskpedagogisk* prosjekt, ikkje eit språkpolitisk. Å setje rammer for sidemålseksamen eller ta stilling til omfanget av sidemålsopplæringa, ligg langt utanfor det mandatet som ligg til grunn for prosjektet. At enkeltpersonar og interessegrupper nyttar prosjektet til å forfekte eigne språkpolitiske synspunkt, endatil lenge før det har gitt konkrete resultat, er ei anna sak.

Forskar Rune Solem (prosjektleiar)
Professor II Jon Smidt, institutt for anvendt språkvitenskap
Førsteamanuensis Tor Åfarli, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap (styringsgruppa)
Førsteamanuensis Torlaug Løkensgard Hoel, Avdeling for lærerutdanning og skoleutvikling (styringsgruppa)

TRYKKTEKNISK PRØVE

Valle kommune
Me stør målet

Bygland kommune
Me stør målet

Vegvisar i Kultur-Noreg

Jærmuseet
Kvia, Nærbø
Tlf: 51 43 31 89
Regionsmuseum for Jæren. Museumsbygg med spanande og særprega arkitektur. Veterantraktorsamling. Sommarutstilling: «Fuglen og forhaustaren». Museumsgard med hestar, griser, høns, gjess og kyr av gamal rase. Hestekøyring. Særskilt dagsprogram i juli. Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde: turstiar, grillplass, kulturminneløyper.

NILS AAS KUNSTVERKSTED
SOMMAR-UTSTILLING 16.6–23. 8
KÅRE ORUD
tegning og skulptur
INGER SITTER
maleri og grafikk
måndag–fredag 12–18
laurdag–søndag 12–16
Nergata 12, Straumen, 7670 INDERØY
Tlf 74 15 52 12
langs «Den Gyldne Omvei».

NORSK LANDBRUKSMUSEUM
The Norwegian Museum of Agriculture
i parken på NLH i Ås. Artig museum for små og store!
Alle dagar kl. 10-17.
Utstillingar: *«Møte ved mjølkerampa»* – om den norske landsbygda rundt 1958. *«Med skauen til heis»* og *«Strikkingens år 1998»*. Biletspelet *«Grenseland»*. Info om gamle norske husdyrrasar. **Museumskafé og butikk** med tradisjonsbakst, honning, bøker og mykje anna.
Tlf. 6494 9995, faks 6494 9996. URL: http://www.nlh.no/nlm

NORSK JERNBANEMUSEUM
Strandveien 132, 2300 HAMAR
Tlf.: 62 51 31 60
Temautstillinger om Aasmund O. Vinje og Kristofer Uppdal.
Egen barneutstilling og modellbaner.
Servering i gammel spisevogn.

KUNSTNERDALEN
Kunstnerhjemmene i Sigdal

Alle dager 10.00 – 17.00
Th. Kittelsens hjem Lawolia
tlf.: 32 71 24 07
Chr. Skrdsvigs hjem Hagan
tlf.: 32 71 48 40

TEATER

det norske teatret

For tinging av billettar, ring NORbillett tlf. 61 28 79 25 (kvard. kl. 09.00-18.00, laurd. 10.00-15.00).
Teatret har feriestengt. Billettluka opnar 3/8 kl. 10.00.
Vi ynskjer GOD SOMMAR!

HOVUDSCENEN
TUSEN ÅR OG LIKE BLID ein revy av Are Kalvø, Ragnar Hovland m.fl.: Sesongpremiere 13/8. August: 13.-15., 17.-22., 24.-28. September: 7.-10., 17.-19., 21.-23., 28., 29. (Bill. ledig dei fleste dagar). Forsal no.
THE BLACK RIDER av Tom Waits, W. Burroughs, R. Wilson: Noregspremiere 4/9. Forsal 5/9-5/12.
CALIGULA av Albert Camus: Premiere 3/10. Forsal 5/10-30/11.
GUTEN OG STJERNA eit musikalsk sirkus for heile familien av Barbro Lindgren og Georg Riedel: Nypremiere 31/10. Forsal 2/11-18/12.

SCENE 2
FUGLANE av Tarjei Vesaas: Ekstraframs. August: 24.-29., 31. September: 1.-5., 7.-12/9. Forsal no.
DAGSKILJE av Paul Claudel: Premiere 10/10. Forsal 12/10-13/11.

KUNNGJERING

JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET

Avtalar om oppføring av ny bustad

Ny lov gjev betre forbrukarvern

Den nye bustadoppføringslova trer i kraft 1. juli 1998.
Lova gjeld når ein forbrukar
- inngår avtale om kjøp av ein bustad som ikkje er ferdig når avtalen blir inngått
- inngår avtale med ein eller fleire yrkesutøvarar om arbeid i samband med oppføring av ein ny bustad.

Eit sentralt siktemål med lova er å sikre forbrukaren si stilling. Lova inneber særskilde krav til avtalen mellom partane og regulerer forholdet mellom dei dersom avtalen ikkje blir oppfylt.

Forbrukarrådet har, i samarbeid med Justisdepartementet, laga eit særskilt faktablad om den nye lova. Faktabladet kan du få hos Forbrukarrådet, Postboks 8104 Dep, 0032 Oslo, tlf. 67 59 97 30, telefaks 67 53 30 64 eller automatisk telefonsvarar for bestilling 67 59 97 47. Faktabladet finn du også på internett: **http://www.forbrukerradet.no**

Innrykt av Statens informasjonsteneste
A-16/98

Trygdeetaten

Kontantstøtte til småbarnsforeldre

Innføring av kontantstøtte
Stortinget har vedteke å innføre ei ordning med kontantstøtte for barn mellom eitt og tre år. Du kan tidlegast få kontantstøtte frå månaden etter at barnet fyller eitt år, og seinast til og med den månaden barnet fyller tre år.

Gradvis innføring
Kontantstøtta blir innført gradvis. Frå 1. august 1998 tek ordninga til å gjelde for eitt-åringar og frå 1. januar 1999 for to-åringar. Dersom du får kontantstøtte for ein eitt-åring som fyller to år mellom 1. august 1998 og 1. januar 1999, er det gitt overgangsreglar som sikrar deg kontantstøtte i denne perioden.

Bruk av barnehage med statsstøtte
Retten til kontantstøtte er knytt til bruk av barnehageplass med statsstøtte. Gjer du bruk av heiltidsplass i statsstøtta barnehage, har du ikkje rett til kontantstøtte. Har du deltidsplass i barnehagen, kan det gi deg rett til delvis kontantstøtte.

Busett i Noreg
Det er eit vilkår for rett til kontantstøtte at barnet og han/ho som får støtta, er busett i Noreg.

Barn i fosterheim eller institusjon
Det blir ikkje gitt kontantstøtte for barn som har opphald i fosterheim eller institusjon etter lov om barnevernstenester.

Barn som er adoptert
Du kan ikkje få kontantstøtte samtidig med fulle adopsjonspengar. Får du eingongsstønad ved adopsjon, kan du tidlegast få kontantstøtte frå månaden etter at fulle adopsjonspengar ville ha opphørt.

Krav om kontantstøtte
Trygdekontoret behandlar krav om kontantstøtte. Kravet må vere skriftleg. Ut frå opplysningar i folkeregisteret vil aktuelle mottakarar av kontantstøtte frå hausten 1998 får tilsendt brev med kravskjema i slutten av august. Du kan tidlegast fremme krav i byrjinga av september 1998.

Nærmare informasjon
Trygdekontoret kan gi deg nærmare informasjon om kontantstøtteordninga.

Utbetaling
Kontantstøtta vil første gong bli utbetalt i midten av desember 1998, saman med ei eventuell etterbetaling.

Utbetalingane frå og med januar 1999 vil skje i slutten av kvar månad.

Storleiken på kontantstøtta

Stortinget fastset satsane. Støtta er ikkje skattepliktig.

Avtalt opphaldstid i barnehagen (timar pr veke)	Beløp (kroner pr månad)
0	3 000
1-15	2 400
16-20	1 800
21-30	1 350
31 og meir	0

Trygdeetaten

HEISPALTA

BØKER

Setesdalforlaget, 4690 Valle, – det nye, nynorske forlaget. 30 titlar på eit godt år! Kom med manus, du òg! I stallen: t. d. Sigbjørn Heie og Olaus Høydal. Også teiknarar. Kjøpe bøker? Få bokliste!
E-post: setesdalsforlaget@online.no.
Heimeside: home.sol.no/~sforlag

HUSROM

Oslo. Mannleg kunststudent på 19 år ved Strykjarnet Kunstskule treng hybel i Oslo. Alt av interesse. Ikkje-røykjar. Roleg og ansvarsbevisst. Fleksibel start på leigeperiode. Skulen byrjar 1. september 1998.
Atle Selnes Nielsen
6443 Tornes
Tlf.: 71 26 92 03

Oslo. Dag og Tid-journalist søkjer ein stad å bu. Eitt- eller toroms husvære eller kollektiv. Alt av interesse. Ring Cecilie, tlf. 22 33 00 97.

Ung teaterstudent trenger husvære sentralt eller ikke i Oslo/sentrum. Ikke røyker, stille og omgjengelig. Tlf. 93 64 42 83 (Kenneth)

Oslo i juli. Kvinneleg hovudfagstudent i nordisk v/UiB og mannleg høgskolelektor i nordisk v/Høgskolen i Stavanger søker stad å bu i Oslo i juli (3-5 veker).
Tlf. 51 83 14 82 (arbeid), e-post: heming.gujord@hum.his.no

Ein stad å bu
Me ynskjer å leige 3 rom i Oslo frå 1. aug. Sentralt eller nær marka. Hovudfagsstudent Agnete og lydteknikar Eivind. Betalar i tide, røykjer ikkje og kan pusse opp om det trengst. Veit du om eit ledig husvere? Ring oss: Agnete/Bokbyen i Fjærland tlf. 57 69 22 10 , Eivind tlf. 22 06 88 00 (8-16)/22 23 99 43.

Koseleg hus i skogkanten
Einebustad, bygd 1980, garasje, opparb. hage, 5 km frå komm. senter Vest-Telemark, unikt ski- og turterreng, søkjer nye eigarar. Nærare oppl. tlf 35 05 36 35 kl 9-14 el. 18-20.

Kjøp eller sal? Kan henda ønskjer du å bytta? Bryllaups- eller gebursdagshelsing, melding om nyfødte. Gjennom rubrikkspalta i Dag og Tid kan **privatpersonar** annonsera for 30 kr + mva. To innrykk kostar 50 kr + mva. Tre innrykk kr 65 + mva.

Materiellfrist måndag kl. 11.00. Maks 40 ord.
Ting på tlf 22 33 00 97 faks 22 41 42 10 eller skriv til Dag og Tid, annonseavdelinga, Pilestredet 8, 0180 Oslo.


Tekst: .....
.....
.....
.....

Inn i Dag og Tid: ..... gonger

Namn: .....
Adr: .....
Tlf: .....

ORDSKIFTE

ålrørsla



skal vekk, men at han skal vere open og inkluderande. Kebabnorsk går ikkje ut over norsk språk eller folk flest. Men det går ut over dei som vil gjere alle folk til A4-menneske. Som vil ha eit fargelaust og ikkje eit fargerikt fellesskap.

Imøtegå synsmåtane

Noregs Mållag er ein stødig organisasjon med mange kloke og aktive medlemer. Men den tendensen vi ser no, kan i verste fall endre organisasjonen til ei nasjonalistisk utgruppe. For dei reflekterte og engasjerte vil finne andre gjeremål og halde seg unna. Då blir det fritt fram.

Mot dette finst to vegar. Den eine er å organisere ein motfront innanfor Noregs Mållag. Dei siste åra har nasjonalistane hatt sin fraksjon og sine fraksjonsmøte før og på landsmøta, arbeidd systematisk for å få folk i posisjonar og røysta i blokk. Eit mottrekk av same slaget er effektivt på stutt sikt, men organisatorisk dumt. For resultatet blir blokk mot blokk og ein øydeleggjande stillingskrig.

Den andre vegen er å ta opp kampen i ope lende. Målfolk med andre grunnhaldningar må for det første arbeide aktivt for språkleg og kulturelt mangfald og Noregs Mållag som ein open og integrerande organisasjon, og for det andre setje seg inn i nasjonalist-tenkinga og tale og skrive imot. Då vil både den grunnlause skamkjensla og drøymeria om hemn over historia dette i hop.

Olav Randen, Ål

Roald Helgheim og Tibet

YTRING

Eg las med interesse Roald Helgheims melding av filmen *Syv år i Tibet* i Dag og Tid 11. juni.

Eg hev ikkje sett filmen og trur heller ikkje at eg kjem til å sjå honom. Eg steller meg tvilande til om filmen eigenleg er «kunst»; trur helst det stort sett dreier seg om underhaldningsindustri og det eg med ei viss overdriving vil kalle «kulturell patologi». Men eg hev studert religionshistorie og filosofi og hev prøvt å setja meg inn i buddhismen, og kanskje er det den tibetanske forma som hev fascinert meg mest.

Helgheim målber sympati «for det tibetanske folkets sak», men der finst ikkje i artikkelen hans so mykje som eit glimt av forståing for det han svivyrdande omtalar som «vestleg-naiv dyrking av 'Østens mystikk'», ein mystikk som i Tibet ytra seg som «eit presteregime som heldt dei liveigne bøndene nede i djup fattigdom». Han skynar ikkje at det er den endelause åndelege fatigdomen i vesterlanda som hev vekt interesse for austleg religion og filosofi som ein reaksjon mot ein kultur som ikkje lenger kan stetta trongen til transcendens og eit meiningsfullt tilvære. Med alle sine veiler stetta den tibetanske kulturen den trongen, og det er misvisande utan vidare å nytta vestlege omgrep som «føydal» og «presteregime» om samfunn og politikk i Tibet før dei hatefulle kommunistane slo til for fullt i 1959.

Når tibetansk buddhisme kunne og kan stetta ein grunnleggjande menneskeleg trong, var og er det på grunn av idear og metodar som svarar til objektive psykiske og åndelege røyndomar. Ein treng berre lesa Alexandra David-Neels bok *Hemmelighetsfulle Tibet* (norsk omsetjing 1949) med eit ope sinn for å skyna at ein dogmatisk materialisme umogleg kan fanga inn og representera verda slik ho røynleg er.

Helgheim skynar heller ikkje kor vanskeleg Dalai Lamas stode er. Ein kan segja det slik at han hev vorte nøydd til å samarbeida med vestleg underhaldningsindustri og massemedia etter at alle freistnader på å finna ei løysing hev standa på realpolitiske hindringar. Risikoen er sjølvsagt at eit i sumt falskt og uhistorisk bilete av det tradisjonelle Tibet vert utbreidt, men korleis skal ein elles bera seg åt for å vekkja og halda ved like sympati for «det åndelege fyrtårnet» som Tibet ein gong var?

K.E. Steffens

Trygdeetaten

Auke av grunnbeløpet frå 1. mai 1998

Stortinget har vedteke at grunnbeløpet i folketrygda skal aukast frå kr 42 500 til kr 45 370 frå 1. mai 1998. Alle ytingar som blir fastsette i forhold til grunnbeløpet, går derfor opp samtidig. Det er også vedteke ein ekstraordinær auke av særtillegget. Saman med auken i grunnbeløpet utgjer denne auken om lag 1 000 kroner i månaden for minstepensjonistane.

Pensjonistar som i dag har ein tilleggspensjon som er lågare enn den ekstraordinære auken av særtillegget, vil få noko særtillegg ved sida av tilleggspensjonen for å nå opp til det nye minstepensjonsnivået. For desse vil derfor auken av særtillegget variere.

Minstepensjonane aukar som følgjer:

- *For einslege*
  pr år frå kr 69 360 til kr 81 360
  pr mnd frå kr 5 780 til kr 6 780
- *For minstepensjonistektepar*
  pr år frå kr 58 728 til kr 70 020
  pr mnd frå kr 4 894 til kr 5 835
- *For minstepensjonist gift med ein pensjonist med tilleggspensjon*
  pr år frå kr 56 304 til kr 67 608
  pr mnd frå kr 4 692 til kr 5 634

I juliutbetalinga vil trygdekontora betale ut pensjonar mv med nye beløp og med etterbetalingar for mai og juni.

Auka barnetillegg frå 1. mai 1998

Barnetillegget til pensjonar frå folketrygda er auka frå 25 til 30 prosent av grunnbeløpet for kvart forsørgde barn, frå 1. mai 1998. Trygdekontoret gir deg nærmare opplysningar.

Skatt

Korrigert skattetrekk som følgje av den endra pensjonen kan bli gjennomført fom august- eller septemberutbetalinga.

Likningskontoret gir deg nærmare opplysningar om skattespørsmål.

Ny avtalepolitikk for privatpraktiserande helsepersonell

Frå 1. juli 1998 blir refusjonen i folketrygda som gjeld dei legane, spesialistane i klinisk psykologi og fysioterapeutane som ikkje har avtale om driftstilskott med fylkeskommunen eller kommunen, avvikla. Unnatekne frå dette er:

- yrkesutøvarar som har fylt 62 år pr 1. juli 1998, og fram til pensjonsalder (70 år)
- allmennlegar (gjeld fram til innføringa av fastlegeordninga)
- fastlønnslegar som har sjukebesøk utanom arbeidstida
- spesialistar i psykiatri og klinisk psykologi med avtalelaus praksis ved sida av ei anna hovudstilling (gjeld i ein overgangsperiode)

Dersom du etter 1. juli oppsøkjer yrkesutøvarar utan refusjonsrett, får du ikkje dekt behandlingsutgiftene eller eventuelle reiseutgifter i samband med behandlinga.

Kommunalt organisert legevakt og nødhjelp gir framleis rett til trygderefusjon.

Automatisk tildeling av barnetrygda

Frå 1. september 1998 kan du få barnetrygd for barn som blir fødd i Noreg, utan at du må setje fram krav. Det er folkeregistra som overfører opplysningar om nyfødde barn til trygdekontora.

Du må likevel setje fram skriftleg krav om barnetrygd på fastsett skjema dersom:

- mora til barnet ikkje er registrert som busett i Noreg
- barnet er eldre enn seks månader når retten til barnetrygd tar til å gjelde, sjølv om barnet tidlegare har hatt rett til barnetrygd frå Noreg
- du har krav på utvida barnetrygd, dvs trygd for eitt barn meir enn det faktiske talet barn under 16 år, f eks fordi du er einsleg forsørgjar
- rett til barnetrygd skal vurderast etter reglane i EØS-avtala eller etter reglar i trygdeavtaler med andre land

Dersom du kan få barnetrygd på grunnlag av den automatiske rutinen, vil du etter fødselen få tilsendt eit mellombels vedtak frå trygdekontoret saman med eit orienteringsbrev. Du skal melde frå til trygdekontoret innan tre veker dersom opplysningane vedtaket er basert på, ikkje er korrekte. Utbetalinga av barnetrygd for det nyfødde barnet blir sett i verk ved første moglege utbetalingstidspunkt etter at fristen har gått ut. Som hovudregel blir barnetrygda utbetalt siste vyrkedag i kvar månad.

Tolkehjelp til døve og døvblinde - nye rutinar

Hjelpemiddelsentralane (HMS) tek over vedtaksmyndigheita for stønad til tolk frå trygdekontora. Vedtak om tolkehjelp kan gjerast som munnlege vedtak.

Kupongsystemet opphører, og hjelpemiddelsentralane registrerer talet timar på kvar brukar og ser til at taket på talet tolketimar ikkje blir overskride.

Frilanstolkar på oppdrag som folketrygda betaler for, får honorar direkte frå hjelpemiddelsentralen.

Det er gitt høve til å bruke to tolkar på eitt oppdrag. Dersom HMS har godkjent at dette er nødvendig, får begge tolkane betalt. Brukaren skal berre belastast for talet timar som faktisk blir brukt.

Du kan få meir informasjon på trygdekontora og hjelpemiddelsentralane.

Trygdeetaten

KVEN EIG N

Kjell

KORLEIS EIN KAN EIGE NYNORSK

Spørsmålet "Kven eig nynorsken? er tankevekkjande, provokatorisk og uforståeleg. Fyrst kunne det derfor kanskje trengjast litt oppklåring om kva som er meint, og kva denne innleiinga og dette ordskiftet skal vera om. Det er ikkje eg som har laga spørsmålet, og eg laut sjølv spørja oppdragsgjevarane kva eg skulle tala om og innleie til. Om spørsmålet i fyrste omgang ikkje er sjølvforklarleg, så kan det likevel vera tenleg, kan hende også fordi det kan gje emne til noko tankearbeid.

Eit fyrste, prøvande svar kunne vera å seia at dei som eig nynorsken, må vera dei som har høve til å bruke målet, og då må svaret bli oss alle saman, for det finst eit stadig ståande tilbod om nynorsk som eit bruksspråk for heile folket. Ei anna sak er det at ikkje alle har like god bakgrunn for å bruke det. Ikkje brått alle har hatt nynorsk som fyrstemål i skulen, og mange har ikkje fått noka oppmoding eller tilstøring gjennom skulegonga til å bruke nynorsk, men heller det motsette. Så kjem det til at heller ikkje alle som har hatt nynorsk som hovudmål i skulen, bruker språket like flittig etter skuletida. I den samanhengen er det grunn til å tenkje over kva som kan vera grunnen at det er eit så lågt prosenttal av militære rekruttar som kryssar av for nynorsk når det er spørsmål om målval. Det er ikkje mindre grunn til å tenkje på den saka for det om det låge prosenttalet blir brukt mot oss språkpolitisk av folk som ikkje vil oss vel, og som rimeleg er, blir det ikkje alltid brukt objektivt eller med vit og forstand. Noregs Mållag har i alle fall arbeidt for å få opp den nynorske bruksprosenten og skulle ha sitt på det turre. Når spørsmålet "Kven eig nynorsken?" likevel ikkje er berre retorisk, men alvorleg meint, må det altså vera eit anna svar som er det rette i denne samanhengen. Svaret "Alle norske" er sjølvsagt rett, men ikkje slik spørsmålet er meint her.

Vi må derfor prøve med eit anna svar, og eg vil avgrense dei mogelege eigarane noko. Det gjer eg om eg seier at det er dei som bruker nynorsk, som eig målet. Med det blir eigarane for det fyrste dei som lærer og bruker nynorsk i skulen, og dernest dei som elles har nynorsk som daglegmål til skriftleg bruk. Det gjeld her skriftmål, og eg ser bort frå at det finst mange fleire som talar nynorsk, i tydinga norske målføre.

Dei som har nynorsk som skriftleg bruksspråk, kan vi dele inn i grupper etter ulikt syn på korleis nynorsk skal vera og bør eller burde vera, med andre ord etter ulikt målpolitisk syn. Dei fleste nynorskbrukarar har vel forresten ikkje noko sterkt målpolitisk syn, men dei bruker nynorsk fordi dei har lært det. Det finst då likevel mange som har det, og truleg er det etter måten fleire "målmedvitne" nynorsk- enn bokmålsbrukarar.

Å EIGE I ÅND OG SANNING

Somme kjenner seg nærare sjølve livsgrunnen enn andre. Særleg på vesthimmelen teiknar det seg av ein klårt utskild flokk av folk, som er fylte av tankar om kor gildt det var den gongen all nynorsk var nynorsk og ikkje eit rotlaust og lite fint blandingsmål - eller som nokre frå den same himmelætta sa etter at 1917-rettskrivinga hadde kome: eit samrøringsmål. Dei som vil vita meir om kva ein kan kalle dårleg nynorsk, kan sjå etter i litteraturen om 1938-rettskrivinga eller om læreboknormalen av 1959, eller dei kan lesa i Vestmannen kva Jostein Krokvik og konsortar meiner om Norsk språkråd og det målet Norsk språkråd steller med og gjer vedtak om.

Dette er ikkje staden til å ta opp nokon polemikk imot den gruppa eg har prøvt å avgrense, men eg må koma inn på målsynet deira når eg skal sjå spørsmålet om eigarretten til nynorsken frå deira side. Dei ville seia, skulle eg tru, at det er dei som held seg etter den gode nynorsken, det vil seia Aasen-målet. Hægstad-målet, Indrebø-målet, Hallvard Bergwitz-målet, og no kan hende Bård Eskeland-målet, som eig nynorsken, for det er dei som lever opp til det som nynorsken skulle vera, eit mest mogeleg nasjonalt norsk mål i samklang med det gammalnorske grunnlaget og med dei vesterhavske måla islandsk og færøysk.

Skulle desse mogelege eigarane utdjupe svaret sitt, ville dei vidare visst seia at det rett nok er dei sjølve som har den åndelege retten til nynorsken, men dei vart fråtekne den offisielle bruksretten ved rettskrivingsbrigdet i 1938 og har ikkje seinare fått han att. Derfor er dei såre og sære og vil ikkje leike saman med dei som steller med Noregs Mållag.

Eg må nemne det fordi eg i det siste har grave noko i kjelder til rettskrivingsbrigdet i 1917, at dei som verjar den gode nynorsken, ei stund tykte det var like gale den gongen som etter 1938. Det har snautt vore brukt hardare ord i protest mot tapet av det rette målet og tapet av retten til å definere det enn dei som vart brukte i Gula Tidend i 1918 og 1919. Det vart også den gongen halde protestmøte i Bergen og sendt ei fråsegn, ein resolusjon, til styremaktene etterpå. Hovudinnvendinga var at rettskrivingsnemnda hadde avgjort at den offisielle norma i lærebøkene skulle ha forma ei vise og ikkje ei visa, og det hadde nemnda jamvel gjort i tida etter sjølve framlegget og vedtaket om ny rettskriving og i strid med framlegget og vedtaket.

OM EIGARRETT OG BRUKSRETT

Jamvel om eg ikkje skulle polemisere mot andre nynorskbrukarar, må eg som nemnt ha høve til å dra inn alt slikt som kan kaste lys over spørsmålet og leie fram mot eit svar, og vi har vel no fått nokre leietrådar til meininga med spørsmålet om kven som eig nynorsken. Eg har noko skjøn for somme av dei synsmåtane som Vestmannen no målber og bladet Noreg har målbore. Det å avgjera nynorsknorma for offisiell bruk, korleis nynorsken skal skrivast i lærebøker og offentleg mål og talast i manuskriptbunden bruk i NRK - og korleis den vidare rettskrivingsnorma skal vera for den del - det gjev på ein måte eigarrett til nynorsken. Ser ein det på denne måten, er det altså i siste omgang styremaktene våre og eventuelt dei som styremaktene har delegert normeringsretten til, som eig nynorsken, for det er dei som avgjer korleis nynorsken skal sjå ut på visse viktige bruksområde. Eg har lite skjøn for den 74 år gamle protesten imot vedtaket om å skrive ei vise og ikkje ei visa i lærebøker, men eg har derimot skjøn for den 53 år gamle protesten imot vedtaket om at i-målet ikkje skulle vera lærebokmål eller offentleg mål, for der var det tale om eit grunnleggjande viktig normspørsmål og med det bruks- eller eigarrett til den nynorsken som bar den sterkaste tradisjonen i målet. Det er rett at dei som ville halde oppe det som då var den tradisjonelle nynorsken, på ein måte vart fråtekne målet sitt i 1938, og dei har ikkje fått det att.


Dette vil eg forklare noko nærare. For det fyrste meiner eg sjølv at det er ein føremon for nynorsken som ein tevlar på den norske målarenaen at nynorsken er mest mogeleg einskapleg. Av det følgjer at eg for det andre meiner at det vel alt i alt var best at den offentlege nynorsken vart avgrensa slik han vart ved rettskrivingsbrigdet i 1938. Det siste meiner eg ikkje svært sterkt, for det kunne ha vore gjort på ein mildare måte, men eg har og skjøn for at somme den gongen meinte det var betre å rive med rot enn å seigpine.

Derimot meiner eg svært sterkt at det er gale å hevde at nynorsken gjekk attende som opplæringsmål i skulen fordi han ikkje lenger var fager nok og ikkje nok ulik bokmålet til at folk såg nokon mon i han eller tykte det var nokon vits i å halde på han, og at dei så røysta han ut av skulen på grunn av det. Den forklaringa er så galen at eg ikkje vil bruke meir tid på å leggje imot henne enn det tek å seia at det var i Nord-Noreg og i Trøndelag nynorsk gjekk mest attende som skulemål etter krigen, og berre den geografiske opplysninga er nok som kommentar til ein slik påstand.

Når eg har noko skjøn for protesten frå 1938, så er det fordi det då vart gjort eit hardt brot med det som trass alt var den lange normtradisjonen i målet, og - med noko etterpåklokskap - fordi det synte seg at det sette så mykje vondt blod som det gjorde. Ein kunne ha halde oppe retten til i-målet som offentleg mål og lærebokmål utan at ei slik todeling av norma, med både a-mål og i-mål, hadde gjort så stor skade, for det ville meir eller mindre ha gått same vegen som det gjekk likevel, utan at det hadde vorte så mange målmartyrar på nynorsk side. Det er mogeleg at dette er eit for humanitært og for lite røyndomsnært syn.

Attende til sjølve spørsmålet og mogelege svar på kven som eig nynorsken, men framleis hjå vestfolka og synet deira på dette. Dei seier ikkje berre at dei har vorte fråtekne den offisielle bruksretten til nynorsken, men også at det er dei sjølve som har den åndelege retten til målet. Det rette svaret er altså, meiner dei, at det er dei som skulle eige nynorsken fordi dei har den eigenlege retten til han. Det er eit svar som går frå dagens motstykke til den 1850-års gammalnorskentusiasten Jan Prahl, som no heiter Eigil Lehmann, over Ludvig Jerdal, Sigurd Sandvik og Jostein Krokvik til dei som i det siste har stelt med det underbruket av Noregs Mållag som Norsk Målungdom vel er. Her tenkjer eg på skriftstykke og ordskifteinnlegg av fleire unge kvinner og menn.


Dei som meiner dei skriv det einaste rette nynorske målet, seier det meir eller mindre beint ut at det er dei sjølve som eig eller i alle høve skulle eige nynorsken. Det provar dei så ved å vise til Aasen sjølv og ved å føre fram sterke og målrette grunnar som syner at den gode, den beste, den rette nynorsken har vorte broten opp ved alle mellomstandpunkta og alle tilmåtingane til dagsens krav som har følgt med ei rad av rettskrivingsbrigde. Desse brigda i norma skulle "aapne veien for en utvikling frem imot national samling paa grundlag av folkets virkelige talesprog", som det heitte i mandatet til rettskrivingsnemnda frå 1913, eller få til "ei tilnærming på norsk folkemålsgrunn millom dei tvo måli i rettskriving, ordformer og bøygningsformer", som det heitte i mandatet til nemnda av 1934, eller "fremme tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn" som det heitte i føremålsparagrafen for Norsk språknemnd frå 1952. Dei har stått for tilnærming eller samrøring med bokmål.



Foran fra venstre: Andreas Kompland, K
I bakgrunnen: T

EIN NY TRADISJON

Til dei sterke og språkrette grunnane som syner at nynorsken vart så ille øydelagd i (1917 og) 1938, og har vorte vidare øydelagd ved oppfølgjande vedtak etterpå, vil eg seia som eit motlegg at same korleis det munde vera med oppehalding eller øydelegging av målet, så kan vi i dag ikkje sjå bort frå at det har vorte lagt ein annan og nyare tradisjon enn den som stod ved lag til 1917 og eventuelt til 1938. Vi har ei anna kjensle for kva som er nynorsk skriftmål i dag enn dei hadde fyrst på dette hundreåret. Det ein gong tradisjonsrette og språkrette Aasen-målet og Hægstad-målet og Indrebø-målet får vera så tradisjonsrett og språkrett og så fagert det vil, det kjennest ikkje som naturleg bruksmål for dei fleste i dag. Somme av dei som bruker det og/eller talar for det beste målet, er forresten meir idealistar enn praktiske språkfolk, og naturleg nok kan somme av dei då ha vanskar sjølve med å bruke den gode nynorsken heilt godt endå så tradisjonsrett og språkrett han er. Det finst ikkje skadefrygd eller illhug i meg når eg seier det; vi lyt alle stride med målet. Men fordi det siste her til dels vender seg mot nokre ungdomar i målrørsla, vil eg leggje til at eg har stor vørdnad for den språklege innsikta og kunnskapen somme av dei legg for dagen, og eg er sjølvsagt også kløkt og glad over idealismen deira. Men eg meiner at dei har kome inn på ein avveg med å byggje den språklege analysen sin på idealisme og rett tru, og då kan det ikkje vera gale av meg å seia det. Eg ynskjer for dei med eit fromt ynske at dei må halde fram med å vera idealistar, og at dei må vera det nede på jorda.



an Kanto, Kari Bjørsvik og Kjell Venås.
gamle garde".

enås:

YNORSKEN?

Dette seier eg endå eg vel veit at eg sjølv skriv meir tradisjonsrett og språkrett enn mange, og gjerne vil halde fram med å gjera det. For meg sjølv seier eg og, at vi som skriv meir tradisjonelt og språkrett enn somme andre, og som kjenner eit lite stikk i målkjensla vår og blir litt uvel når vi ser nynorsken åt folk som har andre kjensler for kva som er brukande eller god nynorsk, vi får berre lata det stikke og lata kvar skrive som dei synest best, og så får vi sjølv prøve å skrive så godt som vi kan. Gjer vi det verkeleg godt, så vil kanskje andre ta etter oss. Og elles er det sjølvsagt betre å skrive ein nynorsk som ikkje er fullgod, enn å skrive bokmål, som aldri kan bli fullgodt.

Eg meiner altså at dei som seier at dei har eigarrett til nynorsken fordi dei skriv meir tradisjonelt og gjerne meir språkrett enn den offisielle norma, dei eig slett ikkje nynorsken. Nynorsken skal ikkje vera eit mål til nyting av tradisjon og det som er språkrett historisk sett. Nynorsk skal vera eit bruksmål og eit slitemål og eit tevleført mål i eit moderne, sentralisert og urbanisert samfunn. Det var forresten eit bruksmål for 1800-talet jamvel Ivar Aasen tenkte seg då han skreiv stykket "Om vort Skriftsprog" i 1836. Dessverre må vi framleis ta med i rekneskapen at det finst ein heil del bokmål i landet.

Bokmål fanst det også i 1930-åra, og i den samanhengen vil eg nemne eit døme som Sigmund Skard brukte til forsvar for visse rettskrivingsframlegg føre avgjerda i 1938. Eg ordlegg det likevel på min eigen måte: Det er visst og sant i alle måtar at det er tradisjonsrett og språkrett å skrive upp og ikkje opp og um og ikkje om, men det er ikkje funksjonelt rett å setja dei gamle skrivemåtane upp og um som norm for folk som har lese desse orda med skrivemåtane opp og om i offentleg målbruk og i lærebøker og i det meste av det dei elles har lese av nynorsk gjennom 53 år, eller for folk som i alle fall må lesa desse orda oftare med skrivemåtane opp og om fordi dei er skrivne slik i bokmål. På lærarskulen hadde eg ein pedagogikklærar som lærte oss tydinga av orda pragmatikk og pragmatisk med å seia at dei fortel at `sant er det som fungerer'. Det ville ikkje fungere å gå attende til å skrive desse og andre ord og former tradisjonsrett og språkrett i dag. Vi lyt stelle oss etter at vi lever i ei vond verd og må ta omsyn til at ikkje alt verkar slik som vi helst skulle ynskje.

På tilsvarande måte og no illustrert med eit døme som Norsk språkråd nyleg fekk saman med eit rettskrivingsframlegg frå Norsk Målungdom: Tradisjonsrett og språkhistorisk rett skulle vi sjølvsagt skrive lid (om ei dalside) med d når vi skriv tid med d. Men no har vi skrive li utan d i 53 år, og kvar dag skriv dei li utan d 10 000 gonger i bokmål. Dessutan må folk utanfor Sunnmøre og Nordfjord kunne gammalnorsk og Aasen-norsk for å vita at det språkhistorisk skal vera d i lid. Derfor ville det vera mykje verre enn eit slag i lufta å vera idealist og ikkje pragmatikar når ein skal normere nynorsk i dag, det ville vera reint gale mot dei som skal bli nynorskbrukarar heretter. Det har vorte gjort eit val, ein ny tradisjon er skapt. Dette valet og mange andre val saman med det var gjerne tradisjonsurette og språkurette, men likevel kan valet og vala ha vore pragmatisk rette, og no har det vorte skapt ein ny tradisjon som vi ikkje kan hoppe over. Av det følgjer det ikkje at eg har sagt det same om alle val som har vorte gjorde i nynorsk normering.

Somme val kan ha vore avgjorde mistak. Men også dei kan fungere. I 1930-åra var Gustav Indrebø heilag overtydd om at skrivemåtane kunne, ville og skulle i fortid måtte gjerast om, for ein trong d-en i kunde, skulde og vilde for å merkje av fortid. Vi har no 53 års røynsle for at han tok i miss med den overtydde utsegna si. Det kan gjerne hende at Indrebø hadde rett i at det hadde vore meir språkrett å skrive med d. Men det synte seg at det også fungerte å skrive slik som det vart gjort vedtak om i 1938, for det har ikkje vore vanskar med det. Eit tiår etterpå gjorde også danskane vedtak om å skrive på den måten. Dette dømet kan ein jamføre med at Aasen i si tid var overtydd om at ein måtte skrive elskade med d "da det netop er Konsonanten, som er Fortidsformens tydeligste Mærke". Ikkje så lenge etterpå, medan Aasen framleis var i live, skreiv mange annleis og greidde seg godt utan konsonanten. Ved hundreårsskiftet var jamvel Aasen-vaktaren Marius Hægstad med på å skrive elska utan d, og i dag har visst ingen av dei som kjem med framlegg om å gjera nynorsknorma god att, noko framlegg om å skrive Aasen-rett og språkrett på det punktet. I dag lyt ein både i desse høva og i andre følgje ei anna læresetning som Aasen og Indrebø sette fram: Ein skal ikkje forandre ei gjeldande norm utan at ein er heilt viss om at det er rett å gjera det. Med det tida har gjeve som kommentar til vissa åt Aasen og Indrebø, kan vi i dag leggje til at det ikkje er nok å vera overtydd eller viss eingong.

Sluttpåstanden min til dette blir nokså sterk: Dei som seier at dei eigenleg eig eller skulle eige nynorsken fordi dei skriv tradisjonsrett og språkrett og derfor har åndeleg rett til nynorsken, har urett i påstanden sin. For det fyrste har nynorsknorma vorte og blir fastsett på demokratisk vis, og det må alle finne seg til rette med. For det andre er det tradisjonsrette og språkrette ikkje med det same pragmatisk rett. Nynorsken må framfor alt skipa seg etter dagen i dag og ikkje etter tankar om kva som er det finaste og rettaste norske målet. Nynorsk som ein kan skrive det innanfor den norma som gjeld i dag, kan dessutan vera eit like vakkert og eit like norsk mål som det tradisjonsrette og språkrette målet åt dei som meiner dei eig den åndelege retten til nynorsken.

DET LOKALE MOT DET ALLMENNORSKE

I fagnemnda i Norsk språkråd er det eit fast innslag å drøfte normeringsspørsmål i nynorsken, og i dei fleste ordskifte om normering står to omsyn mot kvarandre: det lokale mot det allmenne. Dette er mest alltid vanskelege spørsmål både å drøfte og å ta avgjerd i. Somme gonger er det så ille at ein forbannar dei som har reist ei sak, og ein ynskjer seg tusen mil bort, for ein blir litt ulukkeleg same kva ein seier, og same kva ein røystar for. På den eine sida veit ein med heile seg at det som er tilværegrunnen for nynorsken, fyrst og fremst er at målet skal kjennast som målet åt kvar og ein fordi det svarar til det heimlege og naturlege talemålet åt kvar og ein. På den andre sida kjem omsynet til nynorsken som nasjonalt daglegmål i tevling med eit anna mål som ikkje vantar ei einskapleg norm, og som ustanseleg tener på at norma er streng og fast og ikkje opphengd i slike detaljar som å laga seg etter talemålet her og der. Aasen var heller aldri i tvil om at det skulle vera ei og berre ei skriftform. Nynorsk skulle ikkje stige fram i ein brote av målføreavbrigde. For Aasen var det viktig at målet fekk vørdnad. Då måtte det også vera eit skriftmål og ikkje eit skrive talemål, og for å få til det måtte målet ha ei konsekvent ortografisk og morfologisk norm.

Ein kan sjå dette på ein annan måte, som likevel berre syner dei same motsetnadene i ein annan samanheng eller mot ein annan bakgrunn. Når ein skal lære å uttrykkje seg skriftleg, så er det ein stor føremon at ein kan nytte ut hjartemålet sitt, det målet ein har vakse opp med. På den andre sida kjem tilhøvet mellom talemål og skriftmål også inn i avvegingane mellom det lokale og det allmenne som eit pedagogisk spørsmål. Trass i at sambandet mellom talemål og skriftmål er viktig, kjem vi ikkje bort frå at talemål og skriftmål er ulike ovringar av SPRÅKET, og at talemål og skriftmål blir lærte på ulike måtar. Det å lære skriftmålet er ein kunstig prosess. Skriftmålet har eit visuelt uttrykk, og vi lærer det fyrst og fremst gjennom augo og ved at vi møter dei same ordbileta opp att og opp att. Det kan derfor ikkje vera tvil om at læringa går lettast når norma er streng og fast.

EI NY NORMKJELDE

Eg vil nemne to konkrete og svært ferske saker frå Språkrådet, mellom anna for å peike på at det har kome fram eit nytt grunnlag for framlegg om normering. Det er ikkje så få verb som i talemålet har det som dekkje og ynskje/ønskje. I nynorsk har desse to verba alltid vore e-verb og hatt bøyingane dekkjer - dekte - dekt og ynskjer - ynskte - ynskt, og ynskje går for sin del attende både til Aasen og til gammalnorsk, medan dekkje er eit lånord frå lågtysk. Det hindrar ikkje at verb av denne typen kan finnast med a-bøying i visse målføreområde. Det finst eit par område der a-bøying reint allment står særleg sterkt som bøyingstype: trøndermål og vikværmål. I dei måla kan også gamle e-verb ha fått a-bøying. Noko anna som kjem inn i ein samanheng som denne, er det at mange språkbrukarar som har hatt bokmål som fyrstemål i skulen, eller som helst har skrive bokmål, har lett for å bruke a-bøying av slike verb når dei skriv nynorsk, for verb som dekke og ønske går etter den bokmålsklassa som svarar til nynorsk a-bøying. Når slike folk skriv eller omset lærebøker på nynorsk, skriv dei gjerne etter bokmålsnorma, og det er gale i nynorsk. Det fører atter til at dei som kontrollerer språkforma i manuskripta, - og her kjem normeringsorganet Norsk språkråd inn i biletet - dei får mange feil å rette og mykje å gjera, og forlaga får dessutan store korrekturkostnader. Det ville altså vera lettare på fleire måtar om nynorsknorma tillet a-bøying av slike verb.

Dersom vi utvidar norma på dette grunnlaget, har vi teke omsyn til ei ny normeringskjelde: skrivemåten åt dei som kan norma i bokmål og ikkje kan norma i nynorsk. Som vi såg, står dei rett nok ikkje aleine, for det finst målføreområde der dei på vanleg vis, ved normal målvokster, har fått den same bøyingsmåten. Når det gjeld a-bøying, er det altså tale om særleg to målføreområde. Det er område som rett nok ikkje har mest nynorskbrukarar, men som likevel skal vera med og gje grunnlaget for nynorsknorma så lenge nynorsk skal vera eit landsdekkjande mål og ikkje berre eit regionmål. Det siste er vel alle nynorskfolk samde om, så det er ikkje emne for ordskifte her eller på andre nynorske møte.

NOKO SAMLANDE TIL SLUTT

Spørsmålet om kven som eig nynorsken, har eg her tolka ut frå den gjevne føresetnaden at dei som avgjer norma i eit mål som nynorsk, er dei som eig målet. Desse eigarane er berre vanlege menneske, som med orda åt profeten skjøner stykkevis og talar profetisk stykkevis, og det er grunn til å ottast at dei kan gjera uheldige vedtak. Dei vil avgjera norma etter sitt eige målsyn og på den måten til beste for seg sjølve. Det ligg nær for dei å gjera det, og med det vil dei "eige" målet på ein uheldig måte, fordi avgjerdene kan koma i strid med interessene åt andre mogelege eigarar.

Eg har særleg sett spørsmålet om å eige nynorsken i høve til to partar som gjer krav på eigarrett, og eg har avvist grunnlaget for påstanden åt den eine parten, dei som krev eigarrett på grunn av ein påstått fostbrorskap med Ivar Aasen, medan eg har vore vore meir viljug til å drøfte kravet åt den andre parten, dei som fører fram det mangslungne talemålet som heimel for eigarrett. Av di eg meiner at nynorsken har best voner med ei einskapleg norm, vil eg nok helst gå imot sterke påstandar frå den andre parten og.

Det endelege svaret mitt på spørsmålet lyt bli at alle som bruker nynorsk, kan vera med å eige nynorsken også i den avgrensa tydinga eg har drøft, for vi kan all arbeide for vårt syn på korleis norma skal vera gjennom å gjera meiningane våre kjende for andre og ved å arbeide gjennom samskipnader som til dømes Noregs Mållag. Sjølv meiner eg at den måten som målet har vorte normert på og blir normert på i dag, ikkje er så reint galen. Det hindrar ikkje at eg gjerne vil diskutere alternative måtar. Mitt eige syn på korleis nynorsk bør normerast, har eg også sagt noko om, og sjølv vil eg gjerne hevde det synet, men sjølvsagt også avfinne meg med at dei som meiner noko anna, kan koma til å eige nynorsken meir enn eg.

Det var rett å lære dei det som var eit talemål med rettskrivingsframlegget



mange som utvandret derifra, og bygden har allerede en kirkegård, men ikke en kirke. Det gjør at vi kan gjenskape et skikkelig miljø rundt kirken, sier Ystebø.

En eldre mann fra Sletta sier seg enig med Ystebø.

–Var det noen plass en slik kirke burde stå, så må det være nettopp her på Sletta, skal han ha uttalt.

–Det er knapt en familie på Sletta som ikke har slektninger i Amerika, forteller Oddmund Skjelvik.

Vestnorsk utvandringssenter

Historien om emigrantkirken på Radøy, er også historien om oppblomstringen av et kulturelt utvandringssenter på øyen. Samtidig som kirken vokser seg stadig større, er flere ildsjeler gått i bresjen for å få dannet Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta. Oppbyggingen av kirken er første trinn i prosessen. Innen åpningen av kirken vil det også bli satt opp fem bautasteiner på området. På den måten vil man hedre den norske brigaden som kjempet på Abraham Lincolns side i den amerikanske borgerkrigen, den norske prærieprestenen, «Bataljon -99» (den norskspråklige bataljonen ved kampene i Normandie under andre verdenskrig), norsk språk og kultur i Amerika og de norske krigsseilerne som ble igjen i Amerika etter krigen. I tillegg er et stort utvandrerarkiv allerede plassert på Sletta. Slik blir området på Sletta et senter for utvandringshistorie og et stort turistmål, håper Ystebø og de andre medarbeiderne.

Vanlig bruk


Går alt som planlagt, blir emigrantkirken på Sletta imidlertid mer enn et turistmål. En arbeidsgruppe med blant andre soknepresten og representanter for kirkelig fellesråd, indremisjonen og pinsevennene, skal se på hvordan kirken kan tas i vanlig bruk. Til dags dato har folket på Sletta benyttet bedehuset og pinsevennenes forsamlingshus ved begravelser, bryllup og enkelte gudstjenester. Til sommeren skal disse kirkelige handlingene flyttes til den «nye gamle» kirken.

–Emigrantkirken har tre formål: Den skal være en anskueliggjøring for den oppvoksende slekt og være til undervisning og opplæring om utvandringen til Amerika. I tillegg skal den være et senter for turisme. Men kirken er i så god stand at den også skal tjene som kirke for innbyggerne på Sletta, fremholder Ystebø.

4. juli neste år skal kirken stå ferdig. Da tar et par hundre amerikanere turen til Radøy for å delta i den tre dager lange festen. Det blir festgudstjeneste, utvandringsfest og seminardag. Selve vigslingsdagen er søndag 6. juli. Da skal kirken tas i bruk igjen, og dugnadsgjengen har nådd sitt mål.

–Kirken er et æresminnesmerke over emigrantene og den Gud som hjalp dem over, sier Asbjørn Ystebø.

Av RUNAR MULELID





–Ta med mattradisjonane inn i jula

–Smak på litt ekte Vossedravle, det er godt ikkje sant, og hugs endeleg å ta med deg litt dubbelkake frå Hålandsdalen, seier Kari Valland Åsheim, og legg til at dette er ekte jolemat for den som har tradisjonen i blodet.



Kari Valland Åsheim viser fram dei delikate Dubbelkaka frå Hålandsdalen, som består av halvparten lefse med kling og halvparten mjølkepannekake.

FOTO: ERLEND HAUKELAND

I går markerte Hordaland Bondelag sitt 50-årsjubileum med pressekonferanse og jolefrokost i Bergen. Mellom dei inviterte var både representantar frå næringslivet og pressa. Og julebordet som var bydd fram for dei frammøtte stod ikkje attende for det som er vanleg.

Bondelaget freistar på meir enn ein måte å slå ring rundt det små, og meiner at det ikkje berre er positivt at ein får mange store bedrifter. Dei fekk også støtte hjå formannen i Bergenskokkanes Mesterlaug, Gunnar Nagell Dahl, som er kjøkensjef på Handelshøgskulen i Bergen.

–Skal Noreg kunne halde på plassen sin som ein viktig og markant matnasjon, må vi kunne få litt meir spesialitetar. Kvifor skal til dømes all gamalosten vera produsert på ein stad, kva med å få ein type Gamalost frå Hålandsdalen, og ein annan frå Vik? Smaken er kan hende ikkje så stor skilnad på, men det er slikt som er med og set ein nasjon på det internasjonale matkartet.

Nagell Dahl oppfordra også til stor glede for styret i Hordaland Bondelag at ein slutta å bruke halvfabrikata til fordel for ferske varer.

–Stendig fleire restaurantar kjem på listene som gjer dette – og kundane merkar det. Det ligg meir kjensle i maten – meir sjel, sa Gunnar Nagell Dahl og understreka at det einaste skilnaden er litt meir planlegging. Det tek like lang tid å lage maten uansett.

Noko av tradisjonen som sit godt fast og som spreier seg er pinnekjøt og smalehove. Stendig meir av dette blir seld til austlandet, og folk vaknar opp for dette på vestlandet også, fortel Jan Sørensen ved Vestlandske Salslag som reknar med å selge kring 15.000 smalehovud (heile) i år.

Av LARS-TORALF STORSTRAND

EMIGRANTKIRKEN TAR FORM



Dugnadsgjengen tar seg en velfortjent hvilepause. Fra venstre: Frode Mellingen, Arthur Gjerde, Oddmund Skjelvik og Martin Straume.

FOTO: RUNAR MULELID

–Vil gi store ringvirkninger

Dugnadsarbeidet på Radøy dreier seg om noe langt mer enn at kommunen får en ny kirke. Leder av Nordhordland Reiselivslag, Anne Marie Reistad, har tror på at prosjektet vil få positive ringvirkninger for hele regionen.

Hva kan kirken brukes til? Dette spørsmålet har Reiselivslaget, i samarbeid med dugnadsgjengen, stilt i løpet av gjenoppbyggingsperioden. For det ligger i kortene at kirken skal brukes til mer enn vanlige gudstjenester og kirkelige handlinger. For lokalbefolkningen på Sletta vil nok den tidligere Brampton-kirken fungere som kirker flest, men for tilreisende turister, skoleelever og pensjonister har den mye mer å by på.

Reiselivsleder Anne Marie Reistad tror at flere tiltak vil følge i kjølvannet av selve gjenoppbyggingen.

—Vi har planer om å reise fem bautasteiner rundt kirken, til minne om kjente hendelser i norsk emigrant-historie. Utvandringen til Amerika kan virke fjern for folk flest, men den ligger faktisk ikke så langt tilbake i tid, sier Reistad.

Hun har flere tanker om hvordan kirken kan inngå som en del av et utvandringssenter.

—Først må naturligvis kirken reises og vigsles. Deretter har vi planer om å bruke den til gudstjenester for skoleelever, og la det bli en del av et undervisningsopplegg.

Reistad mener gjenreisingen av kirken på samme tid er både en gammel og en ny historisk begivenhet. Ny fordi Sletta nå får en kirke, noe de tidligere ikke har hatt, og gammel fordi prosjektet peker tilbake på historiske hendelser.

Noe annet reiselivslederen ser for seg, er en eksotisk bruk av kirken ved at utenlandske eller norske inn- eller utvandrere gifter seg eller holder barnedåp der.

Hun håper også at kirken vil bli brukt til turistgudstjenester, som konsertlokale og generelt møtested. I tillegg til at den vil være guidet.

—Radøy-prosjektet kan gi Nordhordland et nytt ståsted. Det har mulighet til å bli et fyrtårn for hele regionen, sier lederen av Nordhordland Reiselivslag med glød.

Av RUNE CHRISTOPHERSEN

NYHET!



Pris CD kr 150,-
Pris MC kr 100,-

Utarbeidet av :
Jordmor Nina Kristin Dittmann
Utgitt av:
Jordmorforbundet, NSF

CD/MC FOR GRAVIDE

Hei, du skjulte lille skatt !

Inneholder:
- Avspenningsøvelser
- Pusteøvelser
- Viser
om kjærlighet, om forventning, om tiden, om barnet.....

SYNG MED ELLER LYTT OG NYT!

PASSER FOR GRAVIDE I GRUPPER/KURS, ELLER SOM INDIVIDUELL VEILEDNING

Ring/skriv din bestilling til:
Norsk Sykepleierforbund
v/Eva Forsberg
Postboks 2633
St. Hanshaugen
0131 Oslo
Tlf. 22 04 33 04

Makta over maten



I arbeidet for å harmonisere internasjonale matvarestandarder er det industrien og ikke forbrukerorganisasjonene som sitter med makta, viser en britisk studie.

Av NATALIE AVERY

UNDER GATT-forhandlingene om regler for handel med matvarer og jordbruksprodukter var partene skjønt enige om én ting: Dersom verdens matvarehandel skal kunne økes, må kvalitetsstandardene for mat harmoniseres. Dette betyr at matvarefirmaene vil måtte forholde seg til et sett internasjonale regler, istedenfor som dagens ulike nasjonale standarder.

Internasjonal harmonisering av matvarestandardene vil unektelig gjøre ekspansjonen av verdenshandelen enklere. Forkjempere for Gatt hevder at dette vil føre til at forbrukere over hele verden vil få større utvalg av matvareprodukter til lavpris.

På motsatt side står miljø- og forbrukerinteressene. De peker på at harmonisering av matvarestandarden vil føre til at sikkerhetskontrollen i mange land vil bli dårligere, og at resultatet vil bli mer gift i maten i stedet for mindre.

Internasjonale regler

En av de viktigste sakene for miljøforkjemperne er den nye rollen som er tiltenkt *Codex Alimentarius Commission* – et anonymt FN-kontor som ble grunnlagt for 20 år siden, med hovedkontor i Roma. Gatt-avtalen pålegger Codex ansvaret

Hva vil Codex sette først, matvareindustriens eller forbrukernes interesser?

Tim Lang som leder den britiske organisasjonen *Parents for Safe Food,* er ikke i tvil.

– Dersom Codex får en betydeligere rolle å spille innenfor Gatt, vil de forskjellige landene effektivisere sine reguleringer ved å overføre store deler av kontrollen med matvaresikkerhet og kvalitet til globale korporative handelsinteresser.

Tim Lang har nylig vært medutgiver av en rapport med tittelen *«Cracking the Codex»,* laget for det britiske *National Food Alliance* (NFA) med støtte fra 47 interessegrupperinger fra hele verden. Ifølge denne rapporten spiller representanter for industrisammenslutninger og agrokjemiske matvareprodusenter en betydelig rolle når internasjonale matevarestandarder skal fastsettes. De som arbeider for forbrukerens beste blir derimot ikke tillagt særlig vekt.

Denne ubalansen avspeiler seg i standardene i Codex.

– Dersom vi tar for oss de vurderingene som Codex har foretatt de siste tjue årene, er det vanskelig å unngå å trekke den konklusjon at de gjentatte ganger har favorisert kommersielle og industrielle interesser på bekostning av å la tvilen komme forbrukerne til gode, sier Eric Millstone, ekspert på matvarepolitiske spørsmål ved

en av FAO (Verdens matvareorganisasjon) og WHO (Verdens helseorganisasjon), nærmest som et koordineringsorgan for internasjonal matvaresikkerhet og kvalitetsstandard.

I 30 år har nå medlemmene i Codex hatt møte annenhvert år, fordelt på forskjellige komiteer som har arbeidet med merking av matvarer, rester av plantevernmidler samt tilsettingsstoffer. Nasjonale delegater til Codex har vært representanter for industrien, medlemmer av forbrukerorganisasjoner, uavhengige forskere og andre som de ulike regjeringene har ønsket å sende.

Codex har laget standard for 230 matvarer, og har kommet med anbefalinger for flere hundre plantevernmidler og tilsettingsstoffer.

Dette betyr ikke at medlemslandene har akseptert standardene i Codex.

– Enkelte land har funnet det praktisk å legge seg på Codex-standard, men for de fleste har det ikke vært av høyeste prioritet å erstatte egne nasjonale standarder med Codex-standarder, forklarer Martin Drake i den britiske matvarekommisjonen.

Dette vil trolig forandre seg. Nye regler er blitt laget under Uruguay-runden i Gatt og forhandlingene om andre handelsavtaler, for eksempel NAFTA *(North American*

restandarder som er satt strengere enn Codex' regler anses som ulovlige handelsbarrierer dersom de har innvirkning på importen. Gretchen Stanton – rådgiver for Gatt-sekretariatet – forklarte disse reglene for IOCU-konferansen (IOCU = Den internasjonale forbrukerorganisasjonen) i 1992:

«Grunnforutsetninga er: Dersom et land setter seg imot og hevder at restriksjonene er innført som helsebeskyttende tiltak, må dette bevises.»


Saken vil bli lagt fram for Gatts tvistepanel. I dette panelet sitter handelseksperter som skal avgjøre om vedkommende matvarestandard var «nødvendig» og «basert på grundige vitenskapelige bevis», eller om den innebar et «unødvendig» hinder for handelen. Gatt-panelene møtes bak lukkede dører.

Det foreslåtte Gatt-utkastet tillater ikke regjeringer å bruke miljømessige eller dyrebeskyttende tiltak som rettferdiggjøring for strengere standarder.

Straffetiltak

Land som ikke imøtekommer en standard godkjent av Gatt, vil bli utsatt for straffetiltak, eller avkrevd en kompensasjonsutbetaling til land som blir berørt av avviket.

– Det vil bli vanskelig for



matvarepolitikk og tidligere representant for IOCU på møter i Codex.

Det er mange som hevder at

– Erfaring viser at harmonisering vanligvis betyr en nedgang i standardene, sier hun.

Harmonisering av matva-



Hvem skal ha makt til å bestemme hva som kan være i den maten vi kjøper i butikken – forbrukerne eller matvareindustrien? En britisk studie viser at Gatt vil gi industrien større innflytelse over internasjonale matvare-standarder.
Foto: Håvard Houen



Hellas har blitt mer enn fordoblet, og tilbudet av matvarer som inneholder tilsett-

Codex Alimentarius Commission – standariseringsorgan under Gatt – tillater ekstremt giftige sprøytemiddel-rester i blant an-

lavere enn de nasjonale. Dette innebærer at de harmoniseringstiltakene som ligger i Gatt-avtalen, blir et tilbakeslag for aktivister som har kjempet for å forbedre standardene på nasjonalplanet. Codex tillater for eksempel rester av noen av de farligste giftstoffene verden kjenner til, kalt *«the dirty dozen»:* DDT, Parathion, Paraquat, «drinene» (aldrin, dieldrin og endrin) og Lindane. Rester av disse giftstoffene er forbudt eller sterkt begrenset i mange land i verden.

– Det er ikke bare industrialiserte land som har strengere standarder enn *Codex*, påpeker Melanie Miller.

– Mange land i den tredje verden har forbud mot giftstoffer som Codex tillater. Ett eksempel er Codex' rest-grense for plantevernmidler Lindane, som er forbudt i Bolivia, Ecuador, Egypt og Guatemala.

Codex tillater også rester av fem plantevernmidler som er klassifisert som kreftframkallende for mennesker av det amerikanske *Environmental Protection Agency*. De tillater 14 fargetilsettinger som er forbudt i Norge og ni som USA forbyr.

Optimisme

Innen matvareindustrien er det stor optimisme knyttet til Codex' nye rolle. Internasjonaliseringa av matvarestandardene vil komme selskapene til gode ved at eksportprosedyrene blir mer strømlinjeformet.

En talsmann for Nestlé uttaler til magasinet *Multinational Monitor:* «På verdensbasis støtter vi den nye rollen som er tiltenkt Codex Alimentarius Commission. Vi må jo så allikevel følge reglene.»

Problemet er at matvare- og kjemikalieprodusentene spiller en viktig rolle i utformingen av regelverket.

I teorien er det slik at medlemsregjeringene i Codex setter de internasjonale standardene etter at alle de involverte partene har avgitt sine råd, her i inkludert forbruker- og industrigrupperinger. I praksis er det derimot slik at representantene for forbrukerne er i betydelig mindretall i forhold til de fra industrien. Ifølge *«Cracking the Codex»* kom 81 prosent av de ikke-regjeringsoppnevnte deltakerne i nasjonale delegasjoner fra industrien i perioden 1989 til 1991. Bare en prosent representerte

• 26 prosent av alle deltakerne i de ulike komiteene kom fra industrien. Andelen var større i komiteer der kontroversielle saker ble behandlet.

• En tredjedel av de 387 deltakerne på de to møtene til Komiteen for plantevernmiddelrester var fra industrien. 86 av disse deltakerne representerte agrokjemiske og matvareproduserende firmaer. Tre deltakere på disse møtene var representanter for andre interessegrupperinger.

• 41 prosent av av deltakerne på de to møtene til Codex-komiteen for tilsettings- og forurensningsstoffer i matvarer var representanter for matvareindustrien.

• I Komiteen for ernæring og spesiell diettmat var 47 prosent av deltakerne fra industrien.

Industrirepresentantene var likeledes i flertall i forhold til regjeringsdeltakerne fra mange deler av verden:

• Mellom 1989 og 1991 deltok 445 industrirepresentanter i nasjonale delegasjoner – og var i flertall i forhold til regjeringsoppnevnte og frittstående delegater fra såvel Latin- Amerika som Afrika.

• Den totale deltakelsen fra industrien, inkludert observatører, beløp seg til 660 individer, og det var flere enn regjeringsdelegatene fra Afrika, Latin-Amerika, Karibia og Øst- og Sentral-Europa tilsammen.


Benekter

Talsmenn for matvareindustrien benekter at matvareselskapene spiller noen betydelig rolle i Codex. En talsmann for Nestlé uttaler til *Multinational Monitor:*

«Det er bare regjeringer som kan være medlemmer av Codex, men de har anledning til å be om teknisk assistanse fra industrien. Og ettersom vi er et av verdens største matvareproduserende selskaper, er det bare naturlig og logisk at myndighetene ber om hjelp fra eksperter fra Nestlé.»

Mellom 1989 og 1991 deltok 30 Nestlé-eksperter i nasjonale delegasjoner «for å bidra med teknisk assistanse» til regjeringene.

Følgelig hadde Nestlé en sterkere representasjon enn de fleste nasjonale delegasjoner på møtene i Codex: Bare 22 av de 105 landene som deltok i Codex mellom 1989 og 1991 sendte mer enn 30 representanter til møtene.



I dag gjelder nasjonale regler f stoffer tillatt i blant annet kyllin Forbrukerorganisasjoner verde over mener Gatt vil svekke forbruker- og miljøvernet i mange land. Foto: Ola Sæt

– Det er atskillig lettere for et gigantselskap som Nestlé å sende representanter til Codex-møtene, som vanligvis finner sted i Europa eller Nord-Amerika, enn det er for mange interessegrupperinger og fattige nasjoner i sør, påpeker hun.

Andre industrirepresentanter rettferdiggjør den omfattende deltakelsen av matvareindustriens folk i Codex-prosessene på ulike måter. Andree Dooms fra *European Crop Protection Association* – en handelsorganisasjon for plantevernmiddel-produsenter – hevder at et høyt antall industrirepresentanter på Codex-møtene muliggjør rask og enkel tilgang på vitenskapelige data. Ved fastsetting av standard for eksempelvis plantevernmidler, bygger Codex-komiteene oftest på anbefalinger fra FAO/WHO, det såkalte JMPR *(Joint Meeting on Pesticide Residues).*

– Nesten alle data som benyttes framskaffes av industrien. Behovet for en intim og rask dialog med industrien er innlysende, sier Dooms.

En talsmann for Nestlé var mer frittalende angående industriens rolle, i et intervju med magasinet *New Scientist* 24. april 1993.

«Det virker på meg som om regjeringene lettere finner kvalifiserte folk i de ulike selskapene enn blant de selvutnevnte ayatollahene på matvaresektoren.»

Dr. Marvin Norcross fra det amerikanske jordbruksdepartementet og amerikansk delegat til Komiteen for veterinærmedisinske reststoffer i mat, uttaler til *Multinational Monitor:* «Mange av toksikologene og de andre vitenskapsmennene som deltar i de amerikanske delegasjonene, er der fordi de er eksperter. Det er tilfeldig at de jobber i industrien.»

Viktig rolle

mer innen Codex, ser også b hovet for at industrien m være representert i form av el spertise. Problemet er imidle tid den enorme ubalansen me lom innflytelsen til industrie og innflytelsen til de frittståer de.

Hennes konklusjon blir:

– Dersom Codex overhode skal ha noen troverdighet, m komiteene og prosedyrene for andres slik at offentlige inter essegrupperinger får anled ning til å spille en avgjørend rolle i avgjørelsesprosessene.

Rapporten *«Cracking th Codex»* etterlyser en grundi gjennomgang av Codex – sam betydelige reformer.

– Mange Codex-medlem mer, og medlemmer i FAO o WHO, har innsett at Code blir nødt til å endre seg, spesi elt når det er spørsmål om for brukerne og deltakelse fra ut viklingsland. Til tross for den ne innsikten, har det hitti bare vært foreslått helt over fladiske reformer. De tar ikk opp den grunnleggende eng stelsen mange mennesker ha – nemlig tap av demokratisk kontroll over måten nasjonal standarder blir satt på, sie Martine Drake, som er medfor fatter av rapporten.

Rapporten anbefaler at e FN-gruppe på høyt nivå tar fo seg Codex' rolle i lys av bære kraftig utvikling, offentlig hel se og sikkerhet og miljøbeva ring.


– Slik den nå er vil Code føre til at framtidige forsøk p å høyne standardene i de for skjellige landene bli under trykt, sier Drake.

Symbolet *Noreg*

YTRING

Namnet på landet vårt er blirtt litt av eit åk å drasse på for målrørsla. Opphavleg heitte det *Norig* på nynorsk - det skreiv Ivar Aasen og dei andre gamle, men noen, som Sivle, var tidleg ute med *Noreg*, som var meir i samsvar med gammalnorsk. I 1917 vart namneforma *Norge* jamstilt, og den vart òg ein god del brukt. I 1923 gjekk så NM over til *Noreg*, etter sterk tilråding av den daverande formannen, Halvdan Koht. (Ein annan hovding, Nikolaus Gjelsvik, sa om dette at det var «eit syrgjelegt merkje på ein fårleg *nedveg*.») Den same Koht var nok ei viktig drivkraft i den endringa som skjedde gjennom 1938-rettskrivinga, at *Noreg* vart eineform. Meininga var at denne historisk rette forma - som ingen hadde i sitt naturlege talemål - skulle bli ei samleform for bokmål og nynorsk.

Det vart ho ikkje, og ingen tenker vel i den leia no. Tvertimot har målfolk vore kronisk ueinige om kva form av landsnamnet som er rett og best. Folkemålsretninga i målrørsla kan - trass i Koht - vanskeleg gå inn for *Noreg* utan å fornekte heile sitt grunnlag. Den retninga som legg mest vekt på nasjonal-historiske argument eller på at vi for all del må ha ei anna namneform enn bokmål, vil derimot sjå det heilt annleis.



Framgang og tilbakegang for eit språk er avhengig av heilt andre faktorar enn frimerke og pengesetlar.

Den sistnemnte fløya har alltid hatt eit solid overtak i målrørsla, og dei radikale har stort sett funne seg i dette for ikkje å utløyse «bokstavstrid» i ei sak som rører ved så sterke kjensler, men likevel betyr så lite i realiteten. Utanfrå har Riksmålsforbundet pressa på ved å gjere kampen mot «Noreg» til ei fanesak (trass i at dei med det bryt sitt eige uttalte prinsipp om internt sjølvstyre i dei to språkbrukargruppene). «Rettingsaksjonane» mot femtilappen midt på åttitalet vart ingen suksess, mildt sagt, men sit godt i minnet til mange av oss. Det er ingen tvil om at dei var uttrykk for primitivt nynorskhat, og dermed vart det følt som «svik» mot sjølve nynorsken å «gi etter». Dei radikale målfolka måtte såleis velje mellom folkemålet og nynorsken, trass i at nynorsken nettopp skulle vere eit uttrykk for folkemålet.

Korfor set målfolk seg frivillig i denne klemma?

Svaret er vel, som Ottar Grepstad skreiv i ein Dagblad-kronikk i 1986, at *Noreg* er blitt eit symbol, kanskje jamvel sjølve *symbolet*, på «det nynorske prosjektet». Slik er det blitt oppfatta av både tilhengarar og motstandarar. Derfor staheita blant tradisjonelle målfolk, passiviteten blant dei radikale, og aggresjonen blant riksmålsfolka. Grepstad jamførte i den nemnte kronikken *Noreg* med det kristne korset og den sosialistiske raude fana: Beviset på at vi er til og er synlege. Han la til at faglege og intellektuelle argument mot denne forma i og med dette berre har «privat interesse».

Denne analysen til Grepstad forklarer vel det meste. Men for mange målfolk er *Noreg* symbol ikkje for nynorsken, men for høgnorsken og den nasjonale mellomalderromantikken.
Forma symboliserer framfor alt ei ideologisk sjølvmotseiing og ei kløyving i rørsla, og ikkje minst: Ho symboliserer at ein bestemt fraksjon har eit ideologisk overtak over ein annan fraksjon.

Dette burde ikkje vere noen stor sak, og ho kunne for meg ha fått ligge i fred enno ei tid. Men vi kan neppe leve med denne ideologiske forskrevinga til evig tid. Før eller sidan må vi justere kartet etter terrenget. Det vil ikkje seie at forma *Norge* må «sleppas inn» i nynorsken, for der er ho alt, godt innarbeidd, og ho har vore det i fleire generasjonar, ikkje berre i tale, men òg i skrift. Spørsmålet er berre om vi skal *erkjenne* at *Norge* er ei nynorsk form - også offisielt i ordlistene.

Det uheldige er at same kva vi, dvs. nynorskseksjonen i Språkrådet i dette tilfellet, gjer, vil det framstå som eit nederlag. Å «gi etter» for noe som først og fremst blir oppfatta som bokmålspress, vil for mange målfolk kjennas smerteleg. Det ordskiftet om dette som vi har hatt etter initiativet frå Herbjørn Særebø i Språkrådet, har gjort *det* meir enn klart nok for den som ikkje måtte ha visst det før. Og kanskje vil jamvel mange andre kjenne seg litt «naknare» utan Noreg-frimerka. Men å stå fast på *Noreg* som eineform er også eit nederlag, fordi vi med det viser at vi ikkje greier å ta konsekvensen av vår eigen ideologi, og ignorerer faglege og målpolitiske argument som vi i dei fleste andre samanhengar kjører hardt på. Saka blir dermed verande ein verkebyll og vil heilt sikkert komme opp att om noen år, og så noen år etter det att, og så -.

Det finst altså ingen enkel og grei veg ut av dette. Det ideelle hadde vore å handle ut frå styrke og kunne sleppe taket i *Noreg* i ei framgangstid da vi ikkje lenger treng psykologiske krykker for å føle at vi står oppreist. Da må vi i så fall vente noen år til, bagatellisere Noreg-forma så godt vi kan, vi som tykkjer at det heile er litt pinleg, og håpe på at det ein dag vil oppstå ein situasjon da vi utan dramatikk og sjelekvaler kan justere normalen etter språket på dette vesle punktet. Alternativet kunne vere å ta den smertefulle operasjonen no, dvs. la nynorskseksjonen i Språkrådet gjere det for oss på neste årsmøte, der saka i alle fall kjem opp, og så arbeide vidare for ei styrking av nynorsken som etter kvart kan få såret til å gro.

Ein tredje utveg kunne vere sleppe *Norge* til som sideform, men behalde *Noreg* som eineform i læreboknormalen. Den er pliktig i offentleg teneste, så da kan vi framleis krevje *Noreg* på frimerke og pengesetlar osv. - og NRK-folk må bruke det i normalnynorsk. (Det dårlegaste argumentet mot *Noreg* er at mediefolk skal ha så vanskeleg for å seie det.) Privatpersonar vil kunne skrive som dei vil, slik vi alt kan (og dei av oss som har funksjonar der det er påkravd eller naturleg at vi i visse samanhengar følgjer læreboknormalen, får berre skrive *Noreg* og leve like godt for det). Men for lærarar og skoleelevar kunne denne utvegen bety ein lette: Dei vil da sleppe å rette/få retta *Noreg* som «feil». Det sentrale problemet blir likevel ikkje løyst med eit slikt vedtak: spørsmålet om nynorsken i det heile er tent med *Noreg* som «faneform».

Uansett utfall: Det framgangsrike kjøret på symbolet *Noreg* har sett oss i ei kattepine vi ikkje kjem oss ut av utan sår. Dei med «klassisk danning» vil lett tenke på ein konge som heitte Pyrrhos. Men noe lagnadstungt skorfeste er det ikkje: Ingenting tyder på at nynorskens stilling i samfunnet vil bli noe annleis enn før, same kva vi gjer. Framgang og tilbakegang for eit språk er avhengig av heilt andre faktorar enn frimerke og pengesetlar. Så sant ikkje målfolk faktisk trur at slike ting er avgjerande for statusen vår og oppfører seg deretter. Men da er det fare på ferde i alle fall.

Lars S. Vikør

DESTINASJON SØRLANDET

VELKOMEN TIL KRISTIANSAND

Me treng trassige og stae nynorskbrukarar, sa Sigurd Sandvin, den politiske rådgjevaren til kulturminister Åse Kleveland, på eit møte i Odda Mållag for ei stund tilbake. Ei slik utsegn kan tyde på at det ikkje alltid er like morosamt å nytte språket - nynorsk.

I dei siste åra er Noreg blitt meir og meir fleirkulturelt. Folk frå nye nasjonar har dukka opp i samfunnet. Mange innbuarar er blitt tospråklege. På denne bakgrunnen er det underleg at det å nytte nynorsk, krev trassige og stae brukarar i 1990-åra. Å nytte nynorsk skulle difor vere like naturleg for oss alle her til lands. Det kan gje oss identitet. Nyleg tala eg med ein ven som hadde vore på Island. Han fortalde at alle ord, anten dei kom frå tysk eller engelsk, blei omsett til nye islandske ord som blei brukt i daglegtalen. Ord som computer og televisjon eksisterte ikkje. Han snakka difor om islendingane med respekt og varme.

Om det er trassige og stae nynorskbrukarar som kjem til landsmøtet i Kristiansand 27. - 29. juli, er de sjølvsagt hjarteleg velkomne. Me treng dykk. Skal nynorsk som språk leve vidare, er det tvingande naudsynt å kome saman og diskutere utfordringar for framtida. Me vonar at me i Kristiansand kan gje alle deltakarane dei beste føresetnader for å kunne gjennomføre eit godt og vellukka arrangement.

Me har Dyrepark, Christianholm festning, verdas største kanon og ein fantastisk skjergard med ei rad båttilbod for å nå han. Og det beste med alt som ein finn i området vårt, er sjølvsagt at målform spelar inga rolle. Kos dykk og velkomne skal de alle vere sjølv om kulturministeren har karakterisert dykk som trassige og stae målbrukarar...

Med hilsen
DESTINASJON SØRLANDET

Svein Olaf Olsen
reiselivsdirektør

Den nynorske væremåten

Språket vårt

■■ Norge eller Noreg?
■■ Pøbb eller pub?
Ivar Aasen-året innledes med heftig språkpolitisk debatt. Denne uka skal Norsk språkråd igjen drøfte hva som er godt norsk.

VALEVÅG (Dagbladet): – Bortsett fra at han innstiftet et nytt språk, ga Ivar Aasen støtet til et nytt, norsk dannelsesideal, sier lyrikeren og essayisten Einar Økland.

Av FREDRIK WANDRUP

– Det første dannelsesidealet bygde på lærdom og stil og ble representert av professorer, prester, sorenskrivere og andre akademikere. Det andre idealet kom med det framvoksende borgerskapet: gründerne, representert med penger og flosshatt. Dette tredje dannelsesidealet ble lagt til rette av Ivar Aasen og var verken en kopi av den døende, akademiske klassisismen eller av den framvoksende gründerkulturen.

– Hva gikk det ut på?

– Det ga muligheter for folk med verken penger eller universitetsutdannelse til å få selvtillit i kraft av sitt eget opphav i bygder og distrikter. Aasen ga Utkant-Norge en ny utopi. Han gjorde det mulig for en fattig lærer å bli en dannet person i kraft av å være seg selv. Det å være god nordmann var ikke bare å kunne latin eller tjene penger, men det å kjenne sitt eget hjemsted. Aasen utløste en forsinket norsk renessanse. Han gjenoppdaget det lokale mennesket som ekte og friskt. På den måten frigjorde han en masse energi og krefter i folkedypet.

– Hvor sto denne bevegelsen i forhold til arbeiderbevegelsen?

– Ved å distansere seg fra arbeiderbevegelsen i avgjørende år lot målfolkene historiens tog gå fra seg. Man glemte det politiske og sosiale engasjementet som fantes i nynorskens fortid, både hos Aasen, Vinje, Garborg og Sivle. I stedet for å solidarisere seg med arbeiderbevegelsen gikk målfolkene hatefullt inn for å konkurrere med den om å trekke til seg ungdommen. Arbeiderkulturen forbandt man med lønnskrav og alkohol. Selv anså man at man hadde høyere mål og soknet til partiet Venstre. Resultatet ble at store deler av arbeiderbevegelsen følte seg fremmed for nynorsken.

– Er nynorsken – i likhet med Venstre – en tapt sak i 1996?

– Jeg tror det er viktig å aktualisere målsaken. Aasen-året kan bli en ny start. Mye av motviljen mot nynorsk er borte. Nynorsk kan snakkes og brukes av informasjonssjefer i et hvilket som helst firma. Nynorsk virker ikke lenger estetisk frastøtende. Flyvertinner og NRK-folk kan snakke nynorsk uten at noen reagerer. På den andre siden er mange av de verste nynorskkverulantene borte. Dagens nynorsklobbyister er atskillig mindre krangletе enn før.

– Det fins fortsatt folk som kjemper for det de kaller høgnorsk, altså en arkaisk nynorskvariant?

– Skulle man slåss for et høgnorsk, måtte man også ha et bevisst forhold til et «lavnorsk». Poenget er at noe slikt ikke fins innenfor nynorsken. Nynorsken har ikke noe gatespråk. Bruker man Vika-dialekt i en replikk på bokmål, forstår alle at det er en lassis som snakker. Men for eksempel sognedialekten signaliserer ikke noe liknende innen nynorsken.

– Høgnorsk er med andre ord et kunstspråk?

– For oss som er forfattere, er det uinteressant å være misjonærer for en særegen språkform. Vi må finne et språk vi kan leve med. Målorganisasjonene og nynorskforfatterne har aldri vært hundre prosent solidariske. Målfolkene har mislikt språket til både Vinje, Duun, Vesaas og Vaage. De har også hatt meninger om innholdet. Jakob Sandes mørkeste skriverier har man ikke godkjent. Rasmus Løland ble boikottet mot slutten. Han var for pessimistisk. Kristoffer Uppdal falt utenfor både på grunn av formen og innholdet. Arbeiderne leste ikke nynorsk, og målfolkene likte ikke råskapen hans. I 10–20 år på begynnelsen av vårt århundre hadde det nynorske litteraturidealet sterke innslag av gudelig sentimentalitet. Norskdom og gudligdom ble ett. Det fins nok et høgnorsk – også i dag – men har det noen framtid? Ikke for meg.

– Er det i skjønnlitteraturen at språket lever?

– I skjønnlitteraturen har forfatteren alltid siste ordet. Folk skaper det språket de trenger. I dag er hovedtendensen en utstrakt målblanding. Det brukes flere og flere bokmålsord i dagens nynorsk. Mange av dem skurrer i mine ører, og det påpeker jeg. Men en del yngre forfattere ser ikke forskjellen.

– Skyldes dette mangel på språkbevissthet?

– Delvis skyldes det dårlig norskopplæring, delvis at blandingsspråk er alminnelig både på folkemunne og i media. Personlig liker jeg det ikke. Smaken min blir irritert. Men min smak vil neppe overleve. Jeg vil ikke oppkaste den til norm. Vi lever i en språklig overgangstid, og det fins ingen vei tilbake. Språklig samling vil nok få rett, uten særlig mange medlemmer og uten pengestøtte.

– Onde tunger har kalt det prosjekterte Aasen-senteret i Ørsta for et sørgesenter for nynorsk?

– Det er ikke det verste som kan sies. Verre ville det vært dersom det bare hadde vært tiltakssjefen i kommunen som syntes dette var greit, hvis det eneste resultatet var en og annen turistbuss og noen ekstra lunsjer på det lokale hotell, noe som kunne måles i gjestedøgn og oppsving i den lokale cateringbransjen. Det ville vært sørgelig. Da ville det vært i samme klasse som filmfestivalen i Haugesund. Håpet er at senteret kan bli et supplement til den akademiske tradisjonen ellers i landet. Det må bli noe mer enn værvarslingsstasjonen på Finse. Hele biblioteker av nynorsklitteratur mangler plass. Man kunne opprette et elektronisk dialektmuseum. Det fins en rekke ugjorte forskningsoppgaver som trenger å bli organisert og utført.

– Blir det feiret 200-årsjubileum for Aasen i 2096?

– Det tror jeg nok. Hovedtendensen er at klassikere som Aasen blir feiret mer og mer. Aasen lagde en nøkkel til språket som alltid vil kunne brukes, selv om språket selv forandrer seg hele tida. I dag har Norge innsett at språkkamp ikke kan føres med lovmidler.


– Er det et symptom at Arbeiderpartiets kulturminister står i bresjen for Aasen-året?

– Åse Klevelands svake sider er blitt hennes sterkeste. Hun lanserer sjelden egne ideer. Derfor liker hun å dele rampelyset med andre som har skapt noe. Resultatet er at hun er blitt en høy beskytter både av egne budsjetter og av norsk kulturliv. Hennes motstykke er Gudmund Hernes, som er full av egne ideer og derfor bare får dritt tilbake og til slutt må fjernes. Kleveland beskytter norsk kulturliv, og norsk kulturliv beskytter henne.

● *Se også kronikk side 38*



***EINAR ØKLAND** har skrevet prologen til Ivar Aasens jubileumsår. Økland jobber til daglig med praktisk nynorsk, både som forfatter og som skjønnlitterær hovedkonsulent for Det Norske Samlaget.* Foto: FREDRIK WANDRUP



KLASSEKAMPEN

Utgitt av Klassekampen AS

Besøksadresse:	Grønlandsleiret 31, Oslo
Postadresse:	Boks 9257 Grønland, 0134 Oslo
Nettadresse:	http://www.klassekampen.no/
Telefon:	22 05 95 00
Telefaks:	Redaksjon: 22 05 95 80 Administrasjon/annonse: 22 05 95 87
E-post:	sentralb@klassekampen.no
Trykk:	Avistrykk Oslo AS
Ansvarlig redaktør:	Jon Michelet
Disponent:	Marga van der Wal
Abonnement:	Postgiro 0804 2066991
Løssalg, annonse og annet:	Postgiro 0807 2081669
Bankkonto:	1600.40.27667
Foreninga Klassekampens Venner:	Postgiro 0824 0544939 Bankkonto 1607.51.62611

Horrible domspremisser

Det ble i sin tid foreslått i Israel – fordi så mange voldtekter ble begått – at det måtte bli forbudt for kvinner å bevege seg ute om kvelden og natta. Daværende statsminister Golda Meir repliserte tilbake at det jo var mennene som burde få portforbud – og dermed stilnet hele debatten av. Det må ikke skje etter den dommen som er avsagt i byretten et sted på Østlandet. Der heter det følgende i domspremissene i en voldtektssak:

«Fornærmede har selv vært med på å skape en slik tvil som retten ikke kan se bort fra, ved frivillig om natten å ha blitt med to ukjente menn inn i leiligheten.»

Dette er domspremisser som er så horrible at det knapt er mulig å tro det øyet leser. Dommen er heller ikke anket av påtalemyndigheten, noe som er skandale nummer to i denne alvorlige saka fordi premissene faktisk gjør voldtekt lovlig, verken mer eller mindre.

Det absolutt verste med voldtektssaker er den nedverdigende og umenneskelige holdinga som blir offeret til del – altså kvinnene. Det er helt utenkelig at menn skulle kunne bli vist den samme forakten. Og i en hvilken som helst annen rettssak ville en dommer ha klubbet ned forsvarere som trekker inn forhold som ingenting har med saka å gjøre. I voldtektssaker er det «normalt» at den fornærmede får spørsmål om hvor korte skjørter hun hadde på seg, det blir stilt spørsmål ved offerets allmenne seksualmoral, eller for den saks skyld om hun blunket til gjerningsmannen. Korte skjørter blir deretter av retten sett på som en formildende omstendighet for tiltalte. Denne gangen er det å bli frivillig med inn i leilighet som blir trukket fram.

Ingenting av dette har noe som helst med saka å gjøre, men viser ene og aleine hvordan samfunnet er dominert av mannssjåvinistiske ideer om at kvinner er et objekt det er lovlig å utove vold mot.

Den rettspraksisen som finnes i Norge er en hån mot den fornærmede kvinnen i hver enkelt rettssak. Den betyr videre at mørketallene når det gjelder voldtekt blir enorme, så lenge det er kvinnen som får gjennomgå i retten, ikke tiltalte, noe som fører til at voldtekt ikke blir anmeldt.

Kvinnebevegelsen i Norge har fortsatt en lang vei å gå.

ASTOR LARSEN

ÅPENT FORUM

Frå skole via skule til skole

Kvar vår vitjar Finn Erik Vinje spaltene i Aftenposten og fortel kvifor norsk skule generelt, og norskfaget spesielt ikkje stettar dei krava eit moderne samfunn krev. Det er ikkje løns- og arbeidsvilkår Vinje rettar åtaket mot, men den delen av faget som allvegen har vore splinten i dei dansk-norske sine auge; sidemålet skriv skulemålsskrivar i Noregs Mållag, **Ingar Arnøy.**

Slik norskfaget er organisert i dag, og slik den etterkvart avnasjonaliserte lærarutdanninga gjer faget, har nynorsken vorte eit retteleg side-mål: Eit språk på sida av det normale språket. Til gagn for raudblyantelskande lærarar og hatobjekt for i utgangspunktet kunnskapstørste ungdomar.

Frå skole

Eg har ikkje tal på alle gongene eg har høyrt sjølve kjernespørsmålet frå elevar til norsklæraren; kvifor må me læra nynorsk (sidemål)? Frå om lag 1980 og utover har lærarstanden svara – etter beste evne – at elevane anten ikkje bør stilla slike spørsmål (motsett andre fag). Eller elevane lyt godkjenna resultatet av soga slik ho ovrar seg i skulestova – det er vedteke at de skal læra båe skriftmåla like godt. Attåt dette finst det nokre knep for å lura seg undan det eksistensielle spørsmålet ved atter ein gong å visa til stoda sjølv: Det finst 50.000 arbeidsplassar som krev språkleg kompetanse på sidemålsnivå og liknande.

> Når Finn Erik Vinje åtek sidemålet er årsaka inkje anna enn simpelt nynorskhat

Når Finn Erik Vinje åtek sidemålet er årsaka inkje anna enn simpelt nynorskhat: Vinje veit såre vel at utan obligatorisk opplæring i sidemål (nynorsk for 80-90 prosent av elevane) vert det uråd å kunna velja nynorsk som personleg skriftmål etter skulen. Men nett slik ingen vel eit språk eller kva som helst anna einast på grunn av kunnskap om tingen sjølv, nett slik vel heller ikkje ungdomane nynorsk som personleg skriftmål skuld kjennskap til korrekt rettskriving i nynorsk.

Via skule

Føremålet med jamnstelling millom skriftspråka å gje like tevlevilkår millom skriftmåla. Fram til andre verdskrigen verka målkløyvinga på lag slik nasjonale kulturstridar verkar i (striden om) nasjonsbyggjinga. Myten om folkeopplysning og nasjonsbyggjing låg i botnen for alle dei ulike moderniseringsstrategiane som vart presenterte; jamvel sosialdemokratiet – som ikkje var underlagt Komintern, men lell tufta verdsåskodinga si på eit «vitskapleg-sosialistisk» grunnlag – såg Den Nye Arbeidsdagen som ein lekk i nasjonsbyggjinga. Med ein veik stat, ein veik borgarskap, ei veksande arbeidarrørsle utan Kominterns klamme hand over seg og ikkje minst dei ulike kulturnajonalistiske folkerørslene var vegen til framtida open. Alle framvegane hadde skulen som råme for identitetsskaping og kunnskapsformidling. Og målstriden var millom dei mest mobiliserande stridane fram til krigen. På 40 år gjekk mesta 1/3 av skulane over frå norskdansk (bokmål) over til norsk (nynorsk) og ved bispeval vog målstandpunktet tungt.

I 1998 kan Stortinget vedta ei ny skulelov (opplæringslova) som mykje godt råkar råmene for folkeopplysninga og nasjonsbyggjinga. På ein – 1 – kveld skifter det statsberande partiet standpunkt og går inn for at den allmenne røysteretten om kva språk borna skal i skulen berre skal gjelda foreldra åt skuleelevane. Fram til i dag har det vore folket i bydelen eller i bygda som har hatt rådgjevande avgjerdsmakt over språket i skulen av di det gjeld heile lokalsamfunnet. No er det lausrive frå samfunnet utanfor skulen – som om skulemålet var eit kundedemokrati. Kva har skjedd?

Noko einfeldt svar finst ikkje – dei sprikjer og går ulike vegar. Til dess har myten om skulen som ein daningsarena og nasjonsbyggjing vore sterk nok til å hindra Finn Erik Vinjes nynorskhat til å verta røyndom. Men med ei stadig meir avnasjonalisert skule endrar skulen karakter frå å vera meiningsformidling til å verta «kunnskapsbank». Til slikt treng ein korkje mytar, mytologiar, standpunkt, verdiar eller lærarar som målber desse. Det held med ein brote fagdidaktiske nyklar som kan opna døra til innsikt i og bruk av den kunnskapen som stettar dei krava eit moderne samfunntil kvar tid krev. Soleis har skulen fått allskjøns «reformer» med ufråkomelege plandokument som igjen låser lærarane fast til dei «vitskaplege» prosessane som skal føra til sjølvstendige, kritiske og endå meir kunnskapstørste elevar.

Til skole

Med veit alle resultatet av denne utviklinga. Å vera lærar i dag er meir og meir vorte ein «jobb» – som om føremålet med «jobben» var å tryggja ei stor nok utkoma som kan finansiera utgiftene frå det same samfunnet som «jobben» var meint å førebu elevane til å gå inn i. Kritikken råkar ikkje lærarane, men fyrst og fremst alle dei som i mistydd radikalisme trur seg for å vera representantar for det moderne. Det gjeld like mykje Hernes og «venstresida» som dei tradisjonelle folkerørslene.

Krisa i norskfaget er ikkje krisa i sidemålsopplærinja eller obligatorisk sidemålsstil. Å seia med Finn Erik Vinje og seia at lærdom er tung å bera og at hovuda har avgrensa plass, er det same som å minka kunnskapen til eit absolutt minimum. Men når lærarane ikkje evnar å svara på kvifor me treng nynorskopplæring er det av di dei ikkje evnar å svara på kvifor me treng norskfaget. Krisa i norskfaget er difor krisa i det nasjonsbyggjande norskfaget og dimed krisa i skulen. Etter Torbjørn Egner, som var bidraget frå sosialdemokratiet til nasjonsbyggjinga, har det kome inkje før Hernes la loket på kista for godt.

Med overgangen frå skule til skole openberrar krisa i skulen seg: Om soga lenger ikkje er knytt til eit kollektiv medvit og ulike freistnader på å byggja sosiale kollektiv rundt desse medvita (sovel nasjonsmedvit som klassemedvit), kan ikkje lenger soga nyttast som mælestav på fortida og framtida. Difor endar skulen som i beste fall ein spegel av «det eksisterande» – soga er over og me lyt godta det som ho har gjeve oss. Vanskane oppstår når einkvan, til dømes elevane, spør kor det har seg at soga har gjeve oss samtida vår: «Lærar, kvi treng me å læra nynorsk?»



ORDSKIFTE

Ikkje kvinneleg formann for stridige vestmenn



STERKE ORD: Vestmannen Ludvig Jerdal. (Foto: Ottar Fyllingsnes)

YTRING

Det viser seg at det er ulike oppfatningar av det som skjedde i samband med formannsvalet i Vestmannalaget i Bergen i vår. Somme kallar det «kvinnekupp» og det som verre er. Andre oppfattar det som eit vanleg benkeframlegg. Eg har fylgt arbeidet i laget som varaformann og skrivar siste året, og sa ja til å stilla som formannskandidat ved valet i vår. Også i fjor var eg formannskandidat, men trekte meg på sjølve årsmøtet fordi eg ikkje ville ha nokon strid i laget, og fordi arbeidssituasjonen kravde mykje av meg då. Men konsekvensane av at eg sa «ja» i år, kunne eg ikkje i min villaste fantasi førestella meg. Skuldingane mot meg har vore heilt urimelege og usanne, og det verkar sterkt krenkjande at det vart kalla inn til «umframt årsmøte» den 13. april i år på grunn av desse skuldingane mot meg. Mange av medlemene reagerer også på denne innkallinga og hevdar at dette siste årsmøtet «ikkje var lovleg innkalla og difor ikkje vedtaksført» *(sitat: Eigil Lehmann 15. april d.å.)*. Storaksjonen til Ludvig Jerdal og Lars Bjarne Marøy mot meg meiner mange har vore så ufin at det verken har gagna laget, saka eller dei sjølve.

Jerdal har stått ope fram med kritikken sin og fekk m.a. spalteplass over tre heile sider i *Dag og Tid* den 4. mai d.å. med overskrifta «Ein stridig vestmann». Der hevdar han at han er viss på at det vil verta ro i Vestmannalaget no når eg er «sparka». Det overraskar meg at journalisten ikkje var meir ordkritisk i å sitera Jerdal direkte på fleire emne i denne artikkelen. Ikkje minst med omsyn til Vestnorsk utvandringssenter, som Jerdal hevdar «tuskar» til seg pengar. Det har tidlegare formann i Vestmannalaget Leidulv Hundvin bede om orsaking for på laget sine vegner i eit innlegg i *Bergens Tidende* den 26. mai d.å. Eg vonar *Dag og Tid* også vil ta inn det innlegget.

Elles har eg fenge merka i det siste at Jerdal bruker mange sterke og stridige ord. På omframt årsmøte i Vestmannalaget den 13. april i år, der det møtte over dobbelt så mange medlemer som elles, måtte han ty til ord som «Faen i helvete», «kvinnekupp» og «hovudfiende» for å uttrykkja kva han meinte om meg. Mange av dei unge lo, for dei tykte det var morosamt og underhaldande. Eg lo ikkje, for eg tykte det var ein sterk og usømeleg kost han serverte, med altfor mange rotne råemne som basis. Fiendslege ord som «utspel» og «kupp» er ord han bruker om det han ikkje liker. Eg kan ikkje sjå at me har eit samfunn der ein vinn fram med ei slik framferd på sikt. Difor vart også røystesigeren til Marøy/Jerdal den 13. april d.å. karakterisert som ein «pyrrhossiger».

Eg har kjempa for nynorsken i snart 20 år gjennom Noregs Mållag, med til dels gode resultat. Heile tida har eg lagt vekt på å arbeida ope og ærleg. Å vera open og ærleg er faktisk det eg har lagt mest vekt på i livet mitt, for eg trur ikkje ein kan vinna fram på noko anna vis, anten det er for ei sak eller i livet elles. Difor tok eg då også kontakt med den andre formannskandidaten tidleg på formiddagen om det benkeframlegget som truleg ville koma på meg den 16. mars i år. Men Lars Bjarne Marøy (den andre formannskandidaten) misbrukte denne tilliten eg gav han. Og verknadene vart store, ikkje minst for meg personleg som no har fenge Jerdal som uven. Det ynskjer eg ikkje noko menneske.

Frå det Jerdal fortel til *Dag og Tid*, kan folk tru at eg gjekk gråtande frå møtet den 13. april. Men det er heilt feil, like mykje feil som at han framstiller ei anna kvinne som rasande og hevdar at Karstein Stene, personen som leverte benkeframlegg på meg, har meldt seg ut or laget. Rett nok vurderer mange å ikkje betala medlemskontingenten i Vestmannalaget vidare, men det er det framtida som avgjer. Faktisk kvad eg klårt, høgt og ugråtande eit stev etter at eg tapte røystinga om formannsvervet, som eg i sanning opplevde som ein sviande hekseprosess frå 1500-talet. Stevet som eg kvad på ein heimetone, lydde såleis:

Koffør heve du skjikka deg so, gutane vilja kje ha deg
No lyt du gråta deg spent i hel, da vert ikkje anna ut tå deg

Etter at fleire tidlegare styremedlemer deretter sa frå at dei ikkje ville vera med i styret med Lars Bjarne Marøy som formann, fordi dei tykte det heile var så urett, gjekk eg og mange andre frå møtet. På vegen ut passerte eg stolen der Jerdal sat. Der stogga eg og såg roleg på han medan eg retta fram handa. Han vart nøydd til å ta henne, for folk såg på oss. Eg sa stilt: «Det var leitt dette». «Ja», sa han.

Nei, eg gret ikkje, då. Fyrst natt til sundag den 16. gjekk all uretten mot meg i samband med dette årsmøtet og innkallinga opp for meg i all si gru. Ein urett eg fann tung å leva med. Eg venta at fleire av dei 13 som hadde skrive under kravet om omframt årsmøte, ville ringja eller skriva til meg for å orsaka seg, men berre éin ringde. Éin einaste, men likevel, det gjev von om ei betre verd. Å ta feil er menneskeleg, å be om orsaking er vanskeleg, men livsberande. Det er enno ikkje for seint.

Det kan vera at nokon reagerer på at eg ikkje bruker 1917-rettskrivinga når eg er så fri å stilla som formannskandidat i Vestmannalaget. Til det vil eg seia at eg har all respekt for dei som vel å nytta ei anna rettskrivingsnorm enn læreboknormalen, men eg oppfattar denne normalen som den rette for meg personleg. Skulle eg skriva på vegner av Vestmannalaget, ville eg nok brukt ein del andre former, former som mange oppfattar som sjølve identiteten til laget.

Sissel-Anny Hjelmtveit

Uværets pris



YTRING

U-landene skylder Norge omtrent 4,5 milliarder kroner. Tilsynelatende en ufattelig stor sum penger. Spørsmålet om hvem som skylder hvor mye kan imidlertid snus opp-ned: Det er Norge som skylder u-landa minst tre ganger så mye – for hvert år som går. Påstanden trenger en nærmere forklaring:

FNs klimapanel slår fast at der er en nær sammenheng mellom utlipp av CO2 og menneskeskapte klimaforandringer. Endring i klimaet kan føre til flere tilfeller av ekstreme værforhold slik som orkaner, tørke og flom. Utslippene er skjevt fodelt: I-land, med 25 prosent av jordens befolkning, står i dag for 60 prosent av CO2-utslippene. Hver nordmann slipper ut nesten 10 tonn CO2 per år, en inder omkring ett tonn. Bærekraftig nivå ligger på ca to tonn per person årlig. Vi har altså et «overutslipp» på nærmere åtte tonn karbondioksid, og bidrar dermed i særlig grad til miljøødeleggelser forårsaket av klimaforandringene. Karbongjelda, som kan tallfestes til mellom 70 og 150 milliarder kroner pr år, er med andre ord et økonomisk uttrykk for disse skadene. (se FIVH-rapporten «Karbongjelda»)

FNs klimapael har utviklet en sårbarhetsindeks som viser at u-land er dobbelt så sårbare – og små øygrupper nesten tre ganger så sårbare – som rike land for klimaforandringer. De som slipper ut minst, rammes hardest – eller sagt på en annen måte: Vi fortsetter vår forbruksfest (basert på klimagassutslipp) – og sender regningen til langt mer sårbare land. Det er uverdig at Norge, med et av verdens høyeste velstandsnivå, på denne måte bidrar til å undergrave økonomisk og sosial utvikling i fattige regioner. I revidert nasjonalbudsjett er u-hjelpen kuttet med 431 millioner kroner – et kutt uten betydning for regjeringens bestrebelser for redusert inflasjon. Denne minimale innsparingen vil gi forverrete levekår for atskillige fattige.

Norge bør slette all bilateral gjeld u-landene skylder oss, og vi må minke CO2-utslipp ved å redusere vårt meningsløst høye forbruk – da særlig bruken av energi. Dette er av avgjørende betydning for å sikre livsbetingelsene for framtidige generasjoner – innenfor naturens tålegrenser.

Carin Leffler, talskvinne i Framtiden i våre hender

Sveits uten husmannskontrakt

YTRING

Sveits har fått sin «EØS-avtale». Vilkårene Sveits har forhandlet frem, bør få norske myndigheter til å fryse på ryggen av misunnelse.

Sveitserne sa ved folkeavstemming søndag 21.mai ja til et sett handelsavtaler med EU. Disse er et eksempel på at det er mulig å forhandle fram handelsavtaler med EU som konstitusjonelt ikke har konsekvenser for landets selvstyre. Mens Norge gjennom EØS er underlagt en overnasjonal og dynamisk avtale, har Sveits valgt en mellomstatlig løsning.


Utenriksminister Jagland snakker om å føre en aktiv europapolitikk, uten å ta hensyn til den opposisjonen som fra sak til sak finnes internt i EU. For Jagland er det prinsippielt umulig å legge ned veto i en sak som EU-direktivet om patent på liv der EU-landet Nederland har gått så langt som å stevne saken inn for EU-domstolen. Den «aktive» europapolitikken til Jagland begrenser seg tydeligvis til å dilte etter den til enhver tid ledende oppfatningen i Brussel.

En kan lure på hvilke årsaker som ligger til grunn for at norske myndigheter har en stikk motsatt holdning til spørsmål om selvstyre enn sine kolleger i Sveits. Er det et resultat av bevisste politiske målsetninger som å få Norge inn i EU så fort som mulig, eller er det forelskelsen som gjør Jagland og andre norske utenrikspolitikere blinde og politisk impotente?

Maria K. Lyngstad Leder, Ungdom mot EU

ORDSKIFTE

Målpolitikk, norskdom og Noreg



I Norsk Tidend nr. 2 hev Lars Vikør ein artikkel han kalla «Symbolet Noreg». Vikør deler målrørsla i tvo. Han snakkar um folkemålsretningi og den historisk nasjonale retningi. «Folkemålsretninga i målrørsla kan – trass i Koht – vanskeleg gå inn for Noreg utan å fornekte heile sitt grunnlag,» skriv Vikør. Talsmennene for «folkemålsretningi» hev gjenge på gummisolar i landsnamnsaki. På grunn av agitasjonen frå riksmålsrørsla hev folkemålsretningi vore nøydd til å velja millom folkemålet og nynorsken, trass i at nynorsken skulle vera eit uttrykk for folkemålet, meiner Vikør.

«Symbol»

Diskusjonen omkring upphavet til Norge-namnet ser ikkje ut til å interessera Vikør. Han meiner at den historisk-nasjonale lina berre er ute etter eit anna namn enn bokmålsnamnet Norge. Vikør viser til ein artikkel som Ottar Grepstad etter segjande skal ha skrive i Dagbladet. Grepstad uttala her at Noreg hadde vorte eit sterkt symbol på det nynorske prosjektet for mange målfolk. Faglege og intellektuelle argument hev difor berre privat interessa, skal Grepstad ha skrive. «...for mange er Noreg symbol ikkje for nynorsken, men for høgnorsken og den nasjonale mellomalderromantikken,» skriv Vikør.

Høgnorsk–samnorsk

Vikør skildrar umgrepet folkemål soleis at det er grunn til å gå han nærare etter i saumane. Det er rett at det finst ein historisk og vedvarande skilnad millom ei målpolitisk lina som byggjer målsynet sitt på etymologi og eit målsyn som legg vekt på ortofoni. Det fyrste synspunktet kann umtalast som eit

YTRING

tradisjonalistisk eller høgnorsk synspunkt. Det andre vert gjerne knytt til samnorsksynet.

Kva for eit grunnlag er det den sokalla folkemålsretningi eller samnorsksynet byggjer på? I sogesamanheng hev samnorsksynet ein samnemnar. Alle som vert tekne til inntekt for eller som hevdar dette synet, ser ut til å vera kritikarar av høgnorksnormalen og nynorsk rettskriving ålment sett. Burtsett frå dette utgjer dei ei svært samansett og laus gruppering. Samnorsksynet freistar å femna um alt frå Knud Knudsens landsgyldige daglegtale til Olaus Fjørtofts dialektlina.

Samnorsksynet er lite viljugt til å gjeva nynorsken status som talt normalmål eller som fastlagt språkstruktur i det heile. Det norskdanske målet derimot vert meir akseptert. Det er godtakande for ein samnorskmann å snakka nynorsknært norskdansk normalmål (radikalt bokmål). Men kor mange samnorskmenn tek på seg å snakka nynorsk normalmål? Lat meg ikkje underslå at det finst samnorskmenn som skriv nynorsk. Dei skal ha takk for det.

Viser frå seg nynorsken

Men no nyttar ikkje Lars S. Vikør umgrepet samnorsksyn eller samnorskretning. Han nyttar derimot nemningi folkemålsretning. Her freistar han, slik eg ser det, å gjera seg samd med dialekttalsmennene i målrørsla. Dei er svært mange. Kanskje er me alle dialekttalsmenn på kvar vår måte. Stutt sagt er dialekttalsmennene upptekne av å kunna nytta dialekten sin i alle tilknytingar. Dei viser frå seg nynorsken som yverordna norm, og identifiserer seg med det norskdanske målidealet. Dei fylgjest åt med den samansette samnorske målvengen, utan at alle av dei er klår yver det.

For sjølve samnemnaren for samnorsksynet er å avvisa ein fast og konstant nynorsk standard i skrift og tale. Samnorsksynet splittar upp målføregruppone, og danar måluppfatningar som fær folk i kjernestroki til å setja norskdansken til ideal når dei skriv nynorsk. Landsnamnsaki er eit spursmål um ein skal våga å insistera på ei høgnorsk/nynorsk tale- og skriftmålsnorm på same måte som den norskdanske sida gjer, eller um ein skal leggja seg på rygg for samnorsksynet.

Kulturvernarbeid

Vikør nemner millomalderromantikken og landsnamnet Noreg. Det kann vera sant nok at Norig/Noreg hev røter til gamalnorsk, men namnet høyrer vel so mykje til det kulturvernarbeidet som ungdomslagsrørsla og norskdomstiltaki reiste i byrjingi av 1900-talet. Dette kulturvernarbeidet umfatta langt frå berre nasjonalromantisk millomalderinspirasjon, men for at arbeidet skulde hengja saman laut ein nytta seg av både gamalt og nytt til dømes i saum og folkeviseleik. Men det er langt frå alle som hev teke del i slikt kulturvernarbeid. Gamle bygdetradisjonar i heim og yrkje hev gjenge i gløymeboki for mange. På same måte hev sermerkje i bygdemåli glide ut. Me kann ikkje slutta å driva med korkje kulturvernarbeid eller nynorsk målrøkt av den grunn.

Sogelaust

No skal det segjast at nynorsken femnar vidare enn mange av tradisjonane innanfor klassisk og offentleg bygdelivstradisjon. Det skal heller ikkje nektast for at namnet Noreg hev havt ein sterk kjensleappell nett innanfor den offentlege bygdelivstradisjonen. Vikør meiner at namneformer hev lite å segja for statusen til målrørsla. Det tykkjer eg er eit sogelaust syn. Han gløymer snemannen til riksmålsrørsla. Han gløymer namnestridene om Bjørgvin og Nidaros? Stadnamnnormeringi etter nynorsken gløymer han òg. Og kvifor var det so viktigt for riksmålsprofessor Seip og andre å argumentera for at Norgenamnet var runne av heimleg rot? Slike symbol skapar strid, og dei set gruppor upp mot kvarandre. Dei opnar for ein målstrid på mykje breidare frontar. Målfolket må ikkje gjera seg blyge for å halda fast ved slike symbol. Ein bør ikkje bøygja seg for intellektuelle argument som Vikør vil leggja vekt på. For slike argument kann vel ikkje vera anna enn argument som dei intellektuelle hev monopol på? Samnorskdogmatikken er sameleis eit monopol for sjølvutnemnde intellektuelle.

Lars Bjarne Marøy,

Om kjønnsdrift og ekteskap

Dette innlegget fekk ikkje plass i Vårt Land.

YTRING

Statsminister Einar Gerhardsen tala ofte om dei harde 30-åra. Då demonstrerte Oslo-folk og gjekk med plakatar der det stod: «Vi og våre barn sulter». I Romsdal var det mykje verre, men vi demonstrerte ikkje. Folk hadde ikkje råd til å gifte seg. Vaksne karar kunne stå med hendene i bukselommene på vegkryss og kaier og tale stygt. Det måtte vera stor seksuell naud. Eg var mykje yngre, så eg følte ikkje same presset. Eg syntest pratet var fråstøytande. Vi hadde lært vår katekisme og Sverdrups forklaring, og visste at vi skulle leva eit reint liv i tankar, ord og gjerningar. Vi visste kva synd var. Difor undrar det meg at biskopar ikkje kallar lauslivnad synd. Kva er det då? Korfor skal vi sanne syndene våre i kyrkja, skal tru?

Men når Frikyrkja og Misjonssambandet vil belære oss, synest eg det er reint rørande. Dei har nok funne riktig ein lekkerbisken. No kan dei fortelja alle kor fromme og fullkomne dei sjølve er. Eg har sett namna på desse sekretærane i mange aviser før, så seint som i 1994. Då ville dei nekte kvinnene i Misjonssambandet stemmerett og lykkast med det. Samtidig splitta dei misjonsfolket. No prøver dei å splitte Den norske kyrkja.

Det er ikkje berre i Japan, Iran og USA at vi har farlege sekter. Vi kan ikkje lite på fundisar, som ikkje vil lyde norsk lov. Det er lita hjelp i fagre ord. Fundisar har alltid Vårherre på si side, same kva dei finn på.

Vårherre har skapt oss menneske med kjønnsdrift. Ikkje alle har råd til å gifte seg. Difor er somme sambuarar. Det lønner seg økonomisk. Dei som styrer landet har ordna det slik. Dei premierer lauslivnad og straffar ektefolk. 16. mai opplyste stortingsmann Alvheim at også KrF er med på dette. Dei sløser bort pengar på unyttig u-hjelp, men pengar til å likestille ektefolk med sambuarar har dei ikkje. Dei fattige må innrette seg etter det som løner seg best. Difor er det politikarane som har hovudansvaret for det moralske forfallet.

Det verkar som om dei mektige menn helst vil tale om andre ting. Difor skriv «Vårt land» så mykje om homofili, endå emnet burde ha vore utdebattert no. Moses trong berre fem ord. Vi høyrer mindre om pedofile og nekrofile, endå desse er kriminelle. Samfunnet vårt har svært vanskeleg for å avsløre slike personar, endå dei har kome i søkelyset. Foreldre bør kjenne seg trygge for borna og ungdommane sine i barnehage, skule og kristelege lag. Leiarar som ikkje vil leva etter den kristne seksualmoralen, har ingen ting i slike organisasjonar å gjera. Det er djupt krenkjande at kjende organisasjonsfolk kan stå fram i aviser og dekke over overgrep. Samvetet burde ha sagt frå før det skjer overgrep. Har vi ein livsstil som krenkjer våre medmenneske, er det altfor lettvint å legge skulda på andre. Slikt blir kalla projeksjon. Dårleg samvet kan også vera hovudgrunnen til dyneløfting og interesse for avvikarar i kristne og kyrkjelege krinsar. Mitt beger er fullt.

Einar Helde

Ap verre enn Frp

YTRING

I debatten om flyktningepolitikken på Stortinget den 8.6. i år, anklaga Arbeidarpartiets leiar Frp for å drive med verbal vald mot flyktingar. Det kan eg nok vere einig med Jagland i.

Det som er mykje verre er at Arbeidarpartiet har omsett Frp sine meiningar til handling. Arbeidarpartiet snakkar fint om solidaritet, men stenger grensene.

Frp seier at vi må slutte å ta imot flyktningar, Arbeidarpartiet har allereide sørga for at det skjer. I ei verd der stadig fleire er på flukt stenger Arbeidarpartiet dei norske grensene.

I 1994 fekk berre 22 menneske politisk asyl i Norge, alle får plass på kontoret til Torbjørn Jagland. Arbeidarpartiet sender tamilske flyktningar tilbake til ein borgarkrig dei ikkje ønskjer å delta i. Er det ein måte å motverke krig i verda?

Jagland, snakk ikkje om verbal vald mot flyktningar før du sjølv har sett stoppar for den fysiske valden mot flyktningar!

Verda treng meir solidaritet, ikkje meir av Arbeidarpartiet si umenneskelegheit!

Pål Julius A. Skogholt, sentralstyremedlem i SU

ORDSKIFTE

Engelsk som norsk først som sist?

YTRING

Ola Jonsmoen har hatt ein dag med tungsinn, for han såg engelsken «rett bak neste fullmåne». Da banka han laus på Norsk språkråd og skreiv seg ut av depresjonen – får vi håpe – med eit innlegg i DT (nr. 22/01). Han refererer til «medlemer av Norsk språkråd», fagfolk «som registrerer det som skjer og mistar motet», og enda meir. Ei stund slår han vilt rundt seg – mot Språkrådet. Og det har han jo rett til, for det er slikt ein har offentlege utval til. Men han kunne ha orientert seg litt før han gjekk til tastaturet.

Når det verste er over, er han kanskje mottakeleg for to merknader:

1) Det som har utløyst skriveria, er eit intervju i Dagsrevyen med Sylfest Lomheim, der Lomheim hevdar at norsken kjem til å bli avløyst av engelsk om ikkje så altfor lenge. Mange blei nok oppgitt over desse utsegnene – og med god grunn. Men først som sist: Lomheim er ikkje medlem av Språkrådet; han har ingen «ortografisk, grammatisk og syntaktisk posisjon» der. Og eg trur – ja, eg veit – at han heller ikkje formidlar meiningar som er representative for språkrådsmedlemmene.

2) Norsk språkråd (saman med dei andre nordiske språknemndene) har i mange år arbeidd grundig med spørsmålet om engelskpåverknad, og er ikkje mismodig.

Kva gjer Språkrådet?

Jonsmoen snakkar om at språkrådsmedlemmene «gjer av og til merkverdige sprell som får folk til å sperra auga opp og undrast om dei er rett nagla». Dei Språkrådsvedtaka som har fått flest til å sperre opp auga den siste generasjonen, gjeld politikken for å tøyme engelskpåverknaden: Vi skal ikkje vere livredde engelske ord; når vi finn dei nyttige, gjer vi dei til norske i hug og hått. (Hugs *sørvis*-diskusjonen frå 1996! Og etterpå er mye meir skjedd.) I tilfelle der vi kan lage betre ord sjølve, utnyttar vi skaparevna til å lage norske ord med meining og fantasi. Det skjer f.eks. i den såkalla *Ordsmia* – eit diskusjonsforum på Internettet. (For eksempel blir Jonsmoens «peptalk» til *kveikpreik*) Begge desse språklege sikringstiltaka kan ein bli betre orientert om på nettsidene åt Språkrådet (*www.sprakrad.no*) under temaorda Anglonorsk og Ordsmia. Det er svært enkelt og morosamt å boltre seg der!

Det arbeidet som kanskje er mest interessant for Jonsmoen i denne samanhengen, er knytt til *Plan for styrking av norsk språk*. Denne planen, som òg er på nettsidene, diskuterer tiltak for å hindre at engelsk blir brukt på samfunnsområde der norsken tradisjonelt har rådd. Når eit morsmål blir trengt tilbake frå eit visst bruksområde, kallar ein det domenetap, og mange språksamfunn arbeider målretta for å stoppe det tapet som somme reknar som ei uavvendeleg utvikling. Målet åt Språkrådet er å få myndigheitene og næringslivet til å bli med på tiltak. Og da må vi først gjere folk medvetne om kva som skjer, for gjennom bevisstheit kan ein skape politikk. Her har Jonsmoen allierte!

Dette arbeidet er ikkje lett, heller ikkje på det symbolske planet. No vil utdanningsminister Giske og stortingskomiteen ha oss til å bruke engelske nemningar i det nye høgskolesystemet. *Bachelor* og *master* skal dei uteksaminerte heite – for å gi oss ei kjensle av at vi er eit underbruk. Språkrådet har protestert, men til inga nytte. Hjelp oss å styre stortingsrepresentantane våre! (Også dei i Venstre.)

Ettersom mange ser på dataindustrien som den store stygge språkulven, kan eg opplyse om at Språkrådet nettopp har laga ein handlingsplan om norsk språk og informasjonsteknologi. (Også på nettsidene, og dessutan som alt anna omtalt i *Språknytt*.) Den planen viser faktisk fleire departement stor interesse for, så her kan språkvernet få gode allierte. Det er mogleg å få den «uavvendelege» teknikken på vår side.

Grunn til mismot?

Tja. Vi skal i alle fall ikkje oversjå faren, da kan det gå gale. Også med norsken. Men – og her kjem det triste med det Dagsrevy-innslaget som Jonsmoen viser til: Det kom inga fagleg drøfting av korfor det **må** gå slik at engelsk tek over. Berre statistisk defaitisme. Her er det faktisk viktig å dra inn det perspektivet at norsk og nordisk hører til dei privilegerte språka i verdssamanheng. Vi hører til dei relativt sterke blant dei 7000 språka i verda.

Jonsmoen er oppteken av trugselen mot identiteten **vår**. Det skal eg gjerne støtte han i. Men det kan vere like viktig å tenkje på alle andre. I verdssamanheng opplever vi no ein kulturkatastrofe, for kvart år døyr 60-70 språk – seier dei som prøver å telje slikt. Ein treng ikkje høgare matematikk for å sjå kva veg dette går, og kor raskt det går. No er det dei minste språka, ofte utan skriftkultur og utan eigen samfunnsorganisasjon, som fell. Men ut frå statistisk og aritmetisk logikk nærmar språkdaude-trugselen seg sjølvsagt også dei noko større språka.

Dei menneska som opplever at språket deira døyr, opplever ein sosial katastrofe, som er meir enn berre ei identitetskrise. Dessutan er dette er ein «økologisk» katastrofe for menneskeslekta, for det kulturelle mangfaldet minkar, og det gir dårlegare grobotn for fantasi og skaparevne i framtida. Variasjon er viktig både i naturen og kulturen. Derfor er dette eit stort paradoks i vår tid: Vi ønskjer å effektivisere kommunikasjonen for å oppleve det som er annleis og for å hente inspirasjon derifrå. Men samtidig øydelegg vi det som er annleis.

Den dagen vi har igjen berre ei handfull store verdsspråk, har mange menneske lidd, og alle står fattigare att. Fagfolk skal jo vere nøkterne, men det er perspektivlaust å gi inntrykk av at ingen skade er skjedd når det nådelause språkbytet til engelsk kjem. Eit slikt «kjølig» syn er ikkje representativt for medlemmene i Språkrådet, det vitnar debattane på årsmøta om. Det er heller ikkje representativt for kva fagfolk meiner. Dei er vel meir opptekne av at det er vanskeleg å spå, sjølv om språkhistoria viser mønster. Ein interessant og fagleg «eksperimenterande» påstand er f.eks. at den engelske dominansen tek slutt om femti år, for da har spansken fått overtaket i USA, og kapitalismen sel seg gjerne på eit nytt språk. Den statistisk uavvendelege engelsken kan snart oppleve sitt vendepunkt. Dersom nokon skulle oppleve skadefryd ved denne tanken på spansk, så må det føyast til at framhaldet blir i prinsippet det same. Det er språkleg og kulturell dominans som er faren.

Jonsmoen er mismodig på vegner av Garborgåret. Men dette same året heiter også Det europeiske språkåret 2001. Det prøver å få fram nettopp verdien med dei mange språka. (Jamfør *skolenett.ls.no*) Det er altså mange som er opptekne av å gjere noko.

Helge Sandøy

Kritiske merknader til to mållagsleidarar

YTRING

Er nynorsk fyrst og fremst verdifull som ein funksjon av dei sosiale gruppene som nyttar honom og dei ideologiske tildriva deira? Vert han ikkje då redusert til ein sosial og ideologisk markør, eit utrykk for at ein tenkjer og handlar som god demokrat og er eit moderne, radikalt og progressivt menneske?

Det er både mogeleg og snaudt urettkome å svara ja på det fyrste spursmålet: Språket er ein sosial reidskap, eit praktisk instrument, og dei som vel og medvite gjeng inn for nynorsk må ha full rett til å gjera det av slike og liknande grunnar. Ein tykkjer at dette språket høver best for å syna kvar ein stend politisk og ideologisk: Ein er antikapitalist, litt av ein marxist, kanskje feminist eller regionist, stutt sagt imot alt som smakar av «undertrykkjing». Og sidan nynorsk hev vorte definert som undertrykt språk, er det både naturleg og rettkome å nytta det for å markera kvar ein høyrer heime. Språket i seg sjølv vert tolleg uinteressant: det er ikkje tri kyn, tviljodar, i- eller a- endingar og anna som er avgjerande, men at ein kan knyta det til radikalisme, oppreist mot «systemet» og det formannen i Noregs Mållag O. L. Hoel kallar «raseri» i programartikkelen «Målrørsla og kampen om det offentlege rommet» i *Mål og Makt* nr. 1-2000.

Eg fekk aktstykka i dette ordskiftet av formannen i Ivar Aasen- sambandet, K. J. G. Myrvoll, som svara Hoel i nr. 3-2000, og hev lese og grunna over dei. Eg er ikkje upartisk: Det var eg som i Bergen i 1997 tok initiativet til skipinga av Høgnorskringen som eit organisert lag, men hev sidan meldt meg ut av di den ihuga redaktøren av *Høgnorsknytt* nekta meg tilsvarsrett og ikkje ein gong ville retta opplagde prentefeil i eit ordskifteinnlegg eg hadde der. Men endå om eg sympatiserer med høgnorsksynet, tykkjer eg som Hoel at grunngjevinga for dette synet er veik og uklår.

Eg ser det slik at det i dag ikkje finst anna enn keidsame og utslitne argument for målreisinga. Ein hev prøvt alt: nasjonale, sosiale, pedagogiske og distriktspolitiske argument hev vore prøvt og nytta ut, men etter ei tid sloknar brennhugen og ein sit att med den vonde røynda som Hoel peikar på i svaret sitt til Myrvoll (i nr. 4/00-1/01): om lag 15% (og det er høgt rekna!) nyttar målet og «ein tredel av det nynorske ungdomskullet» gjeng seinare over til bokmål.

Distriktspolitisk raseri kjem og gjeng, og det er ein «sandgrunn» å byggja målreisinga på slike kjensler. Ein kan nok enno mobilisera sopass mykje regionalt medvit, oppøsing og politisk press at ein kan halda ved lag den påbodne opplæringa i sidemålet, men spursmålet om **kva slags nynorsk**, kvaliteten av målet, er framandt for dei fleste røysteføre. Hoel ser og segjer det klinkande klårt: 1938-brigdet og den bokmåliseringa som i dag gjenomsyrar det språklege medvitet til dei aller fleste som skriv nynorsk, er eit urikkande faktum som det nærmar seg røyndomsbrest å tru at ein kan gjera noko effektivt med. Eg les ein god del aviser og tidsskrift, og det meste av den nynorsken ein der møter ville truleg fått Aasen til å mæla: «Skriv heller konsekvent dansk-norsk!»

Kva er vitsen med ein utvatna og dåmlaus nynorsk, eit skal av endingar og nokre få andre sermerke, men elles stort sett identisk i form og innhald med radikalt bokmål? Kanskje både Hoel og Myrvoll vil svara at dårleg og utvatna nynorsk er betre enn ingen. Mitt svar er at ein slik bokmålisert nynorsk er meiningslaus og uturvande og på noko lengre slikt vil døy ut som eit mislukka prosjekt.

Ivar Aasen-sambandet byggjer på ein heilt foraldra ideologi, ein storkna og ufræv språkleg nasjonalisme som berre ein ørliten minoritet av norske i dag trur på som effektiv sanning. Myrvoll ser og skriv klårt og godt om den absurde «utviklinga» av nynorsken, men Hoel hev rett: han kan ikkje leggja fram nokon ideologi som hev minste von om å verta den «elden» som kunne få det norske folket til å gå inn for ein tradisjonell nynorsk. Det nasjonale argumentet bit ikkje lenger når det gjeld språkstoda vår: For dei fleste norske er det ein uskynleg, ja låtteleg tanke at bokmålet ikkje er «norsk». So kjem det til at nokon norsk identitet aldri hev funnest og aller minst er det mogeleg å sjå og påvisa honom på det språklege omkvervet. Nasjonar er **tenkte** konstruksjonar, og det vil segja at det er uråd å isolera noko «typisk» svensk, russisk eller engelsk som det er varande substans i og ålmenn semje om.

Nihilisme? Langt ifrå! Både Noregs Mållag og Ivar Aasen- sambandet hev sin rettkomne plass i den pluralismen som i dag er norsk samfunn og norsk kultur. Sjølv ventar eg berre på melding om at der ikkje lenger er sensur, men fritt fram for sakleg ordskifte i *Høgnorsknytt*. Då melder eg meg straks inn i Ivar Aasen-sambandet!

K.E. Steffens

I disse dager er den sagnomsuste franske filosofen Jacques Derrida på besøk i Norge for første gang. Et vanlig auditorium på Blindern var ikke stort nok for denne feterte gjesteforeleseren; intet mindre enn universitetets aula ble skaffet til veie for å romme alle dem som ville høre på kanskje verdens mest omstridte filosof i dag.

Av EIVIND TJØNNELAND



Aparteid er tross alt noe annet enn en surrealistisk diktsamling eller en novelle av Blanchot, og det har Derrida aldri tatt høyde for, skriver dagens kronikør.

Oppgjør med Derrida

Mens folk som Per Aage Brandt og Niels Egebak introduserte ham i Danmark allerede i 60- og 70-årene var det ingen her i landet - med unntak av en filosofimagister ved navn Egil Kallerud - som for bare ti år siden hadde dokumentert noe kjennskap til Derrida. Som vanlig lå Norge etter i formidlingen av impulser fra europeisk åndsliv.

Nå er situasjonen plutselig en helt annen; Derridas navn er på alles lepper: Lengre tid tar det ikke å bli motefilosof i Norge, selv om Derrida nok har fått sitt publikum først og fremst utenfor fagfilosofenes engere krets. Filosofen Hans Skjervheim uttalte seg om ham med skepsis i 1986: "Let ein seg draga inn i dekonstruksjonsrørsla", skrev han, "veit ein ikkje korleis det endar". Skjervheim beskyldte ham for verdinihilisme og - ikke overraskende - for "sjølvrefererande inkonsistens". Atle Kittang var allerede året før ute med en artikkel der han uttrykte ambivalens i forhold til dekonstruksjonen og mente at den ikke kunne ha gyldighet for alle typer litteratur.

Det at den dekonstruktivistiske filosofien er blitt mote, kan synes paradoksalt. For et av hovedpoengene med Derridas filosofi er jo å lese de tradisjonelle metafysiske tekstene på en radikalt annen måte enn det som er vanlig. Når dekonstruksjonen blir vanlig, slår den kanskje igjen over i metafysikk?

Derridas filosofi er blitt kjent som en filosofi om *forskjellen*. Ett utgangspunkt er forskjellen mellom språklige lyder, som basis for forskjellige orddannelser. Lingvisten Ferdinand de Saussure definerte språket som "et system av forskjeller". En annen forskjell Saussure introduserte var forskjellen mellom de to komponentene i *tegnet*, nemlig signifikanten eller selve ordlyden, og signifikatet eller betydningen til dette tegnet. Med et eksempel: Ordet "tre" får betydning gjennom det visuelle bildet av treet, og dette er altså signifikatet til denne signifikanten. Men Saussure var ikke filosof, og hans semiologi hadde en todimensjonal karakter, der det var - og fremdeles er - høyst uklart hvorledes språket kunne få feste i verden, f.eks. til gjenstander eller såkalte "referenter". For det mentale bildet av et tre er ikke det samme som det enkelte konkrete tre som ordet "tre" også kan referere til.

Jacques Lacans import av Saussures lingvistikk i psykoanalysen - motivert ut fra en vilje til å vise at Freuds ubevisste er "strukturert som et språk" - hadde i virkeligheten den effekt at den ødela presisjonsnivået i fransk filosofi i over 40 år. For når ikke-filosofen Saussures tegnbegrep ble den ramme man tenkte innenfor, tildekkes alle de klassiske filosofiske problemstillingene om forholdet mellom begrep og gjenstand, om hvorledes språket kan referere til noe i verden, hvordan språket har mening, etc.

Det såkalte signifikat-begrepet blir i virkeligheten en stor sekk der filosofien forsvinner, fordi hva man forstår med det språklige uttrykkets signifikat glir mellom minst fire forskjellige ting: *begrep, gjenstand eller referent, visuelt bilde* og endelig *mening*. Istedet for å tenke igjennom dette problemet, har folk som Roland Barthes, Julia Kristeva og Jean Baudrillard stadig gitt nye varianter og versjoner av Saussures modell, og overbudt hverandre i sinnrike måter å "tenke" forholdet mellom signifikant og signifikat på. Heldigvis ser det nå ut til at denne "semiologiske" bølgen har ebbet ut.

I sin bok *Om Grammatologi* (1967) måtte også nødvendigvis Jacques Derrida gi sin versjon av Saussure. Lingvisten ble kritisert for å operere med en enkel representasjonsmodell for språket basert på den muntlige tale. Istedet ga Derrida forrang til noe han kalte "skrift". For det er ikke bare slik at vår tanke representeres i et annet medium - talen - og at denne igjen nedfelles i skrift. Tvert imot er forbindelsen mellom skrift og tanke tettere enn som så. Med en vri på Wittgenstein kunne Derrida ha sagt at vi ikke vet hva vi har tenkt før vi har skrevet det. Og det finnes ikke noen innvendighet som vi kan peke på for å stadfeste en "egentlig" mening hvis vi blir misforstått. Tror vi det, tenker vi i retning av Platons evige ideer og klassisk metafysikk.

Ludwig Wittgenstein kritiserte også tendensen til å lage metafysiske grunnbegreper i sin senfilosofi. Men han gikk i stikk motsatt retning av Derrida. Wittgenstein førte metafysikkens grunnbegreper ned i elementære, gjerne dagligspråklige brukssammenhenger, mens Derrida oppløste de filosofiske begrepene innenfor de filosofiske systemene selv, og viste at de ikke hadde den entydighet og konsistens man tilskrev dem. Mens Wittgenstein i tradisjonen fra britisk empirisme hadde en innbitt motvilje mot altfor høytflyvende og abstrakt tenkning, kan Derrida neppe sies å ha lignende betenkeligheter. Wittgensteins metafysikk-kritikk er festet til vår bestemte bruk av ord i forskjellige kontekster og situasjoner. Derridas program blir nærmest det motsatte; å vise at kontekstene alltid i prinsippet kan være åpne.

Istedet for å snakke om tanke, bevissthet eller intensjon, snevrer Derrida i første omgang problemstillingen inn til hva som skjer når et meningsinnhold festes til et uttrykk. Hverken meningen eller uttrykket er der først. Derimot forutsetter han at noe han kaller *arche-skriften* eller "det rene sporet" ligger forut for og er betingelsen for enhver konstitusjon av tegnet. Det problematiske ved denne "skriften" er at den ikke trenger å skrives, den skal også gjelde for ikke-grafiske tegn! Det spørs om ikke selve denne forutsetningen i Derridas "grammatologi" selv er en metafysisk forutsetning, selv om han lar sporet, eller det han ved en neologisme på fransk kaller "différance" eller forskjellen, få primat over forestillingen om et egentlig meningsinnhold eller en idé i platonsk forstand.

Men selve denne forskjellen utvisker seg selv når tegnet konstitueres, og slik får vi en slags "naturlig" dragning mot å tenke metafysisk, hevder Derrida. Heidegger er inne på noe av det samme når han sier at vi har en tendens til å glemme den ontologiske differens, forskjellen mellom Væren og det værende. Glemselen hører vesentlig til denne forskjellen, sier Heidegger, og er til syvende og sist skapt av Væren selv.

Det blir en innvending mot Derrida at selv om metafysikken så å si er prinsippielt til stede i ethvert tegn qva tegn, så er det bare visse *priviligerte tegn* ("supplement" hos Rousseau, "parergon" hos Kant, "hymen" hos Mallarmé) som får den ære å være gjenstand for dekonstruksjon, for en oppsporing av det sporet ethvert filosofisk system må fortrenge eller glemme for å fremstå som konsistent. Dette har Derrida aldri redegjort tilstrekkelig for.

Når Derrida flørter med politiske problemstillinger, enten det er ideen om Europa, "Ånds"-begrepet som en basis for Heideggers nazisme eller apartheid som et metafysisk system med enkle binære opposisjoner, blir argumentasjonskraften for svak - det mangler en hel dimensjon i Derridas filosofi. For hvis det er slik at tegnet som sådan og hele den vesterlandske metafysikken kan dekonstrueres på samme måte som disse politiske temaene, er Derrida ute av stand til å gripe det spesifikke ved f.eks. apartheid - det blir bare nok et eksempel på den metafysikk som europeisk tenkning er gjennomsyret av. Aparteid er tross alt noe annet enn en surrealistisk diktsamling eller en novelle av Blanchot, og det har Derrida aldri tatt høyde for.

Etterhvert kommer det i Derridas skrifter stadig flere henvisninger til tidligere dekonstruksjoner. Rekken av forskjellige navn på *différance* - utvunnet fra forskjellige tekster - blir større og større. Dermed blir Derrida en fange av sitt eget vokabular, og metafysikken banker igjen på døren. Det er også uklart hva som er forholdet mellom de forskjellige navnene på différance som er utvunnet fra de forskjellige metafysiske tekstene. Man kunne være fristet til å si at hvis man har skjønt Derridas grunnleggende poeng, så kan man dekonstruere alt. Men nettopp dette gjør dekonstruksjonen uinteressant, for da dekonstruerer man egentlig ingenting; hvis metafysikken ligger i språket som sådan, kan ikke dette løses ved å innføre et nytt språk av synonymer for différance. Metafysikk-kritikken mister sitt subversive potensiale.

Både Derrida og Michel Serres har i sin filosofi oppvurdert parasitten som det eneste saliggjørende. Derrida vil for enhver pris ikke være original, da dette er en metafysisk idé, derfor utvinner han sin filosofi gjennom å dekonstruere *andres* metafysikk. Dette kan av og til få preget av smålighet, akkurat som når noen ikke tør stå frem og si hva de mener uavhengig av andre, men bare er istand til å være uenig med siste taler. Er det virkelig så viktig å "dekon-struere" originaliteten i dag, i en tid der den tekniske reproduksjon og massesamfunnet allerede for lengst har tilintetgjort den?

Derridas filosofi har heller ikke særlig mye å bidra med når det gjelder historievitenskapene, for her er oppgaven som oftest det motsatte av å dekonstruere faste meningssammenhenger, hvis man da ikke bare negativt er ute etter å kritisere tidligere historieskrivning uten selv å gå til kildene. Hvis vi bare stiller noen få spørsmål til fortiden, ser vi hvor lite vi vet. Det er noen få inntegninger på kartet, resten er ukjent land. Derfor er historikerens oppgave tvert imot møysommelig å *rekonstruere* sammenhenger ut fra et materiale som nesten alltid er mangelfullt.

Det ville ikke være så dumt om en del av Derridas norske etterplaprere - som stort sett er for dårlig filosofisk skolert til å vurdere riktigheten av hva mesteren sier - midt oppe i all viraken, persondyrkelsen og eksaltasjonen over motefilosofens Norges-besøk kunne stille sin guru noen av de spørsmålene jeg har antydet ovenfor.

Eivind Tjønneland

KLASSEKAMPEN

Utgitt av Klassekampen AS

Besøksadresse: Grønlandsleiret 31, Oslo
Postadresse: Boks 9257 Grønland, 0134 Oslo
Nettadresse: http://www.klassekampen.no/
Telefon: 22 05 95 00
Telefaks: Redaksjon: 22 05 95 80
Administrasjon/annonse: 22 05 95 87
E-post: sentralb@klassekampen.no
Trykk: Avistrykk Oslo AS

Ansvarlig redaktør: Jon Michelet
Disponent: Marga van der Wal

Abonnement: Postgiro 0804 2066991
Løssalg, annonse og annet: Postgiro 0807 2081669
Bankkonto: 1600.40.27667

Foreninga Klassekampens Venner: Postgiro 0824 0544939
Bankkonto 1607.51.62611

Se ikke til Danmark

Hver uke får en dansk husstand i gjennomsnitt 3,5 gratisaviser i postkassa. Problemet med gratisaviser er at i stor grad er journalistikken bestillingsverk for annonsørene. Selvsagt må det være sånn: Gratisavisene er laget for annonsørene. I dag fins det bare rundt 30 ordinære aviser i Danmark og langt over 100 aviser er blitt lagt ned etter krigen. Til sammenlikning er det omlag 210 aviser i Norge, med stort og smått. Bakgrunnen er blant annet at i Danmark er det så å si ingen form for pressestøtte.

– Dersom pressestøtten reduseres eller nærheten til leserne forsvinner, vil det samme skje i Norge også, spår professor i medievitenskap ved Roskilde universitetssenter, Jørn Poulsen.

Den støtteordninga vi har i Norge har sikra et differensiert pressebilde. Per i dag er det stort sett enighet om at ei avis som Klassekampen er viktig for en bred samfunnsdebatt, men det er likefullt forhold som truer både små nummer-to aviser og politiske «avvikere» i pressebildet. En rapport fra Statskonsult som ble offentliggjort på senvinteren i år, inneholdt spareforslag som medførte kutt i pressestøtta til aviser med et opplag på mellom 4- og 6000. I tillegg har Statskonsult foreslått at staten selv velger de avisene de ønsker å annonsere i. Det forslaget vil ikke bare føre til at leserne blir nødt til å kjøpe for eksempel Aftenposten for å lese hvilke offentlige stillinger som er ledige til enhver tid, det holder ikke med lokalavisa eller en liten nisjeavis. Blir forslaget virkelighet vil det bety kroken for døra for mange.


Rammevilkårene kan fort bli dårligere, også for Klassekampen. Det er ikke minst derfor aksjekampanja er viktig, den skal sikre at en revolusjonær avis kommer ut også i årene som kommer. Og når målet ble satt til 5.5 millioner er det fordi så mye penger trengs. Ingen på venstresida er tjent med at Norge blir et land hvor noen få store aviser og etermediene, som ikke akkurat er kjent for å gå i dybden når det gjelder nyhetsjournalistikk, dominerer.

«Det er dejligt at være norsk i Danmark.» Men det vil slett ikke være deilig å importere danske pressetilstander til Norge. Vi er inne i sluttspurten av aksjekampanja, de siste kreftene skal hentes fram fra kjelleren, pengene må på bordet for å hindre danske tilstander.

ASTOR LARSEN

ÅPENT FORUM

Berre fargelause fellesskap?



Olav Randen er tidlegare leiar av Noregs Mållag

Kebabnorsk vil neppe utvikle seg til eit heilsleg språk, men det er eit identifikasjonsmerke for brukarane og eit kommunikasjonsmiddel mellom språksamfunn. Det er eit uttrykk for at ungdommar i og rundt innvandrarmiljø krev å leve sitt eige liv, skriv **Olav Randen**.

I avisene i dag las eg to artiklar om språk. Danske Information skreiv om ei førestående røysting om amerikansk/engelsk skal ha rett framfor andre språk i californisk skole. Og leiar i Norsk Målungdom Magnus Bernhardsen (MB) åtvara på kommentarplass i Klassekampen mot såkalla kebab-norsk.

«Modersmålet sendes i skammekrogen», skriv Information. Kvar fjerde unge snakkar spansk og andre språk og har morsmålsundervisning i skolen. Meiningsmålingar viser at dei fleste vaksne vil at dei heller skal ha amerikansk. Av innvandrarar frå Latin-Amerika vil 50 prosent det, medan 23 prosent vil at grunnopplæringa skal vere på spansk og andre språk. Foreldra bruker sjølve spansk, kan dårleg engelsk og veit at om ungane vel engelsk, blir kontakten foreldre/barn mindre. Men likevel.

> Norsk språk og kultur er sanneleg ikkje truga av kebabnorsk

Information siterer Branlia frå Guatemala, åleinemor til tre små barn og på skrøpeleg engelsk: «Viss ikkje dottera mi kjem til å snakke godt amerikansk, korleis skal eg då sikre framtida hennar?»

Nei til uniformering

MB (og organisasjonen han leier?) er mot fleirkulturelle samfunn. Han skriv: «Det fleirkulturelle samfunnet krev at store grupper ikkje vert integrerte i den norske samfunnet, og soleis stiller på sidelinja.»

Som døme på kva han er imot, bruker han kebabnorsk, som ikkje er noko språk, men ei samlenemning for dei sjargongane som har utvikla seg blant ungdom i møte mellom norsk, urdu, vietnamesisk og andre språk. Kebabnorsk står, meiner han, i vegen for kommunikasjon og demokrati, og det er eit uttrykk for språkleg fattigdom. Dinest argumenterer han mot NRK-leiarar som vil tilsetje folk som snakkar norsk med utanlandske trekk.

Som døme på kor usunne slike ting er, nemner han norsk litteratur i USA. «Med kvart som dei norske vart amerikanarar, forsvann grunnlaget for denne litteraturen». Sant nok, det norsk/amerikanske blandingsspråket døydde då det ikkje trongst lenger. Men i mellomtida fekk USA – og Noreg – innvandrarlitteratur i verdsklassen gjennom Ole Edvart Rølvaags «I de dage» («Giants in the Earth»).

Kebabnorsk vil neppe utvikle seg til eit heilsleg språk, men det er eit identifikasjonsmerke for brukarane og eit kommunikasjonsmiddel mellom språksamfunn. Det er eit uttrykk for at ungdommar i og rundt innvandrarmiljø krev å leve sitt eige liv. Dei takkar nei til uniformering både i det norske samfunnet og samfunnet dei kjem frå og identifiserer seg på sjølvstendig vis med ein fot i kvart samfunn.

Kven går det ut over? Ikkje over MB og ikkje over meg og ikkje over norsk språk. Men det går ut over dei som vil gjere alle folk til A4-menneske. Kebabnorsk er ein del av det mangfaldet me har å møte harmoniseringa av folk og tenking med.

Ikkje språkfattig

Men brukarane av kebabnorsk blir ikkje ein del av det norske demokratiet, meiner MB: «Ved å taka del i den norske kulturen får ein òg sjansen til å vera med i den norske nasjonen, og soleis fullt ut deltaka i det norske demokratiet». Tru han argumenterer like eins overfor samar og kvener og roma-folk?

Bør vi ikkje heller prøve å utvide det norske demokratiet til å gi plass til folk i andre format enn A4? Men kebabnorsk er uttrykk for språkfattigdom og står i vegen for å lære norsk? Tru det? I tredveåra, då samar og kvener skulle integrerast som hardast i Noreg og samar, kvener og finnar i Sverige, utvikla forskarar ein teori om halvspråk. Den som snakka samisk eller kvensk, eller finsk i Sverige, attåt norsk eller svensk, var ikkje tospråkleg, men halvspråkleg og difor språkfattig. Dette var ein politiske integrasjonsteori og ikkje resultat av objektive undersøkingar. Tyskestiske professor Els Oksaar syner det stikk motsette.Til fleire språk og språkformer ungane lærer, til betre, seier ho og dokumenterer gjennom mange undersøkingar at kunnskapar i eitt språk styrkjer læringa av eit anna. Når til dømes mange nordfrisarar veks opp med nordfrisisk, standardtysk, plattysk, dansk og kanskje sørjysk dialekt, får dei med seg ei språkleg ballast og ei forståing for kommunikasjon som er til nytte same kva som blir hovudspråket deira seinare.

Globalisering

Dei to artiklane er tidstypiske. MB og guatemalske Branlia argumenterer begge for språkleg einsretting. Branlia er i ein tvangssituasjon der synsmåten er forståeleg. MB trur han forsvarar norsk språk og kultur med synsmåtane sine. Og norsk språk og kultur er truga. Av EU og USA og engelsk og globalisering. Men norsk språk og kultur er sanneleg ikkje truga av kebabnorsk og heller ikkje av medarbeidarar i etermedia med utanlandsk tonefall.



DEBATT

Vi ber om at innlegg blir sendt som e-post (sentralb@klassekampen.no), på diskett (alle formater) eller som vanlig brev. Telefaks bør unngås.

Bellona mister resten av sin sjel

Det er sterkt beklagelig, men dessverre ikke uventet at Frederic Hauge og Bellona nå tar skrittet helt ut, og over til noen av de største miljøsynderne Norge har å by på. Bl.a. Statoil og Hydro. Det er ekstra beklagelig at den type konstellasjon som Bellona nå bygger med sine næringslivsvenner knebler organisasjonen, i tillegg til at pengemakten vil legge føringer på Bellonas syn på hvilken vei miljøsaken skal gå.

Å hevde at oppvåkningen av det norske næringsliv på miljøvern nå er fullført, og at en nå skal fåorden på miljøet er en konklusjon NMF stiller seg totalt uforstående til. En liten del av norsk næringsliv har lært om miljøvern og praktiserer deretter. Andre tar ikke miljøansvar og tenker kortsiktig når de ulovlig slipper ut olje og dumper tungmetaller i vårt skattkammer i Nordsjøen.

Bellona opptrådde beundringsverdig – en gang i tiden. Da det ennå var in å grave etter dritt. Men, som den eneste miljøorganisasjon i Europa, gikk Bellona god for Norsk Hydro sin PVC-industri, og ble markedsfører av et av vår tids miljøproblemer. Forfallet var igang. Det er et spørsmål om hvem en går til sengs med Bellona. Å få penger fra storindustrien for stort sett å holde kjeft om bedriftens miljøproblemer sammenlignet med å samarbeide med mindre bedrifter som innser at de har miljøproblemer de ikke er store nok til å kjøpe seg fri fra.

Miljøvernforbundet og undertegnede har i hele organisasjon levetid hatt forpliktende miljøsamarbeid med mindre bedrifter, der resultater på miljø for bedriften sin del har vært arbeidets drivkraft og motivasjon. Ikke pengene.


Ingen hadde vel trodd at noen skulle bli rik på å grave opp andre sin dritt. Åpenbart trodde Bellona dette for de fant ut at det er en motsetning mellom å drive miljøkamp med dritt under neglene, og å overleve økonomisk. Det er soleklart at det å rote i andre sine etterlatenskaper ikke lønner seg økonomisk for den som gjør jobben. Det skal det heller ikke. Det er miljøgevinsten som er det sentrale, og som vil stå igjen som resultatet av en avdekking av en gifttønne. Pengene må en skaffe seg ved å ha flere bein å stå på. Det viser jo all erfaring. Spørsmålet nå er ikke om Bellona har skaffet seg et nytt bein, men heller om de ikke har kappet av seg det ene? De vil da få problemer med å stå oppreist når det blåser.

Kurt Oddekalv
Leder av Norges Miljøvernforbund

Svar til Olav Randen

I Klassekampen 16.6 freistar Olav Randen leggja fram meiningane mine. Eg er takksam, men bed likevel folk lesa mine eigne ord, og vil samstundes melda frå at orda er mine personlege. Kven trugar norsk språk og kultur? spør Olav Randen. At ikkje kebabnorsken gjer det kan me vera samde om. Er det nokon her i landet som ikkje trugar norsk mål og kultur er det vel innvandrarane. So svarar Randen sjølv at norsk mål og kultur vert truga av USA og EU, engelsk og globalisering. For tida pågår det ei harmonisering av folk og tenkjing, og den må møtast med å mobilisera mangfaldet.

Eg er òg imot globalisering og harmonisering, men fyrst og fremst er det nordmenn sjølv som trugar norsk språk og kultur, ettersom dei bryr seg med han. Globaliseringa flytter ideala til ein slags felleskultur, ein harmonisert verdskultur. Like mykje som den anglonorsktalande snowboardkulturen Randen sikkert ser i Hallingdal er eit uttrykk for ei slik «harmonisering», er vel kebabnorsken det.



Innvandrarar må læra seg rett norsk om dei skal få arbeid, meiner Magnus Bernhardsen.

Fleirkultur

Innlegget mitt var ikkje retta mot dei som snakkar kebabnorsk. Eg skreiv til den venstresida som har oppdaga globalisering og sokalla fleirkultur, og ofte dyrkar denne utviklinga. Av di idealet er å vera «fleirkulturell», og for nokre òg globalisert, må venstresida leita opp positive døme på utviklinga. Erik Solheim prøvde seg i Arbeidarbladet 13.6: «Vi kjøper japanske biler laget i Storbritannia med deler fra hele verden. Oslo har snart flere indiske og kinesiske enn norske restauranter, mens frysediskene på landsbygda inneholder mer pizza enn kjøttkaker.» Jau då. Og me har karri på fiskebollane. Miljøydeleggjing, knusing av faglege rettar, flytting av makt frå folkevalde til multinasjonale selskap – alt dette bleiknar mot det vidsynte perspektivet å køyra Mitsubishi til supermarknaden og kjøpa frosenpizza. For meg og Randen framstår ikkje denne utviklinga som spanande og frigjerande, slik Erik Solheim argumenterer for. Eg ser han i staden som kulturell einsretting mot eit kulturelt ideal styrt av profitthungeren til dei multinasjonale selskapa.

Eg er ikkje imot fleirkulturelle samfunn – nett difor er eg skeptisk til den kulturelle einsrettinga i fylgje med globaliseringa. Når me då skal «mobilisera mangfaldet», slik Randen skriv, er det ikkje då viktig å byggja opp under kollektive identitetar, med motstandskraft mot globaliseringa? Desse halvvegs rotfeste ungdomane Randen snakkar om, vore det ikkje betre om dei kjende seg knytt til eit samfunn? Slik det er no vert status og tilhøyrsle avgjort av den transnasjonale ungdomskulturindustrien, ein industri eg ikkje trur Randen ynskjer får meir makt enn han alt har.

Kebabnorsk vert framheva som døme på mangfald. Og sant nok, det er noko nytt som ikkje har vore før – i nett den forma. Men når nordmenn utvandra til USA, so talte dei fyrst norsk, so eit blandingsmål, og med kvart engelsk, med svak aksent. Det er mogleg å seia at mangfaldet var større når norskamerikanarane ogso snakka norsk-amerikansk, men ville Olav Randen ynskt dei skulle halde fram med det? Olav Randen trekk fram Ole Rølvaag som døme på god litteratur på blandingsmål. Men Rølvaag skreiv ikkje på noko blandingsmål. Han skreiv norsk, og vart omsett til amerikansk. På same vis som Rølvaag dikta på morsmålet sitt, finst det her i landet mange som diktar og driv kulturarbeid på morsmåla sine. Men sameleis som Siri Hustvedt skriv krim på amerikansk-engelsk, vil nok etterkomarane av dei innvandra forfattarane skriva bokmål eller nynorsk.

Snever definisjon

Eg trur Olav Randen, og andre med, er for oppteken med å snevra inn definisjonen av kva som er norsk. Mange av fleirkulturalistane gjer, sikkert velmeinande og tolerant, det norske til noko ekslusivt og kvitt. Anten er noko «norsk», eller so er det fleirkulturelt, framandkulturelt eller noko anna. Eg trur me må ha eit inkluderande nasjonssyn som balanserer å dyrka fram ein trygg og sjølvstendig norsk kultur med å vera open for påverknad utanfrå .

Eg har fått noko pepar på ymse møtestader her i Oslo av di eg ikkje avviser assimilering. Mange på venstresida er prinsipielle motstandarar av assimilering. Dei same folka er veldig for at innvandrar får seg arbeid. Gjerne høg utdanning òg. Å få ned arbeidsløysa mellom innvandrarane vil vera ein sterkare faktor i assimileringa enn kor mange språkkurs som helst. Men desse på venstresida vil vel ikkje vera imot retten til arbeid for innvandrarar? Kor mykje det enn fører til at dei vert norske?

Magnus Bernhardsen
Leiar NMU

AMIR PÅ TORSDAG

Lang vei til demokratiet

Etter forskriftene til den Iranske Islamske Republikks grunnlov som skulle legges ut for folkeavstemning i 1980, skulle presidenten være statens overhode. Den folkeavstemningen ble det aldri noe av. Så i dag sliter Iran med at landets åndelige leder både er nasjonens overhode og fungerende regjering. Hos den åndelige lederen ligger all reell makt.


Det er basarborgerskapet som sier blankt nei til å endre grunnloven. Ved å bevare grunnloven håper de i det minste å få beholde en finger med i det politiske spillet.

Irans basarborgerskap kan verken sammenliknes med det nasjonale eller det kompradore borgerskapet. Det utgjør en særskilt klasse med enormt stor økonomisk og politisk makt, en klasse som har motstått alle forandringer i det eldgamle landet helt fra Silkeveiens tid og fram til i dag. Klassetilhørigheten har gått i arv fra far til sønn i generasjoner og gjennom århundrene.

For de radikale studentene som kjemper for å endre Irans grunnlov er kampen mot det religiøse borgerskapet forlokkende. Maktkampen i Iran foregår mellom de reaksjonære prestene som er avhengige av de politisk og økonomisk sterke basarene og de prestene som er uavhengige av dem, av Vesten kalt liberalere. De som er avhengige av basarene har Khamenei, landets åndelige leder, som sin frontfigur. De andre er representert ved landets president, Khatami, og representerer samtidig landets nye overklasse.

Kort sagt; dersom man lykkes i å overvinne det seiglivede og monopolkapitalistiske basarborgerskapet samt å endre Irans grunnlov, vil de reaksjonære prestene miste kontrollen.

Basarborgerskapet bekymres ved tanken på at det i Iran finnes uavhengige prester som uten støtte fra basarene og mot deres vilje vil kunne komme til politisk makt ved hjelp av en folkeavstemning, lik presidentvalget i fjor da Khatami overtok presidentstolen. Det er en forandring som er farligere for basarborgerskapet enn om noen utenfor presteskapet skulle komme til politisk makt. For da vil det basaravhengige presteskapet på kort tid miste sin oppslutning blant folk.



Før disse siste endringene i Iran hadde det gått altfor smertefritt for basarborgerskapet å sette sine politiske motstandere ut av spill «i Guds navn». En del av dem som betegnes som demokrater i det nåværende Iran sto side ved side med basarene under nedslaktingen av opposisjonen. Men nå, i siste fase, må ett av lagene forsvinne fra den politiske arenaen.

For basarborgerskapet framstår det som umulig å underkaste seg politisk dominans fra andre krefter i Iran enn dem de selv står på lag med.

Som den statiske og uutviklede samfunnsklassen de er – underkastet eldgamle regler og styringsformer – har de ikke kompetanse til å løse landets aktuelle sosiale og kulturelle problemer. Den iraner som vil leve sitt liv i fred må ikle seg basarborerskapets drakt og tradisjoner og te seg som tilsynelatende fornøyd. Basarene er en minoritet med stor sosial og økonomisk makt. De er fabelaktig rike og mektige. I det siste århundret, da Iran har gjennomlevd store endringer, både sosialt, økonomisk og politisk, har basarborgerskapet isolert seg og forblitt i sin gamle rolle.

Siden basarborgerskapet ikke godtar at resten av verden stadig utvikler seg, kan de heller ikke lede Iran godt.

Den viktigste oppgaven for folk flest i Iran nå er å isolere basarborgerskapet og deres maktapparat fra de politiske maktmonopolene som er stadfestet i grunnloven og blir bevart av Khebregantinget (religiøse eksperter for det meste bestående av reaksjonære prester som skal godkjenne det Stortinget har bestemt). Isolasjonen kan skje gjennom folkeavstemning, noe som vil komme til å prege både Irans og basarborgerskapets framtid. Etter en slik avstemning vil det ikke være noen vei tilbake, verken for basarborgerskapet eller det mest reaksjonære presteskapet.

Men dit, til et demokratisk Iran der folkets vilje gjenspeiles i et storting og av et folkevalgt statsoverhode, er det ennå en lang, lang vei – men vi er tross alt i ferd med å gå den…

Amir Mirzai

DEBATT

Vi ber om at innlegg blir sendt som e-post (sentralb@klassekampen.no), på diskett (alle formater) eller som vanlig brev. Telefaks bør unngås.

Ope brev om leiarlønningar i LO

Styret i NTL 105-2 har registrert at representantskapsmøtet i LO har bestemt at «lønna til de topptillitsvalgte skal økes» (sitert etter Dagsavisen 24.6.98). I avisa les vi vidare at «lønnsutviklingen skal ifølge vedtaket knyttes til utviklingen for stillinger med sammenlignbare arbeidsoppgaver og ansvar».

I denne samanhengen ønsker vi å gi uttrykk for nokre prinsipielle innvendingar: Vi meiner det er viktig å sjå på forholdet mellom lønnsnivået for dei tillitsvalde og dei dei skal representera. Blir avstanden for stor, kan ein stilla spørsmål ved kor representative dei tillitsvalde er. Vi meiner også at det er viktig å ikkje ha ein intern lønnspolitikk i fagrørsla som gjer at lønna i seg sjølv blir ei motivering for å halda fram i tillitsverv.

Vi veit det blir argumentert med at dei tillitsvalde bør lønnast på nivå med forhandlingsmotpartane. Vi meiner at toppleiarlønningane både i det private næringslivet og i delar av stat og kommune for lengst har passert det vi ser på som eit anstendig lønnsnivå. Vi ser ingen grunn til at medlemspengane frå våre medlemmer skal brukast til å finansiera ein tilsvarande lønnspolitikk i fagrørsla.

LO har gått i spissen for ein solidarisk lønnspolitikk. Vi meiner det blir vanskeleg å få gjennomslag for fleire «solidaritetsalternativ» blant våre medlemmer dersom den lønnsmessige avstanden mellom medlemmene og dei tillitsvalde blir større enn han er i dag.

Med kameratsleg helsing
for NTL 105-2
Magnhild Folkvord,
leiar

Eit svar til Olav Randen

I Klassekampen den 3. juli hadde Olav Randen (OR) nok eit innlegg der han tilla meg meiningar eg ikkje har, og kom med dei verste skuldingane eg har vore utsett for nokon gong. Eg ser at eg har uttrykt meg slik at eg kan verta mistolka, og om ein legg tilstrekkeleg vrangvilje til kan ein tolka einskildsitat slik Randen gjer. Det er eg lei for. I denne typen ordskifte er det svært viktig å vera presis, og det må eg innrøma ikkje alltid å ha vore.

Spranget frå feiltolkingar til å konstruera opp eit heilskapleg, framandfiendtleg syn eg visstnok deler med andre unge målfolk og sosialistar er langt. OR gjer spranget, og eg vil ikkje hoppa etter honom. OR har sine grunnar for å gjera dette. Eg og Olav Randen står for ulike syn på korleis målarbeidet skal drivast, og me har vore usamde om organisasjonen Noregs Mållag. På førre landsmøtet støtta me kvar vår kandidat til leiarvervet, til dømes. Som fylgje av desse usemjene hadde OR nyleg eit innlegg i Dag og Tid retta mot unge målfolk ålment. Her fletta han rasistskuldingane inn i ein kritikk av oss unge målaktivistar. Det ordskiftet er det svært få av KK-lesarane som fylgjer. Soleis vert OR sine utblåsingar vanskelege å forstå for «utanforståande».

I staden vil eg leggja fram kvar Norsk Målungdom står for i dette spørsmålet. Norsk Målungdom kjempar for det nynorske målet. Arbeidet vårt dreier seg om kva grunnlag den norske nasjonen skal byggja på. Målungdomen meiner det er viktig å skilja mellom omgrepa nasjon og stat. Målungdomen arbeider i høve den norske nasjonen, det norske folket. Det står sjølvsagt ikkje i motstrid til kulturell utveksling og samhandling med samar, kvenar og andre folk i staten Noreg. På same vis som me forsvarer rettane den norske nasjonen har til å råda seg sjølv, stør me desse rettane hjå samar, kvenar og alle andre folk. Me meiner alle sjølv må avgjera kva nasjon, eller nasjonar, ein tilhøyrer. Norsk Målungdom stør soleis opplæring i samisk, kvensk og andre minoritetsmål i skulen. Me ynskjer og at dei som vil ha morsmålsundervisning skal få det. So langt NMU.

Då eg starta dette ordskiftet ynskte eg aldri å gjera brukarane av kebabnorsken til noko problem. Eg har aldri meint at dei trugar korkje norsk språk eller kultur. Eg retta innlegget mitt mot intellektuelle på venstresida, som ofte vantar eit medvit kring kulturelle spørsmål.

- Eg er for fleirkulturelle samfunn. Samstundes ser eg at den einsidige dyrkinga av det falske fleirkulturelle idealet kan føra til ein kvit nasjon, av di ein ikkje vil inkludera alle i den norske nasjonen – altso folket.
- Eg er for at NRK har positiv diskriminering for å skaffa fleire medarbeidarar med bakgrunn som innvandrarar, og det er heilt greitt om dei har aksent. Men ei slik positiv diskriminering dreier seg om røynsler, bakgrunn og kunnskap – ikkje om aksent, slik Anne Aasheim frå Austlandssendinga argumenterte for på eit møte i Mediemållaget.
- Eg meiner ikkje at det norske er viktigare enn alt anna. Eg meiner berre, som Olav Randen sjølv, at me norske er dei einaste som kan taka vare på det norske, og at det er vår skyldnad.

Demokraten OR påkalte sentralstyret i AKP, redaktøren i Klassekampen, antirasistar og andre til å taka eit oppgjer med tenkjinga mi. Eg vonar forsovidt at dei fylgjer oppmodinga frå Randen, og les innlegga frå målungdomar, at dei les tidsskrifta Motmæle og Mål & Makt, og at me kan ordskiftast om emna som har vore framme. Men denne runden har fått ei slik stygg vending at eg vel å stoppa no.

Magnus Bernhardsen

Upresist om Norad-støttede overgrep

Artikkelen «Norads årsrapport tier om overgrep» i Klassekampen 3. juli inneholdt noe upresis informasjon om det norskskøttede og delvis norskeide vannkraftverket Theun-Hinboun i Laos. Artikkelen sier at «kraftverket åpnet i april og har tatt livsgrunnlaget fra rundt tusen mennesker og påvirket hverdagen til mange flere». Senere fortelles det at «lokale fiskere har opplevd at fisket er redusert med opptil 90 prosent». Tallet på tusen mennesker skyldes kanskje sammenblanding med et annet norskstøttet vannkraftprosjekt i Namibia. Påstanden om 90 prosent nedgang i fisket stammer fra en enkelt uttalelse fra en lokal fisker, men det finnes ikke dokumentasjon for dette.

Problemet i Theun-Hinboun er nettopp at vi vet lite om konsekvensene av vannkraftutbyggingen, fordi flesteparten av de nærmere 6000 menneskene som bor nedstrøms for kraftverket, knapt nok er spurt om hvordan de opplever prosjektet, verken i planleggingsfasen eller etter åpningen. Det vi har av informasjon, bygger på en forstudie fra Norplan som forutså store skadevirkninger av kraftverket, samt et tre dagers feltbesøk i 10 landsbyer som uten unntak forteller om negative konsekvenser av kraftverket.

Vårt hovedanliggende så langt er derfor behovet for ytterligere studier for å finne ut hva som faktisk er konsekvensen av kraftverket. Så slipper vi å diskutere på grunnlag av antakelser, slik situasjonen er i dag. Dette er særlig viktig fordi Norad og Statkraft viser interesse for fortsatt engasjement i land der den politiske historie og aktuelle kontekst gjør det vanskelig å utveksle informasjon, og områder der lokalsamfunnet knapt nok har hatt kontakt med stat og marked tidligere og derfor har svake forutsetninger for å vurdere konsekvensene av store vannkraftprosjekter. Da vil erfaringer fra sammenlignbare prosjekter være av sentral betydning. Av denne grunn sa undertegnede heller ikke til Klassekampen at «det hjelper lite [med ny vurdering av den norske innsatsen] når utbyggingen allerede er gjennomført».

Fivas står ellers ved hovedtrekkene i artikkelen, som er at Norad tier om – og fraskriver seg ansvaret for – overgrep som er utført som direkte følge av eller i kjølvannet av Norad-støttede prosjekter.

Øyvind Eggen,
daglig leder i Foreningen for Internasjonale Vann- og Skogstudier (Fivas)

NRKs forvrengjing om Kina

Vi må passe oss for å sverte stoda i Kina. Torsdag morgon las difor NRKs kinaekspert i P2-presserunden opp frå Hongkong-bladet «Asiaweek», med betimelege synspunkt om at Wéi Jingsheng i USA kvar dag fortel kor vondt alt er i Kina og gløymer den positive utviklinga der.


Heldigvis er vi i Noreg like forstandige som i Hongkong: Då Wéi vitja Noreg var han på tv og hevda at folk i Kina var så opensinna at KKP ikkje makta vinne marknad for si avleiing av folke-misnøya ved å freiste fremje ekstrem sjåvinisme. Ekspertane frå NRK og UD drog då saman følgjande fortolking: «Folket og samfunnet har åpnet seg opp, men det å drive med demokrati er noe annet, kommunistpartiet er mest opptatt av å tilfredsstille arbeideres og bønders fundamentale ønsker, grunnleggende menneskerettigheter, utdannelse, mat et sted å bo, klær og arbeid.»

Liksom i Hongkong blei det meldt etter Clintons tur til Kina at han slog eit slag for slike menneskerettar som presseffidom og organisasjonsrett. På Fastlandet vart dette naturlegvis tolka ikkje ut frå kva ein ønskte, men kva Clinton sa: At fridom til å få snakke var viktig, til og med å få lov å samlast med andre når ein vil prate, og at kyrkjesamfunn må få vera lovlege. Altså KKP sitt grunnprogram. Wei Jingsheng sa på norsk TV at den demokratirørsla som verkeleg er sterk i Kina er kampen vanlege arbeidarar og bønder fører for å kjempe til seg rettane sine. Vidare at store massar i Kina ikkje ser nokon måte å overleva på og difor kan gripe til vald. Slik svartmåling er for mykje for tidlegare korrespondentar og ambassadesinologar, så på norsk kom det ut slik:

«Du kan si at blant arbeidere og bønder, så bruker de sine krefter til et eller annet, men det er ikke noe tydelig, ( )det er fortsatt masse mennesker i fengsel i Kina, de lider som vi vet, så han vil fortelle om dette så det blir bedre, for ellers vil folk ty til vold for å forbedre situasjonen der ute.»

Vi må vera takksame for at vi kan få høyre sanninga slik ho skal høyrast ut på norsk og ikkje vert nøydde til å høyre det kinesiske folket sin versjon av rettsstatsdialogen og menneskerettsdiskusjonen med og om Kina.

Tollef Ås,
sinolog, Oslo



Når Wéi Jingsheng uttaler seg til NRK skjer det mykje rart under omsetjinga. Foto: Klassekampen

Rød Front
sommerleir

14 - 19. juli Strand leirsted ved Sandefjord

Hovedtema:
Demokrati og Ytringsfrihet
– Hva er de farlige ytringene i Norge nå, som truer Makta og som Makta bekjemper?
– Demokratiet i et sosialistisk Norge og under kommunismen?

Studier og frisk debatt. Sport og bading.
Kultur og sosoialt samvær.
Pionerleir samme sted.

Påmelding til Rød Front sommerleir, Osterhausgt 27, 0183 Oslo. Faks 22989055AKP: 22989060, E-mailakp@akp.no RV: 22989050, E-mail rv@rv.no

DEBATT

Vi ber om at innlegg blir sendt som e-post (sentralb@klassekampen.no), på diskett (alle formater) eller som vanlig brev. Telefaks bør unngås.

Framandfiendtlege haldningar

I innlegg i Klassekampen 4.6. og svar til meg 25.6. viser leiar i Norsk Målungdom Magnus Bernhardsen (MB) haldningar som ikkje kan kallast anna enn framandfiendtlege. Eg tek eit tenkt døme for å vise det: Om nokre år må folk frå Oslo-området flykte frå landet. Årsaka kan vere luftforureining frå trafikk og industri, radioaktivitet etter ei atomulykke i Barsebäck eller på Kola eller at Golfstraumen snur. MB og ein del andre økologiske flyktningar hamnar, meir eller mindre tilfeldig, i Mongolia. Etter nokre år i uvisse i ein flyktningleir i Gobi-ørkenen får dei husrom og kanskje arbeid i Ulan Bator og eit opphaldsløyve som kanskje og kanskje ikkje er varig.

MB meiner han og andre norske har noko med seg av norsk kultur og tenking som kan vere av verdi for mongolar. Mange mongolar er samde i det, og dei snakkar om eit fleirkulturelt Mongolia som er ope for impulsar utanfrå. Men leiaren for ein mongolsk ungdomsorganisasjon, vi kallar han Bernhard Magnussen (BM), ser det annleis. Hans perspektiv er det uinnblanda mongolske: «Eg trur assimilering kan vera vegen å gå for å få til integrering», skriv han. Etter ti år i Ulan Bator, intense språkstudiar og arbeid i ein nærradio for innvandrarar meiner MB han har lært seg nok khalka-mongolsk til å få arbeid i mongolsk rikskringkasting. Sjefane i kringkastinga er opne for å tilsetje innvandrarar. Men BM og hans miljø protesterer: «Det er eit gale signal», seier dei, og held fram: «Om radiorøystene bryt – om det verkar som me mongolske ikkje bryr oss om språket vårt, kvifor i alle dagar skal framandspråklege lære seg khalka.»

MB opplever dette som eit krav om yrkesforbod for innvandrarar. For europearar flest kan aldri lære lytefritt khalka. Til det skil lydsystemet seg for mykje frå deira morsmål. Altså vil dei for alltid vere utestengde frå radiojobbar om BM får det som han vil. MB og andre europeiske flyktningar ønskjer å ha visse band til gamlelanda sine, dels fordi dei har røter der, dels fordi dei meiner desse røtene er av verdi, dels fordi framtida i nyelandet er uviss og dei fryktar at dei må flykte enno ein gong og dels fordi dei kanskje kan tenkje seg å dra attende når atomskya over Norden har vorte oppløyst. I sine familiar snakkar dei difor nordiske språk, og dei ønskjer at grunnopplæringa for ungane skal vere på desse språka og at dei inntil vidare kan stå med ein fot i kvart samfunn. Då reagerer BM att: «Ved å taka del i den mongolske kulturen får ein òg sjansen til å vera med i den mongolske nasjonen, og soleis fullt ut deltaka i det mongolske demokratiet». Han held fram: «Om ein planlegg å verta buande her i landet bør ein læra seg desse tinga».

Blant innvandrarungdom veks ein ny variant av khalka fram, såkalla potetkhalka bygd i hovudsak på det mongolske språket, men ispedd ord og tonefall frå nordiske og andre europeiske innvandrarspråk. Også enkelte innfødde mongolske ungdommar tek i bruk denne sjargongen eller ord frå han. Med det vil dei vise omverda at for dei er innvandrarungdommar og innfødde jamgode. Men BM passar på: «Ideen om å taka vare på og fremja potetkhalka er fårleg», skriv han.

I Mongolia er protestane mot amerikansk kulturimperialisme sterk, og BM dreg parallellar: «Like mykje som den anglokhalka-amerikanske kulturen er eit uttrykk for harmonisering, er vel potetkhalka det», hevdar han og set såleis den nordiske flyktningekulturen i bås med Coca Cola og Hollywood.

La oss vende attende til 1998 og til Noreg. Dei synsmåtane Bernhardsen legg fram, er identiske med dei eg i dette innlegget tillegg den fiktive, mongolske BM. Eg har berre bytt ut norsk med mongolsk/khalka og kebabnorsk med potetkhalka. Synsmåtane er heller ikkje hans åleine, dei er utvikla i eit miljø med band til Norsk Målungdom og Raud Ungdom. MB presenterer såleis seg sjølv som medlem i Raud Ungdom. Grunntanken er at det norske er viktigare enn alt anna. Då blir alt som kan kome i vegen for dette, frå kebabnorsk til framandt tonefall hjå NRK-medarbeidarar, trugsmål og farar.

Det har vorte tenkt mykje, både rett og rangt, i og rundt den norske ml-rørsla dei 30 åra ho har funnest. Men aldri før framandfiendtleg på ein heilskapleg måte.

Dette innlegget er neppe nok til å utrydde tenkinga. Eg avsluttar difor med ei innstendig oppmoding, til sentralstyret i AKP, til redaktøren i Klassekampen, til medlemmer i SOS-Rasisme og NOAS, til gamle og nye ideologar i og nær ml-rørsla: Ta dette på alvor. Les innlegga og blada, set dykk inn i argumentasjonen, forklar grundig og tolmodig følgjene av måten dei tenkjer og argumenterer på, og vis i argumentasjon og praksis at norsk sosialisme og radikal språk- og kulturpolitikk er noko langt anna.

Olav Randen

Skal vi ha konfeksjonsindustri i Norge?

Valldal Konfeksjon AS blei slått konkurs 28.05.98, dette var den siste konfeksjonsfabrikken i Norge som produserte dameklær for det sivile markedet. Skal vi bare sitte å se på at noe sånt skjer? Er det ikke på tide at vi stopper opp og spørre oss om hva som skjer den dagen all produksjon av klær forsvinner til utlandet? Hvor blir kunnskapen av? Vi som jobba på fabrikken får oss nye jobber, møbelindustrien trenger folk, kommunen trenger folk, her finnes så og si ingen arbeidsledighet, vi kan velge og vrake i jobber. Men vi får ikke sy klær lengre, og det er det vi kan.



Det lages ikke lenger kvinneklær i Norge. Foto: Teigen/OK

Har profitt

De som eier bedrifter som Valldal Konfeksjon AS tenker bare på om de får noe igjen for de penga de investerer, helst så mye som mulig. De har ikke interesse av å opprettholde en bedrift bare for å sysselsette 20 arbeidere og opprettholde klesproduksjonen i Norge. Oss kan dem sette på porten den dagen det ikke er mer å hente. Om vi ikke har noe å leve av er ikke dems problem, da får staten og skattebetalerne holde oss i live med dagpenger og penger fra lønnsgarantifondet. Bedriften har gitt profitt, men de siste åra har bedriften gått med tildels store underskudd på grunn av dårlig ledelse. Da slår eierne bedriften konkurs og lar oss skattebetalere betale regninga: Skuldig lønn skal lønnsgarantifondet betale, skuldig moms og avgifter vil ikke bli betalt. Det er folk med mye makt og penger på eiersida. Da Spilka-gruppen gikk inn i Valldal konfeksjon i 95/96, var bedriften nærmere konkurs enn idag, økonomien den gangen var dårligere. Vi som krevde Tariffavtale fikk beskjed om at det ble for dyrt for bedriften, men hvis vi kunne vente et år, så skulle de inngå tariffavtale per 1.8.97. Det ble gjort.

Hva med det vi investerer i bedrifta med arbeidskrafta vår, skal ikke vi få noe igjen? Det er tross alt vi som skaper verdiene, uten oss ville det ikke blitt noe igjen til eierne overhodet. Hvor gikk de 5 millionene som Spilka gruppen investerte i bedriften ikke alt er gått til lønn, og noe omsetning må det vel ha vert? Hvor ble investeringene brukt? Jeg sitter igjen med mange spørsmål som jeg ikke finner svar på, hvordan kan man legge ned en bedrift som hadde stor ordretilgang, ansatte som var villige til å ta i et tak. Med litt mer styring og planlegging ville mange av problemene ved bedriften være løst. Produksjonen gikk bra den ene gangen stoffet kom i tide. Når organiseringa av arbeidet, leveranser og ordretilgang fungerte gikk det bra, vi fikk varene produsert i tide.

Vi vet lite om de som eide Valldal Konfeksjon AS, vi møtte representanter for selskapet første gang 14 dager før konkursen, jeg som tillitsvalgt har aldri fått noe informasjon om hvem Spilka-gruppen er. Samarbeidsproblemer med ledelsen gjorde at det ble vanskelig å spørre om informasjon og regnskap som vi har rett til å få se i henhold til hovedavtalen. Da Spilka gikk inn for å gå gjennom regnskapene for å vurdere videre drift ble ikke vi tatt med i prosessen, vi ble ikke en gang spurt om vi var villige til å ta over.

Spilka har interesser i andre konfeksjonsfabrikker både i Norge og utlandet, hva vil skje med dem? Vil det samme skje med f.eks. Devold-fabrikken?

Randi Solberg
Klubbleder

KRONIKK

Skriftspråk og språkrøkt

Språkrøkt ligger ikke, som Rolf Theil Endresen hevdet i artikkelen «Språkideologiske ytringar» 9. mai, utenfor menneskets makt, men er tvert imot et kjennetegn ved alle skriftspråk og forutsetningen for at de skal eksistere, skriver **Knut Johansen.**



Knut Johansen er oversetter og skribent

Rolf Theil Endresens artikkel lørdag 9. mai, under vignetten «Målteig» og med tittelen «Språkideologiske ytringer», egger til debatt. Så vidt jeg kan forstå, ønsker Endresen å målbære et provokatorisk synspunkt som går ut på at *språkrøkt* ikke finnes i virkeligheten, men er et ord uten innhold, en illusjon, fordi språkrøkt «ligg utafor menneskas evner». Jeg kan ikke med min beste vilje tro at dette holder stikk. Man kan være enig eller uenig i den retning denne røkten har tatt eller tar nå i det ene eller andre språket, men selvfølgelig finnes den. Fenomenet har riktignok en begrenset eksistens i tid og rom, men det finnes. Språkrøktens historie kan betraktes som parallell med historien om et annet fenomen, nemlig skriftspråket, som er en meget ny oppfinnelse når man ser menneskehetens historie under ett. Jeg tror ikke jeg tar mye feil om jeg sier at oppfinnelsen slo igjennom for 8000 år siden, og det må da sies å være ganske nylig.

Språklig-symbolsk atferd generelt er mye eldre. Hvor mye eldre vet ingen, men det er i hvert fall ting som taler for at denne spesielle typen atferd oppsto – eller ble oppfunnet – for et sted mellom 40.000 og la oss si 100.000 år siden, uløselig forbundet med utviklingen av menneskeape-arten *Homo sapiens*, ikke nødvendigvis på den en at arten og det fenomenet

> Arten kan gjerne ha kommet først, språket senere

vi nå omtaler som språk, oppsto samtidig. Arten kan gjerne ha kommet først, språket senere.

Språk som sådant oppsto fordi det var av adaptiv betydning for denne bestemte arten, det vil si at det styrket arten i den kampen for overlevelse den, som alle andre arter, må føre med sine medskapninger.

Mennesket utviklet språklig atferd fordi det hadde anatomiske forutsetninger for det (stikkord: stor hjerne, trolig også oppreist gange og spesielt utviklede hender). På den annen side er det ingen automatikk i slike saker. Mange arter av alle klasser har en rekke anatomiske forutsetninger for å utvikle både det ene og det andre, men har ikke gjort det, rett og slett fordi det ikke har vært noen vits i det. Man kan kanskje si at språket ble til fordi mennesket på et eller annet tidspunkt *ikke visste sin arme råd* og *måtte* finne på noe for å klare seg (bedre) i kampen for tilværelsen. Evolusjonære forandringer oppstår som svar på *problemer* (kall det gjerne utfordringer, men det er da også problemer), og språket utviklet seg fordi mennesket på et eller annet tidspunkt må ha hatt et kjempeproblem. Hvis dette problemet – hva det nå enn kan ha vært – ikke ble løst, ville arten antagelig ha gått under. At det nettopp var oppfinnelsen av språklig-symbolsk atferd som løste dette problemet, har bestemt denne menneskeapens forunderlige historie siden.


Konvensjonelle symboler

Det spesielle med språk er at det ikke er en atferd som har sitt sete inne i hodet eller kroppen på hvert enkelt individ, men er grunnlagt på et selvstendig, interpersonlig system av konvensjonelle symboler som er felles for større eller mindre samfunn av individer. Vi arver ikke denne atferden på genetisk vis, men blir sosialisert inn i den fra barnsben av og oppover – i og med at vi eksisterer i et samfunn av språkbrukere.

Det er også viktig å være oppmerksom på at disse naturlige konvensjonelle symbolsystemene har den egenskap at de forandrer seg gjennom tidene. Det er lett å forstå at de forandrer seg i forbindelse med migrasjoner: afrikaans, det nyeste germanske språket, bare noen få hundre år gammelt, er noe annet enn nederlandsk fordi forbindelsen med hjemlandet ble brutt. Men hvorfor forandrer språkene seg gjennom tidene i sine egne hjemland? Jeg tror vi trygt kan si at ingen vet det; vi kan bare forklare at og hvordan det skjer. I denne sammenheng må det være nok å si at de naturlige språkene forandrer *seg selv*, på en *organisk* måte, uten at vi kan se at det har noen hensikt, og uten at språkbrukerne, verken individuelt eller kollektivt, har noen vesentlig innflytelse på retningen. Betyr dette at jeg egentlig er enig med Endresen i at språkrøkt ligger utenfor menneskenes evne? Langt ifra.

Skriftspråk

Språkrøkt er uløselig knyttet til *skriftspråk*. Skriftspråk oppsto for å løse et nytt og helt konkret problem. Det er uløselig knyttet til gjennombruddet for et av de underligste kulturelle fenomener som overhodet finnes i menneskehetens historie – kontrollert plante- og dyreavl som hovedgrunnlag for samfunnets husholdning, samt den derav følgende utviklingen av bysamfunn. Saken er kort og godt at det vi kan kalle jordbruksrevolusjonen, for 8–10.000 år siden, et sted i Midt-Østen, medførte at maten for første gang i historien kom under lås og slå. Skriftspråket oppsto fordi det var et kjempeproblem å holde oversikt over hvor mye mat (og det som derav følger) som fantes under nevnte lås og slå.



Spåkrøkt har også noe med hvordan språket skrives. Her et kapittel fra «Tao Te Ching» (Grøndahl Dreyer), en av de viktigste tekster i kinesisk kultur.

Da det problemet først var løst ved hjelp av oppfinnelsen symbolbaserte regnskapslister, var skriftspråket grunnlagt og kunne brukes til å løse nye problemer som ingen hadde ant ville oppstå. Ett slikt problem var at fordi samfunnet ble så innviklet, ble det så uendelig mye å huske på for visse grupper i samfunnet at de rett og slett ikke maktet det, og ble nødt til å skrive ned det de tenkte og bevare det nedskrevne. Det første som ble skrevet ned på denne måten, var antagelig lover. Siden fulgte historiekrøniker, teologiske utredninger, filosofiske avhandlinger, og siden igjen dikt og sånt.

Skriftspråk er et meget underlig fenomen. Ta et hvilket som helst land, Italia eller Norge eller Tsjekkia. Ok, la oss si Norge. De to skriftnormene vi har her, er begge i vesentlig forstand helt vilkårlige i forhold til det meget uklare fenomenet vi forsøker å betegne med ordet 'norsk'. Trøndersk, for eksempel, eller vikamålene eller dialektene i ytre Agder, er jo også norsk, ikke sant? Men ingen av skriftnormene bygger på disse variantene. Selvfølgelig er disse dialektene menneskeskapte, hvem andre skulle ellers ta skylda eller æren for dem enn mennesker? Men skriftspråket er menneskeskapt på en helt annen, konkret måte – så konkret at vi kan si *når* det ble skapt, ja nesten *av hvem*!

Dette er en uhyre viktig overveielse. Ingen kan si noe som helst om når eller av hvem den vakre og velklingende mossedialekten ble skapt. Om nynorsken kan vi si at Ivar Aasen skapte den. Like enkelt er det ikke med bokmålet, men ikke fundamentalt annerledes. Det er fullt mulig å

> Om nynorsken kan vi si at Ivar Aasen skapte den

svare på dette spørsmålet, det tar bare mer plass!


Fordi skriftspråkene er skapt på denne måten, er det en uløselig sammenheng mellom dem og fenomenet språkrøkt. Hvorfor skrives engelsk i dag slik det skrives, og ikke annerledes? På grunn av århundrer på århundrer med språkrøkt, og ikke av noen annen grunn. Det samme er tilfellet med han-kinesisk, russisk, gammel- og nygresk. Denne språkrøkten har gjennom århundrene utmyntet seg i en voldsom mengde rettskrivningsordlister, grammatikker, språkregelsamlinger. Uten disse ville skriftspråkene ikke kunne ha overlevd, men forfalt meget raskt.

Dette har tydeligvis gått Endresen hus forbi. Han skriver at de som ivrer for språkrøkt og snakker om språklig forfall, regner språket som en selvstendig organisme; men, skriver han: «Det finst ikkje grunnlag for å rekne språket som ein organisme.» Så utdyper han hva han mener med organisme og ikke-organisme, og her er jeg redd han kommer galt av sted. Det skal jeg forsøke å vise i morgen.

Dette er første del av en lengre kronikk. Neste del kommer i morgen.

KRONIKK

Er det ikke forskjell på språk?



Rolf Theil Endresen er professor i lingvistikk ved Universitetet i Oslo

Dersom en sammenlikner all verdens språk, så er likhetene i struktur mer slående enn forskjellene. Men overklassens talespråk blir overalt sett på som «penere» og «bedre» enn folkets, skriver **Rolf Theil Endresen** i andre og siste del av denne kronikken.

André Bjerke avslutter boka *Dannet talesprog* (Oslo 1966) med disse orda: «Noen må begynne å kultivere sin tale igjen i dette landet, og iallfall må kvinnene gjøre det, for sproget heter ikke uten grunn morsmålet. Dere kvinner som vet hva det er å bære en vakker drakt, lær dere også å bære en vakker sprogdrakt.»

I alle deler av verden blir talemålet til høgere klasser sett på som «penere» enn de lavere klassenes «breie» språk, og de som

> Talemålet til høgere klasser blir sett på som «penere» enn de lavere klassenes «breie» språk, og de som snakker det påstått «stygge» talemålet er ofte av samme mening

snakker det påstått «stygge» talemålet er ofte av samme mening. Per P. Gulbrandsen avslutter hovedoppgava si i nordisk, «Nye drag i Tønsberg bymål» (Universitetet i Oslo, 1975), med denne replikken fra ei (dengang) yngre Tønsberg-kvinne: «Vi snakkær jo stygt, – men vi kan jo'kke snakke sossespråk heller!»

Østnorskens «dødssynd»

I Bjerkes norske oversettelse av «My fair lady» synger Eliza Doolittle «flust med konnfekt å eta på, flust med køl når'n har fryst sæ blå» i visa «Vi'kke det bli femenalt?», som ifølge Bjerke på s. 39 i *Dannet talesprog* byr «på en hel skuddserie av elisjoner, typiske for Oslos vulgærsprog.» (Gjengivelser av «vulgærsproget» inneholder typisk en masse apostrofer.) Tre sider tidligere får vi vite at «elisjon er en like fin terminus for en enda verre vulgarisme; den betegner utelatelse av en eller flere lyder. (Latin: elidere = støte ut.) Her har vi å gjøre med selve dødssynden i østnorsk folkemål.»

Jeg må få sitere litt fra s. 40–41 også:
«Assimilasjon … elisjon … haplologi. At man gir denslags munndefekter ærverdige, akademiske navn er tydeligvis en tradisjon fonetikken har overtatt fra den medisinske vitenskap. Det tilsvarer at tannråte betegnes som caries og munn- og klovsyke som aphtae epizooticae.»

«Pent» og «stygt» språk


Språkforskinga har for lengst slått fast at alle disse vurderingene av visse språkformer som «stygge» eller «pene» ikke har noe som helst å gjøre med egenskaper ved språkformene sjøl. Ei språkform blir vurdert som «pen» når de som bruker språkforma har høg prestisje i samfunnet og som «stygg» når språkforma blir brukt av folk med lav prestisje. Det er heller ikke vanskelig å finne eksempler på at vurderingene av hva som er «stygt» eller «pent» forandrer seg over tid. Vi snakker her nemlig først og fremst om moter.

I New York var det tidligere, på grunn av britisk påvirkning, «pent» å ikke uttale r–en i for eksempel car og short, og «stygt» å uttale den, mens det i dag er akkurat motsatt, fordi allmenne nordamerikanske uttalenormer har fortrengt de britiske.

I boka *Bidrag til dansk-norskens lydlære* (Kristiania 1881) beskriver K. Brekke uttalen av «det dansk-norske bysprog», «således som det lyder i her på østlandet i de dannede klassers utvungne dagligtale». Han forteller (s. 37) at [brøllop] og [løst] var den vanlige uttalen av orda bryllup og lyst hos disse «dannede klasser» omkring 1880, en uttalemåte som i dag ikke lenger er salonfähig. I Oslo er det «penere» å si røke enn å si røyke, mens det i Halden er omvendt. (Den som synes vi her er inne på interessante problemstillinger, bør lese den svenske boka *Fult språk* (Stockholm 1985) av Lars-Gunnar Andersson.)

Programerklæring?

«Rolf Theil Endresens programerklæring 'Ingenting er sikkert i nokon vitskap …' virker mer som



André Bjerke: Ihuga riksmålsmann som mente at trekk i østlandsk talespråk er «munndefekter» som kan sidestilles med tannråte og munn- og klovsyke. Foto: NRK

en programerklæring for postmodernismen enn reell vurdering av vitenskapelig arbeid,» skriver Kjell Johansen. La meg gjenta hele det avsnittet som «programerklæringa» stod i: «Finst det kvalitetsskilnader mellom språklege varietetar? Ingenting er sikkert i nokon vitskap, aller minst i språkvitskapen, og det er kje lett å finne noko som alle språkforskarar er samde om. Men overtydinga om at alle språklege varietetar er like gode, den deler dei.»

Ærendet mitt var å understreke at alle språklige varieteter er like gode, og jeg ville underbygge de språkideologiske ytringene mine ved å vise til en samla «språkforskerstand». Mitt eget fag, lingvistikken (språkvitenskapen), er prega av djuptgående uenighet mellom forskjellige «skoler». De mest markante skillelinjene i dag går trulig mellom den chomskyanske skolen og den kognitive skolen. De fleste moderne lingvister er enige om at dersom en sammenlikner all verdens språk, så er likhetene i struktur mer slående enn forskjellene. Lingvister er opptatt av grunnene til at språk er så like og av grensene for variasjon, men i forklaringene skiller chomskyanere og kognitivister lag.

Ingenting er sikkert

Det er vanskelig å finne vesentlige teoretiske punkt som alle lingvister er enige om. Derfor kan vi heller ikke trekke fram noe som er «sikkert» i lingvistikken – fra «store» spørsmål som åffer språka i verden er så like til «små» spørsmål som åssen den norske setningen «Har du kjøpt deg ny sykkel?» skal anlyseres syntaktisk.

Dette med flere samtidige «skoler» er en typisk situasjon i humanistiske vitenskaper, en situasjon som ikke gir noe godt grunnlag for mye sikkerhet. Men er jeg postmodernist når jeg påstår dette? Egentlig oppfatter jeg spørsmålet som ganske perifert i denne sammenhengen, men la meg likevel prøve å svare. For at spørsmålet skal bli klarere, siterer jeg definisjonen av postmo-


> Den midterste av de revolusjonære verdiene frihet, likhet og brorskap gjelder også på det språklige plan

dernisme i Politikens Nudansk Ordbog (15. udgave; København 1992): «Postmodernisme i filosofi, kunst og kulturteori retning, der hævder, at modernismen – dvs perioden fra oplysningstiden (1700-tallet) til i dag – med dens fremskridts- og fornuftstro er brudt sammen og afløst af en ny æra uden overordnede værdier.»

Det er overraskende å bli «beskyldt» for å være postmodernist etter å ha skrevet et innlegg der overordna verdier hele tida svever over vannene: et viktig formål var å argumentere for at den midterste av de revolusjonære verdiene frihet, likhet og brorskap også gjelder på det språklige plan. Nei, jeg må være en dårlig postmodernist.

ORDSKIFTE

Skuggeboksaren Olav Randen



YTRING

I førre nummer av Dag og Tid har Olav Randen eit utfall mot Norsk Målungdom og eldre NMU-arar. Eg var leiar for Norsk Målungdom (NMU) i åra 1996-1998, og av di Randens påstandar i stor grad gjeld det NMU eg sjølv var leiar for, vil eg gjerne få kommentera innlegget hans.

Randen er politisk usamd med meg og fleire andre med bakgrunn i NMU. Det er greitt. Men det er ikkje greitt at Randen presenterer og polemiserer mot eit målsyn som knapt finst i Noregs Mållag i dag, og som eg ikkje kjenner meg att i i det heile. Randen vil ha det til at Gustav Indrebø er målpolitisk profet i NMU, og fortel om Indrebøs skamkjensle over at me ikkje hadde eit retteleg norsk mål i Noreg. Rett nok har mange NMU-arar lese Indrebø med stor interesse opp gjennom åra, men eg trur ikkje eg tek for hardt i når eg hevdar at nett denne sida ved argumentasjonen til Indrebø aldri har hatt oppslutnad i NMU. Det er ikkje noko skamkjensle som driv oss i arbeidet for å få elevar til å velja nynorsk eller til å kjøpa nynorske lærebøker; me tykkjer ikkje «det er audmjukande soleis som det stend til no». Faktisk er vel målungdomen, slik som dei aller fleste mållagsfolk, byrge av nynorsken og målreisingstanken.

Strámenn

Randen legg fram tre påstandar om oss «nasjonalistar» i målrørsla, alle påstandar mot strámenn. Randen fortel lesarane i Dag og Tid at me meiner «...berre nynorsken er norsk.» Eg ser det rett nok ikkje som noko viktig oppgåve å **prova** at bokmålet er norsk, slik Randen gjer det. Men so lenge eg har vore aktiv i NMU, har hovudpoenget alltid vore at målstriden handlar om å velja kva **grunnlag** ein skal ta utgangspunkt i når ein skal konstruera norsk skriftmål. Me kan godt seia at bokmålet er norsk. Det viktige er lell; kva mål bør ein velja som utgangspunkt for norsk mål? I dag er det strid om kva dette skal vera. I den striden vel eg nynorsk og ikkje bokmål.

Ut av dette utleier Randen at me òg meiner «...at ein nasjon må ha eitt og berre eitt språk, eit såkalla nasjonalspråk». Eg har Randen mistenkt for ikkje å skilja mellom «stat» og «nasjon» når han deretter lærer oss at «Nasjonar flest er fleirspråklege, og språk flest blir brukte i fleire nasjonar.» Det finst sjølvsagt nasjonar (=folk) med fleire språk, men når han hevdar at **dei fleste** nasjonar er fleirspråklege meiner han vel dei fleste **statar**? No er det i utgangspunktet inkje gale i at eit folk (=nasjon) har fleire språk heller, spørsmålet her i Noreg vert likevel om det finst noko fornuftig grunnlag for to so pass like språk som bokmål og nynorsk når det ikkje finst grunnleggjande talemålsskilje hjå folket? Eg meiner Randen seier det bra sjølv i boka si om norsk språk og EU: «Vi har norsk og samisk, eller vi har bokmål (dansk-norsk), nynorsk (norsk), nordvestsamisk, sørsamisk og kvensk (finsk). Likevel snakkar forskarar med mykje vit, som Jürgen Habermas, om at det fremste kjenneteiknet ved ein nasjon er eit språk. [...] I dette perspektivet er også det norske språket meir enn eit kommunikasjonsmiddel. Det er eit lim som held nasjonen saman. Slik nasjonen treng språket, treng språket nasjonen.» (Norsk i EU 1994, s 124). I tillegg til argumentasjonen for samanhengen mellom nasjon og språk er det verdt å merka seg at Randen for snaue fire år sidan meinte det kunne vera fornuftig å skilja mellom «bokmål (dansk-norsk) og nynorsk (norsk)». Eg er samd med Randen, kva er han sjølv?

Naturleg språk?

Strámannargumentasjonen vert avslutta med ein påstand om at me meiner «...det ublanda språket er det beste.» Me veit sjølvsagt at det ikkje finst «reine språk». Laken kan vera reine, men ikkje språk, av di dei i utgangspunktet er blandingsmål. Men dette vil ikkje seia at menneska ikkje kan påverka språkutviklinga, både i skrift og tale. I det daglege arbeidet med å få ungdom i vidaregåande skule til å velja nynorsk, støyter NMU stadig på ideen om den «naturlege språkutviklinga». Denne ideen vert nytta til å legitimera alt frå bokmålifisering av målføra til overgang til bokmål i nynorskområde. «Språket mitt utviklar seg jo» er gjennomgangsargumentet hjå hallingungdom som byrjar å tala bokmål. Det verkar på meg som om Randen sjølv meiner talemålet i motsetnad til skriftmålet slett ikkje er underlagt den menneskelege viljen, men lever sitt eige liv. Å ynskja å stogga ei einsrettande bokmålifisering av målføra (til dømes ved å oppmoda folk om å nytta tradisjonelle målføreord) er talemålssjåvinisme, meiner Randen. (Han nyttar i alle høve verdiladde ord for å karikera ynsket om å påverka talemålsutviklinga; me skal vist meina at talemålet er «infisert», me vil unngå «smitte» osb.) Men Randen burde vita at talemåla er like mykje menneskeskapte som skriftmåla er det, og det er ikkje noko verre å ha meiningar om talemålsutviklinga enn om skriftmålet. So vidt eg kan sjå, er Randens argumentasjon nærmast ei prinsipiell avvising av menneskeleg styring av språkbruken. Soleis gjer Randen seg sjølv til ein støttespelar for bokmålspåverknad av målføra og ein forsvarar av resultata av språkundertrykkjinga i Noreg. For eit ynske om å gjera noko mot til dømes bokmålspåverknad av målføra i Hallingdalen, må vel botna i eit fårleg ynske om «det reine språket»? Eller?

Kampanje

Olav Randen sluttar seg med innlegget sitt til Anders M. Andersens og Roger Lockertsens kampanje i Dag og Tid mot ungdomsorganisasjonen NMU og nye unge aktivistar i Noregs Mållag. For det er ein **kampanje** det er tale om: Med alt frå uthenging av tilsette i Noregs Mållag til systematisk karikering av dei politiske standpunkta til NMU. Eg tykkjer det er serskilt ille at det er Olav Randen som no gjer dette, av di han er den førre leiaren for Noregs Mållag og soleis har stor autoritet i målrørsla. Olav Randen sjølv dreg i innlegget sitt fram **eitt** lausrive sitat frå den nemnde tilsette i Noregs Mållag (om kva NMU seier i føredrag på vidaregåande skular) og påstår dinest at dette er den måten NMU driv arbeid mot målbyte i skulen på. (Og dette er noko av problemet med argumentasjonen hjå dei som no freistar å sverta NMU og oss unge i Mållaget; dei unnlet konsekvent å gå inn på kva målarbeid NMU faktisk gjer. Kva meiner eigenleg Randen om det målarbeidet NMU gjer for å stogga målbytet i skulen?)

Eg tykkjer òg det er synd av di det ikkje er lenge sidan Randen sjølv, som leiar i Noregs Mållag, nytta landsmøta til å oppmoda eldre målungdomar til å verta med i Mållaget. Grunnen var enkel: Dei fleste friviljuge organisasjonane i Noreg er i dag dominerte av folk som vart engasjerte og aktive på 70-talet, og dei strever med å rekruttera nye, yngre medlemer. Noregs Mållag er mellom dei organisasjonane som lenge har sett dette som eit problem. I ei årrekkje har Mållaget vedteke i arbeidsprogramma sine at det er eit viktig mål å få med unge vaksne mellom 25 og 40. Randen, og alle leiarane i Noregs Mållag dei ti siste åra, har stått på landsmøte etter landsmøte og etterlyst fleire NMU-arar til aktivt arbeid i NM. Og det har vore rett, for framtida til organisasjonen er avhengig av om ein får rekruttert ein ny generasjon målfolk.

God velkomst?

Men kva skjer? No byrjar endeleg unge vaksne NMU-arar å engasjera seg i Mållaget; dei driv parallellklassearbeid og organisasjonsbyggjing. Kva får me att? Ein massiv stemplingskampanje frå gamle organisasjonseigarar med klårt signal om at me kan pella oss attende dit me kom frå! Då får Noregs Mållag velja då: Om ein verkeleg ynskjer å få inn ein ny generasjon målfolk i organisasjonen, og som ein av dei få organisasjonane i Noreg faktisk overvinna generasjonsproblemet, må ein òg gje den nye generasjonen makt. Slik er det berre. Då eg i mars i år gjekk av som leiar for NMU, gledde eg meg verkeleg til å verta aktiv i mororganisasjonen Noregs Mållag. Eg vart snøgt aktiv i Oslo Mållag og er no nestleiar der. Framleis gler eg meg til å gjera målarbeid i Noregs Mållag og lokallaget mitt Oslo Mållag. Men når ein vert møtt med innlegg av den typen Olav Randen har i siste nummer av Dag og Tid, må eg som «ung vaksen» i Mållaget vedgå at det ikkje alltid er like lett å kjenna seg velkomen. For slik systematisk mistolking og mistenkjeleggjering skal ein leita lenge for å finna maken til. Eg kan ikkje tenkja meg at det er mange som gidd å driva skuggeboksing med gamle organisasjonseigarar i all æve. Om me ikkje er velkomne i Noregs Mållag, er det er klårt at mange av oss heller vil finna oss andre stader å arbeida.

Er eg då pessimist på vegner av Noregs Mållag? Nei, på ingen måte. Eg trur nemleg ikkje innlegget frå Randen uttrykkjer meiningane mellom den gjengse mållagsmedlemen, korkje målpolitisk eller i synet på ungdomsorganisasjonen. Difor trur eg òg me skal makta å rekruttera ein ny generasjon målfolk til Noregs Mållag. Om me berre får lov.

Håkon Kolmannskog, Oslo

Frå Trøndelag til Vestfold

YTRING

Fint å lesa om den nye Trønderordboka (1997) i Dag og Tid nr. 26. Men «den første regionale ordboka som er utgjeven her i landet»? Får eg lov til å minne om Ragnhild Paulsens *Vestfoldmål* frå 1981? På 446 sider!: *Ordbok over Nøtterøy-målet omkring 1900. Tilrettelagt av Norsk Målførearkiv ved Ingeborg Hoff. Utgitt av Vestfold Historielag 1981.* Rett nok kan ho ikkje varte opp med korkje *æ, i* eller *e* for *eg*, berre med *jæi* eller *jæ*. Heller ikkje med *å kjøp* og *å vætta/våtta*. Berre med *å kjøpe* mot *å vættæ*.

Men boka til gamle, gode Ragnhild Paulsen inneheld nettopp det som bokmeldaren (Martin Sjekkeland) peiker på som verdfullt i *Trønderordboka*. Ho fortel «oss om arbeid, tru og tenkjemåte i farne tider». Og når han seier at «det er å vona at andre landsdelar nå blir inspirerte til å ta vare på sine ord og få dei samla slik det er gjort i denne boka frå Trøndelag», – ja, så har altså Ragnhild Paulsen gjort det for oss her i Vestfold for fleire år sidan.

Ho er forresten ikkje den einaste (men den største!). Vi kan gle oss over samlinga til Ole Bråvoll i Andebu, og granskingane til Anders Steinholt i Hedrum. Og det er fleire, som Per Paaske Gulbrandsen (Tønsberg) og Eva Maagerø (Nøtterøy), for ikkje å gløyme Rangar Norby frå Stokke!

Og tilgje meg eit lite sukk, kanskje noko på sida: Så mykje vankunne når det gjeld austlandsmål... Opplevde eg ikkje på Det Norske Teatret for nokre år sidan i ei stråande einmannsførestelling av Jon Eikemo då han lét dei fire musikarane få presentere seg og instrumenta sine: Tre av dei kom med eg-morsmål. Det var greitt. Den fjerde sa: «Jæi spellær...» – og vart hånleg avbroten av leiaren med «snakk norsk!».

Jon Bossum, Tønsberg

KRONIKK

Språket er en organisme



Knut Johansen er oversetter og skribent

Ikke noe bilde jeg kan komme på, er mer dekkende enn akkurat dette:
Språket er en selvstendig organisme, skriver **Knut Johansen** i denne kronikken,
i polemikk mot Ragnar Theil Endresens artikkel «Språkideologiske ytringar» 9. mai.

I en artikkel 9. mai, under vignetten «Målteig» og med tittelen «Språkideologiske ytringar», skriver Rolf Theil Endresen: «Dei som snakkar om språkleg forfall, reknar språket som ein sjølvstendig organisme. Denne organismen kan dyrkast som ei plante, og derfor høyrer vi uttrykk som måldyrking, kultivert språk eller språkets ville vekstar. Denne språkplanta lever sitt eige liv, uavhengig av språkbrukarane, og kan endre seg i galen lei, om vi ikkje røktar ho. Men det finst ikkje grunnlag for å rekne språket som ein organisme.»

Jo, det gjør det så sannelig. Ikke noe bilde jeg kan komme på, er mer dekkende enn akkurat dette: Språket er en selvstendig organisme. Selvfølgelig er det et bilde, men bilder er noe av det viktigste vi bruker til å tenke med. Hvert enkelt språk, både i dag og historisk, helt tilbake til for la oss si 40.000 år siden, kan ses en viltvoksende organisme som oppstår tilfeldig, har en tilfeldig struktur, blomstrer av tilfeldige grunner, dør ut av tilfeldige grunner.

> Da den nye måten å leve på vant fram, vant de indoeuropeiske jordbrukerspråkene også fram.

Med tilfeldig mener jeg bl.a. at grunnene ligger utenfor selve språkene. Det ligger ikke noe i han-kinesisk som sådant, ikke i engelsk heller, som tilsier at begge disse språkene hver især blir brukt til daglig av hver sin milliard mennesker, enten som språk nr. 1 eller 2. Med tilfeldig mener jeg også at hvert enkelt språk i det lange løp utvikler seg uten at noe menneske kan påvise noen som helst hensikt med det. Kan noen forklare meg hensikten med at fransk har to kjønn, mens stamspråket, latin, hadde tre? Eller med at norrønt hadde fire kasus i substantivene, mens moderne norsk har utviklet seg til å ikke ha noen? Det er bare blitt sånn – i en meget vesentlig forstand helt uavhengig av språkbrukernes vitende og vilje.

Skriveregler


Når det gjelder organismer, har vi for vane (en vane som først slo dype røtter i noen menneskesinn for 8-10.000 år siden) å dele dem i tamme og ville, kulturplanter og ugress, husdyr og skadedyr. Den lureste måten å forsøke å forstå denne inndelingen på, er å betrakte tamme organismer som organismer som er *gjerdet inn*, selvfølgelig av oss (hvem ellers?). Hvorfor er de gjerdet inn? Naturligvis for at ingen andre skal spise dem. Dette er det primære i denne sammenheng. Men det finnes også andre, interessant grunner, som jeg kommer til straks.

Skriftspråket er også *gjerdet inn* – av et digert sett språkregler, selvfølgelig ikke for å hindre at noen skal spise det, men av andre grunner. Det er primært gjerdet inn av en grunn som er sekundær, men viktig, i forhold til husdyr og kulturplanter. Det er gjerdet inn for at det skal holde seg stabilt. Hvis våre kulturplanter og husdyr ikke var gjerdet inn, ville de forskjellige sortene og rasene menneskene har avlet fram gjennom kunstig utvalg, bli borte på svært kort tid, for de flestes del i løpet av kanskje bare på noen tiår. Planter du åtte sorter kål på et noenlunde gunstig voksested og lar dem få klare seg sjøl uten røkt i la oss si åtte-ti sesonger, vil de kålplantene som vokser der til slutt, ikke være til å kjenne igjen. Hver sort er nemlig bare kunstig frambrakte varianter av samme art, og kan krysse hverandre med den største letthet og falle tilbake til stamformens karakterer så fort som bare det – hvis de ikke blir røktet.

Historisk tilfeldig oppstått

Parallellen burde være åpenbar. Skriftspråk som de to norske er som hvilke som helst andre skriftspråk historisk tilfeldig oppståtte og kunstig utvalgte varianter av en ikke særlig klart definert naturlig språkart vi i vårt tilfelle gir samlebetegnelsen 'norsk'. Hvis ingen hadde røktet f.eks. våre to skriftspråk meget omhyggelig (hvilket noen sannelig har gjort), ville det ha gått med dem noenlunde som med våre kålsorter i forrige avsnitt. Det er derfor vi snakker om språkrøkt. De naturlig utviklede muntlige språkvariantene lever sitt eget liv, men i et preget av skriftspråkadferd, betraktes de som en trussel mot skriftvariantens stabilitet og blir holdt utenfor gjerdet med makt. (Det burde være innlysende hvilken rolle skolen har spilt og spiller i denne sammenheng.)

Til slutt: Er alle språk «jamngode», som Endresen også skriver i sin artikkel? Er det mest nedvurderte vikamål «like veleigna til filosofiske diskusjonar ... som det puraste riksmål eller Platons gresk»? Er «språka til Australias og Amerikas urinnvånarar ... like velutvikla instrument som kinesisk, arabisk, russisk eller fransk»? Også her ville analogien med organismer ha vært avklarende for tenkningen. Det eggleggende australske nebbdyret er selvfølgelig like forunderlig velegnet og velutviklet som morkakepattedyret katt, ingen tvil om det. Men hver især er velegnet og velutviklet til det de driver med, som for begges del er et bredt og langt fra uttømt spektrum av aktiviteter.



Når skriftfestede språk som engelsk, russisk, hindi og han-kinesisk nesten uten problemer kan brukes til det samme, er det fordi de er utviklet i samfunn med grunnleggende sett den samme måte å leve på, skriver kronikøren.
Foto: B.K. Bangash

Det er ingenting ved strukturen eller grammatikken i vikamålet eller en variant av ett av de mange australske urinnvåner-språkene som tilsier at de ikke kunne være velegnet til filosofiske diskusjoner. Men slik saken nå står, er de faktisk ikke det. 'Filosofiske diskusjoner' er et helt bestemt og meget spissfindig *språkspill*, som av relativt tilfeldige, men forklarlige grunner er blitt utviklet ved hjelp av nettopp gresk, latin, engelsk, fransk osv. *skriftspråk*. 'Filosofiske diskusjoner' *finnes ikke utenfor eller uavhengig av skriftspråkene*. (Det betyr ikke at andre folk eller folk flest ikke *tenker*, men de tenker ikke *sånn*.)

Språkspill

Hvis vikamålet eller en eller annen australsk språkvariant skulle kunne brukes til et slikt språkspill, var det første man måtte gjøre å sette i gang en omfattende *språkrøkt* av dem, – bl.a. på den måte at en liten, meget avgrenset gruppe mennesker bestemte hva alle de mange merkelige begrepene som er utviklet i dette bestemte språkspillet (og nesten bare der), skulle hete. De to nevnte språkvariantene måtte *gjerdes inn*, og i og med det ville de bli kunstige språkvarianter, på linje med skriftspråk som fransk, tsjekkisk, nynorsk, riksmål.

Alle folkegrupper på jorda har – og har alltid hatt – den samme mentale utrustning, skriver Endresen. Jeg er enig i det. Men vår artspesifikke mentale utrustning definerer språkenes struktur opp til et visst nivå, og over dette overtar noe annet, nemlig *måten å leve på*, som utmynter seg i systemer av språkspill. Da de indoeuropeisk-talende jordbrukerne spredte seg forbløffende raskt over Europa for noen få tusen år siden, var dette folk som levde på en fundamentalt annerledes måte enn jeger- og sankerbefolkningene som levde der før. Da den nye måten å leve på vant fram, vant de indoeuropeiske jordbrukerspråkene også fram. Ikke fordi de var overlegne grammatisk, fonetisk, syntaktisk – det er en absurd tanke – men fordi de var bærere av andre og mer hovelige begrepsuniverser sett i forhold til et fundamentalt endret levesett. Forandringene i levesettet må ha skjedd så fort at jeger-sanker-språkene ikke rakk å omdanne seg i samme takt, og dermed bukket under.

> Filosofiske diskusjoner er et helt bestemt og meget spissfindig språkspill

Når skriftfestede språk som engelsk, russisk, hindi, han-kinesisk nesten uten problemer kan brukes til det samme, er det fordi de er utviklet i samfunn med grunnleggende sett den samme måte å leve på.

NMU-leiar stadfester galne fordomar

Då eg snåva inn i Norsk Målungdom (NMU) for snart ti år sidan, var den sokalla nasjonale lina i ferd med å vinna i organisasjonen, og frontane var diverre uråd for grønskollingar å skjera gjennom. Dei fleste nykomarane var nokolunde åndsfriske ungdomar og dermed ytterleggåande internasjonalistar. Trass i innleiande vanskar med retorikken til NMU, var linevalet likevel greitt for dei fleste – mellom anna av di organisasjonen stod under press frå likvidatoriske krefter i opposisjonen og moderorganisasjonen.

Mange hadde nok aldri vore tilhengjarar av sokalla nasjonale ovringar i seg sjølv, men var samde med NMU på dette grunnlaget: Når me fyrst skulle ha noko slikt som eit nasjonalspråk i Gnore, var det for dumt å nytta ein variant tufta på norsk uttale av københavnbasert skriftmål. So mykje for «nasjonalismen» i utgangspunktet. Etter kvart fekk fleire auga for verdiane i undertrykte delar av den norske målarven. Som venstre-internasjonalistar såg dessutan mange i rørsla positivt på kulturelt mangfald og frigjeringsstrid og tolka/forma målsaka inn i ein slik antikolonial samanheng: internasjonal solidaritet føreset nasjonal fridom, og toleranse føreset kulturelle skilnader. Etter kvart vart opplegget å berga den klassiske nasjonale vinstre-lina med front mot kulturimperialisme og sjåvinisme, men me undervurderte kor vanskeleg det var å balansera på og formidla ei slik line i ei lagnadstru tid prega av tilslørande motsetnadspar. Eit anna problem er at NMU sin kulturpolitikk primært sprang ut av den ufullførde striden mot eit kolonialt herremål (knus bokmålsveldet, støtt samisk), medan ein bortsett frå ålmenn sympati for minoritetar vanta ei klår haldning til det nye språkmangfaldet i eige land.

Paranoide intrigemakarar

NMU-lina la vekt på kultur- og samfunnskritikk i motsetnad til filologi («målsak handlar om alt anna enn språk»), og ein del NMU-arar har utvilsamt gått for langt i å ignorera språkvitskapleg innsyn. På hi sida har tidlegare leiar i Mållaget, Olav Randen, i periodar gjort målsak til rituell oppramsing av all verdsens språk. Dette strevet har uklåre målpolitiske implikasjonar, men den kvilelause brodden mot NMU stør ufriviljug(?) opp om ein spesiell organisatorisk manøver. Sett på spissen freistar ei gruppe avdanka, McCarthy-inspirerte eks-ml-arar i lag med delar av nynorskeliten å demonisera ein generasjon målungdomar av ymse slag. Slik held dei oppe det indre fiendebiletet (i mangel av eit ytre?), posisjonane og den interne striden i mållaget. Delvis hjelpte av firkanta framferd frå somme NMUarar har desse paranoide intrigemakarane gjort målrørsla uuthaldeleg for mange unge målfolk i årevis.

Den siste tida har Randen fått ei god sak å mjøla sitt sereigne, noko ubestemmelege bakverk med – og det er uråd å vera usamd med han. Leiaren i Norsk Målungdom (M. Bernhardsen) har kome med eit soloutspel om sokalla kebab-norsk som det er vanskeleg å tolka velviljug. Bernhardsen ynskjer integrasjon, men gjer tilsynelatande eit symptom på den manglande integrasjonen til problemet – dette fremjar ikkje nett toleranse mellom målfolk og andre framandkulturelle, men fell utilsikta for ein splitt-og-hersk-strategi frå «bokmålsveldet» (jf Østlandssendingen, som veit å isolera reelle trugsmål mot einskapskulturen: mot dialekt/nynorsk – ok med annan aksent). Mellomspråk kan dukka opp jamvel ved høg grad av integrasjon, men nettopp møtet med intoleranse frå samfunnet rundt har vist seg å kunna sementera slike språkskilnader. Rett nok er ufullkomen læring av norsk eit pedagogisk og sosialt problem i seg sjølv, og det er underleg å sjå når språkforskarar gassar seg med tanken på dei «spennande» biprodukta av slikt. Men under normale omstende vil ingen med peiling på språkendring sjå framandspråksprega norsk som noko trugsmål mot det norske standardspråket – og dessutan hadde det slett ikkje skadd målsaka om so var tilfelle. Lenger vekk frå hovudmotseiinga i målstriden er det uråd å koma! I høgda får me vel ei sårt tiltrengd utskifting av den angloamerikanske ungdomssjargongen. Som dei fleste veit, er alle språk blandingsprodukt. Kjernen i målsaka er soleis ikkje «reinleik» – men kva som skal vera grunnlaget og det historiske utgangspunktet for norsk skriftmål: ein syntese av dei norske dialektane eller ein norsk overklassesosiolekt med dansk førebilete.



Frå Målungdommens «Aksjonen for språkleg rettferd i skulen» i Bergen, 1997. Foto: Hege Myklebust

Ufriviljug Norge-støtte

På det antikoloniale grunnlaget har NMU vedteke mykje rart – men aldri noko som kan forsvara utspelet til Bernhardsen. NMU har skilt skarpt mellom «nasjon» og «stat» og meint at nasjonar var kulturelle fellesskap som kunne trenga støtte i ei tid med global einsretting, medan (små) statar var administrative einingar som kunne vera praktiske råmer for demokrati og motstand mot imperialisme. At NMU støtte nasjonal sjølvråderett ville ikkje seia at konstruksjonen «nasjonalstat» var noka ideell eining, etnisk homogenitet var ikkje eit ideal (sjølv om NMU trykte nasjonalstatsdyrkande artiklar av Olav Randen ei tid). Difor er det trist når sentrale NMUarar ufriviljug har kome med stønad til den hegemoniske norske nasjonalstaten (Norge: bokmål-Brundtland-Lillehammer-aksen) projisert mot NMUs solidaritetsideal (Noreg) som vert tynt av den same sjåvinistiske einskapskulturen.

Om det feilretta utspelet frå NMU-leiaren var representativt, hadde det vore freistande å slutta seg til Randens opprop om å motarbeida heile den unge aktivistfløyen i målrørsla. Men på hi sida: den i utgangspunktet sympatiske «mangfaldslina» som Randen har fremja i Mållaget, har til no vanta ein overtydande argumentasjon for nynorsken og kan lett enda opp i logring for undertrykkjarmålet. Difor tykkjer eg målsaka fortener eit betre alternativ enn valet mellom kamikazeutspel og harakiriline. Heldigvis finst det so vidt eg veit unge og gamle i mållaget som vil oppheva det praktisk meiningslause skiljet mellom eittspråks- og tospråkslina og fremja ei kulturell mangfaldline som ikkje manglar front mot dei (verkeleg) undertrykkjande kulturkreftene.

Bård Eskeland

Kobalspråk



Abonnér på Klassekampen!

Prøveabonnement på Klassekampen hver dag i ❒ 1 år for kr 1470,-
❒ 6 mnd for kr 780,- ❒ 3 mnd for kr 400,-
Introduksjonstilbud, KK-lørdag:
❒ 1 år for kr 580,- ❒ 6 mnd for kr 340,-

Studenttilbud
❒ 4 mnd for kr 480,-
❒ 10 mnd for kr 1200,-

Ring abonnementsercvice: 22 05 95 00, eller send inn kupongen!

Navn: .....

Adresse: .....

Postnr: ..... Sted: .....

Tlf. privat: ..... Start avisa fra: .....


Dato: ..... Sign.: .....

Kan sendes ufrankert i Norge. Klassekampen vil betale portoen

SVARSENDING
Avtalenr. 150 220/16
Klassekampen
Grønland
0133 Oslo

KRONIKK

Er det ikke forskjell på språk? (Del 1)



Rolf Theil Endresen er professor i lingvistikk ved Universitetet i Oslo

Ingen språk eller dialekter er bedre enn andre. Borgerskapets og arbeiderklassens språk er likeverdige, skriver **Rolf Theil Endresen**

Er det ikke forskjell på språk? spør Kjell Johansen i en kommentar til mine Språkideologiske ytringar i Målteigen 9. mai, der jeg stilte spørsmålet: Finst det kvalitetsskilnader mellom språklege varietetar?

Spørsmålet mitt var kanskje ikke klart nok formulert, sia ordet kvalitet er tvetydig. For det første betyr det «egenskap», som når vi snakker om god og dårlig kvalitet, og for det andre betyr det «verdifull egenskap» – når vi satser på kvalitet framfor kvantitet, så setter vi litt av det gode framfor mye av det dårlige.

Jeg hevda i innlegget mitt at ingen språk eller dialekter er bedre enn andre, og håpa ved det å ha sagt tydelig ifra om at jeg brukte ordet kvalitet i betydninga «verdifull egenskap». Her skal jeg utdjupe synspunkta mine, sjøl om de egentlig er svært lite kontroversielle, i det minste språkforskere imellom.

Fins det «primitive» språk?

Den britiske språkforskeren Robert Dixon har utforska australske språk sia tidlig på 1960-talet. I boka *The Languages of Australia* (Cambridge 1980) forteller han at når du snakker med veluttdanna hvite australiere, hører du ofte påstander om at språka til de australske urinnvånerne bare har noen få hundre ord, at de mangler grammatikk, eller at egentlig har ikke urinnvånerne

> Alle mennesker har de orda de trenger i det miljøet de lever

språk i det hele tatt, bare noen grynt og stønn. Dixon nevner til og med at slike påstander fins i australske skolebøker.

En viktig kilde til denne typen feilinformasjon om australske språk er boka *Blandt Menneskeædere* fra 1888, skrevet av den norske oppdagingsreisende Carl Sofus Lumholtz (1851–1922). Boka kom på engelsk i 1889 med tittelen *Among cannibals* – og blei en bestselger. Lumholtz forteller her om et elleve måneders opphold hos warrgamaystammen i North Queensland. Han slo fast at kulturen dems – om de hadde noen – måtte karakteriseres som den laveste blant mennesker. Videre hevda han at språket dems hadde et svært lite ordtilfang og mangla ord for abstrakte begreper. Men Lumholtz lærte ikke warrgamaygspråket. På elleve måneder samla han inn bare 140 ord. Dixon besøkte de siste warrgamayene i 1972, og etter noen få dager satt han med ei liste på tusen ord.

Det fins ikke «primitive» språk. Språkforskere har laga grundige beskrivelser av språk fra alle verdenshjørner. Forskjellene er mange, men færre enn en skulle tru, og det fins ikke grunnlag for å klassifisere språk langs en skala fra «gode og avanserte» til «dårlige og primitive».

Like mange ord

Varierer størrelsen på ordtilfanget så mye mellom språk at noen er klart rikere enn andre? Nei, det har vi ikke grunnlag for å hevde. Ordtilfanget hos gjennomsnittstalerne av ulike språk varierer ikke i noen særlig grad.

En må ikke blande sammen størrelsen på ordtilfanget i et språk med størrelsen på de største ordbøkene for dette språket. Størrelsen på ordbøkene er avhengig av helt andre forhold, som økonomi, leksikografiske tradisjoner, og hvor lenge vedkommende språk har vært skriftspråk. Dessuten inneholder ordbøker ofte ulike typer fagterminologi, ord fra forskjellige dialekter og ord fra ulike epoker.

Nå har ikke alle språk ord for det samme. De fleste afrikanske språk er dårlig utstyrt med ord for snø og is og alt som hører vårt kalde, nordiske klima til, på samme vis som vårt språk mangler ord for de fleste dyr og planter i Afrika eller Amazonas. Men slike forskjeller har ingenting å gjøre med fattigdom eller rikdom på ord. Alle mennesker har de orda de trenger i det miljøet de lever. Det trengs heller ikke noe mer utvikla språk for å snakke om informasjonsteknologi enn om jaktmetoder i Kalahari-ørkenen.

Språk og klasse

Midt på 1960-talet innførte den britiske sosiologen Basil Bernstein et skille mellom det han kalte en utvida kode og en avgrensa kode. Den utvida koden skulle blant annet ha mer kompleks setningsoppbygning og større ordtilfang enn den avgrensa koden. Den utvida koden var karakteristisk for borgerskapet («middelklassen») og den avgrensa koden for arbeiderklassen.

Bernstein ville forklare åffer unger med ulik klassebakgrunn ikke greier seg like bra i skolen – som kjent blir akademikerunger oftest akademikere og arbeiderunger arbeidere. Bernstein mente arbeiderungene var språklig handikappa – de mestra bare den avgrensa koden, som ikke strakk til på skolen. Unger fra arbeiderklassen burde lære borgerskapets utvida kode for å lykkes i utdanningssystemet.



Australske urinnvåneres språk er like nyansert som de hvite innbyggernes. Illustrasjonsfoto:NTB/AP

Bernstein blei tidlig imøtegått av framstående sosiolingvister, som briten Peter Trudgill og amerikaneren William Labov. Med konkrete eksempler viste de at sjøl om unger fra arbeiderklassen og borgerskapet ikke snakker likt, så har de et like velutvikla språk. Fordi skolen er gjennomsyra av borgerskapsnormer, har likevel middelklasseungene lettere for å virke «flinke».

Labov gav i 1969 ut artikkelen «The logic of nonstandard English», der han analyserer den engelske dialekten med bortimot lavest prestisje i USA, talespråket til svarte ungdommer i Harlem. Her er en replikk fra en samtale Labov siterer; det er femtenåringen Larry som snakker, ett av de tøffeste medlemmene i ungdomsgjengen The Jets: «You know, like some people say if you're good an' shit, your spirit goin' t' heaven ... 'n' if you bad, your spirit goin' to hell. Well, bullshit! Your spirit goin' to hell anyway, good or bad.

Labov viser i detalj at denne dialekten er et like velutvikla språksystem som noe annet og at disse ungdommene resonnerer like logisk som noen.

Det går igjen i vurderinga av arbeiderklassedialekter at sjølve avviket fra borgerdialektene blir sett på som feil og mangler. Når noen sier «I ain't had no fight», så sammenlikner den amerikanske borgeren med sitt eget «I haven't had any fight» og trur at den andre snakker ugrammatisk og ulogisk. (Typisk nok kaller borgerskapet i mange land sin egen dialekt for «standardspråket».) Poenget er at hver dialekt, hvert språk har sine egne grammatiske regler.

Av og til hører en opplyste mennesker sitere myten om at det blant gjestene på engelske pubber fins mange med et ordtilfang som knapt strekker seg opp i et halvt tusen. De sitter liksom bare der med pint'en sin, og innimellom slurkene slepper de ut av seg et fuckin', et bloody og noen gloser til (kanskje shit og pint). Dette er en like seriøs rapport fra «folkedjupet» som den Lumholtz presterte etter elleve måneder blant sine «kannibaler».

Talespråk og skriftspråk

I kommentaren sin kommer Kjell Johansen inn på skillet mellom skriftspråk og talespråk. Det er ofte store forskjeller på disse to typene språk, og spørsmålet er verdt fyldige kommentarer, men jeg tillater meg å ikke gå i dybda med det i denne sammenhengen.

Et skriftspråk er sjølsagt vanskeligere å lære jo mer det skiller seg fra talespråket. Det er vanskeligere å lære å skrive kinesisk, med tusenvis av skrifttegn, eller engelsk, med ei uvanleg inkonsekvent rettskriving, enn å lære å skrive finsk.

Videre er det som oftest lettere for borgerskapet å lære å lese og skrive enn for arbeiderklassen, fordi skriftspråket i de fleste språksamfunn bygger på talespråket til de herskende klassene. Det var da norske myndigheter prøvde å endre på dette at borgerskapet svarte med sin «Foreldreaksjon» på 1950-talet.

> Det er som oftest lettere for borgerskapet å lære å lese og skrive enn for arbeiderklassen, fordi skriftspråket i de fleste språksamfunn bygger på talespråket til de herskende klassene

Kronikken fortsetter i morgen.

1995 var altfor dominert av krig og dævelskap og fredsmekling, og slikt vert det ikkje så mange nye ord av. Men ordet «skap» har teke heilt av ...

1995 – språkskap og skapspråk

Sylfest Lomheim
Førsteamanuensis i norsk, tidl. språkkonsulent i NRK

Språkleg vareoppteljing ved årsskiftet skal ein unna seg. Språket vårt er som ei elv; me kan ikkje bada to gonger i same elva – små endringar skjer stadig. Og me kan ikkje ved eit årsskifte dukka ned i språket heller og rekna med at det er slik det var ved det førre årsskiftet.

Hendingane i tida er knytt til ord, fordi hendingar skal forteljast om, meldast om, debatterast, kommenterast. Ny sak, nytt ord – det er som framsida og baksida på medaljen.

Så kva var nytt? Det første som renn i hugen, er orda frå datateknologien. Den utviklinga rasar som kjent framover. Eit av våre desiderte 95-ord er *Internett*. Der noterer me at ordet ikkje lenger skal skrivast på engelsk maner – med ein t. Språkrådet var raskt ute og slo fast at ordet treng me, fenomenet er der – altså like godt å få den norske skrivemåten med to t-ar på plass straks. Så ved årsskiftet verkar ordet allereie gamalkjent, og dei fleste skriv det no med to t-ar. Når folk i januar 96 snakkar om *å surfa* eller *å cruisa på nettet*, er det berre sinkene som ikkje skjønar kva slags fagområde med då er inne på. I januar 95 var ikkje uttrykka kjende. Ei morosam (og ironisk) nylaging var *internaut*, om ein som reiser mykje og langt på nettet.

Det same kan me seia om *CD-ROM*. Dette ordet dreiar seg om ein hendig og effektiv måte å lagra all slags informasjon på – visstnok både lyd, bokstav og bilde. Ordet består, som så mange nye ord i vår tid, av berre forbokstavar. CD er det velkjende me har i CD-spelar og CD-plate, compact disk. ROM er det nye, og dei tre bokstavane står for «read only memory», eit minne som berre kan lesa av, avkoda, ein allereie lagra informasjon. Uttalen av dette nye ordet kan diskuterast – er det open o /råm/, eller er det trong o /rom/? Dei fleste som spontant uttaler dette ordet på norsk, landar truleg på /råm/.

Internett verkar allereie gamalkjent

Ein *datanerdar* er ein som har dilla på data, er oppslukt av PC-en sin. Er han *supernerdete*, som eg såg i ei universitetsavis hausten 95, består livsmenyen stort sett av programvare. *Ein supernerdar* må ha attføring for å kunna fungera i PC-lause sosiale samanhengar.

Me kan halda oss litt til teknologien, for eit anna av dei desiderte nyorda i år var *Telenor*. Som avløyste det gamle Televerket. Nylaginga er glup, fordi det er så opplagt kva det er. Men ingen ord utan diskusjon – det gjeld ofte i norsk. Når det gjeld dette ordet har det vore debatt om uttalen. Skal det vera teleNOR eller TELEnor? Ut frå ord som telefaks og telefoto og den norske regelen om at ordentlege norske ord har trykket på første staving, skulle me venta TELEnor. Og som fagmann i norsk hadde eg helst sett dei hadde valt det. Men TELEverket ville gjerne ha teleNOR, etter mønster frå uttalen i telegram og telefon – pluss at den trykkplasseringa også har eit visst internasjonalt preg. Internasjonalisering er viktig, må vita. No er ikkje Telenor privat aksjeselskap, men statleg aksjeselskap. Difor er dei bundne av norsk lov til å (forsøka å) praktisera gjeldande reglar for norsk språk – både i skrift og uttale. Men lat oss seia det slik at dei kanskje bør få lov til å avgjera uttalen – i dette tilfellet.

Så har me *Schengen*. Det nyordet står for passfridom i Europa. Schengen er den vesle byen i Luxemburg der EU-land først sette tankar på papiret om dette. Spørsmålet tirrar den norske sjølvkjensla: får me vera med i Schengen-området? Heilt andre uhyggesdimensjonar gjev likevel ordet *ebolavirus*, også nytt i 95. Ebola (trykk på andre staving) er eit namn, ei lita elv nord i Zaire, der denne mystiske virussjukdommen først vart registrert. *Pugwash* er eit tredje utanlandsk geografisk namn som vart eit begrep i 95. Årets fredspris var knytt til dette stadnamnet i Canada. (Det var ein som trudde pugwash var eit nymotens ord for ei som både steller heime og studerer.) *Hernesianar* er laga etter den du veit. I fjor ein skolepedagogisk handlangar, frå januar i år vel ein skarprettar av lokalsjukehus?

Og *kanon-debatt* har me hatt – heile året, kanon med trykket på ka-. KanONen høyrer krigen til og er velkjend.



RITA WESTVIK ga oss ordet «testosteronjypling», som la alt anna i skuggen. Arkivfoto: FREDRIK NAUMANN

SPRÅKET

Dagbladet har i en serie artikler (6.–19.12.95) undersøkt hvordan det norske språket har endret seg, hvilke nyord som er kommet og hvilke skrivemåter som kommer. Debatten fortsetter.

KAnonen høyrer åndsriket til og har vore lite brukt i norsk – før 1995 – med unntak av dei *kanoniske skriftene* i kristendommen, som er dei læretekstene i Bibelen som gjev retninga for kristendommen. KAnondebatten i vår litterære andedam har dreia seg om dei verka som skal reknast for våre klassiske, ypparste og retningsgjevande verk. Difor har spørsmålet lyst til oss frå dagbladspaltene: Kva er vår litterære kanon?

Det pussige er at både kanON (skytevåpen) og KAnon (retningsgjevande skrifter) er i slekt. Det første har me frå latin canna, som tyder *rør*. Det andre har me direkte frå gresk, der tydinga er *stang: rettesnor*. Kanon gjev altså retninga – både for kuler og åndsliv.

Det er ikkje tilfeldig at dei nyorda eg har trekt fram så langt, er framande ord. Nyskapinga ut frå heimleg ordtilfang var ikkje imponerande. Tvertom er mitt inntrykk at språkleg sett var 1995 eit mellomår – langt bak EU-året 1994, som både av gode og dårlege grunnar genererte eit vell av varande nyord. Men litt norsk kan me plukka fram. Kakespesialiteten på Mørekysten, ei lefseliknande sak som kallast *svele*, vart landskjent i adventstida gjennom ein fjernsynsserie. Og så skjedde det fantastiske at eit ungdomsprogram gjorde den tidlegare småborgarlege og bortgøymde *arendalsdialekten* til ei slags blanding av kultspråk og mobbeoffer – herma og elska frå landsende til landsende. Utan tvil årets språklege under.

Så var det døme på eit fagord, tidlegare berre brukt av eit fåtal, som dette året vart velkjent for alle avislesarar – *gjenkjøpsavtalen* for nokre karar med aksjar i A/S Airbus. Som døme på den (aldri kvilande!) journalistiske ordskapinga tek eg med *propillekøyring* – og *Likeledeslandet* frå Morgenbladet i desember. (Førelegget er naturlegvis «Annerledeslandet» frå EU-debatten i 94; som igjen er tittel på et dikt av Rolf Jacobsen.) Noreg er «likeledeslandet», skreiv journalisten ironisk, for det statseigde oljeselskapet vårt smører korrupte handlangarar i Nigeria for å få kontraktar nett slik dei gjer, dei me seier me ikkje liknar. Det var forresten også i samband med den saka at me også fekk årets sterkaste språklege manipulasjon og forskjønnande omskriving. *Signaturbonus* kalla Statoil det. *En spesiell skatt* kalla statsråden, Jens Stoltenberg, det. Det vanlege og velkjende norske er vel *smøring* og *bestikkelse*?

Det å gje gamle ord nye bruksmåtar er like mykje nylaging som å henta inn totalt ukjende ord. *Høgdehuset* for Bjørn Dæhlie og co i Trysil er døme på eit greitt norsk ord som fekk ei spesiell meining. *Julekalender* har me hatt lenge. Men i desember vart det marknadsført 24 forskjellige juleøl, pent ordna i kasse, som «julekalender». (Typisk nok kjem visstnok både ideen og ordet fra Danmark.) Det ordet frå adventstida som likevel la alt anna i skuggen, var *testosteronjypling*. Årets største blant dei absolutt små. Dette nyordet er dessutan av den typen som både kan datofestast og personfestast. Det mangla berre departemental journalføring. (Det pussige skjedde altså at ein platt baksete-kontakt i Miami la ein ny dimensjon til det bjørnsonske begrep om *hanske-moral* frå 1880-åra i Christiania!)

Om eg til slutt skal peika på eitt ord som fortener ei særstilling i ordskavalkaden, må det verta det heilt vanlege *skap*. I vanlege ordbøker står berre *skap* og *skapdrankar* (ein person som drikk i løynd). Men i 1995 har ordet *skap* teke heilt av, mest – tydelegvis – på grunn av homofilidebatt og kyrkjeleg intoleranse. Først fekk me *skaphomse*. Så dukka *skapsame* opp. Eg har til og med registrert *skapforskar* – ein som ikkje heilt står fram med forskinga si. Rosenborgs internasjonale fotballsuksess skapte *skaptrønderar* – om folk som normalt ikkje reknar seg som Rosenborg-tilhengjarar. Og så seint som den 22. desember hadde Tove Nilsen denne overskrifta i Dagbladet: *En skapproletars bekjennelser*. Programbladet hevda på si side at det nok er mange som *skapbeundrer Vikingarna!* Personar som avslører løynde ting, vert *skapopnarar*. *Profesjonell skapåpner* var ei overskrift om Ronald Bye. Og ein teologiprofessor hevda i Klassekampen at *kirka er på vei ut av skapet og at flere biskoper er kommet langt på vei i selvaksepteringa* (?).

Langt bak EU-året 1994

Men verken kyrkjedebatt eller overvakingsdebatt eller tilløp til språkdebatt i Dagbladet kunne redda 1995 frå å verta eit språkleg mellomår. Året vart sikkert altfor dominert av krig og dævelskap og fredsmekling – og slikt vert det ikkje så mange nye ord av. Pussig nok, hos oss, vart det trivielle *skap* ein av dei få språklege vinnarane. Me hadde eit *skapår*.

Dagbladet Akersgata 49, Oslo. POSTADRESSE: postboks 1184 Sentrum, 0107 Oslo

SENTRALBORD 22 31 06 00:
Kl. 07.30–24.00, søndag 17.00–23.00.
Direkte linjer når sentralbordet er stengt:
Sentralredaksjonen 22 31 07 42, **Vaktsjef** 22 31 07 81, **Utenriksredaksjonen** 22 31 07 72, **Sporten** 22 31 07 98, **Diktafon** 22 31 07 92, **Setterifaktor** 22 31 07 51, 22 31 07 22.
Resepsjon 22 31 08 88.
Telegramadr.: Dagbladet, Oslo. **Teleks:** 71020.
Dagbladets elektroniske avis:
http://www.sol.no/dagbladet
Dagbladet forbeholder seg retten til å distribuere innsendte innlegg i vår elektroniske utgave på internett.

ELEKTRONISK POST:
Sjefredaktør Harald Stanghelle:
X.400: G=Harald;S=Stanghelle;P=dagbladet;A=telemax;C=no
Internet: Harald.Stanghelle@dagbladet.no
1000-tipset:
X.400: S=1000Tipset;P=dagbladet;A=telemax;C=no
Internet: 1000Tipset@dagbladet.no
Kort&Godt:
X.400: S=KortogGodt;P=dagbladet;A=telemax;C=no
Internet: KortogGodt@dagbladet.no

DIREKTE TELEFONER:
Tipstelefonen 22 20 00 00

Telefaks: Løssalg 22 31 09 25
Redaksjonen 22 42 95 48/22 31 09 79
Produksjonen 22 31 06 05
Annonseavdelingen 22 31 05 05
Administrasjonen 22 31 06 08
Økonomiavdelingen 22 31 06 06
Telefoto Digitalt: 22 31 06 04/22 31 06 09
Analogt: 80 03 06 70
Kjørekontoret
02.00–14.00, lørdag –11.00,
søndag 02.00–09.30 67 92 75 60
Løssalg 22 31 05 11

Dagbladsentralen 22 42 85 67
KS AS Dagblad-Trykk, Lørenskog 67 92 75 00

UTLANDET:
New York: 30 River Road, apt. 22c, New York. NY10044 USA.
Journalist: Halvor Elvik,
tlf. privat: 00-1 212 355 2567.
Faks privat: 00-1 212 759 2558.

London: 13 Marlborough Road, Ealing, London W5, England.
Journalist: Jan Tystad.

Olav Duuns tyske pris

Fredrik Wandrup ringer jula inn i Dagbladet med overskrifta «Olav Duun og Hitler». Bortsett frå tittelen (passelig odiøs, etter dagens blikkfangmetode), er innlegget ein presentasjon av stoff som er skrive av professor Otto Hageberg.

■■ Det er eit interessant emne Wandrup tar opp. Det vil alltid vere viktig å rette søkelyset mot korleis viktige kulturpersonar og andre opinionsdannarar stiller seg til totalitære ideologiar og regime. Olav Duun bør ikkje representere noe unntak i så måte. Men ein må kunne stille krav om at historisk analyse tar utgangspunkt i den aktuelle tidssamanhengen, og ikkje konsekvent kjem til å utelate moment som taler mot dei resonnementa ein ønsker å presentere. Historielaus historieskriving har aldri gitt auka innsikt.

DEBATT

Historielaus historieskriving har aldri gitt auka innsikt, skriv Lars Groven i dette svaret til Fredrik Wandrups kommentar 23.12.95.

■■ Olav Duun fekk den tyske Henrik Steffens-prisen i 1936, og spørsmålet som nå blir reist, er om han burde sagt nei takk til denne utmerkinga, som ein protest mot dei tyske makthavarane. For, som ein kunne vente, ville tyske kulturorgan bruke Duun til sine formål – slik det da òg skin igjennom i den pompøse prisgrunngivinga. Men for den som studerer denne prisutdelinga med kritisk blikk, må det vere naturlig å sjå på kva resten av det norske samfunnet gjorde på den tida for å markere motstand mot Hitler.

■■ Rett nok var 1936 året den spanske borgarkrigen starta og Øverland skreiv «Du må ikke sove«. Men det var også året da «halve verda» møttes under OL i Berlin, men først i Garmisch-Partenkirchen, og kasta glans over vertslandet. Ein av dei norske idrettsutøvarane, Helge Sivertsen, vart seinare sekretær for Undersøkelseskommisjonen av 1945, og blant tribuneslitarane sat kommande milorg-leiar Jens Chr. Hauge. Dette viser i det minste at kulturell kontakt med Tyskland enno var allment akseptert, sjølv om vi i ettertid kunne ønskt at det ikkje var tilfelle.

■■ Om noen skulle vere å klandre i denne saka, måtte det i så fall først og fremst gjelde Didrik Arup Seip, rektor ved Universitetet i Oslo og snart eit levande symbol i motstandskampen. Han hadde tatt imot ein plass i det styret («kuratoriet») som pekte ut prisvinnaren, og han spelte ei svært aktiv rolle i sjølve sluttseremonien. Wandrup har merkelig nok ikkje funne det interessant å referere denne delen av Hagebergs materiale.

■■ Magne Skodvin strekar under at tyske kulturinstitusjonar på denne tida (før den definitive tilstramminga) gjerne ville halde oppe sambandet med Norden, og ser ikkje noe negativt signal i at Duun på dette tidspunktet tok imot den prisen han var tildelt. Når det gjeld Wandrups passus om at Duun «uten å nøle» sa ja til prisen, veit vi at forleggaren, Olaf Norli, sterkt rådde han til det. Og i bakgrunnen har vi altså Seips aktive medverking. Det hører også med til historia at den tysk-jødiske forlagsmannen og Duun-dyrkaren Max Tau også lykkeønskte Duun med prisen.

Lars Groven

Kultur side 4 og 5.

KORT&GODT

Red. GRETHE N. EYMORK Tlf.: 22 31 06 00 Faks: 22 31 09 79

E-post:
X.400: S=KortogGodtP=dagbladetA=telemax;C=no
Internet: KortogGodt@dagbladet.no

Skriv om aktuelle emner, under fullt navn. I helt spesielle tilfeller kan du være anonym. Vi forbeholder oss retten til å forkorte. Ubenyttede innlegg blir ikke returnert. Merk konvolutten Kort & Godt. Ukas beste innlegg blir honorert med 500 kroner.

Sikrere feiring med «fyrmester»

Det var ingen alvorlige ulykker i de større byer i forbindelse med nyttårsfeiringen og fyrverkerier i år.

Og så er alt vel, eller er det det?

I min oppvekst hadde vi også fyrverkeri, men da var det gjerne samlet på et sted, og vi hadde en «fyrmester».

Jeg kan aldri huske at folk gledet seg mindre over fyrverkeriet av den grunn. Jeg kan heller ikke huske at skadene var flere.

Slik det er i dag burde det ikke få fortsette, det burde snarere kommet en reguleringslov. Eksempelvis kunne hver by/bydel legge en viss sum i en «pott», deretter burde det kontaktes en pyrotekniker altså en fagkyndig person på området.

Videre burde det avsettes særlige plasser for oppsendelse. Det ville av hensyn til barn og andre som ikke er oppe ved midnatt lages et tidligere fyrverkeri for disse.

På denne måten ville vi alle kunne glede oss adskillig sikrere over fyrverkeriet. Det ville også bli et fyrverkeri av en helt annen kvalitet enn det vi syner i dag. Jeg har sett fyrverkerifestiviteter, de fleste steder i verden, og når det har vært tilrettelagt på denne måten er det en vakker «fryd».



SPRAKENDE FARGERIKT OG VAKKERT: Håndtert av kyndige «fyrmestere» er faren for skader minimal.

Noe av aller fineste, vakreste jeg har sett, er Raufoss sitt. En kunne tenke seg eks. en langtidsavtale mellom eks. Raufoss og de gjeldene parter gjerne en langtidskontrakt.

Jeg tror langt de fleste ambulanse/sanitet/legevakts/brann/politi og andre angjeldende berørte ville støtte dette helt og fullt.

For øvrig burde alle dyrevernsorganisasjoner opprette et tilbud (mot en liten kontigent) hvordan forberede sine kjæledyr på denne tid.

Takk for i fjor.

Sværre Olsen Fløm ma
Bikkjemyra



EN FUGL SOM IKKE KAN FLY: Derfor blir dårlige filmer kalt kalkuner – de tar aldri av.

Kalkuner og film

Hvorfor blir et makkverk av en film omtalt som kalkun?

Kalkun, en hønsefugl som har gjort nytte i århundrer. Den produserer utsøkt kjøtt som brukes til fest og høytider.

Som ruger, meget flink. Så flink at man brukte kalkunen til ruging av gås- og hønseegg før rugemaskinens tid.

Kompostert kalkungjødsel, fremragende næring til planter.

Så hvorfor kalkunen knyttes til tåpelige filmer er for meg uforståelig.

Jeg tror at mange har problemer med å se sammenhengen.

Hugo S. Larsen
Oslo

De furtne progressive

Det er et interessant psykologisk fenomen at venstresidas indignasjon over de aktuelle avsløringer ser ut til å være omvendt proporsjonal til egne krystallklare nederlag og desillusjoner.

Jo mer nådeløs avdekking av deres naive drømmeslott, jo høyere skriker de om sine overkjørte demokratiske rettigheter da de ble overvåket.

Demokratiske krefter i det norske samfunn *forutså elendigheten*, og kjempet for å holde landet unna den naive venstresosialistiske drømmen. I ettertid skal vi alle være forbannet takknemlige for at våre beskyttere fant det nødvendig å måtte trekke noen veksler på selve demokratiet – i form av telefonavlytting og registrering av venstresosialismen – *for å bevare demokratiet!* Dette vil de aller, aller fleste av oss nære en stor og rimelig forståelse for.

Bent Wehler
Oslo



Strengelek

Ensomhetens strengelek
spilt av troll
og mest i moll.
Trollet
det har mange hoder
ensomheten
sine koder.
Kanskje var det du
som svek?

Herbjørg Midtrød Tokle

Et prektig næringsliv?

Oslo-bølgen vil skylle over Norge, privatisering av kommunale tjenester, slik sto det å lese i Dagbladet. Det ideelle er altså at mer arbeid skal gjøres av færre, ergo blir det billigere.

Uproduktive mennesker fra kommunene blir overflødige, vi får større slagghauger, spiralen vil vel fortsette, en stadig bedre elite og større og større slagghauger. Er det dette som foredler mennesket?

Det private næringsliv er vel ikke så prektig, det er vel tross alt stat og kommune som legger rammene, å utarme stat og kommune er den sikre undergang.

Det er vel ingen som ikke vil ha store sportsprestasjoner, god materiell levestandard, en bedrift som er god for samfunnet, eller noen som går foran med kløkt og visdom.

Skal Norge komme noen vei må vi dra sammen, definere hva som er bra og ikke bra, deretter se hva som er forsvarlig samfunnsøkonomi og moderne markedstilpasning. Ikke kaste folk ut i kulden, og la dem ende opp som tiggere.

Paul-Gunnar Liland
Sandnes

SKRIV KORT
Hvis du begrenser deg til ca. 150 ord, øker sjansen for å se innlegget på trykk.

Gi KG-læreren jobben tilbake!

At Oslo byrett ga Kristelig Gymnasium medhold i oppsigelsen av læreren som fikk sparken for utroskap, er en skandale: Gjennom denne kjennelsen åpner man for tilsidesettelse av oppsigelsesvernet som er nedfelt i loven.

Nå kan altså andre privatskoler sette sine egne lover over gymnasloven, prinsipielt sett.

Og at læreren skal betale 132 000 kroner i saksomkostninger er jo uhørt!

En anke *må* innsendes, for utroskap er nemlig ikke straffbart i Norge! Og læreren har jo blitt straffet, gjennom å måtte betale saksomkostninger.

Man håper derfor at lagmannsretten tar til fornuften/vettet og omgjør denne kjennelsen.

Oddvar Johansen
Torp

Har du et nyhetstips – ring tipstelefonen 22 20 00 00 direkte – eller nærmeste lokalredaksjon

Tlf.: 00 44 181 567 76 29.
Telefaks: 00 44 181 840 68 13.
København: Dagbladet BT, Kr. Bernikowsgade 6, DK-1147 København. Journalist: Asbjørn Svarstad.
Tlf.:00-45-32 95 79 50.
Telefaks: 00-45-32 95 79 33.
Stockholm: Aftonbladet, Globen, 105 18 Stockholm.
Journalist: Pål Gleditsch. Tlf.: 00-46-8-72 52371.
Telefaks: 00-46-860 00 177.

LOKALREDAKSJONER:
Nord-Norge-kontoret:
Storgt. 36, 2. etg., Postboks 469, 9001 Tromsø.
Tlf.: 77 66 66 60/77 68 67 69. Telefaks: 77 65 81 80.
Journalister: Per Lars Tonstad, tlf. privat: 77 67 47 88.
Danny Pellicer, tlf. privat: 77 68 97 15.

Trøndelagskontoret:
Fjordgata 82, Postboks 845, 7001 Trondheim.
Tlf.: 73 52 87 09. Telefaks: 73 52 25 03
Journalister: Kjell-Ivar Myhr, tlf priv.: 73 53 46 95
Morten Stokkan, tlf. privat: 73 51 59 80

Telemarkskontoret: Nedre Hjellegt. 4, 3725 Skien.
Tlf.: 35 53 09 90. Telefaks: 35 53 09 95.
Journalist: Bernt Blomquist, tlf. privat: 35 53 02 12.

Vestlandskontoret: Nygårdsgt. 17–19, 5015 Bergen.
Tlf.: 55 32 09 29. Telefaks: 55 32 90 57.
Journalister: Leif Stang. tlf. privat 55 16 65 47.
Sveinung W. Jensen, tlf. privat: 55 23 26 56.

Rogalandskontoret: Verksgt. 62, 4013 Stavanger.
Tlf. 51 89 61 11. Telefaks: 51 89 37 77.
Journalister: Lars Helle, tlf. privat: 51 87 01 62.
Tone Vassbø, tlf. privat: 51 62 43 53.

Sørlandskontoret: Markensgt. 48. Postboks 659. 4601 Kristiansand.
Tlf. 38 02 11 55/38 02 11 31. Telefaks: 38 02 09 92.
Journalister: Birger Folmar, tlf. privat: 38 09 13 54.
Eivind Pedersen, tlf. privat: 38 01 10 88

Lillehammerkontoret:
Storgata 86, 2600 Lillehammer.
Tlf.: 61 26 03 11. Telefaks: 61 26 03 13.
Journalister: Kristian Skullerud, tlf. privat: 61 25 54 38.

ABONNEMENTSSERVICE:
Åpningstid: Man–fred: 12.00–15.00.
Telefon ..... 67 92 75 10.

ABONNEMENTSPRISER inkl. søndag:
Pr. kvartal: kr 780. Pr. halvår: kr 1500.
Pr. år: kr 2900. Flytillegg.

Formframstilling: AS Dagbladet, Akersgt. 49, Oslo 1.
Trykk: KS AS Dagblad-Trykk, Lørenskog.

Strilekrig mot Radøynæ



Innsendaren tek sterkt til motmæle mot at Namnekonsulenten vil ha t.d. Radøyna og Marøyna på kart.

Fyrstekonsulent på Namnekonsulenttenesta i Bergen, Kjell Erik Steinbru, kjem endå ein gong med eit stadnamnutspel i Strilen 8. november. Kjell Erik Steinbru, hev vorte intervjua fleire gonger av Strilen, 29. mars i år tok han upp namnesaki um Feste/Festo, og kjem innum namnesaki umkring normeringi av sterke hokjønnsord i stadnamn i Nordhordland.

Skrifttradisjonane segjer at det skal heita anten vika eller viki, slær Steinbru fast. Lindås er den einaste kommunen som gjeng inn for å nytta i-form, segjer Steinbru. Han segjer ingenting um at nokon av kommunane hev gjenge imot å nytta i- endingar på kart, og han nemner slett ikkje at fyresegnene til Stadnamnlovi paragraf 2-3 opnar for å nytta regionale samformer av typen Knarvikjæ. Dei sterke hokjønnsendingane av typen vikjæ er eit sentralt målmerkje, eit særskilt kjennemerkje for nordhordlandsmålet, i motsetnad m.a. til målet i Sunnhordland.

So langt utspelet 29. mars. No 8. november stend det i Strilen at det m.a. vil vera vanskeleg for tilreisande å forstå dei lokale namneformene. Det neste vert vel at folk ikkje kann forstå nordhordlandsdialekten. Um nokon spør etter vegen til Radøy eller Marøy, so er det umoglegt å mistolka bygdefolki når dei svarar med å segja at du må køyra der og der for å koma til Marøynæ. Med Marøynæ vil det verta minst tri namneformer i umlaup. Då må ein snart ha med seg ordlista for å finna fram. Det er Marøyna som er den uhøvelege formi. Formi skapar fleire problem enn ho løyser, og det vert ikkje fred med ei slik løysing.

Marøy, eventuelt Marøynæ eller Marøyni med uttalen Marøynæ, vil vera dei løysingane som vil fungera best. Det må beint ut vera fåkunna og likesæla som hev gjort at ingen av nordhordlandskommunane utanum Lindås og Austrheim hev teke upp namnespursmålet til nærmare dryfting. Lindås kommune vert yverkøyrd av namnekonsulenttenesta, og lat meg spørja um det er nokon i Radøy som vil stå til andsvars for namneformer som Radøyna og Marøyna. Frå no av må vel kommunen i so tilfelle heita Radøyna kommune i strid med formi Radøy som er ei innarbeidd form i skriftleg samnheng. Me vil uppmoda Radøy kommune til å taka upp att denne saki fyrr kommunen eventuelt skifter namn til Radøyna.

De hev rett til å krevja Radøynæ, og det hev dei andre kummunane óg. Um namnekonsulenttenesta ikkje hev upplyst um denne retten, er det beint fram eit offentlegt yvergrep. Dei grunngjevingane Steinbru kjem med når det gjeld normering av stadnamn, held ikkje. Steinbru skal taka umsyn til fyresegnene, og dei opnar for former som Radøynæ, soframt kommunane sjølv ynskjer slike former. Det er elles verd å leggja merkje til at Austrheim kommune, som etter det eg veit er ein av dei få, kanskje den einaste av kommunane i Nordhordland som hev a- ending, gjeng inn for æ i samsvar med fleirtalsmålet i Nordhordland. Korvidt dei hev vore merksame på fyresegnene veit eg ikkje, men dei er ikkje redde for å tala offentlege instansar midt imot. Soleis bør denne kommunen vera eit fyredøme for dei andre.

Mange trur vel at målnormeringsspursmål er noko ein bør yverlata til statlege instansar og folk som hev greida på det, men i Noreg er det umoglegt. Her hev det vore ein kontinuerleg pågang mot det nynorske målet. Målet skal stødt fornyast. Ingenting er bra nok. Innarbeidde salmar vert umskrivne so dei skal fylgja gjeldande rettskriving. Resultatet er at salmane vert umdikta til dei mest ikkje er råd å kjenna att. I utlandet set dei upp ei ordbok og ein grammatikk og dei dyrkar fram eit normalmål i offisielle tilknytingar. I utlandet brigdar dei mest aldri på målformer. Dei endrar stavereglar og anna smått slikt, men ikkje stort meir. I Noreg derimot skal ein setja inn sideformer og hovudformer og få den eine målformi inn og den andre ut. Av og til kjem forresten målformer som hadde gjenge ut, inn att, men det kann taka 50-60 år fyrr sånt skjer t.d. med eit einskildord som «so» som no er lovleg sideform til så.

Det offisielle og halvstatlege forlaget, Det Norske Samlaget, tek seg til rette og nyttar, so langt me veit, burtimot berre e-infinitiv i bøkene sine. Dei nektar å gjeva ut ordbøker/ordlistor med a- infinitiv hev rett til å få nytta det. Det var nett same måten styresmaktene og Samlaget nytta då dei tok i-målet frå nordhordlandskommunane. På denne gjev folk frå seg den eine litlefingeren etter den andre. Det er på tide at folk byrjar å vakna og hevdar viktige sermerkje innanfor nordhordlandsdialekten.

Det er ikkje nok å halda på dialekten. Ein må hevda dialektkjennemerki gjennom dei rettskrivingsprisippi som Ivar Aasen bygde på. Ein må ikkje yverlata målnormering til språkplanleggjarar som skal konstruera seg fram til eit eller anna diffust mål, les samnorsk. Språkplanleggjing mot diffuse mål og ned haltande grunngjevingar er berre eit dekkje for språkundertrykkjing. Målet er å audmjuka dei som forsvarar den nynorske skriftkulturen. Det finst ikkje noko nynorsk, berre dialektar og kaos. Då fær dialektane lågare status, og det same skjer med dei som brukar deim. Kvar kjem du frå, kann nokon verta spurd um. Eg kjem frå Marøynæ, men det heiter Marøyna og eg heiter Marøy. Å, du meiner Marøen vil riksmålsbergensaren segja, og sjølv kann ein verta kalla Marøyen. Dessutan vil folk frå andre delar av Vestlandet umtala staden som Marøyno eller Marøynå. Det minst kontroversielle vil vera å halda fast ved Marøy, Radøy og Knarvik.

Prestisjemålet, bokmålet, trengjer seg fram i nordhordlandsmålet. Dette er språkundertrykkjing. Det er ikkje akseptabelt at nordhordlandsmålet ikkje fær syna meir att i offisiell skriftnormering. Folk må læra seg til å segja frå. Me må få ein strilekrig mot uppkonstruerte stadnam og bokmålsmobbing frå offentlege språkplanleggjarar. Kva segjer de Osterøy og Radøy, skal kommunane dykkar heita Radøyna og Osterøyna frå no av, eller vil de og dei andre kommunane taka upp kampen for folkemålsformene Osterøynæ og Radøynæ eventuelt Osterøyni opg Radøyni. Det er de sjølve som avgjer dette. Ikkje namnekonsulenttenesta.

Lars Bjarne Marøy,
formann i Vestlandske Mållag
Eliasmarken 14, 5034

Fleire på venteliste

Talet på pasientar som ventar på å koma inn på Haukeland sjukehus har stige frå i år til i fjor. Pasientar i prioritet 2, det vil seia dei som kjem inn under ventelistegarantien og har krav på behandling innan seks månader, viser ein oppgang frå 7288 til 8426 frå 30. september i fjor til same tidspunkt i år.

Talet på pasientar i prioritet 2 som har venta meir enn seks månader, har gått opp frå 646 i fjor til 1374 i år. I heile Hordaland er talet 1949.

Hordaland fylkeskommune opplyser at auken i ventelistepasientar kjem trass i at Haukeland sjukehus har behandla fleire pasientar i år enn i fjor. Fylkeshelsesjefen meiner oppgangen skuldast at sjukehusa i Hordaland ikkje har kapasitet til å ta hand om alle pasientane, særleg innanfor enkelte område som elektrisk kirurgi.

Danskar rike på norsk laks

(NPK): Danske spekulantar tener i år minst 100 millionar kroner på å re-eksportera fersk norsk laks som dei har kjøpt på spotmarknaden til spottprisar, skriv Fiskaren.

Dette året kjem danskane til å ta mot rundt 40.000 tonn laks. Det meste av fisken går vidare til land Noreg også prøver å selja laks til. Og grunnen til at danskane kan konkurrera på ferskvare, er at danskane betaler mindre for laksen enn andre. Ikkje minst er dei flinke til å utnytta situasjonar der laksen står utan kjøpar og det nærmar seg helg.

— Det er berre å vedgå at danskane er flinke, seier Ingebritgt Overby i Norske Sjømatbedrifters Landsforening, men legg til at me skal vera glade for at denne marknaden finst og at det danske apparatet gjev avsetning for norsk laks.

Leiaren i Norske fiskeoppdretters Forening, Helge Nilssen, meiner det burde uroa oss at stadig meir av fortenesta på laksen vert liggjande att i Danmark, sjølv om han også er glad for at laksen vert seld. (NPK)

KONSESJON TIL NÆRRADIO

Innbyding til å søkje om konsesjon til nærradio

Noverande konsesjonsperiode for nærradio går ut 31. desember 1995. Statens medieforvaltning opnar no for å kunne søkje konsesjon for ny konsesjonsperiode. Konsesjon til drift av nærradio blir gitt for ein periode på fem år.

Det er utarbeidd ei retningsgivande liste over konsesjonsområde. Lista kan ein få hos Statens medieforvaltning. Det er òg høve til å søkje konsesjon i område som ikkje står på denne lista. Dei tilrådde områda vil derfor kunne bli noko endra ved konsesjonsbehandlinga.

Ved behandlinga av søknad om radiokonsesjon vil ein leggje vekt på m.a. erfaring frå nærradiodrift, programplanar og dei økonomiske føresetnadene til søkjaren.

Ingen enkelt eigaraktør skal kunne disponere meir enn 1/3 av den samla nasjonale nærradiomarknaden målt i potensielt lydartal.

Kabelselskap og offentlege organ kan ikkje ha eigen konsesjon til nærradio.

Noverande konsesjonærar som går saman om felles søknad, vil kunne søkje eit eingongstilskot frå Audiovisuelt produksjonsfond. Søknad om dette må fremjast saman med konsesjonssøknaden.

Søknad om konsesjon skjer på fastsett skjema som skal sendast til:

Statens medieforvaltning
Postboks 444, 1601 Fredrikstad

Søknadsfrist: 10. januar 1996

Søknadsskjema og nærare informasjon kan ein få hos Statens medieforvaltning. Vi gjer merksam på at noverande konsesjonærar vil få tilsendt orientering og søknadsskjema direkte.

STATENS MEDIEFORVALTNING
Storgt. 15, Postboks 444, 1601 Fredrikstad, tlf. 69 31 90 30, faks 69 31 92 80

Innrykt av Statens informasjonsteneste

A-45/95

Det store fallet

bokmelding

Jostein Krokvik:
«Norskrøtt skriftmåls store fall»
Norsk Bokreidingslag
1995

Forfattaren Jostein Krokvik, som attåt styrer bladet Vestmannen, er utrøytteleg i striden for høgnorsk mål. Og stødt minner han oss um den lagnadstunge politikar-avgjerdi for norsk mål i 1938. I 1985 skreiv han «Kjettarord um norsk målalkymi», og i 1991 kom «Mål og vanmæle». Båe desse bøkene er eit uppgjer med feilslegen målpolitikk.

I «Norskrøtt skriftmåls store fall» gjeng han grundigare ti] verks. På yver 100 sidor dryfter han grunnane til at nynorsk mål gjekk attende i grunnskulen frå ikring 34 prosent i krigsåri til ikring17 prosent vedvarande dei seinste 20 åri.

Han ser godt at sentraliseringi med nedleggjing av skulekrinsar må hava noko av skuldi, men ikkje avgjerande. Framstøyten frå riksmålsfolket gjorde vel og sitt. Kampen mot samnorsken frå deira side var òg ein kamp mot nynorsken.

Det som Krokvik stødt kjem attende til, og visseleg med rette, er at sjølve målet, nynorsken, vart skamfaren i målbrigdet 1938. Det var ikkje berre at tradisjonelle former skulde burt, men målet vart mindre logisk og tyngre å læra. Det er heilt urimeleg, og uvanleg i andre land, at politikarar skal gjeva seg til å fikla med sjølve målet. Men i 30-åri avgjorde Stortinget at dei tvo riksmåli våre skulde tilnærmast kvarandre «på norsk folkemåls grunn» - utan å seia kva dei la i det. Det politiske mandatet gjorde at rettskrivingsnemndi i 1934 kunde berre hava tilnærmings-viljuge folk. Difor fekk ikkje målfolket inn ein einaste målkunnig. Og politikarane høyrde heller ikkje på kritikken frå nynorskhald då rettskrivings-framlegget kom.

Etter krigen vakna riksmålsfolket til gagns yver at målet deira heldt på å gå i uppløysing i samnorsk-strevet. Motrørsla der vart so sterk at politikarane måtte bøygja undan og gjeva rom for tradisjonelle former. I Språkrådet fekk dei driva igjenom at skulemålet på bokmål langt på veg vart tillempa det målet ein elles såg i blad og bøker.

Uppløysingsfåren var like stor for nynorsk, og vart like klårt grunngjeven, m.a. av professor Gustav Indrebø. Eit sårt tap var det at både han og Lars Eskeland døydde i 1942. Motstandsrørsla på nynorsk-sida var ikkje sterk nok, og vann ikkje fram i Språkrådet. Det kom ikkje nokor tillemping i nynorsk tilsvarande den i bokmål. Kravet um jamstelling av a-mål og i-må] i lærebøkene nådde ikkje fram; men Noregs Mållag klovna på det spursmålet.

I kvar bolk som skildrar det store fallet for nynorsken kjem Krokvik attende til det som hende i 1938 og det som fylgde etter. Maktmisbruk er hovudordet. «Det målpolitiske årsakssyndromet» talar han um i ein bolk. Det er ei samanfløkt årsaksmengd som hev utgangspunkt i målpolitikken. Målreformer hadde det vore før òg; men no vart målreformene iverksette med tvang.

Dette at nynorsken stendigt skulde brigdast imot bokmål, fekk trui på at målet hadde ei framtid. Det var og ein grunn til at nynorsken vart kasta ut.

Målreformistane sette ein kile inn i målmannsflokken, og veikte målarbeidet. Dei som arbeidde for høgnorsken, vart stundom sette i bås med dei argaste riksmålsfolk, endå dei hadde 'kje anna sams enn at dei vilde verja kvar sitt mål mot uppløysing.

Ein annan fordom reformistane bar fram, var at den tradisjonelle nynorsken var eit Vestlands-mål. «Me hev fenge soli yver fjelli», kunde aldri godkjennast nordpå og på Austlandet. Men det var ettervist at Aasens ordbok hev like mykje frå Austlandet som frå Vestlandet. Ingeborg Hoff (frå Skibtvedt i Austfold) la fram si doktorutgreiding um korleis målet på Austlandet hadde vakse fram frå gamalnorsk og fall godt inn i Aasen-målet. Ho var med i førebuingsnemndi for Språkrådet, og rådde sterkt ifrå det tilnærmingsmandatet som denne nemndi fekk.

Måldemokrati tala dei um, dei som vilde tvangsreformera nynorsken! Og no skulde det sosiale koma i staden for det nasjonale i målreisingi. Nasjonalisme vart nærast eit skjellsord, og hev helst vore det etter krigen med. Men nasjonalisme av det slaget som kan føra til diktatur og terror, det syner seg når fleirtals-diktaturet skal råda i kulturelle og åndelege saker.

At målet skal vera vent, det vil ikkje målreformistane høyra på, endå det hev vore sagt at Lars og Severin Eskeland vann mange for målsaki ved at dei tala so vent eit mål. Dersom folket ikkje skal ha syn og høyrsla for det som er vent, då vert det lite kultur att å tala um.

Krokvik tek fram døme på målskifte som hev vore i Hattfjelldal og i Trøndelag - frå nynorsk til bokmål etter krigen. Det var Blixmålet dei i si tid førde inn, og Koht-målet dei kasta ut, seier han, endå det siste skulde høva so godt nordpå.


Statistikkane bakarst i boki kan ikkje tolkast burt. Det er mange nok som hev freista på det, og leita etter andre grunnar enn dei målpolitiske, men dei hev ikkje lukkast. Krokvik kan vera kvass i ordleggjingi sume stader, som mange hev vore i målstriden. Men han er aldri ufjelg mot namngjevne personar. Nokon kan kanskje tykkja at han masar når han stendigt kjem attende til dei same målpolitiske grunnane. Men trongsynt er han ikkje. Han meiner at noko valfridom må til, ei viss romsemd i formverket, soleis at tvo hovudtypar av nynorsk kan leva og tevla jamsides utan tvang ovanfrå.

Boki um det store fallet for nynorsken, kan tykkjast myrk. Men Krokvik ser likevel ei framtidsvon for nynorsken. Målet hev framleides målføri å stydja seg på. Han hev syn for dialektrørsla; men han meiner og at målføri treng eit stødt normalmål til studnad for seg, so det kan halda seg på norsk grunn.

Han gled seg yver at målungdomen gjer seg so sterkt gjeldande i dag. Noregs Mållag hev no bede Stortinget taka burt punktet um tilnærming i lovi for Norsk Språkråd.

Krokvik var berre 11 år i 1938. Difor var han ikkje medverkande i det som hende, og kan sjå uhildra på det. For ein som hev vore mykje med i målreising og målstrid i den tidbolken han skriv um, er boki mykje forvitneleg lesnad. Ei sterk uppmoding fær ein hug å leggja til: Lat oss no alle gjera vårt til at boktitelen til Jostein Krokvik kan lengjast til «Norskrøtt skriftmåls store fall og atterreising».

Sigurd Sandvik



Jostein Krokvik held fram sin utrøyttelege kamp for høgnorsk. I boka «Norskrøtts skriftmåls store fall» drøftar han kvifor nynorsken har gått attende etter krigen. (Arkivfoto)

Atterljom av Hovdens Attersyn

lydbok

Tekster frå
Anders Hovden Attersyn,
lesne av Jon Eikemo
med tonedrakt av
Brynjar Hoff - obo.
Ariel Lydbokforlag

Anders Hovden-fondet held Hovden levande. Denne hausten kom «Tekster frå Attersyn, lesne av skodespelaren Jon Eikemo» som lydbok.

Eikemo les Hovden og lyfter forteljingane fra «Attersyn» opp til reine andaktsstunder. Vart og lint, skiftande til havsalt uver, men heile tida med hovdensk «full fart forover». Brynjar Hoff gjev Anders Hovden-forteljingane tonefylgje med obo.

Vi møter Hovden og gamlegrenda, utferda og Lista, Krødersherad, Trøndelag og Toten - og dei mange venene der Sivle og Garborg er mellom diktarprestens næraste.

På ein dobbelkasett les Eikemo med musikalske pauser frå Hovdens «Attersyn» i om lag tre timar. Lydkasettar er ideelle fylgjesveinar på bilturar no når alle bilar har kasettspelar. Og ikkje minst, lydbøker er kjærkomne for svaksynte.

Det går mot juletider, og gåvetipset mitt er klart. Dessutan er heile 1996 utpeikt som Ivar Aasen-år og Hovdens «Attersyn» er meir aktuell enn nokon gong. Lydboka er illustrert av kunstnaren Karl Erik Harr.

Lyttande til lydboka, nett dei stundene det passa meg, opplevdest feststunder og kveldstankar med ein velkomen atterljom av Hovdens eige «Attersyn».

Torbjørn Urke

GULATUN

Dette er møteplassen for meiningar og debatt. Skriv kort om aktuelle emne, helst under fullt namn. Om naudsynt vert innlegga korta ned. Innlegg som ikkje vert nytta, vert til vanleg ikkje returnerte. Vel møtt til frisk meiningsbryting i Gulatun.

Betre postservice

Kva røynsle har Nils Arild Johnsen frå nedlegging av postkontor? Truleg ingen, etter innlegget hans 15. november å døme. Og dermed står han fritt til å innbille seg alt mogeleg gale.

Her i Jølster kom ei slik nedlegging på tale for 29 år sidan, og på førehand var det mykje uro om saka. Men så kom postmeisteren og kalla oss inn til møte. Der tilbaud han yrkedagleg postombering til alle i staden for postkontor. Postombering var det då berre 85 prosent av oss som hadde, og berre fire gonger i veka. Han lova òg at det bilande postbodet vårt skulle overta dei tenestene som postkontoret vårt til då hadde ytt.

Dette sa mange at dei ville godta, av di dei meinte føremonene vart større enn ulempene. I staden for å gå opp til sju kilometer til postkontoret, fekk vi no «postkontoret» til døra vår. Og dette har no fungert godt i snart 30 år. Og særleg eg, som den gongen høyrde til dei 15 prosent som ikkje hadde postombering, tykte dette var eit stort framsteg. Samferdslestatsråden har sagt at slike nedleggingar er naudsynleg for å betre servicen, og 29 års røynsler her i mine grender talar for at han har rett.

Olav J. Befring

Målpolitisk makt

Sigurd Sandvik skriv ei utførleg og grundig bokmelding av Jostein Krokviks siste bok «Norskrøtt skriftmåls store fall» i Gula Tidend 15. november. Sandvik kjem noko inn på tvo grunnleggjande emne. Han skriv um målreformistane at dei kløyvde målmannsflokken, og han skriv um stemplingi av nynorsken som vestlandsmål. Både Sandvik og Krokvik upplevde det målpolitiske ordskiftet på 1950-talet, og båe held fast på realitetane ved at målbrigdet verka øydeleggjande. Det er eg ikkje usamd i. Men for meg som berre ser dette som ei historisk fortid vert det meir avgjerande å reisa ordskiftet umkring dei målpolitiske makttilhøvi.

Fleire faktorar spela inn når det galdt å slå fast dei målpolitiske relasjonane millom dei norskdanske og dei nynorske. Fyrst av alt var Kohts tilhøve til Arbeidarpartiet viktigt. Koht arbeidde trottigt med å slå fast ein målplanleggjingsideologi. Her kunde han m.a. stydja seg til Knud Knudsen. Knudsens målpolitiske arbeid var langt på veg upphavet til dei fyrste målendringane fyrr 1917. Målendringane i dansken drog målendringar i norsken med seg. Staten skulde etter Kohts syn føra norsk og dansk saman. Dette fekk han ein vis gjenomslag for i 1917. Koht tok upp arbeidet med å vinna landet for radikale former i dansken, som etter kvart hadde byrja å verta kalla riksmål, etter 1917, og han vann stor atterklang for dette i nokre år frametter. I fleire fylke innførde svært mange kommunar radikale former i riksmålet, norskdansken. Eg viser til Ernst Håkon Jahr, østlandsmåla fram, 1978. Men fram til 1930 hadde reaksjonen frå dei norskdanske ført med seg at norskdansken langt på veg hadde konsolidert seg med konservative former.

Kohts store livsprosjekt var å vinna fram med målsaki i Arbeidarpartiet. Men Koht selde aldri målsaki til Arbeidarpartiet. Det var målplanleggjingsideologien som kom inn i Arbeidarpartiet. På eit eller anna tidspunkt må ein kunna segja at Koht slutta argumentera for målsaki og meir byrja å argumentera for sjølve språkplanleggjingsideologien og Arbeidarpartiet. Når målrørsla aldri vann eit breidt innpass i arbeidarrørsla, var det trulegt fordi Koht aldri definerte kva som skulde vera samlingsgrunnlaget millom målrørsla og arbeidsrrørsla. Arbeidarrørsla fekk den målpolitiske makti, men ho ana djupast sett ikkje kvifor ho skulde ha henne.

Eit anna viktigt tilhøve som hev vore undervurdert og lite umskrive er målpolitikken og kringkastingi. Målmannen Olav Midttun var riksprogramsjef i NRK i 1934. Dette førde med seg umfattande aksjonar frå riksmålsfolk. 100.000 protestar og vel so det vart samla inn mot Midttun, og målrørsla vart tvinga til å gjeva avkall på høgnorsken og i-endingane pg.a. dette, meiner Hans Fredrik Dahl. Samnorskpolitikken vart fyrst trumfa gjenom med utgangspunkt i NRK. Eg viser her til Hans Fredrik Dahl, 1975.

Endå eit viktigt moment er knytt til målpolitiske alliansar. På riksplan laut målfolk argumentera og underbyggja viktige måltiltak som Det norske teatret og Samlaget. Mange gonger må dei som arbeidde med desse tiltaki ha kjent seg sterkt underlegne andsynes dei norskdanske som dei laut samarbeida med. Sigmund Skard hev fleire stader skrive um kor lukkeleg han kjende seg då Shakespeare-umsetjingane til Samlaget kom i butikkvindaugo i Oslo mot slutten av 1930-åri. Endeleg var det råd å få aksept for stor kultur utan at ein måtte taka umsyn til den evindelege målstriden, slær Skard fast. Me kann berre tenkja oss til kor mange vonbrot som låg attum arbeidet med nynorske bokutgjevingar generelt. Med eit slikt press på seg var det ikkje rart at målbrigdesaki kunde tvingast fram frå den sterkaste parten.

Målpolitiske alliansar, målet i NRK, språkplanleggjingstradisjonen og Kohts tilhøve til Arbeidarpartiet var alle viktige faktorar i det målpolitiske maktspelet som høyrer til målbrigdet i 1938.

Ivar Aasen forklarar i ordboka si at «Tveit» i nokre bygder tyder «Grasplet mellem Skov eller Klipper». I vårt tilfelle høver det nok betre saman med tydinga av det angelsaksiske verbet pwitan= skjera i frå, skjera i fleire stykke. Altså ein frådelt jordpart. Tveiten må soleis ha vore ein part av ein mykje større gard- truleg Alver. I innleiinga til N.G. heiter det at Tveit «findes ikke som navn paa Island eller i de vestlige Norske kolonier, men er i Vikingetiden overført til Nordengland fra Danmark», og vert der no skrive «Thwaite».

Erstad

Tradisjonell uttale er : **Ærrste**. Her og er eldste skriftform kjend frå Bergens Kalvskinn ca 1350: i **Ærfstaudum**- seinare skrive **Erstaid** (1567) og **Erstad** (1610-1723). Endinga «um» i skriftforma frå 1350 fortel at me har å gjera med eit namn i fleirtal- her i dativ, men korkje den eldste eller dei seinare skriftformene forklarar seiemåten med endinga - ste. Me lyt difor leita andre stader.

Her eg bur, på grensa mellom Alversund og Seimsoknæ, har me alltid og utan problem skilt mellom **Ærrste** og **Mångstå**. For nokre år sidan tok eg til å undra meg over mangelen på samanheng mellom skrivemåtar og uttalen av stadnamna våre. Noko av det første eg då søkte etter, var skildnaden på **-ste** og - **stå**-endingane i namn som elles overalt er skrivne **-stad**. Og den som leitar han finn.

I innleiinga til N.G. heiter det om dei omlag 2500 - **stadir-**namna i Noreg, at dei over storparten av landet no vert uttalla - sta, men at det i «Hardanger; på Voss og i den nordenfor Bergen liggende Del af Nordhordland udtales - **stå** (på nogle Steder i Nordhordland dog- ste). Desse er her nemnde soknevis:

I Alversund:	Erstad	uttala ærrste
I Manger:	Kolstad	uttala kållste
i Meland:	Brakstad	uttala brakkste
	Erstad	uttala ærrste
	Bjørnestad	uttala bjødneste
	Sakstad	uttala sakkste
	Gaustad	uttala gausste

Som me ser her framføre, manglar det oppgåver for skrivemåten for «vårt» **ærrste** mellom 1350 og 1567. Men det finst for dei andre som er nemnde her, og mellom 1510 og 1550 er følgjande skrivemåtar brukte: **Kullste- Brackestedt- Bjennestet-Saxeste**, og i 1667 heiter det **Øfre og Nere Saxte.**

Dette er henta frå N.G. band 11. I tillegg kan det vera verd å ta med at i «Bergens Jordebok 1590» er nemnd at dei Indre Sæbø betalte skatt «aff Grimstedt øde». I «Øydejorder» - 1925- s. 24 skriv J. Litleskare: «På austsida av Suvfjedle (Varen) uppføre Kviste i Sæbe sokn er Grimste, eit markastykkje som høyrde til Indre Sæbe, endå Ytre Sæbe ligg imillom. Der syner etter gamall rudning. Frå Grimste kjem ein til sjøs i Grimstevikane (indre og ytre).»

Overgangen - **stadir- ste** forklarar N.G. b.11, s 363 med at først fall - d- ut, så fall-r, og -i - gjekk over til -e: **stadir- stair- stae- ste.**

Dette meiner M. Olsen det er belegg for i ei samanlikning med skrivemåtar i eit brev frå Hardanger i 1338, der gammalnorsk- svaradi er skrive- suarae.

Same kva årsaka var, så er det ingen andre enn Nordhordlandsstrilane som har halde oppe den gamalnorske skildnaden mellom fleirtal nominaiv - stadir/-ste og fleirtal dativ - stadum/-stå.

Mellom dei omlag 2500 overleverte - stadir-namna frå mellomalderen, **finst endinga- ste berre i desse sju namna i Nordhordland** (pluss Grimstedt). Det er såleis berre i Nordhordland dei kan vernast om og takast vare på.

I festlege høve syng me «dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil tru». I dei same festlege høve høyrer me festlege utsegner om kulturarv og kulturvern.

Det er etter mitt syn berre skrivemåte i samsvar med den lokalt nedervde talemåten som kan sikra at etterkomarane våre ber vidare ein 6-7 hundreårig ubroten tradisjon.

Og det hastar, for «lydtrykket» frå skrifta har dei siste 30 åra langt på veg overdøyvd den lokale talemålstradisjonen- særleg når det gjeld uttalen av stadnamn.

Johan Litleskare

Berga liv med rask reaksjon

Brannfolk kan lett verta utsette for kritikk om noko går gale. Då kan det vera greitt også å ta med seg skryt for innsatsen som vert gjort. — Rask reaksjon frå Lindås brannvern berga livet til ein ungdom som sat fatsklemt i bilen som brann i Eikefet-tunnelen i desember. Denne tilbakemeldinga har brannvernet fått frå Direktoratet for Brann og Eksplosjonsvern. Truleg var det berre nokre få minutt om å gjera at ungdommen vart berga.

Det var ein ungdom på kring 20 år som sat fastklemt i bilen. Brannvernet fekk først melding om at det ikkje var nokon i bilen, men oppdaga ungdommen som sat fastklemt då dei sløkte den ulmande brannen. Etterpå vart ungdomen frigjort og sendt på sjukehus. Han var medvitlaus etter røykskadar og måtte i trykkammer. No er ungdommen utskriven frå sjukehuset og har kome frå uhellet utan varige skadar.

Heidra som verneombod



Oddvar Haugland (biletet) vart måndag heidra for ni års innsats som hovudverneombod i Lindås kommune. Frå dei tilsette sine seks organisasjonar fekk Haugland ei bok i gåve for lang og tru teneste.

Leif-Atle Træland har frå nyttår overtatt vervet som hovudverneombod.

NAF-kvinnedag

I dag er det kvinnedag i NAF (Norges Automobil-forbund). Alle NAF sine teststasjonar skal vera reserverte for kvinner.

Organsiasjonen oppmodar kvinnelege bilfrørarar om å ta med seg bilen og oppsøkja nærmaste teststasjon for tryggleikstest. På denne måten vonar NAF å få avverga ein del havari som skudast feil og skadar som lett kan utbetrast.

Kampanjedagen er eitt av mange tiltak mot trafikkulukker som skuldast dårlege bilar. Mange kvinner kjører dei eldste og dårlegast vedlikehaldne biland, ofte av økonomiske årsaker.

Sterk trafikkauke over Oppedal

Ferjetrafikken over sambandet Oppedal-Lavik auka sterkt i 1995. I alt frakta sambandet 8,9 prosent fleire bilar enn året før.


Ruta Rutledal- Rysjedalsvika-Krakhella auka med 5,4 prosent. Begge desse sambanda auka meir enn gjennomsnittet for ferjesambanda i fylket, som hadde ein auke på 2,1 prosent.

I november og desember var det ein liten nedgang i trafikken, 3.1 i minus for Lavik-Oppedal sitt vedkomande.

Namn i Meland — ny episode

Er det tre eller fire måtar å uttala namnet på staden som ligg ytst ut mot havet i Meland kommune på? Og må innbyggjarane på Sagstad ha hjelp frå logoped? Stadig like forvirra? Ikkje etter denne vekas episode om stadnamn i Meland.

Av BRITT-INGER NYGÅRD



Må Jostein Sagstad og dei andre innbyggjarane på Sagstad ha hjelp frå logoped for at uttalepraksis skal stemma med teorien til ekspertane?

Meland kommune har fått mange merknader til framlegga om endring av stadnamn Somme av dei er meir utdjupande enn andre, og somme følgjer det lange underskriftslister med. Det som er sikkert, er at folk er engasjerte.

TRE ELLER FIRE?

Om namneforma «Skjeljanger» har kommunen fått fleire merknader.

Lærarpersonalet ved Sagstad skule meiner at det er tre uttalemåtar på dette namet: skjelanger, skjellanger eller skjeljong. Framlegget til namnekonsulenten vert ikkje brukt i dialekten, skriv dei.

Redaksjonsnemnda for bygdebok i Meland meiner at det er fire uttalemåtar: sjeljång, sjælljång, sjelanger og sjællanger. Nemnda gjer framlegg om å gå inn for «Skjelanger», eit kompromiss som både tek omsyn til uttaletradisjon og ulike skrivemåtar.

Grunneigarane på Skjelanger skriv ingenting om kor mange uttalemåtar namnet har, men at dei er irriterte over denne j-en, som dei meiner ikkje høyrer heime der, og krev at han vert fjerna.

MULIGENS

Lengste merknaden kjem frå Jostein Sagstad, som ikkje vil at forma «Sagstad» skal endrast til «Sakstad». Han viser til at namnekonsulentane grunngjev endringa med at det muligens har budd ein person med namnet Saxi på staden. Dette er ikkje sikrare enn at det også muligens har vore eitt eller fleire sagbruk der, meiner han.

LOGOPED?

Jostein Sagstad tilbakeviser også teorien frå lydlæra om at når ein stemt lyd - som i dette tilfellet ein g - kjem framfor ein ustemt lyd - som i dette tilfellet ein s, vert den stemte lyden - altså g-en - automatisk ustemt - altså k. Slik seier ein det ikkje på Sagstad, seier Sagstad. Kanskje treng han og dei andre som bur der, hjelp frå ein logoped - slik at praksis skal stemma med teorien til ekspertane?

SAKSTAD OK?

Lærarpersonalet ved Sagstad skule har ikkje nemnt endringa frå «Sagstad» til «Sakstad» med eit ord i merknaden sin. Dette skulle då tyda på at dei støttar namnekonsulenten og ikkje innbyggjarane på staden som skulen har namnet sitt etter.

Om Øvre og Nedre Tveit (ubunden form) uttalar dei seg derimot, og meiner dette verkar underleg og inkonsekvent på bakgrunn av utgreiinga til støtte for bunden form i hankjønnsord. Dei viser til at folk på staden brukar formene «Tveiten» og «Nertveiten».

— ALT ER BETRE ENN -NA

Lærarane seier også at formene «Holsnøyna» og «Flatøyna» bryt med talemålet og må heller skrivast i samsvar med rettskrivingsreglar - altså Holsnøy og Flatøy. Dei går heller ikkje inn for æ-ending, men tykkjer at «alt er betre enn framlegget til namnekonsulenten».

Redaksjonsnemnda for bygdebok i Meland går også mot at forma «Flatøy» vert endra til «Flatøyna». Når det ikkje er høve til å skriva «Flatøynæ» med æ-ending i bunden form, bør ein heller bruka den ubundne forma Flatøy, meiner nemnda. Årsaka til dette er at korkje a- eller i-ending i bunden form er brukt i dialekten.

Flatøy bygdelag har også samla underskrifter frå folk som går imot at Flatøy vert endra til «Flatøyna».

Den bokmålsprega forma «nordre» framføre Ådland vil bygdeboknemnda ha endra til «nore», som er mest i tråd med dialekten.

Meland lag av Norges Blindeforbund meiner det ikkje er tilstrekkeleg logisk grunngjeving for fleire av endringane, og at det vil verta vanskeleg å stadig måtta skilja mellom stad- og personnamn.

Kurt Valde har på vegner av «dei som bur på Valde» bede om at namneforma «Valde» ikkje vert endra til «Vollo». Han grunngjev dette med at ingen som no bur her - heller ikkje dei eldste - kan hugsa at denne forma har vore brukt.

Om forma «Skarpeneset» har kommunen fått éin protest. Den er underskriven av Sigurd Skarpenes og Bjørg Skarpenes, som vil halda på den ubundne forma «Skarpenes».

Norsk språkråd minnest Ivar Aasen

Norsk språkråd er ein av mange institusjonar som markerer Ivar Aasen-året 1996. Saman med Det Norske Teatret og Bokklubben Dagens Bok er Språkrådet sponsor for eit bokmonument til ære for Ivar Aasen på Jernbanetorget i Oslo. Det vel tre meter høge monument viser tre bøker. Fundamentet er Ivar Aasens «Det norske Folkesprogs Grammatik» og «Ordbog over det norske Folkesprog». På desse bøkene kviler ein moderne roman.

Seinare i år minnest Norsk språkråd Ivar Aasen med eit særnummer av tidsskriftet Språknytt.

Artikkelforfattarane kjem frå inn- og utland. Dansken Jørn Lund skriv til dømes: «Aasens virke har som ringe i vand sat sig spor, ikke kun i landsmål og nynorsk, men også i bokmål. Man kan, hvis man har mod til det og er på passende afstand af norske kolleger, have sine tvivl om, hvorvidt der eksisterer to norske skriftsprog om 100 år. Men man kan ikke anfægte den kendsgerning, at opkomsten af et dialektbasert alternativ har fået konsekvenser for begge målformer.»

Norsk språkråd vart skipa i 1971 og er statens rådgjevande organ i spørsmål som gjeld norsk språk. Språkrådet skal mellom anna verne om den kulturen som norsk skriftspråk og talemål representerer, fremje tiltak som kan auke kunnskapen om norsk språk, og fremje toleranse og gjensidig respekt mellom alle som brukar norsk språk i ulike variantar.

ORDSKIFTE

Meiningsmålingar og språk

Norsk språkråd fekk før jul Norsk Gallup Institutt til å utføre ei meiningsmåling om skrivemåtane av landsnamnet vårt i nynorsk – presentert i Dag og Tid nr. 47 og kommentert av Randi Alsnes i Kringkastingsringen i nr. 50. Denne målinga er den første i sitt slag (så vidt eg kan minnas no) sidan Riksmålsforbundet fekk målt folks haldningar til «forbodet» mot riksmålsformer i sekstiåra.

Presedensen var kanskje ikkje heilt god, for riksmålsgallupen fekk kvass kritikk den gongen, blant anna for bruk av leiande spørsmål. Kan det rettas liknande kritikk denne gongen?

For å sjå det, treng vi først ei meir systematisk oppsummering av innhaldet i målinga enn DT og Alsnes gir.

Det første spørsmålet går til eit generelt utval av befolkninga, og lyder: «Når du skal skrive i private sammenhenger – benytter du da som regel nynorsk, som regel bokmål/riksmål eller begge deler?»

Svarprosenten er 87 bokmål/riksmål, 7,4 nynorsk og 5,0 begge delar. Deler vi det opp geografisk, finn vi at regionen Oslo/Akershus har 0,9 nynorsk og 1,2 begge, «Rest Østland» har 3,8 og 4,3, Trøndelag/Nord-Norge har 1,8 og 2,3, mens «Sør-/Vestland» har 18,9 og 10,2. Altså: «Kjerneregionen» har nesten dobbelt så mange reint nynorske som «begge delar», mens dei andre har litt høgare andel «begge» enn «nynorsk». Det er rimeleg å tru at kategorien «begge» mest består av folk med nynorskbakgrunn som har flytta inn i bokmålsdistrikt, mens dei «reine» nynorskfolka mest er å finne i dei relativt homogene nynorsksamfunna i «kjerneområdet». Det er grunn til å tru at folk med bokmålsbakgrunn som svarer «begge delar» utgjer eit forsvinnande mindretal. Altså kan vi med godt samvett rekne både kategoriane «nynorsk» og «begge delar» som reelle nynorskbrukarar.

Då får vi 12,4 prosent nynorskbrukarar totalt, altså om lag ein halv million. Det er ikkje noe dårleg resultat, sjølv om det ligg ein del under skolemålsprosenten. Men å vente noe anna, veit alle vil vere heilt urealistisk. Dette er faktisk noe av det viktigaste ved denne undersøkinga: Det er første gong på lenge at ei slik måling har vore gjort. Eg kan minnas at eg i syttiåra las om ei tilsvarande måling basert på kor mange som kravde sjølvmeldinga på nynorsk, og prosenten låg da på om lag 13. Det tyder på stor stabilitet i denne perioden. Det er framleis nesten dobbelt så mange

YTRING

nynorskbrukarar som islendingar, til dømes.

Alle dei følgjande spørsmåla, som gjeld *Noreg/Norge*, er berre stilt til kategoriane «nynorsk» og «begge delar». Det er altså blant desse at jamstilling av *Noreg* og *Norge* samlar ein oppslutnad på 70,8 prosent, mens berre 19,9 prosent vil ha *Noreg* obligatorisk som no.

Sidan Noregs Mållag og Kringkastingsringen har gått så massivt inn for «Noreg som eineform»-lina, og ikkje vil omvurdere standpunktet sitt, har dei to reaksjonsmåtar å velje mellom. Den eine er den Olav Randen målber i intervju med DT nr. 47, altså å godta resultatet, men stå fast på at mindretalet har rett og at vi eigentleg har «rekna med» dette heile tida. Den andre er å dra granskinga i tvil, som Alsnes prøver. Det er unekteleg sunt med skepsis i slike samanhengar, men også skepsis må ha noenlunde solide argument å bygge på. Alsnes har knapt det i dette tilfellet.

Ho peikar på at spørsmåla er stilt på bokmål, og at det kan ha påverka folk til å svare meir «bokmålsvennleg» enn dei elles ville ha gjort. Men verken ho eller eg veit vel korleis dette faktisk har gått føre seg; at spørsmåla er *skrivne* på bokmål, treng ikkje bety at dei er *stilte* på bokmål. Dei få gongene eg er blitt meiningsmålt, har spørjaren brukt ei ikkje-austnorsk dialekt, sjølv om det skjedde i tjukkaste Oslo, og sjølv om ho hadde eit bokmålsførelegg. Vel så viktig er det at dette spørsmålet blir innleidd av ei rekke andre spørsmål som utgjer premissar for konklusjonen. Svararen blir spurt om å ta stilling til desse utsegnene:

«Hvis «NORGE» blir likestilt med «NOREG», vil:
– (1) nynorsk passe bedre sammen med talemålet til mange som benytter nynorsk.
– (2) «NOREG» ikke lenger bli benyttet på frimerker, pengesedler og i navn på statlige institusjoner.
– (3) formen «NOREG» etter hvert bli borte.
– (4) vi etter hvert få ett navn på landet vårt.
(5) Hvis «NOREG» går ut av bruk, mister nynorsk et viktig symbolord.»

Ein ser at av fem påstandar er den første positivt ladd, dei to følgjande meir negativt, den fjerde positiv eller kanskje nøytral, den siste igjen sterkt negativt ladd. Eg vil seie at desse påstandane i utgangspunktet *mest* vil styre svararen i retning av *Noreg* som eineform, særleg den siste, som ein skulle tru ville påverke impulsive og lite bevisste svararar mest sidan hovudspørsmålet følgjer rett etter.

Eg trur Språkrådet og Norsk Gallup har gjort sitt beste for å fordele slagsida på begge sider, og har nemnt motstridande argument nettopp for å unngå lettvinte impulssvar. Men ei viktig feilkjelde har dei ikkje greidd å unngå: Svararen får *ikkje lov å seie seg usamd* i desse påstandane. I staden må han/ho svare på om kvar enkelt påstand er ein «positiv konsekvens» eller ein «negativ konsekvens» – det tredje alternativet er «spiller ingen rolle». Det viser seg da at mens konsekvens 1 og særleg 4 blir klart positivt vurdert, dominerer «spiller ingen rolle» ved påstand 2. Derimot blir konsekvens 3 og 5 klart negativt vurdert, men også her svarer over ein tredjedel «spiller ingen rolle».

Språkrådet har sjølvsagt gode grunnar for å meine at desse konsekvensane av å jamstille *Norge* er uunngåelege, men det hadde likevel hatt interesse å få målt om denne determinismen blir delt av folk flest. Slik det er, verkar også dette som ei styring i retning av *Noreg* som eineform – eller kanskje helst i retning av eit «veit ikkje»-svar, sidan svararane så uttrykkeleg blir gjort merksame på at saka har fleire sider og altså er problematisk. Eg vil altså hevde at slagsida *mest* ligg på motsett side av det Alsnes vil ha det til, og at vi da må gå ut ifrå at folk faktisk meiner det målinga viser at dei meiner når dei likevel konkluderer så klart som dei gjer.

Andre interessante detaljar finn vi òg. Fleirtalet for jamstilling er større i kjerneområdet enn i «diasporaen»: 73,1 prosent på Sør- og Vestlandet vil ha jamstilling, 18,1 prosent berre *Noreg*. Dei tilsvarande tala for Oslo/Akershus er 64,1 mot 25,7, for «Rest Østland» 63,5 mot 24,9, og for det nordafjelske 68,7 mot 22,4. Det passar godt med resultata for variablane «nynorsk» og «begge deler»: Fleirtalet for jamstilling er større blant dei som berre bruker nynorsk (73,1 mot 19,0) enn i «begge deler»-gruppa (67,4 mot 21,3). Dette går tvert imot Alsnes sine resonnement. Når det gjeld alder og utdanning, ser det ut til at jamstillingstanken står sterkast blant 30- og 40-åringane og folk med vidaregåande skole, mens dei yngste og dei eldste og dei med berre grunnskole er noe meir reserverte – men inga gruppe har mindre enn 67 prosent for jamstilling eller meir enn 26 prosent for obligatorisk *Noreg*.

Så langt sjølve undersøkinga. Olav Randen verkar litt snurt fordi Språkrådet i det heile har tatt dette initiativet. Da er det lett å skåre billege poeng ved å spørje kven Noregs Mållag ønskjer å representere, og korfor det er så uinteressant for laget kva desse meiner i eit slikt ideologisk sentralt spørsmål. Men det er også rett å vere på vakt mot den haldninga at meiningsmålingar kan løyse alle problem. Både normerings- og rettigheitsspørsmål er så fagleg innfløkte og rører ved så prinsipielle spørsmål at dei ikkje godt kan avgjeras på denne måten. Men her har vi ei spesiell sak som ikkje har konsekvensar for den generelle språknormeringa, og som er blitt ideologisert ved at somme har freista å gjere *Noreg* til eit viktig symbol for nynorsken og dermed for identiteten til kvar enkelt nynorskbrukar. Da har det interesse å få vite kva vanlege nynorskbrukarar eigentleg tenker om dette.

Målinga set fingeren på noe som både NM og Kringkastingsringen burde sjå på som eit kjempeproblem, nemleg ei haldningskløft mellom dei meinige nynorskbrukarane og «eliten», dei aktivistane som driv rørslene. Dei burde vere takksame for å få avdekt dette problemet, slik at dei kan få gjort noe med det. Enten målrørsla skal ha som hovudmålsetting å vinne nytt land («nynorsk som einaste riksmål») eller å halde på det vi har («tospråkslina»), så er denne kløfta eit faresignal – som verken NM eller Ringen så langt tar alvorleg. Tvertimot: Alsnes framhevar den meiningsmålinga Ringen hadde i fjor blant sine eigne medlemmer – ei rein «elitemåling» som viste om lag dei same prosenttala som gallupmålinga, berre med motsett forteikn. Her vart berre dei som var engasjerte nok til sjølv aktivt å sende inn svar, medrekna. Alsnes ser ut til å rekne det som ein styrke at målinga selekterer dei bevisste og reflekterte, og at dei «likesæle» (altså alle dei andre) ikkje er noe å rekne med. Om denne haldninga rår også i ein så tung organisasjon som Noregs Mållag, kan det gi dystre perspektiv. Dei «likesæle» (som likevel ikkje er likesæle nok til å gå over til bokmål) utgjer det vatnet nynorsken pustar i – utan dei blir han redusert til ein intellektuell leik.

Som sagt viser målinga at nynorsken demografisk sett ikkje er svekka på dei siste tjue åra; vi har framleis eit grunnfjell å bygge på. Det sentrale temaet for målrørsla er korleis ein best skal halde fast på og om muleg utvide det. Det ser ut til at dette grunnfjellet kan greie seg bra utan *Noreg* som symbol. Er «eliten» veikare?

Lars S. Vikør



Namne-forma Noreg

YTRING

Ser vi på ein globus eller på eit kart over Nord-Europa, må vi undrast kvifor det vart eit land av det området som heiter Noreg eller Norge. Få land er så merkelege på skap. Landet er fleire hundre mil langt og nokre kilometer breitt på det smalaste. Kvifor er ikkje den skandinaviske halvøya delt på ein annan måte, til dømes med ei grense på tvers frå Trondheimsfjorden til Østersund og Sundsvall, kan vi spørje.

Svaret må vere at dei som budde i dette området den tid grensene vart til, hadde noko felles. Det våre formødrer og -fedrar hadde i hop, var kysten, fisken og sjøvegen mot nord. Difor fekk området deira det illustrerande namnet Nordveg, vegen mot nord På 800-talet vart det skrive Nordweg og Norwegia.

Framleis er det knapt noko som karakteriserer dette rare, avlange landet på ein betre måte enn at det er ein veg mot nord.

I mange språk kjem tydinga Nordveg fram. Såleis Norway på engelsk og Norwegen på tysk. Det norske landsnamnet har derimot vorte endra til Noreg eller Norig og på grunn av hopehavet med danskane til Norge.

Noreg ligg så nær det opphavlege Nordveg at det er lett å skjøne. Kanskje vil etterkomarane våre setje inn ein v og skrive Norveg, slik at tydinga kjem endå betre fram. Norge derimot, framstår for folk som ei samling bokstavar utan forståeleg innhald.

Til no har Noreg vore eineform i nynorsk og Norge i bokmål. Denne ordninga har gjort at styresmaktene må bruke begge namneformene om dei reelt vil jamstelle skriftmåla våre. Men til årsmøtet i Norsk språkråd 18. og 19. januar ligg det føre eit framlegg om at formene Noreg og Norge skal stellast likt i nynorsk. Norsk språkråd er det offentlege organet som steller med rettskrivingsendringar.

Om formene hadde vorte jamstelte også i bokmål, hadde eg ikkje hatt innvendingar. For då ville begge framleis bli brukte, liksom finnane skriv både Suomi og Finland og belgiarane både Belgique og Belgie. Men resultatet av ei jamstelling i nynorsk og Norge som eineform i bokmål vil bli at forma Noreg forsvinn frå offentleg liv. På frimerke, pengesetlar, pass og skilt vil styresmaktene velje det landsnamnet som er likt og berre det. I NRK og i lærebøker vil namnet Norge bli einerådande.

Altså blir det karakteriserande og gode namnet på landet borte. Vi sit att med ei samling bokstavar utan forståeleg innhald.

Olav Randen,
leiar i Noregs Mållag

3. reviderte opplag.
Rykende fersk 1996-utgave!
NÅ 35 000!



Alle har hørt om Internett. Mange er forvirret, men ikke etter å ha lest vår spennende og lærerike innføringsbok:

Roy T. Hovdan
Bli kjent med
Internett

I bokhandelen nå Kr 63,-
Heftet Illustrert 112 sider

EXLEX FORLAG
– bøker som blir lest

ORDSKIFTE


«Steine» journalistar

Johan Brox fekk fint fram på midtsidene i Dag og Tid 50/95 (Incest i Akersgata) kva vi har å balast med her på berget. Dette Akersgatas parlament gjev seg utslag i så mange ting. Av og til skulle ein tru at desse folka var steintulne! Sjå berre på alt oppstyret det har blitt utav folkegåva til kongen. Brulegging av Slottsplassen til 16 millionar! (Administrasjonsutgifter 4 millionar?) Visst har vi nok stein i Noreg og visst er det ei skam at denne ressursen ikkje har blitt utnytta betre enn han er.

Men, det må vere måte på alt. Når dette blir heva eit stykke opp og også blir eit heitt tema i radio og fjernsyn. Ja, det går an å bli republikanar av mindre! I staden for brulegging må vi få ei skrinlegging av heile saka. Snarast.

Er desse Oslo-journalistane så «steine» at dei berre ravar rundt i eigne sirklar og ikkje maktar å få med seg vidare vyar????

Terje Linge, Valldal



STORTINGETS ADMINISTRASJON
INGENIØR
TEKNISK SEKSJON

Seksjonens tekniske gruppe bestående av 5 personer, har blant annet drift og vedlikehold av Stortingsbygningenes sterkstrømsinstallasjoner, heiser, ventilasjon, kjøleanlegg, varme- og sanitæranlegg. I gruppen er det ledig stilling hvor arbeidsområdet vil være praktiske oppgaver vedrørende varme/ventilasjonssystem, kjøleanlegg og sanitæranlegg.

Stillingen er pålagt turnustjeneste som betinger at stillingsinnehaveren også må ivareta tilsyn/utbedring av bygningenes ivrige tekniske anlegg.


Vi søker en person med teoretiske og praktiske kunnskaper innen ovennevnte fag med utvidede kunnskaper for kjøleinstallasjoner. Stillingsinnehaver bør kunne forstå byggtekniske tegninger og ha kjennskap til EDB-baserte styringssystemer.

Stillingen lønnes i ltr. 15–29, p.t. kr 161 531,- – 210 931,- pr. år. samt ltr. 19 på tilleggsregulativet kr 15 200,- pr. år. Fra lønnen trekkes 2 % innskudd til Statens Pensjonskasse.

For stillingen gjelder 6 måneders prøvetid.

Nærmere opplysninger om stillingen kan fås ved henvendelse til overingeniør Olav Bergem, tlf. 22 31 37 10 eller avdelingsingeniør Odd Sørensen, tlf. 22 31 37 11.

Søknad vedlagt bekreftede kopier av attester og vitnemål sendes Stortingets personalseksjon, Karl Johans gt. 22, 0026 OSLO **innen 1. februar 1996.**



STORTINGETS ADMINISTRASJON
BETJENTER

I Stortingets betjentkorps er det ledig 1 fast stilling og 3 vikariater som betjent.

For den faste stillingen og et vikariat på 6 mdr. omfatter arbeidet bl.a. resepsjonstjenesten og omvisning av skoleklasser og andre grupper på norsk og engelsk.

For de to øvrige vikariatene ut året 1996 omfatter arbeidet intern/ekstern postbehandling. Det er ønskelig med erfaring fra postbehandling.

For alle stillingene kreves god allmennutdanning, minst videregående skole og gode engelskkunnskaper. Det er ønskelig med kunnskap om EDB/Microsoft Windows og Word. Det legges stor vekt på serviceinnstilling, evne til fleksibilitet og samarbeid.

Stillingene lønnes i ltr. 5–19 avhengig av tidligere praksis, p.t. kr 136 631,- – kr 175 131,- pr. år samt ltr. 13 på tilleggsregulativet, p.t. kr 10 400,- pr. år for pålagt turnustjeneste.


Søkere bes anføre om de som søker den faste stillingen også er søkere til vikariatene.

Nærmere opplysninger ved henvendelse til betjentleder Bjørn Borgen, tlf. 22 31 31 69 eller ass. betjentleder Arne Arnesen, tlf. 22 31 34 61.

Søknad vedlagt bekreftede kopier av attester og vitnemål sendes Stortingets personalseksjon, Karl Johans gt. 22, 0026 Oslo **innen 24. januar 1996.**

Noko om strutsar og akademikarar

Professor Kjell Venås liker ikkje tanken på å jamstelle namneformene Noreg og Norge i nynorsk. Det er greitt. Fullt så greitt er det ikkje at han stikk hovudet i sanden som ein struts.



YTRING

Ei meiningsmåling om landsnamnet har fått Venås til å øse seg opp. Han set ikkje pris på at eg bruker meiningsmålinga som grunnlag for å skrive at det er om lag 500.000 nynorskbrukarar i Noreg. Og han liker iallfall ikkje at meiningsmålinga viser eit stort fleirtal blant nynorskbrukarane for å jamstelle namneformene «Noreg» og «Norge».

Kor mange?

Det er strutsen som talar med nebbet fullt av sand når Venås hevdar at det er all grunn til å ta avstand frå resultatet av denne meiningsmålinga – både når det gjeld det målinga viser om kor mange nynorskbrukarar det er her til lands, og kor mange av nynorskbrukarane som synest det er greitt at namneformene «Noreg» og «Norge» blir jamstelte.

Det som gjer at Venås trekkjer den drepande konklusjonen, er at han har talt med **ein** av dei over 4000 nordmennene som vart intervjua i denne undersøkinga. Det er noko til metode, det!

Hadde professor Venås teke seg tid til å ringje til Norsk Gallup Institutt før han skreiv til Dag og Tid, ville han kanskje ha tenkt seg om enda ein gong før han parkerte fornufta og let kjenslene og trua ta over.

Rett bilete

Det er nemleg ikkje noko som tyder på at meiningsmålinga gjev eit gale eller urimeleg bilete – korkje av nynorskbruken eller av haldningane til namnespørsmålet. Tvert i mot stadfestar målinga det vi lenge har hatt ein mistanke om, vi som har etter måten brei kontakt med aktive nynorskbrukarar. Når Venås hevdar at ein ikkje kan seia noko om nynorskbruken i Noreg ut frå denne meiningsmålinga, må det vera fordi røyndommen blir for ubehageleg for han.

Det statistiske grunnlaget for målinga er meir enn godt nok for å seia noko om nynorskbruken, og Norsk Gallup Institutt sjølv meiner at feilmarginen på resultatet av dette spørsmålet ikkje er høgare enn pluss/minus **ein** prosent.

Når Venås i tillegg trekkjer fram at skolemålsprosenten har vore heilt oppe i 34,1 prosent i eit forsøk på å underbyggje skepsisen til meiningsmålinga, er det direkte latterleg. Venås veit inderleg godt at skolemålsprosenten på 40-talet iallfall er ubrukeleg til å fortelja noko som helst om nynorskbruken i dag.

Noko undrande les eg òg at eg er glad for at det finst om lag 500.000 nynorskbrukarar. Undrande fordi eg aldri har vore glad for det; enda meir undrande fordi eg aldri har **skrive** at eg er glad for det. Derimot skreiv eg i den omtalte leiaren at «eit språk med så mange brukarar er høgst levande». Poenget mitt er at det ikkje er nokon grunn til å felle dødsdom over nynorsken. Og **det** kan da verkeleg ikkje Venås meine heller.

Riksmål på Lurøy

Derimot er det fare på ferde når sterke mindretalskrefter blant nynorskbrukarane set så mykje tid og energi inn på å hindre at det store fleirtalet av nynorskingane skal få skrive «Norge» utan å skjemmast. Enda verre er det at dyktige akademikarar tek til å fantasere når dei skal tilbakevise resultata av ei meiningsmåling som viser at fleirtalet av oss synest det er greitt om nynorsknormalen opnar for «Norge».

Det er nemleg ikkje slik som Venås hevdar, at dei som ringde for Norsk Gallup Institutt, berre var damer «som brukte riksmål». Mange av dei som ringjer for instituttet er studentar – frå heile landet. Ein tredel av intervjua blir dessutan gjorde frå Lurøy i Nordland. Eg kjenner ikkje til at konsentrasjonen av riksmålsfolk er spesielt stor der.

Det er i høgste grad tvilsamt om Venås har rett når han hevdar at dei spurde svarte at dei var bokmålsbrukarar for å sleppe plagsame spørsmål om landsnamnet på nynorsk frå «ei fin bydame». Problemstillingane om namneformene dukka nemleg ikkje opp før **etter** at dei spurde hadde sagt kva målform dei nyttar. Dei motførestellingane Venås fører til torgs på dette punktet, krev såleis synske nynorskbrukarar. Eg har aldri hatt mistanke om at vi er **det**.

Og berre for å ha nemnt det: Dei spørsmåla som dreidde seg om språkbruk og landsnamn, var del av ei større omnibusundersøking om fleire ulike emne – noko som enda klårare understrekar at det var umogeleg for dei spurde å veta føreåt kva dei kom til å få spørsmål om.

Dummingane

Resultatet av meiningsmålinga har openbert blitt så tungt å svelgje for Kjell Venås at han har måtta bruke tid og krefter på å konstruere opp alle tenkjelege og utenkjelege motførestellingar mot henne. Ja, han blir nesten som Gro Harlem Brundtland den siste tida før folkerøystinga om norsk medlemskap i EU: Ho gjorde alt ho kunne for å bortforklare resultata av alle meiningsmålingane som viste at det var solid fleirtal mot medlemskap, sjølv om vi alle visste, og til sjuande og sist også resultatet av folkerøystinga viste, at meiningsmålingane gav eit nokolunde korrekt bilete av haldningane i Noreg.

Det er sjølvsagt greitt at Venås brenn så sterkt for si sak at han eit lite augeblikk mistar fotfestet i røyndommen. Verre er det å godta at nynorskbrukarane i hans argumentasjon blir dummingar som ikkje er i stand til å forstå dei problemstillingane som vart lagde fram i meiningsmålinga.

Men no har han iallfall fått oss dummingane til å skjøne at spørsmålet om landsnamnet er noko som ikkje kan overlatast til den jamne nynorskbrukaren, som ikkje har vett og forstand til å forstå kva saka dreier seg om, men heller må avgjerast av filologar med innsikt og kunnskap om problemstillinga. **Det** er ein rimeleg og demokratisk framgangsmåte i ei stridssak som gjeld eit språk som smykkar seg med å vera demokratisk.

Audun Skjervøy

Einar Førde og eg

YTRING

I eit innslag på NRK 1, Fjernsynet, 7. januar 1996 hevda ein nynorskbrukande journalist at han hadde fått løyve av Einar Førde til å seie *Norge* på nynorsk, enda ordet er utafor nynorsk rettskriving.

Det er ikkje berre dette Einar Førde har gjeve løyve til. Han har late institusjonen leve i slums slik at dei aldri har klart å knø seg til å bruke det minstemålet av nynorsk (25 prosent) som institusjonen skal.

Det er ei kjent sak at både journalistar og andre ønskjer å gå utafor rettskrivinga også i bokmål. Mitt spørsmål til kringkastingssjefen blir så: Kan dei journalistane som ønskjer det, få lov å bruke *eg* og *ikkje* når dei snakkar bokmål – i staden for dei vanskelege orda *jeg* og *ikke*?

Roger Lockertsen, Oslo

ORDSKIFTE

Norge eller Noreg?

YTRING

Kvifor stiller ein dette spørsmålet? Det burde ikkje vere tvil om kva landet vårt heiter på norsk. Me veit at det heiter Norway på engelsk, Norwegen på tysk, Norvege på fransk, Norge på dansk osv. Men kva heiter det på norsk? Me veit at det heitte Norwegr på norsk ein gong i tida.

Ein kan vanskeleg bortforklare at namnet har noko med veg å gjere (nordveg, vegen mot nord e.l.). Ein kan vel heller ikkje bortforklare at namneforma Norge, som dei fleste nordmenn brukar i dag, kom med det danske språket. Kvifor danskane kom til å skrive Norge kjem gjerne av dansk måte å artikulere på.

Mange menneske hevdar at Norge er det rette, for folk flest seier det slik **på dialekt**. Ja, så banalt kan det sejast. Men det kan då ikkje vere rimeleg rett at eit landsnamn, eit særnamn, med historisk bakgrunn for namnet, skal ha noko med dialekt å gjere. Skriveforma Norge byggjer ikkje på nokon norsk dialekt. Det er seiemåten vår som har teke form etter den danske skrivemåten som bokmålet har halde på.

Då Ivar Aasen forma ut det nye norske skriftspråket på grunnlag av norsk språktradisjon og det som var sams for dei ulike målførevariantane rundt om i landet, tok han òg inn den norske namneforma på landet vårt, men var noko i tvil kva han skulle bruke – Norig eller Noreg – begge avstyttingar av Norwegr, Noregr. Noreg er blitt den nynorske forma.

Me veit korleis mange menneske av rein snobbeskap har motarbeidd nynorsken og dermed landsnamnet Noreg. Dansken hadde fått status som herrespråket og var såleis blitt språket til embetsfolk og maktmenneske, og dette sit nokså fast hos visse menneske også i vår tid. Men kvifor nynorskbrukarar ikkje kan få seg til å bruke Noreg, det fattar eg ikkje. Eg har aldri fått kjennskap til nokon god grunn for å tvihalde på den danske forma. Det kling falskt når elles flinke nynorskbrukarar i media kjem med namnet Norge. Det verkar mest som ein talefeil. Er slike «talefeil» nødvendige, Ingolf Håkon Teigene?

Nå spørst det kva Språkrådet vil tilrå. Vil rådet følgje Noregs Mållag, organisasjonen for det nynorske språket, eller vil rådet følgje fleirtalet av nynorskbrukarane i media, som vil likestille Noreg og Norge – om ein skal tru meiningsmålinga. Kva er mest demokratisk?


Det måtte elles vere interessant å få vite årsakene til at visse nynorskbrukarar ikkje vil bruke Noreg.

Ein veit at folk kan kjøpast, men så ille kan det då vel ikkje vere at dei som hatar grøne 50-lappar, har investert dei på mediefolk.

Nei, lat oss syngje med Ivar Aasen, Gamle Noreg nørdst i grendom er vårt eige ættarland.

Halvdan Furhold

Uturvande framlegg



YTRING

Etter at mediemannen Herbjørn Sørebø gjorde tiltak for at nynorsken skal ta opp bokmålet si form «Norge» attåt Noreg-forma har Norsk språkråd ved hjelp av Norsk Gallup Institutt utført ei meiningsmåling mellom «nynorskbrukarar» med positivt utslag for Sørebø sitt framlegg.

Ei gallupmåling er ein mykje overflatisk popularitetsprøve som ikkje bør gjeva grunn til inngrep i eit nær 60 år gamalt språkpolitisk vedtak. Dersom tilsvarande framgangsmåte hadde vore nytta i samband med tidlegare namnevedtak, vilde truleg bynamna Kristiania, Trondhjem og Fredrikshald framleis stått ved lag.

Den beiske mothugen Noreg-forma tidlegare vart møtt med frå riksmålsfolket har no spakna påtakeleg etter kvart som forma har fått breidare rom innan telegraf- og postverket saman med all statstenesta.

Grunngjevinga for Noreg-forma har venteleg vore at denne forma (Noregr o.l.) var normalnemninga i den gamle kongetida fram til Kalmarmøtet 1397, då dei store omskifta i skandinaviske språk var i full utfalding. Kongetida med Hårfagreætta på truna har som kjent hatt høg status mellom fedrelandshuga borgarar. Ved festlege høve har denne sogebolken gjerne vore framstilt som 500 års norsk gullalder.

Nokon samanhangande fredsperiode var denne gullalderen likevel ikkje, på mellomalders vis hadde det lett for å oppstå strid og blodig våpenbruk. Men det sat norske kongar på Heilag-Olavs truna og det var samanlikninga med den halvt tusen år lange etterfylgjande lydrikebolken som stilte den norrøne epoken i slik stråleglans.

Hopehavet med Danmark førde ikkje til eit liv i herlegdom og æra slik erveprins Christiern hadde lova då han lokka dei norske målsmennene til å godta «bebindelse» med Danmark. Alle vilkår vart fastlagde i Kjøpenhamn, og lydrikestemplet merkast jamt tyngre: hard skattlegging, kongelege avgifter på alt næringsliv.

Ymse mislukka svenskekrigar som fylgje av kongeleg storkarsgalskap førde til leide tap av landområde og mykje blodspilla – for å ta fram einskildtilhøve.

Når det gjeld den norrøne forma for landsnamnet har den rådande synsmåten mellom språkfolk vore at Noreg-namnet viser attende til utgamalt sjøfararspråk i Nordsjølanda, med nemning for leida mot Noregs kystar som «nordrvegr» tilsvarande «vestrvegr» osv. Island hadde Norvegh, men brukar no Noregur. I norske bygder har Noreg-forma både i den lange lydrike-perioden og seinare tapt terreng og er no hovudsakleg å høyra i Telemark og Aust-Agder.

I dansketida var det kansellia i Kjøpenhamn og skrivefolka hjå danske tenestemenn i Noreg som mykje godt stod for dei offisielle namneformene. På den måten oppstod det eit virvar av skrivemåtar for landsnamnet, det er funne meir enn 50 slike. Former som Norrig(e) o.l. har vore mykje vanlege, dessutan Norje, som skal vera parallellform til Norge, no «normalen» i talemålet.

Professor D. A. Seip gjekk i mellomkrigsåra flittig imot nynorskfolka sin godhug for formene Norig og Noreg, avdi han meinte å kunna føra prov for at Norge-forma hadde hatt veksande bruksområde heilt frå Kalmar-unionen – om enn i byrjinga på danske dokument. Mellom norskdomsfolk gjorde no professor Halfdan Koht store «utgreidingar» også i namnespørsmål. Trass i at han stod i fremste lina når det galdt prinsippet om «språk på folkemåls grunn», gjekk han ved førebuinga til rettskrivingsvedtak 1938 med stor ihug inn for Noreg-forma.

Den mest vanlege grunngjevinga for Noreg-forma er kanskje trongen til oppreising/rehabilitering av landsnamnet etter den usæle lydriketida. Resonnementet har vore og er at når me har ei historisk rettkomen norsk namneform vil det ikkje vera noko tap for landet å gjeva avkall på ei namneform som så lenge stod som appendiks i statsomgrepet Danmark-Norge.

Sørebø sitt framlegg tykkjest provoserande og uturvande. Det står kvar borgar fritt å nytta den autoriserte skriftforma av landsnamnet han tykkjer best om – på eige ansvar.

Torkell Norheim,
Bryne

Noreg-Norge

YTRING

Det tok mange år å få statlege organ til å vedkjenna at nynorsk finst, og at det er eit språk som er jamstelt med bokmål. I årevis nekta dei å prenta nynorske frimerke fordi dei meinte at nynorsk skulle neglisjerast. I årevis nekta dei å prenta nynorske pengesetlar fordi nynorsk er stygt og unyttig. I årevis nekta dei å prenta pass med nynorsk tekst fordi nynorsk eigentleg ikkje bør finnast.

Motviljen mot nynorsk er stor i det offentlege. Det er ikkje rett når staten sjølv motset seg å visa at norsk er meir enn bokmål. Men det skjer.

So fekk me nynorske frimerke, pass og pengesetlar. Etter årevis med krangling fekk me tvinga det gjennom. Til slutt hamna det på offentlege dokument, det vesle offentlege symptomet på at nynorsk finst, ordet «Noreg».

Skal me no, etter all denne striden, etter endeleg å ha kome fleire steg på vegen mot offentleg vedkjenning av nynorskens eksistens, skal me no seia at denne kampen var fånyttes og dum? Treng me ikkje lenger at offentlege organ, som skal halda seg til læreboknormalen, skal vera pålagde å vedkjenna at ogso nynorsk finst?

For somme er det kanskje ikkje viktig. Men lat i alle fall oss som føler me har eit skriftmål å kjempa for, oss som føler det er viktig at staten vedkjenner seg nynorsk, lat i alle fall oss få ha det obligatoriske i ordet «Noreg» å visa til neste gong staten nektar å skriva det fordi nynorsk er stygt. So lenge statlege organ nektar å skriva «Noreg», trengst ordet. For når staten nektar å fylgja norsk lov, då er det ikkje språket det er noko gale med, men haldningane.

Meiningsmålingar må ikkje få styra språkpolitikken i landet, me veit korleis dét vil enda.

Jardar E. Abrahamsen,
Trondheim

Om Noreg [Norge]

YTRING

Einfrid Perstølen seier mykje godt om landsnamnet Noreg (Norig) i Dag og Tid for 14. desember 1995. Mellom anna viser ho til romanen «Per Sjøl» av Olav Sletto der dialektordet Nøri er brukt for Noreg.

I den eldre litterære nynorsktradisjonen er det namnet Noreg (Norig) som har festa seg, jamvel om A. O. Vinje stundom nytta forma Norge. Også på hans tid var vel landsnamnet «Norge» vanleg i dei fleste dialektane. Slik skreiv Garborg i «Knudaheibrev» om landsnamnet:

«Det som er visst er, at eg aldri høyrde Tale um Norig i mine fyrste Aar. Han Gamle-Sven, Smeden, kunde vel stundom segja slikt som at det og det fanst det kje Maken til i hele Naari; men slike Gamlingar sagde so mykje rart.

I Kyrkja var eg den 17de Mai 1864, daa det norsk-danske Norig heldt Fridomshelg; men der høyrde eg berre «Norge», som no er teki upp i det jærske Folkemaale med. Seint lærde eg aa skyna at Naari eller Norig var det same som det Norge eg lenger ut i Aari fekk til Lekse i Geografien.»

Så kan ein spørja kva grunnar Garborg (som Ivar Aasen) hadde for å velja forma Norig (Noreg) når ein på Jæren, som elles på Vestlandet, heller sa «Norge». Det var vel helst hans ufolkelege, nasjonalistiske og urealistiske tankar om Noreg som eit kulturland som låg bak, hans fantasiar om «Historisk samanheng», her i dette landet! Dertil syntest han vel at Noreg klang betre enn Norge, til dømes i den nynorske nasjonalsongen «Gud signe Norigs land» – særleg ikkje med ein så kraftfull og energisk-lydande melodi til, som den av Oscar Borg.

Men vi lever ikkje lenger i Garborg-tida. Om forma Noreg framleis tek seg best ut i enkel, naturleg nynorsk normal- og høgprosa (som slett ikkje treng vera like pompøs som den prektige stilen til Sigmund Skard og Halldis Moren Vesaas), så høyrer forma «Norge» heilt naturleg heime i nynorsk lågprosa, gjerne då saman med liknande lågprosaord og uttrykk, som til dømes «ta rotta på», «kødde» osv. Denne «freske», «rampete» og «rå» stilen skal nyleg ha blitt så pop blant enkelte bokmåls-feministar, så om nokre nynorske programmedarbeidarar i NRK eller TV2 meiner dei sjølve har ein viss givnad for ein slik språkbruk og ønskjer å testa han på lydarane/sjåarane, så må dei få lov til det.

Dessutan finst det blant oss nynorskingar ein god del nynorsk-modernistiske og postmodernistiske bygde- og byeuropearar som kjenner seg meir knytte til historier enn til historie og nynorsktradisjon. Dei likar å «kjempa med språket» og skriva noko «grensesprengjande». Set vi «Norge» i klammer som tillaten form, gir vi desse den gleda å kunna sprengja om ikkje grenser, så iallfall klammer. Og det er ikkje lite berre det.

Altså bør vi framleis halda på «Noreg» som hovudform, men også sleppa inn «Norge» som tillaten form i klammer.

Trygve Lande,
Nesttun

ORDSKIFTE

Nynorsken, Norge og Samlaget



YTRING

Både i fjernsyn og aviser er det ein del snakk og skriv om nynorsk for tida. Det blir diskutert om Norge kan vere like bra som Noreg, og det blir spurt om Det Norske Samlaget er godt nok rusta til å ta vare på dei nynorske forfattarane som sender manus til forlaget. Den siste problemstillinga blir reist i intervju med redaksjonssjef Svenn Fosseng i Dag og Tid 11. januar, og personleg synest eg det spørsmålet er det mest interessante. Men nynorsk her heng saman med nynorsk der, så eg vel å rygge meg fram til den mest interessante debatten.

Norge:

I dette avsnittet vil eg ikkje gjere meir enn berre å antyde ein beskrivelse av korleis det kjennest å føre orda sine på det skriftspråket som i dag blir kalla nynorsk. Eg synest ikkje det er noe gale med nynorsken, men det er noe med symbolverdien. Dei fleste skriv bokmål og lever normalt. Dei andre skriv nynorsk og lever så rart. Dei første har andre interesser enn skriftspråket sitt, dei andre har ikkje andre enn skriftspråket sitt. Det er greitt å vere blant dei færraste, men det er noe med symbolverdien. Det finst ikkje nakne og reine ord og område igjen i verda lenger. Ein må slå seg saman med ord som har den rette tilleggsbetydninga, den rette tilleggsverdien. Eg forstår at nynorsk er eit skriftspråk, og eg forstår kvar det kjem frå og alt det der, men det er noe med tilleggsverdien. Ein vanleg muslim og kristen vil seie han er meir enn muslim og kristen. Ein vanleg nynorsking blir borte for godt når han fyller 15-16 år. Anten blir han fanatisk og nervøst opptatt av skriftspråket sitt, eller han byrjar å skrive bokmål. Nå skriv eg Norge fordi noen bestemmarar vil eg skal skrive Noreg. Vanlegvis er eg opptatt av å skrive i samsvar med ordboka, men nå er det symbolverdien eg er ute etter. Ofte bestemmer eg sjølv kva for betydning orda eg anvender er ladd og lasta med. Nå tenkjer eg mest på dette med tilleggsverdien.

Samlaget:

Eg er glad for at vi i Norge har eit forlag som heiter Det Norske Samlaget. Eg er glad for at dette forlaget utelukkande satsar på å gi ut bøker som er skrivne på nynorsk. Eg er glad for at dette forlaget ikkje utelukkande gir ut desse bøkene fordi dei er skrivne på nynorsk.

Eg trur det er mange nynorskingar som ikkje ønskjer å gi ut bøkene sine på Samlaget, eg trur det har noe med tilleggsbetydninga av «Samlaget» og «nynorsk» å gjere. Eg trur desse nynorskingane ikkje ønskjer å bli identifiserte som nynorskingar. Eg trur dei håper å bli oppfatta som forfattarar. Derfor er det godt å sjå at Samlagets redaksjonssjef Svenn Fosseng i intervju i Dag og Tid i førre veke, ser ut til å ønskje at Samlaget skal bety meir for norsk litteratur enn for nynorsken. Etter mi meining var det Fosseng sa til DT i førre veke med på å gi «Samlaget» ei tilleggsbetydning som ikkje rimar på «Noreg» eller «nynorsk», men på litteratur.

Ein av dei flottaste diktdebutantane i fjor heiter Øystein Orten. Boka hans heiter «Havflammen» og liknar på «Steingjerde» som Paal-Helge Haugen gav ut i 1979. Orten har visstnok vore innom Samlaget med manus, men dei ville ikkje ha boka. Dermed debuterte Orten i fjor som Gyldendal-forfattar. Det var dumt for Samlaget, men igjen synest eg haldninga til Fosseng både er rett, raus og riktig. Fosseng seier det er bra at alle dei store forlaga gir ut bøker både på nynorsk og bokmål, og det trur eg han har heilt rett i. Nynorsken er meir enn nok marginalisert og pussiggjort som det er. «I Samlaget trur me meir på oss sjølve enn på andre.», seier Fosseng til DT. Det er bra at Fosseng lit på konsulentapparatet forlaget rår over. Likevel må ikkje Samlaget slutte å drøfte dei strenge kriteria dei vurderer innsendte manus i forhold til. Trass i at ein lit på seg sjølv, er ein ikkje feilfri. Det blir jo dumt viss Samlaget blir sitjande utan nye manus også.

Eg trur Samlaget tener på å markere seg som eit kresent forlag for litteratur. Dei som ikkje er opptatt av litteratur, kan halde fram med å diskutere nynorsken sin. Dei som ikkje er opptatt av diskusjonen, kan halde fram med å skrive nynorsk, viss dei taklar dette med tilleggsverdien.

Atle Christiansen, Kristiansand

Handarbeid og læreplanar

YTRING

Sist helg hengde vi opp ei forseggjord hylle med skuff og profilerte lister. Den laga far min då han gjekk i 2. klasse på realskolen for vel sekstí år sidan. Ei stor, overbrodert sofapute i foreldreheimen minner om den vinteren mor mi gjekk på folkehøgskole. I jula hentar vi fram mang ein duk og løpar som søskena mine og eg broderte lenge før vi var ferdige med folkeskulen. Eit par skistrømper eg strikka til ein bror i gymnastida, ligg i stoppekorga. Dei skal få ny hæl, og kanskje tjue års levetid til.

Sams for desse tinga er at dei er kopierte etter eit mønster. Dei er ikkje uttrykk for sjølvstendig formgjeving. Det dei viser, er at vi – liksom medelevane våre – hadde fått innøvd handlag og teknikk til å laga vanlege bruksting til hus og heim. Som vaksne har vi kunna utnytte dette, også til sjølvstendig formgjeving, når det trengst. Og vi har sett med undring og faktisk litt sorg at barna våre ikkje får den same treninga.

Derimot har i periodar vegger, tak og golv vore pryda med heimførte «ting» til pynt – av papir og papp, leire, gips, pappmaché og stoff. Spreiinga på material og sjangrar er stor, og endå om tinga har sjarm og kan vere dekorative, er det få av dei som kan brukast til noko, og endå færre som er så solide og godt utførte at dei finst om seksti år.

Men det som verre er, er at dei små produsentane etter fullført verk slett ikkje er sikre på at dette kan dei, og dette kan dei gjere om att på eiga hand, heime. Dei har rett og slett ikkje fått nok mengdetrening i grunnlagstamane, som å sy ein jamn saum for hand, å sage ein planke i ei viss vinkel, å halde boret støtt.

Mange foreldre blir glade om formingsfaga får ein læreplan som gjev elevane eit praktisk grunnlag å byggje vidare på. Sjølv har eg ikkje lese noko læreplanutkast, berre debattinnlegg om han. Men dei verkar ikkje roande. For det ser ut til at vi står framfor ei teoretisering av faget, der biletog formkunnskap skal få større plass. Men kva skjer med den praktiske øvinga i å gjere arbeidet og lære teknikkane så dei sit i hovud og hender? Dersom ein må velje mellom teori og praksis – og det må ein, av omsyn til tidsforbruket – vil eg hevde at det er viktigare at skolen lærer barna å strikke ein sokk, sage panel og skifte kontakt i ei lampe enn å forstå perspektiv hos Michelangelo og fargebruk hos Munch. Det siste kan ein lese seg til sidan, men tida for inntrening av tame er barneåra.

I dag er det ingen ting som kostar så mykje som å leige arbeidskraft. «Gjer det sjølv»-rørsla femner høg og låg, og lykkeleg er den husstand der dei vaksne kan sy, strikke og bake, snikre og reparere og mekke. Da er det eit paradoks at basistreninga i dei mest nødvendige tamane er blitt nedprioritert av ein skole som har som uttalt mål å setje elevane i stand til å greie seg best mogleg seinare i livet.

Når ein les læreplandebattar – for alle slag utdanningsinstitusjonar – kan ein av og til få ei kjensle av at det å gjere livet (meir) interessant for lærarane tel like mykje som ei nøktern vurdering av kva elevane har mest bruk for. Det hender ein anar at profesjonskampen rasar i bakgrunnen. Eg vonar vi kan ta det for gjeve at det ikkje gjeld her.

Oddrun Grønvik, Oslo

Gamle Noreg

YTRING

Med 13 mot seks røyster har Norsk språkråd nyss vedteke at forma NORGE skal vera sideform i nynorsk. Dette vil altså seie at hovudforma i læreboknormalen framleis er NOREG, og ho skal brukast både i statstenesta og i lærebøkene i skulen. Det vil altså seia at medarbeidarane i NRK framleis må bruka NOREG. Dette ser rimeleg greitt ut på papiret, og er eit vedtak til å leva med – for filogoane og ein del nynorskbrukarar.

Men i den språkpolitiske kvardagen er det diverre noko annleis. Eg vil hevda ut frå målpolitisk røynsle at **utan** NOREG som eineform i nynorsk så hadde me ikkje kome så langt med mållovsarbeidet som me trass alt har i dag. **NOREG** var og er ei brekkstong for å få nynorsken jamstelt i statstenesta, der særleg pass, pengesetlar og frimerke er nøkkelområde. Også Stortinget slo fast dette då den fyrste stortingsmeldinga om mållova var oppe til drøfting i 1984. Altså er dette eit symbol og ikkje ei rettskrivingssak.

Det politiske signalet som det nye språkrådsvedtaket no gjev til statsinstansane, er at NORGE no kan brukast på nynorsk. Bokmålsavisene og fjernsynet har alt slått det opp såleis, og NORGE er nokså snart eineform i nynorsken i fjernsyn og radio. Hovudform og sideform er eitt feitt for alle desse. Slike er det jamvel blant norskstudentar i dag. Eg er utan illusjonar her og såleis fullviss på at Kulturdepartementet og Språkrådet no – gong på gong – lyt slå fast i eitt og eitt tilfelle i brevs form kva som er gjeldande offisielle hovudform på nynorsk. Sakene kjem altså til å gå att og fram, slik me kjenner det mellom anna frå mange klagesaker i stadnamnarbeidet.

Eg er òg forundra over at språkrådsfleirtalet i nynorskseksjonen her vel å gå beint imot nær på samrøystes landsmøtevedtak for NOREG som eineform i Noregs Mållag og ei medlemsgransking med mest same resultat som Kringkastingsringen gjorde i fjor. Dei politiske røynslene frå språkstriden ligg nemleg mykje samla her. Dette rimar dårleg med det gode samarbeidet som var mellom dei to institusjonane i den innfløkte ordtilfangssaka i 1983-84, då Språkrådet sende heile saka ut på høyring fyrst. Denne gongen laut interesseorganisasjonane koma springande etter. Heller ikkje stadnamnorgana våre har fått uttala seg som sakkunnig instans. Slik sakshandsaming kan ein ikkje ha.

Eg vil òg samstundes hevda ein annan påstand, heller kanskje ei «jungelmållov»: **Så lenge det finst språkundertrykking, er det alltid eitkvart gale med nynorsken.** Det kjennest alltid litt flautt og dumt ut å bruka ord, vendingar og former som «det store VI» ikkje nyttar. Derfor lyt ein spørja seg: Kva blir no det neste?

Olaf Almenningen, Oslo

mål og makt

* Mål og Makt er tidsskriftet åt Studentmållaget i Oslo
* Mål og Makt er det leiande måleoretiske tidsskriftet i målrørsla
* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1995
* Siste nummer utkome i 1995:
  Torbjørn Grønvik: **Om Norsk Bibel 88 på nynorsk**
  Magnar Kartveit: **Mål og makt i Norsk Bibel**
  Hans Bringeland: **Salme 151**
  Roger Dyrøy: **Nynorskbibelen - eit historisk oversyn**
  Kjell Venås: **Talemålet, litteraturen og norma i nynorsk**

❑ Send meg M&M nr. 4/94 **Språk, identitet, nasjonalitet og EU**, 25.-
❑ Send meg M&M nr. 1/95 **Steinar Schjøtt 150 år.**, 25.-
❑ Send meg M&M nr. 2/95 **Økologi. Garborg og Kinck. Norge?**, 25.-
❑ Send meg M&M nr. 3/95 **Det nynorske bibelmålet**, 25,
❑ Eg tingar M&M for 90 kr året.

NAMN:
ADRESSE:
POSTNR: STAD:

Send åt: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 Oslo
Tlf.: 22 36 40 43 Faks: 22 36 40 68

ORDSKIFTE

Folkestyre i forfall

YTRING

I seinare år har styringa meir og meir vorte samla på få hender. Tankane går tilbake til dei gamle folketinga – som Tingvellir på Island. Der hadde kvar einaste fri mann rett til å møta fram og seia si meining.

I vår tid opplever me at folkemeininga vert trakka på. Kven avgjorde kommunesamanslåinga i sekstiåra? Vart veljarane i småkommunane spurde om dei ville gå saman med større by- eller bygdekommunar? Nei, dei fekk stortingsvedtaka tredde nedover hovuda, og me fekk ein byvokster som minner om elefantsykja. Som eit plaster på såret kom bydelsråda, vel å merka utan avgjerdsrett. No lydest det med at dei største byane må ha særleg hjelp av Staten. Dei kan ikkje greia dei tekniske og sosiale problema som melder seg. Vi les at statsråd Berge vil slå saman endå fleire kommunar og fylke. Dermed vert samfunnet endå meir udemokratisk.

Det hardaste slaget mot folkestyret var EØS-vedtaket i 1989. Det var så avgjort mot ånda i Grunnlova og mot folkestyretanken. Ein må undrast at Stortinget kunne gjera så stor ein tabbe. Det rette hadde vore å venta til etter neste val og i mellomtida teke eit grundig ordskifte i kringkasting og presse. Og så kunne alle parti og kandidatar stått fram med sitt syn, og veljarane kunne visst kva dei røysta på. Som det vart, var det reine blindetjuvspelet. Mange tusen hadde røysta annleis om dei hadde visst koss kandidatane kom til å stella seg.

Eit særleg ansvar fell på fleirtalet i KrF, sidan dette partiet kom til å avgjera saka. At 3/4 av folket verkeleg ville ha fri flyt av kapital, varer, arbeidskraft og tenester, det er heilt utruleg. Soga om Askim Gummivarefabrikk hadde kanskje noko å fortelja om at utanlandsk kapital kan kjøpa opp norske verksemder og leggja dei ned.

Fri flyt av varer? Me har opplevd at fyrsteklasses norsk frukt må gå til saftfabrikkane medan utanlandsk frukt fyller butikkane. Med det me veit om bruken av gift til sprøyting må det vera trugsmål mot folkehelsa. Men mykje verre er friare innførsle av alkohol.

Svenske granskarar reknar at alkohol frå EU vil auka alkoholdødsfalla med om lag 5000 der i landet. Og skal me få fri flyt av øl og vin frå EU, må me nok rekne med at EØS-avtalen kjem til å kosta livet til fleire hundre nordmenn. Landa i Sør-Europa ser ikkje på alkoholen som eit helsespørsmål, men som økonomi. Produksjonen av alkohol er så stor at Frankrike, Spania, Portugal og Italia langt på veg kan forsyna heile verda med drikkevarer.

Pengespørsmålet har nok altfor mykje spela med også for våre styresmakter. Før hadde veljarane i ein kommune rett til å nekta eit hotell skjenkjerett. Presset frå næringsinteressene tvinga fram ei lovendring slik at eit departement skal avgjere og vera formyndar for folket. Ein kan undrast at ikkje dei næringsdrivande set verdien av menneskeliv høgare. Kva med dei ca. 300.000 alkoholskadde vaksne her i landet og dei kanskje 150.000 alkoholtruga borna i folket vårt?

Og så har me soga om Vinmonopolet. Det kom i si tid som eit tiltak for å avgrensa alkoholbruken og løysa den frå privat pengespekulasjon. I vår tid ser visst mange det som ei inntektskjelde for Staten.

Og når me nemner alkohol; kvar var folket sin rett til å styra då polsalet vart tvinga inn på Sogn og Fjordane fylke? Vinmonopolet var som sagt tenkt til ei avgrensing og eit vern mot rusgifta. I dag ser det ut for at styret ser det som si oppgåve å selja mest råd av gifta. La oss leggja til at nettopp dette fylket vert sett opp som nr. 1 – utan å ha hatt så mange skjenkjeløyve og ølutsal.

I 1917 vart heile landet så godt som turrlagt for rusgifta. Mange hadde spådd store ulemper etter eit såvore vedtak. Talet på sjølvmord kom til å stiga skræmande, spådde ein danskfødd stortingsmann. Sjukdomane ville koma til å auke uhyggeleg, meinte andre. Men kva hende? Talet på sjølvmord gjekk monaleg ned, og folkehelsa vart mykje betre.

Kan dei norrøne landa koma ut or EØS/EU-klemma? No vil femtisju prosent av svenskane ha røysta mot EU om det hadde vore val. Og i Finland er det også stigande misnøye. Hadde det vore eit trugsmål mot freden om norderlanda og Sveits hadde vore ei blokk for seg?

Vårt styre har tri berebjelkar: Den lovgjevande makta, den utøvande og den dømande. Det vart forsømt av Gro & Co å leggja spørsmålet fram for norsk Høgsterett. I staden fekk me narrespelet med folkeavrøystinga som ingen lovheimel hadde i Grunnlova. Dette bør koma fram til handsaming på ny.

Ragnvald Hidle

Norge-Noreg 3,50

YTRING

The New Norwegian Himself eller Røysta personleg, Herbjørn Sørebø, kjempar for at Noreg må bort som eineform i nynorsk fordi så mange NRK-medarbeidarar kvir seg for å bruka ordet. Det kvidefulle Marienlyst bør gjerast kvidefritt gjennom eit normeringsvedtak i Norsk Språkråd, meiner kringkastingsmannen. Tilhengarane applauderer og viser til ein gallup som seier at jamvel 70 prosent av nynorskbrukarane helst vil ha «Norge». Dette er etter mi meining ein glimrande logikk og eit glimrande prinsipp, så glimrande at vi på ei heil rad av ekstraordinære møte i Språkrådet i 1996 bør ta for oss ord for ord i nynorsk; kvidesam, kvisemd, krimsjuk, kjømda, røyndom, røynleg, vedkjem, vedkjømeleg, gauma, åtgaum, det er flust å ta av. Normer dei bort!!!, helst etter ein føregåande gallup. Til slutt har vi gjort Norge og Noreg til berre Norge, som vi då kan gjera om til Norway, The New Norwegian Norway, og reisa ein bauta for The New Norwegian Himself, avduka av Finn-Erik Vinje til stor applaus frå alle anglofile. Og ein kvidefri Ingolf Håkon Teigene kan så meddela i Dagsrevyen at politiet beslagla – ikkje kverrsette – sju kilo narkotika. Etterkommaren hans kan så ta i bruk ein EU-retta nynorsk; politiet «confiscated» sju kilo narkotika.

Fonetisk og språkhistorisk er det ingenting i vegen med «Noreg». Det problematiske med ordet er konnotasjonane (sidetydingane); for den fordomsfulle og kulturprovinsielle bokmålsbrukaren klebar det noko unormalt, tregt, sidrumpa, norrønt, arkaisk, bondsk, dalomsk, målstrevarsk, målfanatisk, latterleg ved ordet. I motsetnad til det «normale», urbane og rasjonelle «Norge». Men negative konnotasjonar er ingen grunn til å kutta ordet ut. Målreisinga har alltid vore ein kamp mot konnotasjonane, fordi sidetydingane til ord og språkbruk har med makt og hegemoni å gjera. Målfolket har aldri akseptert det etablerte konnotasjonsmønsteret; dei har insistert på at almugespråket, bygdespråket, folkespråket, bondespråket, arbeidarspråket, fiskarspråket, utkantspråket, gatespråket er godt, brukbart, rikt, allsidig, vakkert, så bra at det kan brukast i eit rikspråk.

«Noreg» er eit *unikt* ord. Ikkje eit einaste anna ord er samstundes så historisk, så forteljande (landet på vegen mot nord), så sta, så insisterande, så motstrevande, så symbolsk, så markerande og så offisiøst som det. Ved sida av «Norge» er det det einaste ordet som seier at **i kongeriket Norge/Noreg har vi to i prinsippet jamstilte språkformer, to rikspråk, bokmål og nynorsk**, alt dette (og ein god del til) seier dette eine ordet, det seier det omatt og omatt, det seier det på dei merkelegaste stader; på frimerke, på pass, på postgiroblankettar, på brevark, i bøker og blad. Ordet «Noreg» er fullt av symbol, riksløve, pondus, alvor og reisning. I framtida bør målrørsla krevja at ordet skal finnast på *alle* frimerke, i alle førarkort, i alle statlege institusjonsnamn (Norges Bank/Noregs Bank), osv. Men det kan ikkje skje om «Norge» og «Noreg» blir jamstilte, jamstilling er det same som utrydding av «Noreg».

Konnotasjonssystemet er alltid i rørsle og endring, det avstikkande og framande blir normalt og velkjent. I dag kan vi jamvel høyra ord som stoda, i kjømda, mangslungen, ymse og mange andre ord i NRK Vestfold, utan snev av ironi, ord som i 1950- og 60-åra var rekna som sær-(ny-)norske, marginale og latterlege. Vi kan også høyra Teigene meddela på Dagsrevyen at politiet kverrsette narkotika i Oslo, og at det er full stogg i togtrafikken Washington på grunn av store snømengder. Verda går framover, ting endrar seg, også sidetydingane til «Noreg». Etter at ordet meir og meir har blitt brukt i radio og tv mens det har vore hovudform i nynorsk, har det også fått andre og for mange meir positive konnotasjonar.

Ordet «Noreg» er på ingen måte nokon fiende eller hinder for vidare framgang for nynorsken, det er det andre som er, til dømes redaktørar og bokmålsskrivande journalistar i Dagbladet, VG og Aftenposten, som ikkje ser det absurde i at norske riksaviser ikkje bruker rikspråket nynorsk dagleg, aviser som dekkjer nynorskkommunar som Voss, Vindafjord og Veitastrond, og alle dei andre nynorskkommunane. Kvar blir det av folkeskikken, kvar blir det av det universelle, sjølvsagde omsynet til mottakaren, og kvar blir det av kulturpolitikarar på Stortinget, nynorsksympatiserande bokmålsbrukarar og Landssamanslutninga av nynorskkommunar? Avisene misser ikkje Fridommen om dei byrjar å bruka nynorsk dagleg, dei får ikkje dermed Noregs Mållag eller målfanatikarar som Herre, for det er ikkje dei som «eig» nynorsken, men det norske samfunnet, den norske kulturen, den norske språktradisjonen, det kan også drivast fri, kritisk, undersøkjande og avslørande journalistikk på nynorsk. Dagbladet får tilleggsdimensjonar gjennom Andreas Homplands laurdags-epistel, og fekk ekstra kvalitetar gjennom Edvard Hoems teaterkritikkar. Ved berre å bruka bokmål har dei riksdekkjande avisene frivillig valt Ufridommen, dei har frivillig valt Riksmålsforbundet og den stutumiserte språkhaldninga til Herre. Og kvar blir det av **kulturpolitikarar** på Stortinget som ser det urimelege i at norske riksdekkjande aviser systematisk diskriminerer det eine **RIKSSPRÅKET** vårt. Vi hadde ein Helge Sivertsen, vi hadde ein Theo Koritzinsky, vi hadde ei Ragnhild Queseth Haarstad, den første er død, den siste har sovna som kulturpolitikar, mens Koritzinsky er rådsleiar for Ivar Aasen-året. Dessverre sit han ikkje lenger på Stortinget, men det gjer Jan Simonsen.

Dersom nynorsken styrkjer si stilling i massemedia i framtida, vil konnotasjonane til «Noreg» normalisera seg. Talemålsargumentet er heilt irrelevant i denne samanhengen, fordi ordet står i ei særstilling. Dessutan må vi også normera eit språk etter tradisjonsprinsippet. Og vi kan for all del ikkje normera nynorsken etter gallupprinsippet, då kan vi like godt avskaffa han ved ei meiningsmåling. Det er heller ikkje snakk om å ta hemn over historia, sånt sett er både nynorsken, Kristeleg Folkeparti og mange andre fenomen ein gigantisk hemnaksjon. Eg trur heller ikkje at Teigene i sin barndoms dialekt opplevde ein *stogg* i røykinga og fekk sneipane *kverrsette*, om han røykte ulovleg. Men i dag kan han meddela stogg i rutetrafikken og at politiet har kverrsett uhorvelege mengder narkotika. Folk flest, unntatt redaktørane i Akersgata, har rett og slett blitt *vane* med nynorsken, og Ingolf Håkon Teigene har vakse seg inn i og blitt glad i han, det same har vi som brukar nynorsk regelmessig, også i dei orda som vi ikkje brukte i vår barndoms dialekt. Eit skriftspråk er sjølvsagt noko langt meir og rikare.

Eit nytt ord er ei stor glede, vi burde takka Vårherre kvar gong vi kjem over eit. Eg meiner vi blir rikare som språksamfunn og kulturnasjon når NRK også meddeler at politiet har *kverrsett* narkotika. Fordi Teigene torer det, vil eg spå at ordet om kort tid er kjent av også alle bokmålsbrukarar. *Det* er målreising. Men det er målrasering å normera nynorsken etter gallupprinsippet; billigsal, berre 3,50, for den norma som er sjølve **symbolet**, og som konnoterer Riksløva og Alternativet. Når går Noreg-Aserbajdsjan forresten?

Kåre Glette, Tønsberg

Eit brev frå UD

YTRING

Grete Knudsen har kome i klemma fordi hennar politiske rådgjevar har hemna seg personleg på ein journalist frå Dagens Næringsliv. Journalisten var ulydig og skreiv ikkje det som statsråd og rådgjevar helst ville sjå på trykk om si viktige tenestereise til cruisefarten i Miami.

Hemmelege brev, som er haldne unna journalane, har jo vorte så vanlege under den sitjande regjeringa at den politiske rådgjevaren og sjefen hennar tydelegvis ikkje lenger minnest korleis reglane er. Under EU-striden var det så gale at fleirtalet, ofte laut gå til utlandet, ja, til sjølve det udemokratiske EU for å få informasjonen som AP-leiinga i departementa heldt tilbake. Folket skulle jo nektast informasjon om dei fakta som trongst som sakleg grunnlag for valet.

For vel eit år sidan var det liten tvil om at Dagens Næringsliv redaksjonelt høyrde til på Ja-sida. Men bladet let seg i sin journalistikk likevel ikkje redusera til ein lydig reiskap i den kampanjen regjeringa førte, mellom anna med obskøne revyinnslag frå handelsministeren på gitar. Bannbulle frå UD denne gongen har med allmenn maktbrynde i det overmogne AP-styret å gjera. Det gjeld spørsmålet om makt over pressa, og ikkje berre klapp på hanskar og ein snerpete rådgjevar i eit baksete.

Per-Bjørn Pedersen, Hafrsfjord

Osterøybrua

Som alle dei andre bruprosjekta i Hordaland, har også Osterøybrua si «bråkete» fortid. Bruplanane var den direkte årsaka til at Tverrpolitisk Samlingsliste såg dagens lys i øykommunen. Lista vart starta for å hindra at Osterøybrua vart bygd mellom Herland på bergenssida og Kvisti på Osterøy. Den kampen tapte «tverrpolitikarane», men dei har likevel blitt ein maktfaktor i lokalpolitikken på Osterøy. Og garanti om at ferja mellom Valestrand og Breistein skulle haldast oppe også etter at brua var opna, det fekk dei. Men er den garantien verd noko?

Vi tillet oss å spå at også dette ferjesambandet no går inn i livets haust. Spesielt sidan tilførslevegane til brua på Osterøysida ser ut til å halda til ute i det blå ein stad. Problemet for vegkontoret er at ferja og brua vil konkurrera om dei same trafikantane, noko som i verste fall kan føra til at begge sambanda får for lite trafikkgrunnlag. I så fall er det ferja som må svi for det. Vegkontoret må innsjå at ferja styrkjer sine sjansar så lenge tilførslevegane ikkje vert bygd. Det fører til at trafikkgrunnlaget vert endå lågare, og at finansieringa av tilførslevegar i 100-millionarsklassen vert endå meir usikre.

Fastlandssamband mellom Bergen og Osterøy bør statistisk føra til eit oppsving for øykommunen. Ser ein på utviklinga både i Meland og på Askøy, bør det vera klart at ostringane no får ein gylden sjanse, både til industrietablering og til å auka innbyggjartalet. Men i følgje avisa Bygdanytt har ikkje osterøypolitikarane kome spesielt langt i planlegginga av framtida i dette perspektivet. Det kan gje Osterøybrua ein dårleg start på statistikkane. Kva som skjer med tilførslevegane dersom trafikken vert dårlegare enn venta, er uklart. For lite trafikk er neppe noko grunnlag for å byggja betre tilførslevegar.

Osterøybrua har ikkje fått den starten brutilhengjarane ønskte. Alt no er det klart at brua vert dyrare enn det stortingspolitikarane vart informerte om i 1987, det er klart at høge stålprisar har ført til at prosjektet i dag ligg tre månader på etterskot, og det er høgst uklart om tilførslevegane er ferdige i tide. Vegsjef Josef Martinsen ved Hordaland vegkontor hevdar likevel at brua skal vera tidlegare nedbetalt enn planen er, og han vil såleis finna pengar til tilførslevegane i overskotet frå brudrifta. Det er eit høgst usikkert reknestykke, som krev ein del føresetnader som historia ikkje støttar opp om.

Men sjølv om vegsjefen får rett, er det slett ikkje sikkert at ferja mellom Breistein og Valestrandsfossen er redda. Betre tilførslevegar vil få fleire ostringar til å bruka brua, sjølv om dei får ein omveg til Bergen. Og det er ikkje noko argument for å halda oppe ferjetilbodet.

Ostringane står bokstavleg talt ved eit vegskilje. Lite tyder på at ostringane kan går ei framtid i møte med både bru og eit ferjetilbod av den storleiken som eksisterer i dag. Kva som skjer med bergenspolitikarane sitt nye initiativ til Ulrikstunnel kan også vera avgjerande for Osterøybrua. Vår spådom er at vegstyresmaktene vil tvinga ostringane over brua, enten ved å leggja ned ferjesambandet eller ved å gjera ferjetilbodet så dårleg at trafikkgrunnlaget på brua må auka. Men det er ostringane sjølve som avgjer framtida både til osterøybrua og til ferja mellom Valestrand og Breistein.

Gula Tidend Tlf: 55 23 03 30 Fax: 55 90 24 36

Kjem ut onsdag og laurdag.
Strandgt. 223,
Postboks 1962, Nordnes
5024 Bergen
Telefon 55 23 03 30
til redaksjonen, bladtinging og kassa.
Telefaks 55 90 24 36
Bankgiro 6504.05.01880
Postgiro 0808 5 69 41 20

Annonseprisar 1995
Vanleg plass pr. mm. kr 7,30
Tekstside kr 8,60
fyrsteside kr11,00
tillegg særplass kr 0,20.

Abonnementsprisar 1995
Heilår kr 475,-
halvår kr 260,-
kvartal kr 140,-
Abonnementet gjeld til det vert sagt opp.

Redaksjonen (privattelefonar)
Redaktør
Svein Tore Havre ..... tlf: 55 24 74 41
pers.søkjar: 96 68 96 13

Redaksjonssekretær
Endre Lilletvedt ..... tlf: 55 24 87 16
Journalist Marita Haugen ..... tlf: 55 34 19 56
Journalist André Leknessund Wik tlf. 55 24 88 41

Marknadsavdelinga (privattelefonar)
Marknadssjef
Morten Klementsen ..... tlf: 56 17 60 51
mobil: 92 48 75 86
Marknadskonsulentar
Alrek K. Vedeler ..... tlf. 55 55 89 49
Øyvind Klementsen ..... tlf: 56 35 19 71
mobil: 900 17 119

Sats og montasje: ..... L/L Gula Tidend
Trykk: ..... Mediatrykk A/S

synspunkt

«Dei som styrer med nynorskformene vil ha ein viss orden. Dei sokalla Norge-tilhengjarane gjev truleg blaffen i rettskrivingskonsekvensar»

Hovudet yver vatnet

innlegg
av Lars Bjarne Marøy

■■ Ordskiftet um landsnamnspursmålet hev openberra ein tillaga allianse millom leidande talsmenn for Språkleg Samling og uorganiserte målfolk. Dei organiserte målfolki vert skulda for å setja tid og krefter inn på å hindra folk i å skriva Noreg. Då er det fåre på ferde for at nynorsken kann døy ut, men dersom Norge fær koma inn i nynorsknormalen hev fleirtalet millom nynorskfolki vunne fram, og då er alt i orden.

■■ Olav Randen og Kjell Venås held bastant på Noreg. Dei vil ikkje taka umsyn til meiningsmælingi til Norsk Språkråd. Lars S. Vikør spør kven Randen og Mållaget ynskjer å representera og kvifor det er uinteressant for laget kva resultat meiningsmælingi kjem ut med i eit sånt sentralt ideologisk spursmål (Dag og Tid nr. 3). Det er interessant at Vikør her nyttar ordleggjingi «eit sentralt ideologisk spursmål». Elles vil han gjerne tona ned og avsanna påstanden um Noreg som eit viktig symbolord for nynorsk, m.a. i ein artikkel i Norsk Tidend i fjor. Lenger nede i artikkelen slær han fast at sume hev ideologisert landsnamnspursmålet. Difor hev det interessa å høyra kva vanlege nynorskbrukarar meiner um denne saki, hevdar han.

■■ Vikør ser altso ikkje grunn til å avvisa ideologiseringi av Noreg i samband med meiningsmælingi. Han ser snarare ut til å vilja spela på denne ideologiseringi. Konklusjonen må altso vera at landsnamnspursmålet er ei viktig målpolitisk og ideologisk sak for Vikør, endå han læst som ho ikkje er det.
Vikør meiner at landsnamnformi ikkje høyrer inn under den generelle språknormeringi. Men kva skal ein kalla ei slik namnefastsetjing, ei spesiell språknormering? I liknande saker tidlegare hev det vore folkevalde organ som hev avgjort sånne spursmål. T.d. i samband med Nidaros-striden. I sånne høve hev det vore snakk om målpolitiske handlingar. Men Språkrådet skal etter segjande ikkje blanda seg upp i umdiskuterte målpolitiske spursmål, difor fekk dei norskdanske tradisjonalistane gjenomslag for tradisjonsformene sine. Språkrådet skal tvertimot dempa den målpolitiske striden, difor er det fint å kalla det ein driv med for språknormering. I røyndi er det bakstrevarsk sabotasje mot nynorsken.

■■ Den som ser kritisk på arbeidet til Språkrådet og knyt Språkrådet saman med målsoga kann berre slå fast at dei tri grunnleggjande pilarane i kampen mot nynorsk er dekt i samband med striden for Norge. Ein kjemper ned det nynorske normalmålet, insisterer på samnorsk og set dialektane upp som einskildnormer for nynorsk og bokmål. Alle desse elementi høver vel i hop med å gå inn for Norge. Nynorsken held på Noreg i skrift, men det er ingen som segjer Noreg burtsett frå dei som legg talen sin etter nynorsken. Når ein attpåtil finn sanningsvitne som brukar nynorsk normaltalemål, men segjer Norge hev ein gjort seg sers yvertydenade. Då er det ikkje noko argument at organiserte målfolk og nynorskbrukarar som skriv offentlegt er langt meir positive til Noreg enn andre målfolk. Då set ein upp samnorskdokmatikken um at ein skal byggja «på folkets virkelige talesprog». Dei som held på høgnorske serformer innanfor ein dialektisk nynorskvariant set seg upp mot andre dialektiske nynorskvariantar. Det finst ikkje nokon røynleg standard, so språket vil utvikla seg, og ingen kann insistera på nokor nynorsk form. Dessutan kjem den tridje pilaren inn. Det vert jo eit språk av nynorsk og bokmål i alle fall, difor må me velja den formi som vert einerådande i samnorsken. Det kann aldri verta Noreg, segjer dei vise menn i Språkleg Samling, for det er dei som skal tvinga igjenom samnorsk i alle fall, og det må alle vera samde i, heiter det i sirkelsnakket til samnorskmennene.

■■ Folk som hev nytta tid og krefter på å setja seg inn i språklege spursmål på friviljugt grunnlag og som er med i Noregs Mållag og røysta for at Noreg skal vera namnet på landet vårt på landsmøtet til mållaget, er ikkje meiningsføre. Dei som derimot ikkje hev havt like gode høve til å aktivisera seg og som sjeldan hev vorte konfrontera med dette spursmålet, skal avgjera. Dersom talsmennene for Språkleg Samling meiner at det uorganiserte målfolket vert yverkøyrd av Noregs Mållag må det vera fritt fram for Språkleg Samling å freista å vinna medlemer her. Det er eit heiderlegt tiltak. Me fær rett i alle fall. Berre vent og sjå.

■■ Dei som styrer med nynorskformene vil ha ein viss orden. Dei sokalla Norge-tilhengjarane gjev truleg blaffen i rettskrivingskonsekvensar. Nynorsken er ikkje noko ideal for mange av dei som skriv nynorsk i kjernestroki. Det er talemålet på staden uppblanda med bokmålsinnslag i dialekten som kjem fram i skriftmålet. Kvar gong Noregs Mållag hev kome bokmåliseringi i møte, hev det berre ført til at grensone for det som folk kann rekna for akseptabel nynorsk hev brigda seg.

■■ Alle dei nedbrytande pilarane som hev prega reaksjonen mot nynorsk er representerte i samband med landsnamnstriden. Dessutan er kløyvingsaspektet kome med. Målfolket vert kløyvd, um ikkje Noregs Mållag bøygjer seg for dei statlege språkplanleggjarane. Nynorsken fær ikkje framgang um ikkje Norge vert lovleg form. Nynorsken tapar på Noreg-formi. Men kva skal ein so segja um alt det språkplanleggjarane stend for når det gjeld nynorsk språknormering? Målrørsla toler definitivt ikkje ein samnorskideologi, som driv målgodset frå skanse til skanse.

■■ Vikør hev ei rar utsegn um at fleirtalet av nynorskbrukarar er det vatnet nynorsken pustar i. So vidt eg kann skyna vil folk som pustar i vatn drukna. Som høgnorskmann og bergensar vil eg segja at denne utsegni illustrerar mitt perspektiv. Eg pustar i høgnorsken. Høgnorsken er luft i kvardagsmålet mitt. Eg drikk gjerne frå nynorskvatnet. D.v.s. eg les bøker på alle slags rettskrivingar. Men dersom eg skulde ha freista å skriva ein av desse dialektiske nynorsk-variantane, vilde eg ha drukna.

Lars Bjarne Marøy

Mål og meining med nynorsken

NEDSLAG:
Melding av Ivar Aasen-konferansen 26.-28.januar.

I eit Ivar Aasen-år kan det vera interessant å spørja seg: Kor mykje av Aasens språkprosjekt er liv laga, kva er god nynorsk og kvifor skal me skriva nynorsk?

Norsk Målungdom og Ivar Aasen-sambandet inviterte til Ivar Aasen-konferanse på Kvarteret sist helg med eit tettpakka program og over 200 påmelde. Både dei ansvarlege og deltakarane kom frå alle leirar innan målrørsla, og dét var grunn god nok til å gle seg. Det er lenge sidan dei som skriv bokmålsnær nynorsk og dei som held på rettskrivinga frå 1917 (i-målet) har kunna møtast, og Hans Olav Brendberg i Ivar Aasen-sambandet vona då også, som han sa i opningstalen sin, at folk ikkje er blitt så einige at ordskiftet ville verta keisamt.

Første innleiar, den gamle målhovdingen Kjell Venås, var ikkje mykje kontroversiell, men talte engasjert og engasjerande om målgranskaren og målreisaren Aasen; ein mann Venås ikkje var redd for å kalla stor. Aasen hadde ei utruleg arbeidsevne og var ein leksikograf i verdsklasse, definisjonane i «Norsk ordbog» kan ein alltid lita på, sa Venås. Han hadde òg med ei setning med meir sprengkraft enn ein skulle tru: Aasen har vorte teken til inntekt for alle slags syn, men eitt er sikkert: «Nokon dialektfanatikar var han ikkje». Då fekk han heile salen med seg i latter over ei fin, underfundig formulering.

Elles vart det mykje mimring denne fredagen, og lite vart sagt som greip konkret inn i debatten om nynorsken si framtid. Ikkje rart at målfolk frå alle lag kan vera einige når innleiarane berre fortel historie og minnast dei store målfolka som har vore. Ingen gjorde dette med like stor tyngd som Kjell Venås.

Historikken gjorde ein seg ferdige med første dagen, på laurdag skulle ein snakka om språknormering og nynorsk normaltalemål. Sylfest Lomheim tok til orde for at nynorsk måtte få vera ei språknorm, ei som ikkje berre kan skrivast, men óg snakkast. Det gamle slagordet «snakk dialekt, skriv nynorsk» hadde han ikkje noko til overs for, avdi NRK, teatra, kyrkja og mange andre treng ein norm for korleis ein skal snakka nynorsk.

Denne strenge normeringslina var heilt i mot mållaget sin politikk, men bomba small ikkje før Ola Breivega og samnorskmannen Lars S. Vikør heldt kvar si innleiing under tittelen «Offentleg språkplanleggjing og normering, frå Aasen til åssen?» Breivega først. Han sa høgt det andre berre har turd å tenkja: nynorsknormalen er altfor vid og har så mykje meiningslaus «valfridom» at han vert uoversiktleg og umogeleg å læra. Valfridom bør ein berre ha i oversiktlege, gjennomgåande kategoriar, som -a og -e i infinitiv (skrive/ skriva) og -i og -a i linne hokjønnsord (tidi/tida).

Då han foreslo at me skulle få lov til å skriva boki eller kui att, noko som har vore forbode sidan 1938, vart han stogga av applaus frå halvparten av tilhøyrarane, den andre halvparten sat berre og gapte. I dei små tinga ville han ikkje ha nokon valfridom, kvart ord skulle berre ha ei form. I dag er



Kjell Venås (f.1927) er professor i nynorsk målvitskap ved UiO, og har mellom anna arbeidd med målføregransking, språksosiologi, språkhistorie og nynorsk språknormering. (Foto: Helge Andersen)

språkrådet si norm for kva ord som skal ha enkel eller dobbel konsonant uråd å halda greie på, det finst ingen dialekter som følgjer ho, og då burde språkrådet oppheva dei endringane som går i bokmålsleia og gå attende til den tradisjonelle norma (ikkje lønn, men løn, ikkje komma, men koma).

Men Breivega hadde ei otte som galdt makttilhøva i språkrådet: om norma skulle verta klarare, tok dei kan hende bort nett dei formene han helst ville ha? Lars S. Vikør sit i språkrådet og skulle svara på tiltale. Han opna bra, med å presentera seg sjølv som «representant for forfallet» fekk han folk til å le, men han hadde inga overtydande forklaring på kvifor nynorsken skal verta meir og meir lik bokmål for kvart nytt vedtak i språkrådet. Etter desse siste innleiarane var det klart for ordskifte, med debattantar som var like gnistrande som Vikør var slapp.

Det er no rart at nynorskbrukarar godtek at Norsk språkråd og ikkje Ivar Aasen-konferansen skal slå fast korleis nynorsken skal vera, for debattantane var samstemde: Nynorsken må få lov til å vera ei nasjonal språknorm slik som bokmålet, med ei fast munnleg norm og minimal valfridom i stavemåtar. Den eine som tok til orde for meir valfridom og meir bokmål var óg den eine som måtte greia seg utan applaus. Nett då kunne ein forstå kvifor i-målsfolka, som held seg til rettskrivinga frå 1917, var velkomne inn i varmen att. Samnorsk- og dialektlina har slått feil, og skal nynorsken overleva lyt ein søkja attende til det tradisjonelle nynorske skriftmålet. Diverre sit dei som ikkje er einige i Norsk språkråd.

At Ivar Aasen-konferansen vart gjennomført for målrørsla sine eigne pengar, utan hjelp frå Universitetet i Bergen, er imponerande. Med så mange og så unge folk tilstades er det all grunn til å ønskje tilskiparane tillukke med Ivar Aasen-konferansen og med resten av året.


ANDERS MOE

POST MORTEM

NEDSLAG:
Anmeldelse av Olav O. Aukrust: «Dødsrikets verdenshistorie», Grøndahl Dreyer

Å være i besittelse av en sjel kan bety så mye. Etter å ha lest Olav O. Aukrusts 3-bindsverk *Dødsrikets verdenshistorie*, virker en nøytral biologisk holdning til en eventuell eksistens etter døden i beste fall som en ubevisst fortegning av tusenårige erkjennelser. Det aner meg da også at dette er en av Aukrusts hensikter med bøkene.

Dødsrikets verdenshistorie er en nyutgivelse av et 11 år gammelt verk. For relativt beskjedne 500 kroner får du 1500 tettskrevne sider med en religionspsykologisk/sosiologisk dokumentasjon av «menneskehetens forestillinger og kunnskaper om livet etter døden». Dette er med andre ord en akademisk orientert fremstilling av forskjellige tider og kulturers esoteriske viten. Paradokset synes åpenbart: De mest sensitive, utilgjengelige og hemmeligstemplede deler av religionene plasseres i en akademisk diskurs der analyse, henvisninger og etterprøvbarhet er idealene. Aukrust takler likevel denne kombinasjonen stort sett på en overbevisende måte, kanskje fordi respekten og ydmykheten synes å gå foran nysgjerrigheten. De færreste forfattere av denne typen bøker kan vel påberope seg en slik holdning til stoffet. Men Aukrust lar seg ikke friste til å mane frem fargerike helveter og tegne omriss av universelle konspirasjonsteorier på astralplanet. Hans holdning er, vel – dødsens alvorlig.



Denne metafysiske reisen begynner i Egypt 3000 år før Kristus. Derfra beveger vi oss kronologisk via asiatisk og europeisk mytologi til stoikere, gnostikere og andre religionsfilosofiske retninger i århundrene omkring Jesu fødsel. Deretter går vi til de store religioners sjelsforestillinger og dommedagsprofetier for til slutt å ende opp ved moderne parapsykologi og antroposofi.

Forestillingen om livet etter døden har i de fleste religioner en marginal plass, og henger ofte nøye sammen med religionens øvrige struktur. Dette tar Aukrust konsekvensen av, og i begynnelsen av hvert kapittel finnes en innføring i religionens eller filosofiens hovedmomenter, dens historie og viktige personer. Derfor fungerer *Dødsrikets verdenshistorie* også godt som en oversikt over tidligere og eksisterende hovedstrømninger av religioner og sterkt åndelig orienterte filosofiske retninger.

Slående anekdoter, legender og lengre sitatblokker gjør verket tidvis svært underholdende. Her finnes både draumkvedet, deler av apokryfe skrifter og hele foredrag av bl.a. Marie Steiner.

Enkelte elementer har forfatteren valgt å vektlegge i overraskende liten grad. For eksempel er det bare ofret et par sider på den tibetanske dødebok, som jo har en enorm posisjon i store deler av Asia og blant teosofer og antroposofer i Europa. Til og med helvetesteologen Hallesby er viet flere sider. Dessuten er afrikansk panteisme og europeiske/amerikanske minoriteters sjamanisme fullstendig utelatt. På denne måten er *Dødsrikets verdenshistorie* en eurasisk historiebok.

Verket bærer også preg av at Aukrust selv nærer stor hengivenhet til Rudolf Steiners filosofi. Steiners lære utgjør det mest omfattende kapittelet, nesten 400 sider; noe som må ansees som en uforholdsmessig bred plass sammenliknet med den mer beskjedne oppmerksomhet hans teorier har og har fått. Dessuten refereres det svært hyppig til Steiner også i de andre kapitlene.

Det er forøvrig ingen tvil om at historie, filosofi og religionsinteresserte lesere her kan få et eksotisk supplement til sin kunnskap. Studenter med dyp forkjærlighet for sekundærlitteratur kan trygt kjøpe verket, mens det definitivt er bortkastet tid for pedantiske pensumpuggere.

ØYSTEIN STENE

Teatralsk angst

«Hunden er menneskets beste venn», fastslår dramatikeren Edward Albee og lar hovedpersonen i sin «Dyrehage-historie» vandre alene nedover sitt livs tomme korridor. Det dreier seg om ensomhet og mangel på menneskelig kontakt når Studentteateret Immaturus førstkommende lørdag har premiere på denne intense tomannsfremførelsen, redigert av Steinar Thorsen. Thorsen spiller selv Peter, en velstående New Yorker som en dag møter den halvgale og ensomme Jerry. Skremmende bra tolket av Axel Aubert kommer Jerry rett fra et besøk i dyrehagen og nærmest renner over av tragiske historier.

Blant annet en ti minutters lang monolog om en besatt, snerrende hund viser den unge Albees (han var 18 år da han skrev stykket) tidlige innsikt i livets mange grusomme vendinger. Stykket er skrevet i 1954, og tidstypisk for perioden etter annen verdenskrig er det eksistensialistisk inspirert. Kritisk drøftning av samfunnets konvensjoner og valgene mennesket står ovenfor i formingen av sitt eget liv er tema. Er også kjærligheten kun en regelsatt konvensjon, og bare et redskap i vår kamp for å overleve? Gå, se, føl vemmelse og velg selv svarene i etterhånd.

MARTE GRESVIK

- Mange lærarar manglar kunnskap i nynorsk

(NPK- Aslaug Veum): - Altfor mange norsklærarar i grunnskulen manglar grunnleggjande kunnskap i nynorsk og språkhistorie.

- I staden let lærarane dei negative haldningane sine smitte over på elevane. Når lærarane manglar språkleg innsikt, er dei ikkje i stand til å lære born å bli språkleg medvitne.

Det meiner leiar i Noregs Lærarmållag Gunnar Ottne, som gav yrkesbrørne sine eit kraftig spark bak under Ivar Aasen-konferansen i Bergen i helga. Han meiner at svært mange lærarar manglar både kunnskap og vilje til å undervise elevane i nynorsk.

Svikt i lærarutdanning

Ottne meiner lærarane sjølve må ta på seg ein god del av skulda for at undervisinga i nynorsk ofte vert svært dårleg. Men han trur situasjonen hadde vore annleis dersom språkhistorie hadde vorte ein større del av lærarutdanninga, og dersom norsklærarar hadde vorte betre skolerte.

– I dag er det slik at lærarar kan undervise i norsk etter berre eit kvart år med norskfag frå lærarhøgskulen. Manglande kunnskap fører til motvilje, og skulen lukkast ikkje med å presentere positive haldningar til nynorsk, seier Ottne.

Han meiner elles at språket i mange av lærebøkene som vert omsette frå bokmål til nynorsk er så dårleg at det er med å påverke både lærarar og elevar i negativ lei. Mange av omsetjingane frå bokmål er gjorde automatisk med data, og Ottne meiner forlaga ofte gjer altfor dårleg arbeid med å omarbeide språket i lærebøkene.

Viktig for sjølvkjensla

Ottne er sjølv frå Sarpsborg i Østfold, som slett ikkje er noko typisk nynorskfylke. Det har faktisk aldri vore nynorskklasser i Østfold. Ottne er likevel overtydd om at opplæring av nynorsk er viktig for elevane:


– Kunnskap om nynorsk er knytt til kunnskap om dialektar og språkhistorie. Medvit om' korleis ein talar og skriv heng saman med oppfatninga av kven ein er. Ein skal lære å ikkje skjemmast over eigen identitet.

Ottne er ikkje samd med dei som meiner det burde vere nok å gje elevane opplæring i munnleg nynorsk:

– Spør ein lærar i engelsk eller tysk om han vil synest det var godt nok at elevane fekk munnleg opplæring i språket!

Leiaren i Lærarmållaget seier at kritikken hans mot nynorsk-motviljen i fyrste rekkje er retta mot lærarar på Austlandet. Men han meiner at nynorsken i skulen også er under sterkt press i og kring større byar på Sør- og Vestlandet, som i Bergen, Stavanger og Kristiansand. Årsaka er mellom anna at talemålet i og kring byane nærmar seg bokmål. Byane vert normgjevande og dialektmangfaldet vert mindre.

– Det er synd men forståeleg at elevane får nynorsk opp i halsen når læraren seier "i dag skal me diverre ha nynorsk, eg likar det ikkje eg heller", meiner Gunnar Ottne i Lærarmållaget.



Norsk Målungdom provoserer både nynorskfolk og bokmålsfolk med slagordet "nynorsk som einaste riksmål". - Slagord kan ikkje vere snille, meiner leiar Trond Sæbø i Målungdomen.

Fæl ungdom med Aasen som ideal

(NPK - Aslaug Veum): Finst det verkeleg ungdom i 1996 som interesserer seg for arbeidet til den gamle krokute sunnmøringen som døydde for 100 år sidan?

– Javisst, seier leiar i Norsk Målungdom Trond Sæbø. I helga greidde Norsk Målungdom å samle nær 200 personar til ei tre dagar lang Ivar Aasen- konferanse i Bergen.

Men Målungdomens parole; "knus bokmålsveldet - nynorsk som einaste riksmål" vart forbigått i stille på konferansen.

Vil ikkje vere snille

Målungdomen vil provosere, men risikerer de ikkje at de støyter folk frå dykk med ei slik krass parole?

– Snille slagord fører ikkje til diskusjon, seier Trond Sæbø, utsliten men nøgd etter at den vellukka Ivar Aasen-konferansen er vel overstått. Han vedgår at slagordet deira møter motbør, også innanfor i målrørsla.

– Men me meiner at nynorsk er eit godt nok skriftspråk for alle i dette landet. Nynorsk byggjer på dialektane, og fleire vitskaplege arbeid har synt at eit fleirtal i Noreg talar meir likt nynorsk enn bokmål.

– Målrørsla er oppteken av demokrati, men er det demokratisk å "knuse bokmålsveldet"?

– Me ser at bokmål stadig vinn over nynorsk. Folk får sjølvsagt sjølve avgjere om dei vil gå over til å skrive nynorsk. Men me meiner bokmålet representerer einfald og slettar ut dialektmangfaldet. Me vil at nynorsken skal få overtak, men i det ligg det ikkje at me vil utrydde bokmålet, seier Sæbø.

Norsk Målungdom har i dag om lag 3.000 medlemer. Målungdomane driv mellom anna oppsøkjande arbeid i skulen, og fortel om språkhistorie og bakgrunnen for at det nynorske skriftspråket voks fram.


– Kva reaksjonar møter de i klasserommet?

– Me får blanda reaksjonar. Ein del elevar har aldri før høyrt noko positivt om nynorsk, og får seg ei a-ha-oppleving. Det hender halve skuleklassa melder seg inn i Målungdomen etter at me har vore på vitjing. Andre gonger tykkjer elevane me er "teite". Målet vårt er uansett å gjere elevane medvitne på språket sitt, og at dei faktisk kan velje mellom to målformer her i landet.

Aasen-konferansen som vart skipa til i Bergen i helga var eit stort krafttak for Målungdomen. Folk frå knapt 20 til vel 80 år kom frå heile landet for å delta.

På programmet stod ikkje berre førelesingar om Ivar Aasen, men også om mellom anna Grundtvig, nasjonalisme, norskfaget, språknormering, nynorsk lyrikk og russiske parallellar til norsk målstrid. Innimellom var det hyppige ordskifte, og den stillfarne Ivar Aasen ville kan hende stundom snudd seg i grava om han hadde høyrt dei engasjerte debattane mellom professorar, studentar, "nyomvende" nynorskbrukarar og gamle travarar innan målrørsla.

Vi produserer



for alle formål

... og kan tilby landets beste utvalg til både **SJØ- OG FERSKVANNSFISKE**, til markedets rimeligste priser...

GRATIS KATALOG SENDES PÅ ANMODNING!

NESTTUN
FISKEREDSKAP

Arth. G. Smørdal
Østre Nesttunv. 18, boks 238, 5051 Nesttun
Tlf: 55 13 16 27 – Fax: 55 13 91 33

Dårlige språkråd

Norsk språkråd har skapt strid ved sitt nylig publiserte forslag om å skrive engelske ord på norsk vis.

Mange har allerede etterlyst prinsippene bak forslaget, og man kan virkelig spørre om slike fins? Det eneste prinsipp Språkrådet synes å ha benyttet, er det ortofone, men også det uten påviselig konsekvens.

DEBATT

Norsk språkråds forslag til ny skrivemåte for engelske lånord bygger på det ortofone prinsipp. Men forslaget mangler konsekvens, påpeker Egil Eikseth som oppfordrer Kulturdepartementet og Stortinget til å sende saken tilbake til Språkrådet for grundigere behandling.

Jeg har intet imot ortofone (rettlydlige) skrivemåter. «Kløtsj» er tillatt i dag ved siden av «clutch». Heller ikke en form som «pitsa» er uspiselig (!) – skjønt noe av det eksotiske ved retten uttrykkes gjennom skriftbildet «pizza».

■■ Spørsmålet om skriftbilde ha mange sider. Ta et av Språkrådets forslag: «kikk» istedenfor «kick». Det engelske ordet er en metafor, å få «et kick» vil jo si å få et spark – i overført betydning. Den fornorskede skrivemåten «kikk» tilslører billedsammenhengen.

■■ En rekke sammensatte engelske ord er selvforklarende i den forstand at de enkelte ordleddene forklarer ordene. Det gjelder f.eks. ordet «sightseeing». Å skrive dette ordet ortofont på norsk vil ikke bare virke komisk: «saitsiing». Det vil også hemme forståelsen av ordet. Et norsk ord for det engelske er da å foretrekke. At det er mulig å nå fram med gode norske ord for engelske, er «whiplash» et utmerket eksempel på. Norsk språkråd utlyste en konkurranse om et norsk avløserord, og forslaget «nakkesleng» gikk til topps.

■■ Dessuten: Ord står i slektskapsforhold til hverandre. Når Språkrådet tillater «sjanger» ved siden av «genre», kan det virke greit. Men «genre» henger sammen med «genus», latin for «art», «slekt», «slag». Vi møter ordroten igjen i «generell» og «general» bl.a. Konsekvensen må jo være at vi også skriver «sjenerell», men så langt synes ikke Språkrådet å ville gå. Hvis prinsippet er ortofont («Skriv ordet som det uttales!») hvorfor ikke skrive «lønsj»? Og hvordan kan Språkrådet foreslå skrivemåten «fansy» for «fancy»? Det må da hete «fænsi» om uttalen skal være avgjørende!

■■ Motstanden mot enkelte av Språkrådets forslag hviler altså på adskillig mer solide argumenter enn vanetenkning og språklig konservatisme. Ortofon skrivemåte – javel. Men også andre hensyn er viktige.

■■ Departement og Storting bør betrakte rådene fra Norsk språkråd som *dårlige* råd – og sende saken tilbake til grundigere og mer prinsipiell behandling.

Egil Eikseth

Opprinnelsen og slutten

I mars utgir Universitetsforlaget tre bøker i den populærvitenskapelige serien Science Masters.

Det er «Universets opprinnelse» (John D. Barrow), «Menneskehetens opprinnelse» (Richard Leakey) og «De siste tre minuttene» (Paul Davies). De to første er lange tilbakeblikk, den siste må sies å være fjernt fremadskuende.

Kultur side 4 og 5.

KORT&GODT

Red. GRETHE N. EYMORK Tlf.: 22 31 06 00 Faks: 22 31 09 79

E-post:
X.400: S=KortogGodtP=dagbladetA=telemax;C=no
Internet: KortogGodt@dagbladet.no

Skriv om aktuelle emner, under fullt navn. I helt spesielle tilfeller kan du være anonym. Vi forbeholder oss retten til å forkorte. Ubenyttede innlegg blir ikke returnert. Merk konvolutten Kort & Godt. Ukas beste innlegg blir honorert med 500 kroner.



NYRIK OG LYKKELIG: *Skal også drømmen om et liv uten pengesorger tas fra den jevne sliter.*

Faren for en mulig rikdom

Valgerd Svarstad Haugland og Kristin Halvorsen, fremtredende representanter for sine respektive partier, har nylig avdekket et nytt samfunnsonde, nemlig muligheten for gode nordmenn, ja sogar dårlige, til å vinne et betydelig antall millioner i de statseide lotterier.

Det kan virke skadelig, må vite, for vanlige mennesker plutselig å bli søkkrike. Etter de bolde damers skjønn må 1,5 mill. være maksimum av hva vanlige nordmenn kan tåle.

Ve og Ve! Hvilke potensielle ulykker henger som et demoklessverd over nordmenns hoder.

Riktignok er det så at sannsynligheten for å vinne den store gevinsten er så forsvinnende liten at man i praksis kan se bort fra den. Det ligger altså i systemet at omfanget av samfunnsondet begrenser seg selv. Men dog. Her gjelder det å tenke prinsippielt.

Det er betryggende å vite at vi har årvåkne, reflekterte og fremsynte politikere som er rede til å beskytte oss mot truende farer som vi på grasrota selv ikke er i stand til å oppdage.

Men skitt au! «Give me 10 mill. I'll suffer.»

Jan von Porat
Oslo

Harkets narkoutspill

Morten Harkets utspill om at han støtter popartisten Stings tanke om en begrenset legalisering av narkotika har vakt atskillig oppsikt og harme.

Det er imidlertid en utbredt misforståelse at motstand mot narkotika automatisk skal medføre at man er enig i myndighetenes politikk. De har i årevis forsøkt å bekjempe narkotikaen med tradisjonelle metoder, uten at de på noen måte kan sies å ha lykkes med dette.

Det er derfor kanskje ikke så underlig at enkelte begynner å lure på om vi ikke burde begynne å kjempe denne kampen på andre måter.

Jakob Thynnes

SKRIV KORT

Hvis du begrenser deg til ca. 150 ord, øker sjansen for å se innlegget på trykk.

Ribbet for drømmer

Kjære Valgerd!
Dere har tatt røyken,
dere har tatt spriten,
og nå vil dere ta drømmene mine.
Jeg har våte drømmer om deg,
vil du nå lobotomere meg?

Kjetil Simonsen, Sætre

Erstatning for jødene

Det er foreslått at de norske jødene som ble fratatt verdier under krigen, skal få økonomisk kompensasjon. Vi har nettopp vært vitne til til at Ahmed Bouchikhis etterlatte har mottatt erstatning 23 år etter at Mossad-agenter drepte deres ektemann og far.

Verdens urett gjøres ikke rett ved en passende pengesum til de rammede. Men om dette skal bli rådende politikk, er det mange som står på listen over de med rett til erstatning. Hva med flyktninger fra Jugoslavia i kirkeasyl eller mobbeofre i den norske skole?


Vi som viser slik solidaritet med den tredje verden, er 1 % av BNP nok til å erstatte tiårs utplyndring og kolonisering av afrikanske land? Hvem skal betale for tapt regnskog, biologisk mangfold og skadene etter feilslått genmanipulering?

La dem få sin erstatning, men la oss også løse de påtrengende problemene vi stirrer oss blind på.

Cecilie Ødegård, Bergen

Etter Mitterrands død

Da eg las leiaren «Mennesket Mitterrand» i Dagbladet for torsdag 9. januar, vart eg både forfærd og opprørt.



FRANÇOIS MITTERRAND: *Fransk president fra 1981 til mai 95.*

Det som utløyste denne reaksjonen, var ikkje at leiarskribenten tidfester den franske revolusjon til 1889. Det får så vere. Verre er den politiske likskjendinga Dagbladet gjer seg skuldig i ved å bruke Dominique Venner (som er ein mann og ikkje ei kvinne slik Dagbladet trur) og «tidsskriftet» Enquête sur l'Histoire som sanningsvitne for at Mitterrand var for liten for Europas lagnad i 1989. Veit Dagbladet kven Dominique Venner er? Veit Dagbladet kva Enquête sur l'Histoire står for? Eller for å stille spørsmålet på ein annan måte: Ville Dagbladet brukt Erik Blücher som sanningsvitne i ein leiarartikkel over ein avliden norsk statsmann?

Svein Erling Lorås
Oslo

Jøder i Norge

Etter at Norge har markert seg som en fredsskapende nasjon, ikke minst blant jøder i deres eget hjemland, så synes det å dukke opp «paddehatter» av ikke det beste slaget: Gjensidig erstatningssaker av ulik art fra ulik tid.

Det siste er krigspensjon til «kvotejøder» som kom hit til Norge for rekreasjon på humanitært grunnlag. Denne gruppen har ikke vunnet fram.

Ikke Alta Bataljon heller. Fåfengt har de kjempet for den rett de mente å ha opptjent under felttoget på Narvik-fronten i 1940.

Paradoksalt nok, det var Leo Eitinger, lege/psykolog og kjenner som spesialist på eksteme påkjenninger fra krigens dager, som satte foten ned. Soldatene fra den heroiske Alta Bataljon hadde ikke opplevet «store nok lidelser».

Hva mener Eitinger nå om det siste utspillet om krigspensjon?

Anton Røde, Oslo

Hva er en «HVPU-ansvarlig?

Onsdag 17. januar skriver Dagbladet: «HVPU-styrer tiltalt for underslag.»

Videre i oppslaget kan man lese om HVPU-ansvarlig, HVPU-pasienter og HVPU-klienter. Da føler jeg et stort behov for å spørre om hvordan en HVPU-styrer ser ut, og hva er en HVPU-ansvarlig?

Helsevesenet for psykisk utviklingshemmede (HVPU), vart nedlagt i 1991. Hvordan kan man da være styrer, ansvarlig, klient og pasient av noe som ikke eksisterer?

Dersom man med HVPU mener utviklingshemmede, er dette en total gal måte å omtale denne gruppen mennesker på.

Vi skriver år 1996, og vi burde nå etterhvert i vår opplyste tid, klare å omtale utviklingshemmede på en mer verdig måte enn dette.

Hordaland fylkeslag av Norsk forbund for Psykisk Utviklingshemmede.
Ida Carlsen Eide, nestleder

Jeg tør be om å få inn nedenstående på Kort & Godt siden i Deres avis:

Føkk ju, Språkrådet

Torkjell Larsen, Nesttun

«Den skrullete lovforslagsprisen»

Prisutdelinger hører man om titt og ofte. En pris har man imidlertid savnet, og nå er det på tide at den kommer!

Deltakerne har ligget i trening lenge, men øverst på den foreløpige nominasjonslista til å få «**Den skrullete lovforslagsprisen**» må vel den stå som har klekket ut forslaget om at skjenkesteder skal være ansvarlige for hva folk foretar seg i fylla.

Noen bedre??

Ragnhild M. Maasø

Har du et nyhetstips – ring tipstelefonen 22 20 00 00 direkte – eller nærmeste lokalredaksjon

Tlf.: 00 44 181 567 76 29.
Telefaks: 00 44 181 840 68 13.
København: Dagbladet BT, Kr. Bernikowsgade 6, DK-1147 København. Journalist: Asbjørn Svarstad.
Tlf.:00-45-32 95 79 50.
Telefaks: 00-45-32 95 79 33.
Stockholm: Aftonbladet, Globen, 105 18 Stockholm.
Journalist: Pål Gleditsch. Tlf.: 00-46-8-72 52371.
Telefaks: 00-46-860 00 177.

LOKALREDAKSJONER:
Nord-Norge-kontoret:
Strandgata 34, Postboks 469, 9001 Tromsø.
Tlf.: 77 66 66 60/77 68 67 69. Telefaks: 77 65 81 80.
Journalister: Per Lars Tonstad, tlf. privat: 77 67 47 88.
Danny Pellicer, tlf. privat: 77 68 97 15.

Trøndelagskontoret:
Fjordgata 82, Postboks 845, 7001 Trondheim.
Tlf.: 73 52 87 09. Telefaks: 73 52 25 03
Journalister: Kjell-Ivar Myhr, tlf priv.: 73 53 46 95
Morten Stokkan, tlf. privat: 73 51 59 80

Telemarkskontoret: Nedre Hjellegt. 4, 3725 Skien.
Tlf.: 35 53 09 90. Telefaks: 35 53 09 95.
Journalist: Bernt Blomquist, tlf. privat: 35 53 02 12.

Vestlandskontoret: Nygårdsgt. 17–19, 5015 Bergen.
Tlf.: 55 32 09 29. Telefaks: 55 32 90 57.
Journalister: Leif Stang. tlf. privat 55 16 65 47.
Sveinung W. Jensen, tlf. privat: 90 58 34 25.

Rogalandskontoret: Verksgt. 62, 4013 Stavanger.
Tlf. 51 89 61 11. Telefaks: 51 89 37 77.
Journalister: Lars Helle, tlf. privat: 51 87 01 62.
Tone Vassbø, tlf. privat: 51 62 43 53.

Sørlandskontoret: Markensgt. 48. Postboks 659. 4601 Kristiansand.
Tlf. 38 02 11 55/38 02 11 31. Telefaks: 38 02 09 92.
Journalister: Birger Folmar, tlf. privat: 38 09 13 54.
Eivind Pedersen, tlf. privat: 38 01 10 88

Lillehammerkontoret:
Storgata 86, 2600 Lillehammer.
Tlf.: 61 26 03 11. Telefaks: 61 26 03 13.
Journalister: Kristian Skullerud, tlf. privat: 61 25 54 38.

ABONNEMENTSSERVICE:
Åpningstid: Man–fred: 12.00–15.00.
Telefon .....67 92 75 10.

ABONNEMENTSPRISER inkl. søndag:
Pr. kvartal: kr 780. Pr. halvår: kr 1500.
Pr. år: kr 2900. Flytillegg.

Formframstilling: AS Dagbladet, Akersgt. 49, Oslo 1.
Trykk: KS AS Dagblad-Trykk, Lørenskog.

Smil – eller slutt!

Her om dagen skulle jeg handle litt mat i en av byens billigmatforretninger. Kvelden før hadde jeg tilbrakt på bar, og hadde derfor denne dagen litt vanskeligheter med å styre alle mine kroppslige funksjoner. Spesielt høyre armen, som jeg hadde sovet på hele natten. For å hevne dette, dyttet armen plutselig et glass med chili con carne rett i gulvet.

SÆRMELDING
fra Tore Christian Sævold, frilansskuespiller



Alt stoppet opp, og jeg sto flau og maktesløs tilbake. Og før jeg visste ordet av det begynte en diger dukke å kjefte meg huden full for denne ulykken en av mine ukontrollerte lemmer hadde utført. Hvordan var dette mulig? En dukke som snakker? Først forsto jeg ingenting, men så gikk det opp for meg at det var en av kassadamene i butikken.

Hun måtte roes ned, og det fort. Det stive solsvidde fjeset hennes holdt på å sprekke og den hvite hårpalmen hennes tok nesten fyr. Det gikk ikke. Og jeg fikk klar og høylydt melding om å passe bedre på i ettertid.

Jeg lurte i et øyeblikk på om det virkelig var så ille det jeg hadde gjort? Kunne det ikke ha hendt selv den beste? Burde hun kanskje prøvd å få meg til å føle meg bekvem i den litt pinlige situasjonen? Med et smil – eller et «Det er ikke så farlig»-trekk på skuldrene. Da skulle jeg gjerne løpt etter bøtte og klut.

For meningen er vel at servicenæringen skal få deg til å føle deg verdsatt. Setter du deg for eksempel inn i en drosje, skal sjåføren gjøre sitt ytterste for at du føler deg vel. Men her i byen får man ofte følelsen av å være en plage. Ofte virker det som om enkelte er sur for at de ikke kan lese avisen i fred eller snakke med en kollega i stedet for å måtte kjøre bil.

Og lytter du virkelig godt etter neste gang blondinen i klesbutikken spør: «Trenger du hjelp?», så hører du kanskje hva hun egentlig sier: «Skal du ikke gå snart?» (Hun har jo tross alt viktige telefonsamtaler å ta ...)

Vi nordmenn er elendige når det kommer til kundebehandling. Hvorfor det egentlig? Med de prisene vi opererer med i Norge, skulle du heller blitt mottatt med rød løper og dansende betjening. Om det så bare var når du kjøpte avisen på Narvesen.


Jeg spurte høflig en nordnorsk bartender om is i drinken min her en kveld. «Nei,» svarte hun først. Jeg måtte formelig tvinge stakkaren ned en hel etasje etter isbiter til meg. (Som jeg deretter fikk «servert» i en telysholder!)

Hvor har barbetjeningen lært yrket sitt? På kloster i Tibet? Vitsen med en bar er vel at man skal prøve å få deg til å returnere til nettopp det vannhullet så ofte som mulig. Og da kreves det mer enn å tappe øl og ta imot penger. Man skal til tider smile, snakke, lytte, rydde, ja gjøre alt hva de selv ville likt å få oppleve i bar. Men ytterst få tør å klage. For før du vet ordet av det har en eller annen diger dørvakt lempet deg ut fordi du er bråkete. I utlandet blir det satt pris på om du har noe å påpeke. Det betyr bare at du kan gjøres enda mer fornøyd.

Alvorlig talt service-Norge, ta dere sammen! Landet vårt er ødelagt nok som det er med sinnssvake røykeforbud, alkohollover og stengetider i hytt og pine. Så vær så snill, ikke gjør det verre! Det må være en eller annen måte å forbedre dette på. Det vil heve både inntekter og levestandard kolossalt om dere bare klarer å legge fra dere problemene hjemme, og heller smile litt i arbeidet.

Hvis ikke, så gjør verden en tjeneste! Slutt jobben, og finn dere noe annet å gjøre!

(Det er alltid bruk for flere skjenkekontrollører.)



De 38 lærde hodene i Språkrådet har utøvd blind vold mot ord-innvandrerne våre.

Ordrøsjet

Breakdance har blitt en brekende sau som danser. Breikdans høres rett og slett ut som en amerikansk frihetsgudinne. I lusekofte.

Sørvis smaker ikke bedre. Bismaken er i alle fall overveldende på sjampanje.

Ranch har blitt ransj, altså et sted hvor man oppbevarer fehoder.

Rapp (rap) er noe man i utgangspunktet får på baken.

Jeg skulle langt på vei forstått det hvis Språkrådets noe tvilsomt utvalgte bestod av dyslektikere uten sted- og orienteringssans. Men det gjør det ikke.

«Jeg skal ha to håtte dågger!»

Tilhengerne vil ha det til at det er en vanesak. Godt mulig at det er en vanesak. Å ha gjeld oppover ørene og helt til hårfestet er også en vanesak. Men spørsmålet er om vi, ordutøverne, praktikantene, vil føle oss komfortable med å skrive «gaid», «snakkbar», «displei» osv. Det er rett og slett snakk om en ansvarsfølelse som kanskje ikke kan godskrives de 38 medlemmene i Norsk språkråd. De som har ansvar for ordenes opprinnelse og egenart.

«Snakkbar», er det et sted hvor man kan snakke? De 38 har vedtatt å tillate bortimot 500 nye «villfarne» ord. Gud hjelpe norsken og fedrelandet hvis Kulturdepartementet og Åse Kleveland tillater denne formen for verbal skambank.

Ivar Aasen skapte i sin tid et nytt skriftspråk gjennom nynorsken. Ved å samle alle landets dialekter, fikk han summa summarum, gjennom mange års hardt arbeid, et skriftspråk godt forankret i dialektene i datidens Norge. All honnør til Ivar for det. Dessuten er det Aasen-år i år.

Desto verre er det at dagens språkråd soper sammen engelske og internasjonale ord på denne måten og gjør dem til norske bare ved å skrive dem slik de blir uttalt. Lettvint, eller?

Derfor har safe «blitt» til «seif», og «touch» blitt til «tøtsj». Det er sånt man kaller Michael Jackson-syndromet. Og akkurat som Michael Jackson ser heller ikke de nye skrivemåtene bra ut.

«La oss resette matsjen, og ta en fait utenfor til en av oss tilter. Det er det som kalles å enterteine!»

Jeg fornemmer en fiendtlighet mot det internasjonale. Kan man høre et knusende EU-nei slå ned i Språkrådets alter? Som sier: «Kan vi ikke hindre ord-innvandrerne, skal de i hvert fall konverteres eller kastreres.»

Som reisemål er Norge et ettertraktet land. Tyskere og engelsktalende turister kommer i busslaster for å oppleve de høye fjellene og de dype dalene. Samt «smake» på utestedene våre. Men hvem finner vel fram til pøbben? Ikke nordmennene selv en gang, kan jeg tenke meg.

Hva er det neste? McDonald's blir til Makkdonall?

Vi blir mer og mer snåle, vi nordmenn.

«Bånn appetitt!!»

Man skal selvfølgelig ikke overdrive. Noen av nyordene høres ikke så riv, ruskende gale ut. Promosjon (som i markedsføring), ketsjup, hedde (det du gjør med en ball) kan jo gå an. Men vi skylder «innvandrerord» som vi har gjort til våre egne, at vi lar dem stå for hva de er og hvor de kommer fra.

Kall oss gjerne gammeldagse, men vi vil gjerne forsatt kunne få service på bilen, og ikke sørvis. Vi vil gjerne beholde kickene våre, ikke kikkene (kikkhoste?). Og vi vil gjerne skrive catering ikke keitering. Det blir for keitete. Man stiller seg spørsmålet om skrivemåten i det hele tatt er åndsfrisk, helt kreisi (crazy)!

Nei, Norsk språkråd. Dette var virkelig dårlig taimet. Noen av oss er fremdeles så kvalitetsbevisste at vi vil drikke champagne ved høytideligheter, og ikke sjampanje. Sjampanje høres billigere ut for hver gang en smaker på den. Det finnes ikke noe fansy over de nye, kampaktige lusekoftemotene fra Norsk språkråd. La det bli finisj på rådets forsøk på å være hippe! Det er rett og slett helseskadelig for ordlistene våre.

TEKST: ARNE EINAR BRUN
TEGNING: SVEN TVEIT

Me

- eit lite ord for sære strilar

Innspel frå grasrota:
Bjarne Åsgard

Dei vise forvidlar veræ, seier ho mor ofte. Det er eit ord som passar godt i den feberheite debatten om stadnamn i Nordhordland. Staten brukar pengar på konsulentar som skal setja nye namn på kartet vårt. Dei kjem med forslag som korkje har rot eller fot , og er ærleg verd mykje av harmen som vert aust over dei. Godt at me har folk som Johan Litleskare, som prosederer på at det er betre med «Knarvikjæ» enn «Knarviki».

Medan staten sine vismenn studerer namnelova, døyr strilamålet. Det dovnar vekk som julesnøen i januar 1996. Det er ikkje staten sin feil. Det er ikkje fjernsynet sin feil. Me kan ikkje eingong skulda på bergensarane. Me har berre oss sjølve å takka.

Me er så opptekne av kulturarv. Me byggjer opp att dei gamle steingardane og dei gamle husa. Me vernar



dei gamle fyrtårna der fyrvaktarane er erstatta med automatar. Men målet hennar mor - det duger ikkje lenger. Ikkje ein gong i «Rubrikken» lokalaviso.

I dag handlar det om eit fyrtårn i nordhordlandsmålet. Eit lite ord som heiter «me». Det er eit menneskeleg samleord som snart kan setjast i ein monter på Lyngheimuseet. For - det heiter ikkje «me» lenger, det heiter «vi», for å skriva om Halldis Moren Vesaas.

Skulen i Nordhordland skjerpa seg kraftig når det gjeld å skapa tilknytning til den bygda borna veks opp i. Kjennskapen til den nære historia, til dei nære tradisjonar og levemåtar er mykje betre mellom elevane i dag enn for 20 år sidan.

Minst like flinke er dei i barnehagane, mange stader. I ein korttidsbarnehage som knapt er unt ei kommunal krone, der lærer smårollingane å baka harde lefser og tova ull og kinna smør.

Men pedagogane sviktar strilamålet. I klasserommet og i skuleadministrasjonen heiter det «vi». Dette er sjølvsagt god nynorsk, det er ikkje poenget. Poenget er at målundervisninga ikkje bryr seg om den lokale uttalen slik resten av undervisninga. Det burde vore sjølvsagt å læra elevane å skriva ein nynorsk som låg opp til den dialekten som rår i bygda.

Skulesjef Knut Risnes i Austrheim fortel at han sjølv brukte «me» då han undervista. Men han innrømer at skuleleiinga ikkje har nokon politikk på dette området. Det er heller ikkje spørsmål skuleleiarar diskuterer. I det heile er mykje opp til den enkelte lærar.

- Strilamålet er ein del av reiselivsproduktet vårt, seier Helene Salte.



Ein gong bar Knut Risnes staur. Høra sprikte mindre enn det strilamålet gjer.

Då var det annleis før. Knut Risnes hugsar tida på Nordhordland Folkehøgskule. Lærar Anders Mongstad ville gjera elevane sine til gagns menneske. Han retta alltid til «me». Ein elev frå Sotra protesterte høglytt mot dette med følgjande setning: «Me seier «vi», me». Ganske treffande sagt, ikkje sant? Ivar Aasens eigne sunnmøringar er like treffsikre i spørsmålet om det personlege pronomenet: - «Øss seie vi me».

Dialektkartet stemmer ikkje lenger med landskapet. I 1993 gav vismannen Helge Sandøy ut ei bok om talemålet. Der er det «me-land» frå Sunnfjord til Lindesnes, frå Utvær til inn i granskogane i Oppland og Buskerud. Ja, frå Alvdal til Selbu og i store område i indre Nord-Trøndelag seier dei «me». Til og med byfolka i Stavanger og mange nordlendingar gjer det. Men strilane er eit knotande folk. Dei ofrar gjerne morsmålet i telefonen når det er ein som «snakkar pent» i andre enden av tråden.


Det finst unntak. For moro skuld har eg studert politikarspråket. I Lindås kommunestyre var det eit par Senterpartistar som aldri sa «vi» - Anders Gjerstad og Anna K. Valle. Senterpartiet går som alle veit mot all forandring.

SV-general Terje Skei førte og ein solid striladialekt. Arnvald Risøy, Kr.F, snakka eit framifrå strilamål til å vera ordførar og attpåtil formann i regionrådet i Nordhordland og Gulen. Men begge veksla mellom «vi» og «me» på talarstolen. Politikarspråket er ikkje ulikt menigmannspråket.

Betyr det noko om strilamålet overlever? Har det nokon næringsverdi? Javisst. Helene Salte er ei dame som du aldri greier å knipa i å seia «vi». Det er fordi ho er jærbu. Der har dei lært å vera glad i sitt eige. - Jærdialekten min har eg brukt overalt. Den er ganske lik striladialekten. Dialekten er ein viktig del av meg, og den vert positivt motteken overalt. Folk forstår veldig godt «ka eg seie». Seier Helene, som er reiselivssjef i Nordhordland.

Betyr målet noko for reiselivsbransjen? vil me vita? - Det er klart. Folk kjem til Nordhordland for å oppleva natur og kultur. Språket er ein viktig del av kulturen. Strilamålet er ein viktig del av det me sel.

Kanskje framtida for nordhordlandsmålet vert å selja det. Berre vent til næringslivet vaknar. Dei kan selja fine bilete frå lynghei-landet med teksten «Hev me da ikkje gildt?» under.



Terje Skei snakkar stril. Men «me» og «vi» e´kje lett...

Den som lever, får sjå om «me» overlever. Til de høyrer frå oss neste gong, vil eg granska ein påstand som har dukka opp på heimebane. Påstanden er nemleg alvorleg. - «Du skriv då «vi» sjølv i avisa». Du seier «der» og ikkje «dar», pappa. Du knotar fælt i telefonen.


Snakk om å verta tekjen me brokjæ nere - før sengjetid.



Engasjement for øynæ og vikjæ

Engasjementet for lokale endingar som øynæ og vikjæ kom klart fram på eit namne-møte på Alver nyleg. Lindås kommue inviterte til ei samråding om namn der også namnekonsulenten var med. Og kommunane vil samordna det vidare arbeidet.

Av HANS E. STORHEIM



Namnediskusjon på Alver. F.v. kultursjef Jostein Mykletun, lokal namneekspert Johan Litleskare og namnekonsulent Kjell Erik Steinbru.

Marøyna, Flatøyna og Radøyna er skrivemåten Namnekonulenten føresler, og som har sett sinna i kok fleire stader. Likeeins vil namnekonsulenten vita om Meland kommune vil ha Sakstad eller Sagstad i kart og på skilt. Det er og litt av bakgrunnen for den pågåande namnedebatten i Nordhordland.

Eit forsøk på samordning låg difor bak seminaret på Alver. Seminaret skulle først og fremst gje deltakarane kunnskap. Men tidt og ofte fekk engasjementet sleppa til - slik ein og har sett i innlegg i lokalpressa.

— Folk vil ikkje ha verken Radøyni eller Radøyna på kart eller skilt. Dei fleste vil ha ubunden form, altså Radøy. Korleis stiller det seg i høve til namnelov og forskrifter? ville Leif Taule frå Radøy kommune vita.

FORSKRIFTENE

Namnekonsulent Kjell Erik Steinbru held seg til forskriftene. Og etter dei skal skrivemåten på kart vera Radøyna, Flatøyna og Marøyna. Dersom då ikkje folk kan godta i-endinga, som har vore gjeldande skrivemåte i kartverket i lange tider.

— Men eg ser endeleg fleire argument mot å skriva Radøyna, sa Steinbru. Han viste til at det lettare vert usemje når større øyar har same namnet som kommunen. Frå salen vart det vist til seiemåtane Raæ og Ranæ.

— Og talemålet er Knarvikjæ, ikkje Knarvik! sa Johan Litleskare. Kviste er eit namn i Nordhordland som er rett rett skrive. For det er det folk seier, ikkje Kvitstein eller Hvidsten. Men mange andre namn er feil skrivne, sa Litleskare.

UTTALEN VIL DAUDA

Litleskare la vekt på at uttalen av namn vil dauda bort om folk ikkje ser namna skrivne slik me seier dei. Men på Vestlandet er det berre bergensk bymål som sler gjennom mot staten sine forskrifter. Ungdommane som veks opp i Nordhordland vil ikkje snakka same dialekten som bestefar min. Det er ikkje noko mål. Men når me uttalar namn på same måten som folk i distriktet har gjort utan brot i kanskje 800 år, då må det vel ha ein verdi? Det er ikkje talefeil å seia Sakste og Gauste. Og me vil ikkje ha Flatøyna på kart eller skilt. Det er Flatøynæ me seier! sa Litleskare.

O-ENDING

Han utfordra og namnekonsulentane sin forkjærleik for o-endingar. Lono, Haugo og Borgo er no godkjende som offisiell skrivemåte i Arna. Johan Litleskare drog fram gamle skrivemåtar innhenta blant bygdefolk i området, med å-ending slik mange også brukar i Nordhordland: Romslå, Borgå, Kupå, Njåstå.

Steinbru våga seg og på ei forklaring av kvifor det ikkje bør heita Ostereide, men Ostereido, ei forklaring få i salen hadde særleg stor sans for.

Når Litleskare av og til kasta eit skråblikk bort på namnekonsulent Steinbru, er det ikkje dit han ønskjer å retta kritikken. Problemet er at lokal seiemåte i Nordhordland ikkje alltid passar inn i normeringa som forskriftene til namnelova legg opp til.

— Eg har stor sans for Johan Litleskare sitt arbeid og frustrasjon. Føresegnene tek for lite omsyn til særdraga i seiemåten av namna i Nordhordland, seier kultursjef Jostein Mykletun. Mykletun seier at det på ein eller annan måte vil verta arbeidd vidare med ei lokal samordning når det gjeld skrivemåten på namn i Nordhordland. Blant dei frammøtte verka det og vera semje om at kommunane bør stå samla. Då kan ein få meir gjennomslag for lokal seiemåte når skrivemåten for namn skal opp til vurdering.

Også for Lindås er det varsla stadnamnsak - om Festo eller Feste.

Orgel-situasjonen i Lindås

Etter å ha lese innlegget i Strilen av formannen i Ostereidet sokneråd, Ivar I. Eidsheim og organist Boris Kuprijanov om orgelsituasjonen for kyrkjene i Lindås, sit ein att med ei kjensle av at dei meiner at orgelsituasjonen er den same no som framfor budsjettmøtet på Voss i desember då ein prøvde å fremja orgelsakene på Ostereidet og Hundvin samstundes.

Det er den då ikkje. Orgelsituasjonen på Hundvin er drastisk forverra. El-orgelet, som har synt teikn til sviktande helse i mange år, ville ikkje lenger produsera lyd under gudstenesta 21. januar i år.

Det kan ikkje skaffast delar til orgelet, og det kan ikkje reparerast. Eit lite piano vert heretter kyrkja sitt instrument under gravferder, bryllaup, gudstenester og andre kyrkjelege tilskipingar. Då meiner eg at det oppstod ein heilt ny situasjon. Og det var denne situasjonen som var grunnen til at Lindås kyrkjelege fellesråd tok orgelsaka på Hundvin opp på ny.

Vonar sjølvsagt at formannen i soknerådet og organisten på Ostereidet er samde i dette.

At så fellesrådet, der alle kyrkjesokna i Lindås er representerte, i møte på Lindås 7. februar samrøystes gjekk inn for å tilrå pipeorgel på Hundvin med framlagd finansieringsplan, kan ein lika eller mislika. Men det er likevel eit uomtvisteleg faktum.

Eg trur at dette vedtaket på sikt også vil gagna Ostereidet, men i denne omgang er det orgelsaka på Hundvin som er vorte ei politisk sak for formannskap/kommunestyre, og som me vonar vil få eit positivt utfall.

Hundvin sokneråd/orgelnemnd vil i tida som kjem bruka mykje energi og krefter på å samla inn det me manglar på eigenkapitalen på 350.000 kroner. Me er godt i gang, og me skal nå målet. Så vil eg til slutt, på kyrkjelyden sine vegne, vona på ei snarleg løysing, slik at orgeltonar atter kan høyrast i Hundvin kyrkje.

Martin Træland
leiar Hundvin sokneråd

Ros til kraftlaget



—Kraftlagsfolka fortener verkeleg ros for innsatsen dei har gjort i samband med alle straumbrot i førre veke, seier ei dame frå Myking på telefonen. Ho meiner dei tilsette på kraftlaget har stått på seint og tidleg i all slags ver for å få straumen tilbake. Dama gjev og ros til dei som tek mot telefonar hjå Nordhordland Kraftlag.

Busslomma på Leiknes

Svar til Asbjørn Leiknes

Eg ser at du etterlyser svar på spørsmåla dine i Strilen den 12. januar d.å. Eg seier meg lei for at me ikkje har svara deg før.

BNR har ikkje målt frisiktsonene for kryssa i Hillesvåg og Hjelmås på RV1. Dersom du sjølv ikkje alt har målt desse, kan nok Hordaland Vegkontor gje rett svar på dine spørsmål.

Frå BNR vil me likevel gje nokre kommentarar til samanlikningar mellom busslomma og dei to omtala kryssa. Både kryset til Hjelmås og Hillesvåg burde etter vår oppfatning hatt lengre frisikt. Dette gjeld spesielt krysset til Hjelmås. Det er mange kryss og busslommer i Nordhordland som burde hatt betre siktsoner. Dette faktum må likevel ikkje medføra at nye busslommer og kryss ikkje vert bygde slik at dei tilfredsstiller dagens krav til tryggleik. Gamle kryss og busslommer får me arbeida vidare med å få sikra.

Ein kan ikkje utan vidare samanlikna busslomma på Leiknes med dei to omtala vegkryssa med berre å vurdera frisiktsonene. Begge kryssa er varsla med skilt, dei er opplyste og dei er bygde med venstresvingfelt. Stigningsforholda på vegen er gunstigare m.h.t. fart og stopplengde for retning mot Knarvik. Dessutan har begge desse kryssa noko større svingradius ved innpåkøyring. Det siste gjer at bussen kjem raskare i posisjon på riksvegen.

Den 19. januar var det synfaring på busslomma på Leiknes. Hordaland Vegkontor, lensmannen i Lindås og BNR deltok. På denne befaringa var det semje om at frisikten på busslomma skal aukast med omlag 20 meter (til ca. 160 meter). Dette for å oppnå tilfredsstillande tryggleik ved utkøyring frå busslomma.

Me vonar at du som mogleg framtidig brukar av busslomma også er oppteken av tryggleiken.

Etter lovnader frå Hordaland Vegkontor vonar me at utbetringa vert utført så snart som mogleg, slik at busslomma kan takast i bruk.

Eivind Fykse
Ks. sjef BNR

— Fantastisk på Seim

— Konserten med Geirr Lystrup og Seim songkor var heilt fantastisk, seier ein innringjar. Ho var framleis i storslag då ho ringte redaksjonen måndag føremiddag.

— Geirr Lystrup var svært flink til å få folk i salen med seg, han var fabelaktig. Det var rett og slett ein stor kveld. Eg vonar at folk stør songkoret og stiller opp på konsertane også i framtida, seier ho.

ORDSKIFTE

Farlig å ikke danse?

YTRING

«Aldri farleg for den som dansar», skriver Borghild Gramstad i Dag og Tid 2. november, med utgangspunkt i et intervju med undertegnede i avisen Dagen. Den som kan danse, drikker mindre, mener hun. Ja, mon det. Den påstand har jeg aldri sett statistisk belegg for. Derimot vet jeg at mange av oss klarer oss svært godt uten både dans og alkohol. Borghild Gramstad synes helt å mangle forståelse for samvittighetsproblemer, og insinuerer at dersom kristne skoleelever får slike problemer i forbindelse med dans, kan det skyldes at foreldrene har et skadelig kroppssyn.

Jeg skal ikke kommentere nærmere hennes manglende forståelse for andre menneskers samvittighet. Jeg skal heller ikke kommentere hennes panegyriske beskrivelser av dansens velsignelser, men konstaterer bare at vi har en helt forskjellig virkelighetsoppfatning. For det er ikke det som er hovedsaken. Spørsmålet er om man gjennom den nye læreplanen skal **tvinge** elevene til dans. Borghild Gramstad hevder at «trongen til dans er en naturkraft som pressar seg fram». Hvis det skulle være sant, så er det vel ikke nødvendig å tvinge noen til å danse? Det er ikke her først og fremst et spørsmål om å være for eller mot dans, men å være for eller mot tvang. Og jeg vet heldigvis at mange som selv er positive til dans, er mot at noen skal tvinges til å danse. «Tvang til tro er dårers tale», heter det. Jeg skulle tro at det samme gjelder tvang til dans.

Are Næss,
stortingsrepresentant KrF

Dialekt og nynorsk i Østlandssendinga

YTRING

Di ansatte får ikke bruke dialekt og nynorsk i Østlandssendinga. E slik utestenging støtter opp om intoleransen overfor slik norsk.

Gammelnorsk/mellomnorsk/dialekt – nåtidsnorsk har alltid vært et morsmål som andre morsmål, det er ikke innbyggd noe «kontroversielt» i det. Og mange østlendinger har beholdt denne tusenårige, opphavlige norsken som talemål. Hvorfor skulle ikke vi østlendinger ønske dette talespråket i lokalprogrammet?

Di fleste på Østlandet skriver bokmål. Likevel er det alltfor firkantet å stenge nynorsk ute fra Østlandssendinga.

Kann vi ikke omsider «avdramatisere» den norsken som ikke har oppstått som leseuttale av dansk skriftspråk?

Det er for dummt at slik norsk utsettes for «språklig apartheid».

Edvard Rahm

P.S. Jeg staver litt annerledes. Di, kann, alltfor osv. er ikke utslag av stavefeil.

ANNONSER
I DAG OG TID
ANNONSER I DAG OG TID

Målpolitiske fordomar og nasjonsbygging

YTRING

I studenttidsskriftet Mål og Makt prentar Ottar Grepstad uppatt ein artikkel som stod i Dagbladet i 1986. I samband med denne uppattprentingi kjem han med nokre aktualiserande merknader til innleidingi. Han skriv mellom anna: «Somme vil kanskje ta argumentasjonen min til inntekt for eit Indrebøinspirert nynorsk. Ingen ting står meg fjernare. Ingen ting. Ein slik arkaisk nynorsk er med og stadfestar fordommar av kva nynorsk er, fordommar som når langt ut over det filologiske og beint inn i kjerna av norsk kulturhistorie. Indrebø-strategien har som konsekvens at nynorsk blir eit synonym for gårsdagen. At unge språkpolitikarar ikkje ser dette anno 1995 er ei av dei gåtene eg må leve med. Eg skulle ønskje at filologar kunne ha litt sans for dei sosiale og politiske funksjonane av det dei driv på med.»

Grepstad slær altso fast at høgnorsken (den Indrebø-inspirerte nynorsken) stadfestar fordomar om kva nynorsk er. Dette meiner Grepstad er negativt. Eg er ikkje so viss på at det er so. Fordomar vil alltid koma upp millom gruppor som ser ulikt på ting. Ein kann stella upp fire ulike gruppor eller retningar innanfor norsk målpolitikk. Ein kann snakka um dei norskdanske tradisjonalistane som hev halde på eit språk nært knytt til flaggformene *nu, efter* og *sprog*. Og ein kann snakka um det som hev vore den offisielle rettskrivingsideologien innanfor mykje av den norskdanske ålmenta, ei moderat og kvasinøytral lina. Den siste lina er den mest fleksible og mangesidige. Ho romar alt frå sokalla radikalt bokmål til meir riksmålsprega språk.

På målsida kann ein snakka um tvo grupperingar, ei høgnorsk og ei målbrigdelina. Dei moderate på den norskdanske sida hev stødt freista å vinna godhug hjå målfolki, serleg hjå målbrigdemennene, og taka brodden av målstriden. Dei byrja med å kritisera høgnorskmennene. Når dei hadde gjort seg ferdige med dei, byrja dei å hogga etter målføregranskarar og andre som var med på å halda uppe eit puristisk og sermerkt mål. Ei tid let målbrigdemennene seg lura av denne offisielle moderate og kvasinøytrale lina, men det er vorte vanskelegare og vanskelegare å få folk til å tru at nynorsken hev noko å vinna på å fylgje tomsnakket frå dei moderate på den norskdanske sida. Dei moderate på den norskdanske sida glid meir og meir inntil dei norsk-danske tradisjonalistane, og målrørsla hamnar på sidelina i målpolitisk samanheng.

Presset mot dei som skriv nynorsk vert hardare og hardare. Lærebokforfattarar vert tvinga beinveges eller umveges til å nytta termar som liknar norskdansk. Den samnorske vanetenkjingi vert nytta som eit aktivt våpen mot målfolk. Ein må ikkje skilja seg ut. Det er ein fyremun at målformene vert meir like einannan for då slepp ein målstrid. Difor må du ikkje nytta det og det nynorske ordet. Den norskdanske sida spelar rått på kvart einaste veikt punkt i den nynorske måluppfatningi. Den sokalla samnorskpolitikken som lærebøkene freistar å skyta seg inn under, er berre eit låkt skalkeskyle for å driva dei målpolitiske grupperingane på målsida meir og meir mot norsk-dansken, for samnorsken er ein måli-deologi som ingen trur på – iallfall ikkje på den norskdanske sida. Ingen ser ut til å ha serlege fordomar mot norskdansken, endå denne målformi stend mest uendra etter 57 års samnorsksnakk. Dei fordomane som målrørsla freistar å spinna umkring dei norskdanske tradisjonalistane når ikkje fram.

Dei fordomane som Grepstad tykkjer so lite um, «når beint inn i kjerna av norsk kulturhistorie», meiner han. Eg fær assosiasjonar til norsk nasjonsbyggjingssoga når eg les dette. Måltroll, bondeknølar, grautetarar og uforståelegt fjellbygdmål og burtetter hev vorte framdrege som karikaturar på det sernorske. Dette er karikaturar som motmennene våre spelar på ved høve. Når slike fordomar kjem fram skal det ettervisast at nynorsken, bygdekulturen og folkeupplysnings-ideal med meir ikkje verkar nasjonsbyggjande. Den meir difuse bykulturtradisjonen derimot, serlegt den som hev rotfeste i hovudstaden, er langt meir leveføre, meiner visst sume. Den fremste fyremunen til dei moderate på den norskdanske sida hev vore at dei hev kunna stempla målrørsla som ei utgruppa. Dei hev teke upp i seg det dei hev trunge av bygdekulturen og dei nasjonsbyggjande ideali til målrørsla og inkorporera dei i sitt eige nasjonsbyggjingsreisverk. Resten hev dei vraka.

Samnorskideologien hev slege fast at me eig visse verdiar saman. På det viset kann dei norskdanske parodiera Haugtussa for målet i boki. På same tid som litteraturforskarane kann peika på at verket er eit sermerk stykkje av nasjonallitteraturen vår. Tilsvarande dubbelmoral kann ein vanskelegt tenkja seg med eit stykkje som Peer Gynt av Henrik Ibsen. Det gjer seg godt å måla måltroll som Ivar Aasen og Per Sivle, men vilde det ha vore stovereint å laga eit portrett av dei fire store (Ibsen, Bjørnson, Kielland og Lie), fatigmennene som laut ty til Danmark for å få gjeve ut bøkene sine. For ikkje å snakka um å syngja nasjonalsongen til Bjørnson på dansk. Konklusjonen må verta at den som hev makt til å definera dei målpolitiske skilordi skapar statiske fordomar av målfolk anten dei er rettkomne eller ikkje. Målrørsla må avvisa at det sermerkte nynorske målet vert pressa av språkmobbingi frå dei moderate og kvasinøytrale på den norskdanske sida.

Dei sosiale og politiske funksjonane til målrørsla er å tilby ein kompetanse i å gjennomskoda det sernorske og nasjonsbyggjande, utan å ty til tome konstruksjonar. Refleksjonen yver nasjonsbyggjingskonstruksjonar er eit av dei viktigaste tilbodi målrørsla kann gjeva til det sosiale og politiske livet i Noreg i dag. I ei tid då nasjonalstatsproblematikken er sterkt umdiskutera kann eg ikkje tru at Grepstad hev rett i at Indrebø-forsvararane i målrørsla er utan sans for dei sosiale og politiske funksjonane av det dei driv med. Indrebø-tilhengjarane byggjer ikkje på målpolitiske alliansar med dei moderate på den norskdanske sida. Motmennene våre skal ikkje få mobba oss gjenom ein falsk samnorskideologi. Me vil yvertyda flest mogleg av det norske folk um at nynorsk gjev ein nasjonal kompetanse som norskdansken ikkje kann lura seg til.

Lars Bjarne Marøy

KONSESJON TIL NÆRRADIO

Innbyding til å søkje om konsesjon til nærradio

Noverande konsesjonsperiode for nærradio går ut 31. desember 1995. Statens medieforvaltning opnar no for å kunne søkje konsesjon for ny konsesjonsperiode. Konsesjon til drift av nærradio blir gitt for ein periode på fem år.

Det er utarbeidd ei retningsgivande liste over konsesjonsområde. Lista kan ein få hos Statens medieforvaltning. Det er òg høve til å søkje konsesjon i område som ikkje står på denne lista. Dei tilrådde områda vil derfor kunne bli noko endra ved konsesjonsbehandlinga.

Ved behandlinga av søknad om radiokonsesjon vil ein leggje vekt på m.a. erfaring frå nærradiodrift, programplanar og dei økonomiske føresetnadene til søkjaren.

Ingen enkelt eigaraktør skal kunne disponere meir enn 1/3 av den samla nasjonale nærradiomarknaden målt i potensielt lydartal.

Kabelselskap og offentlege organ kan ikkje ha eigen konsesjon til nærradio.

Noverande konsesjonærar som går saman om felles søknad, vil kunne søkje eit eingongstilskot frå Audiovisuelt produksjonsfond. Søknad om dette må fremjast saman med konsesjonssøknaden.

Søknad om konsesjon skjer på fastsett skjema som skal sendast til:

Statens medieforvaltning
Postboks 444, 1601 Fredrikstad


Søknadsfrist: 10. januar 1996

Søknadsskjema og nærare informasjon kan ein få hos Statens medieforvaltning. Vi gjer merksam på at noverande konsesjonærar vil få tilsendt orientering og søknadsskjema direkte.

STATENS MEDIEFORVALTNING
Storgt. 15, Postboks 444, 1601 Fredrikstad, tlf. 69 31 90 30, faks 69 31 92 80

Innrykt av Statens informasjonsteneste

A-45/95



Stortingsrepresentant og mangeårig leiar av mållaget på stortinget, Høgre-representant Hallgrim Berg, er mektig irritert på distriktssjef Arne Wam ved NRK-Austlandssendinga. Wam krev at NRK-korrespondent og vossajente Ingvild Bryn la om til bokmål dersom ho ville hatt jobb på avdelingskontoret. I stortinget sin spørjetime spør Berg korleis kulturminister Åse Kleveland stiller seg til innføring av yrkesforbod på språkleg grunnlag.

- Yrkesforbod på språkleg grunnlag

«Ingvild Bryn-saka» tema i stortingsdebatten

Om ho ville, kunne NRK-korrespondent og vossajente Ingvild Bryn fått jobb i Austlandssendinga. Men då måtte ho skifta «ham» og bli bokmålskvinne. Stortingsrepresentant og mangeårig leiar av stortinget sitt mållag, Hallgrim Berg, rasar.

André Leknessund Wik

I spørjetimen i stortinget i dag spør Høgre-representant Hallgrim Berg korleis kulturminister Åse Kleveland stiller seg til prinsippet om innføring av det han kallar yrkesforbod på språkleg grunnlag.

«Firkanta syn»

- Eg vil gjerne få høyra om det firkanta synet distriktssjef Arne Wam i Austlandssendinga står for får støtte hos statsråden, seier Hallgrim Berg til Gula Tidend.

Kulturministeren er «generalforsamlinga» i det statlege A/S-et NRK, og pliktar å ta stilling til spørsmålet, krev Høgre-representanten.

Gisp gjennom forsamlinga

Det var på eit debattmøte mediemållaget arrangerte 26. mars at Ingvild Bryn fekk ultimatumet om ho ville ha jobb i Austlandssendinga: Skift språk frå nynorsk til bokmål!

- Det har vore kjend ganske lenge at Arne Wam hadde ei slik steil haldning. Då Ingvild Bryn spurde Wam, som var hennar gamle samarbeidspartnar frå NRK for nokre år sidan, om ho fekk jobb dersom ho var kompetent og kvalifisert, svarte han: Ja det skal du få, om du berre legg om målet ditt til bokmål. Det gjekk eit gisp gjennom forsamlinga. Etterpå har Wam prata om at han syntest det var ei svært intolerant forsamling, fnys Hallgrim Berg.

Arbeidsmiljølov

- Forsamlinga har ikkje gjort anna enn å stå på det den meinte var demokratisk rett i eit land som til overmål har to offisielle målformer, seier nynorsk-entusiasten.

Berg meiner det i denne saka er like mykje tale om generelle demokratiske prinsipp som tilsetjingsreglar internt i NRK.

- Det er arbeidsmiljølov og internasjonale konvensjonar dette er snakk om, seier stortingsrepresentanten.

- Dersom ein nynorskmedarbeidar er kvalifisert journalistisk og fagleg, så skal ikkje målforma vera noko handikap. Krav om å endra språk og personleg identitet kan ikkje aksepterast. Så pass langt er vi vel komne i den demokratiske utviklinga i Noreg. Ut frå ei allmenn demokratisk forståing er dette ei enkel sak, meiner Hallgrim Berg.



Kringkastingssjef Einar Førde tar avstand frå distriktssjef Arne Wam i NRK-Austlandssendinga si haldning til nynorsk-talande.

Sint kringkastingssjef

- I NRK er det ikkje høve til å diskriminera på grunn av språk, seier kringkastingssjef Einar Førde. Han tar totalt avstand frå tilsetjingspolitikken til distriktssjef Arne Wam.

André Leknessund Wik

Kringkastingssjefen er kald og kontant når han kommenterer distriktssjef Arne Wam i NRK-Austlandssendinga, si haldning til det hypotetiske spørsmålet frå vossajenta Ingvild Bryn om jobb ved avdelingskontoret. Jobben kunne NRK-korrespondenten få, men på det vilkåret at ho skifta språk frå nynorsk til bokmål.

- Nei, det er ikkje tilgang til å stilla slike tilsetjingskrav i NRK. Språkreglane våre føreset at medarbeidarane våre står fritt til å nytta den målforma dei ønskjer, avviser Førde.

«Vil kunna stå imot det meste»

- I tilsetjingsprosedyren er det ikkje høve til - dersom ein elles er like kvalifisert - å diskriminera eller kvotera radikalt på språkleg grunnlag. Eg kan ikkje garantera at det ikkje har skjedd at den lokale tilknytinga har vore så lita ved enkelte distriktskontor, at ein har gått veldig langt i retning av å leggja avgjerande vekt på språk. Men det skal i prinsippet ikkje gjerast, understrekar kringkastingssjefen.

- Og når medarbeidarane er tilsette hos oss, har dei eit felles sett av språkreglar dei kan følgja. Og det er på det reine at dei med desse språkreglane i hand, vil kunna stå imot det meste av krav om spesiell språkbruk, seier Einar Førde til Gula Tidend.

Lokal dialekt

Kringkastingssjefen opplyser at distriktskontora til NRK er pålagde å vera prega av den lokale dialekten, den lokale tilknytinga og den regionale språktonen. På enkelte distriktskontor er det difor praktisk talt berre nynorskbrukarar, som i Sogn og Fjordane.

- Vi må nok medgje at språklege omsyn ofte har spelt ei rolle når det gjeld rekrutteringspolitikken ved distriktskontora. Totalt sett har det nok falle ut til fordel for nynorsken, seier kringkastingssjefen.

Diskriminerer bokmåls-folk?

Det er ikkje først og fremst nynorsk/bokmål-dimensjonen i saka som plagar Førde mest. Gjennomgåande fører NRK ein språkpolitikk og tilsetjingspolitikk som klart favoriserer nynorskfolk.

- Det er langt lettare for nynorskfolk å få jobb i NRK enn det er for bokmålsfolk. Så på vegner av nynorsken er eg ikkje så veldig indignert. Det er meir det å finna fram grep som gjer at det ikkje blir praktisert språkreglar som varierer i dei ulike delane av NRK, seier Einar Førde til Gula Tidend.

■■ Saka vil ikkje få etterspel for distriktssjef Arne Wam ved NRK-Austlandssendinga.

GULATUN

Dette er møteplassen for meiningar og debatt. Skriv kort om aktuelle emne, helst under fullt namn. Om naudsynt vert innlegga korta ned. Innlegg som ikkje vert nytta, vert til vanleg ikkje returnerte. Vel møtt til frisk meiningsbryting i Gulatun.

Språkrådet er eit målpolitisk organ

Norsk Språkråd er ikkje eit målakademi som arbeider berre med språkfaglege uppgåvor. Rådet er samansett av målsmenn frå ymse målstridskrefter. Dette merkjer seg av i språkrådsarbeidet på ymse måtar. Aksjonen for Språkleg Miljøvern, som rådet hev gåande, hev millom anna til mål å verna um norsk innanfor ulike fagumråde. Engelsk kann aldri verta eit fullverdig alternativ for norske studentar, forskarar og andre som arbeider i Noreg. Det er full semje um dette synet i Språkrådet.

Litt meir umdiskutera er ein annan part av den språklege miljøvernaksjonen. Det heiter seg at rådet skal arbeida for å norske upp butikknamn med meir, og freista å demma upp for engelsk språkbruk på skilt og anna. Dette er eit tiltak som markerar måldyrkingsvilje.

I det siste året hev spursmålet um landsnamnet vore eit målpolitisk stridsemne. Fyrst var det på tale å jamstella Noreg og Norge, men språkrådet laut gjera tilbaketog etter protestar frå fleire målstridskrefter og andre. Landsnamnet Noreg kom trulegt styrkt ut av diskusjonen. I sumar diskutere tvo av medlemene i fagnemndi for nynorsk upphavet og målsoga umkring landsnamnet Noreg m.m. Minst tvo medlemer av språkstridssamskipnaden Språkleg Samling, som arbeider for samnorsk, hev markera seg i striden um landsnamnet. Noregs Mållag hev òg sagt klårt og eintydigt frå at laget vil ha landsnamnsformi Noreg. No hev Språkrådet stade bak ei meiningsmæling um landsnamnet.

Kann ei meiningsmæling avgjera korleis målet skal vera? I andre land enn Noreg vilde det vera ein absurditet. Det er dei som brukar skriftspråket som avgjer korleis det skal sjå ut. Fagfolk kann berre gjeva råd um korleis språket skal eller bør nyttast. Det er den innarbeidde språkbruken som set dei viktigaste grensone for kva som kann eller ikkje kann skrivast. I tvilsmål er det målbrukarane og målstridskreftene som vil avgjera. Meiningsmælingi vart kunngjord utan at me fær kjennskap til viktige tilleggsdata. Kringkastingsringen reiser tvil um gjenomføringi av undersøkjingi i Dag og Tid nr. 50. Det er elles grunn til å minna um at styret i Språkrådet er samansett av tri målsmenn for kvar målform. Bokmålsfolki og ein representant for Språkleg Samling hev fleirtal i styret for Språkrådet. Ein målsmann for Språkleg Samling er leidar for Språkrådet. Hev styret stade attum undersøkjingi er målfolket umudiggjord.

Ein fyrebils konklusjon må vera at Språkrådet er eit organ som fungerar språkpolitisk. Rådet er ikkje berre eit objektivt organ som meklar millom dei språkstridande partane. Det vert nytta til fyremun for einskildaktørar.

No hev det kome upp eit nytt dryftingsemne. Denne gongen gjeld det skrivemåten av engelske lånord. På eit seminar Språkrådet skipa til no i haust la professor Dag Gundersen fram ei liste yver ord som fagnemndi for bokmåls- og nynorskseksjonen vil brigda skrivemåten på.

På eit støtteark som Gundersen gav frå seg på seminaret lagar han jamlikskapar med den russiske måten å brigda engelske lånord på. Men han segjer ingenting um at russisk mål hev eit eige alfabet som gjer umskrivingar naudsynte i alle fall. I staden for skriv han dei russiske anglisismane med latinske bokstavar. T.d. bebi, kompjuter og lokaut. Dette verkar ikkje yvertydande. Manglar han døme fra språk med latinske bokstavar?

Døme på ord som kann få ny skrivemåte på bokmål og nynorsk er: input - innputt, output - utputt, insider - innsidar, outsider - utsidar, service - sørvis, taxi - taksi. Sume ord kann ikkje brigdast fordi dei kann mistydast, heiter det frå rådet. Men dei er visst ukjende med at ordet spray vert uttala både sprei og sprai. Her vel fagnemndi formi sprei, endå det gjerne skulde vera vel so gode grunnar som talar for å nytta formi sprai, so at ein slepp samanfall med å spreia i verbet. Endå um ordet spray i røyndi heng saman med å spreida, hev spray ei sertyding som godt kann koma fram. Det er ein ting å spreida møkk. Det er noko anna å spraya/spraia seg i nasa med ein spray/sprai. Innlånet kann godt syna att her.

Det kann reisast ei rad innvendingar mot det framlegget som fagnemndi kjem med. Fleire av stavingsbrigdi verkar lite gjenomtenkte, og framlegget er altfor umfattande. Det er ikkje synt tanke for at fleire av lånordi ikkje hev vorte folkeeiga enno. Dimed er det ikkje teke umsyn til dei som vantar kjennskap til engelsk, og som er ukjende med dei nye ordi. Fleire stader er det tenlegt å nytta avløysarord for lånordi.

Dei språkrådsfolki som er for ein umbrigda skrivemåte argumenterar millom anna med at utanlandske lånord støtt hev vorte umskrivne, t.d. boks for engelske box. I dag er det samla seg upp so mange engelske lånord i språket at det er på tide å samla dei under ein skipnad med norsk skrivemåte, segjer dei.

I den tid då nynorsken fekk vera i fred for språkpolitiske innspel og endå noko lenger, var det vanleg hevd å leita etter nye ord for nye ovringar. No hev dette gjenge noko or moten. Er det ikkje på tide at språkstridskreftene og skriftspråksutdaningi fær råda seg sjølv? Det norske ålmennspråket ser ut til å ha langt mindre engelske lånord enn ålmennspråket i svensk og dansk. Men i svensk og dansk ser fagspråket ut til å vera langt meir puristisk enn i Noreg. Dette er eit indisium på at språkforskarar og andre i språkrådet heller burde arbeida med å skapa norske ord for engelske innlånsord i fagmål, og slutta å endra skrivemåten på engelske lånord som ålmennspråket kanskje vil klara å visa seg frå med god hjelp av dei nynorske og andre leidande språkstridskrefter og ikkje minst av skrivande bladmenn og forfattarar.

Lars Bjarne Marøy,
formann i Vestlandske Mållag

Ski-draum

Han Ménste-Jo ynskte seg ski til jol,
kvit låg snøen.
Då ville han risa før hanen gol,
renna bøen.

I draumen kom hesten frå himlen, stor,
ski i sleden.
«Dei *dine er* høgg du åt bestemor
turre veden».

Kvar fristund han snøggast treiv øks og sag,
draum var festa.
Han hadde så utifrå godt eit lag,
sa ho besta.

«Men vel må du vara bå` hand og fot,
øks kan bita.
Men elles er det ikkje meg imot
deg å lita».

Ho gubma fekk stova si meir enn varm,
omnen dura.
Sat spøta - med katten i omnskrå-kram,
godt han kura.

Og jolekveld kom så med stor ein stas,
augo blenkte.
Men inkje ski, berre draumevas,
Joen enkte.

Men bestemor gjekk i stova inn,
snåp i snuen:
«Her hev du ei gåva, du venen min,
du er tru'en

Du snakka so høgt ut or draum ei natt,
eg laut lyda.
So vart det for meg, du min kjære skatt,
draum å tyda».

Brått Ménste-Jo såg mot eit skipar beint:
For eit syn, du!
No skulle han fara, bå' tidt og seint,
som eit lyn, du.

Han hoppande glad takka bestemor,
lo fram ordi.
Ho svara: «Takk mest for at Jesu-bror
kom til jordi.

Han Jo, under dyna mot jolenott,
hender nesta:
«Du beste, han kviskra, eg ski hev fått
- hjå ho besta!»

Martin Votlo

Norge på billigsalg

Det har vært skrevet meget i avisene i det siste om offentlighetsloven som ikke blir fulgt. I forbindelse med dette har justisminister Grete Faremo tillatt seg å uttale at når det gjelder offentlighetsloven, står Norge som nummer 1 (Dagbladet 4.12..95). Det stemmer ikke. Den må Faremo «lenger ut på landet med».

I Sverige har de - inntil de ble medlem i EU - hatt noe de kalte «meddelerfriheten». Det er den grunnlovbeskyttelse tjenestemenn har om de går ut med hemmeliggraderte oppgaver for publisering (det er langt fra slik i Norge). Dessuten er offentlighetsprinsippet meget detaljert i den svenske grunnloven, hvilket det ikke er i Norge og Finland (Ulf Bernitz, professor i EU-rett, «Kritisk Fakta» nr. 34 1994)

Det vi opplever i dag er konsekvenser av EØS-avtalen. Demokrati forutsetter åpenhet og full ytringsfrihet. Det ble lagt på hylla allerede under Høyre-regjeringen da forarbeidet med EØS-avtalen tok fatt. Folket skulle vite minst mulig om de norske lovene som måtte forandres for å tilpasses EU-systemet.

Det meste vår nåværende regjering befatter seg med hemmeligholdes, bagatelliseres, omskrives og forskjønnes. Rene, skjære fakta skal ikke frem - samtidig som fedrelandet Norge utsettes for brutale forandringer. Det er ikke rart vi mister motet, føler oss overkjørt og ser det som nærmest bortkastet å bruke stemmeretten. I TV og radio blir sportsnyhetene mer og mer omseggripende. Det er viktig med «sirkus for folket». Og noe må folk få når nyheter og debatt om omformingen av Norge fullstendig uteblir. Stoff fra utlandet er mye viktigere.

Nå står Schengen-avtalen for tur. Vi skal finne oss i politisamarbeid med diverse land uten kontroll, med åpne grenser og pålagt yttergrensekontroll til million på million - penger som kunne vært brukt på en skikkelig måte. Verst er det at vi vil få et skjult overvåkningssamfunn. Teknologien gir mulighetene.

Georg Apenes sier det i korthet slik: «Jeg foretrekker å skulle forholde meg til den eksaminerende tollbetjent på Svinesund fremfor databasen i Haag» (Dagens Næringsliv 11/3 1995. Siden da er det blitt kjent at passfriheten i Norden vil kunne opprettholdes selv om regjeringen selvsagt sier noe annet.

Vi klarte oss i 1940-1945 da fienden kom utenfra. Det er vanskeligere i dag når ødeleggelsene skjer innenfra. I paragraf 112 har Grunnloven gitt oss en fjerde makt: Folkesuvereniteten. Det vil si at det er velgernes funksjon å sørge for at Norge bevares som et politisk demokrati.

Gunvor Holtan

Tid

Aldri har vi hatt så mange tidsbesparende remedier som i dag. Aldri har vi hatt større muligheter til å gi oss selv bedre tid. Og likevel: «Dårlig tid» er blitt et hovedkjennetegn ved moderne, sivilisert liv. Vil vi egentlig ha det slik?

Annenhver nordmann prioriterer i dag bedre tid framfor høyere lønn - om vi skal tro en fersk meningsmåling fra Opinion. Spørreundersøkelser fra 1994 forteller til og med at to av tre nordmenn med familieinntekt over 300.000 kroner kunne tenke seg å gå fem prosent ned i lønn - i bytte med en ekstra fridag i uken. Dette er håpefullt, for tid er en av de få tingene vi kan bruke vesentlig mer av i det miljøvennlige samfunnet.

Og derfor er LO-leder Yngve Hågensen på parti med framtida når han sier at vi nå må ta produktivitetsveksten ut i mer fritid og flere sosialc goder, i stedet for økt lønn. Tar vi et skritt videre, kan vi gjøre både naturen og mange arbeidsledige glade: Ved at vi fulltidsstressende gir fra oss litt arbeidstid kan vi få mange ledige i jobb - uten å måtte produsere kloden i senk. På kjøpet får vi selv bedre tid.

Tor Traasdahl,
Framtiden i våre hender

Osterøybrua

Som alle dei andre bruprosjekta i Hordaland, har også Osterøybrua si «bråkete» fortid. Bruplanane var den direkte årsaka til at Tverrpolitisk Samlingsliste såg dagens lys i øykommunen. Lista vart starta for å hindra at Osterøybrua vart bygd mellom Herland på bergenssida og Kvisti på Osterøy. Den kampen tapte «tverrpolitikarane», men dei har likevel blitt ein maktfaktor i lokalpolitikken på Osterøy. Og garanti om at ferja mellom Valestrand og Breistein skulle haldast oppe også etter at brua var opna, det fekk dei. Men er den garantien verd noko?

Vi tillet oss å spå at også dette ferjesambandet no går inn i livets haust. Spesielt sidan tilførslevegane til brua på Osterøysida ser ut til å halda til ute i det blå ein stad. Problemet for vegkontoret er at ferja og brua vil konkurrera om dei same trafikantane, noko som i verste fall kan føra til at begge sambanda får for lite trafikkgrunnlag. I så fall er det ferja som må svi for det. Vegkontoret må innsjå at ferja styrkjer sine sjansar så lenge tilførslevegane ikkje vert bygd. Det fører til at trafikkgrunnlaget vert endå lågare, og at finansieringa av tilførslevegar i 100-millionarsklassen vert endå meir usikre.

Fastlandssamband mellom Bergen og Osterøy bør statistisk føra til eit oppsving for øykommunen. Ser ein på utviklinga både i Meland og på Askøy, bør det vera klart at ostringane no får ein gylden sjanse, både til industrietablering og til å auka innbyggjartalet. Men i følgje avisa Bygdanytt har ikkje osterøypolitikarane kome spesielt langt i planlegginga av framtida i dette perspektivet. Det kan gje Osterøybrua ein dårleg start på statistikkane. Kva som skjer med tilførslevegane dersom trafikken vert dårlegare enn venta, er uklart. For lite trafikk er neppe noko grunnlag for å byggja betre tilførslevegar.

Osterøybrua har ikkje fått den starten brutilhengjarane ønskte. Alt no er det klart at brua vert dyrare enn det stortingspolitikarane vart informerte om i 1987, det er klart at høge stålprisar har ført til at prosjektet i dag ligg tre månader på etterskot, og det er høgst uklart om tilførslevegane er ferdige i tide. Vegsjef Josef Martinsen ved Hordaland vegkontor hevdar likevel at brua skal vera tidlegare nedbetalt enn planen er, og han vil såleis finna pengar til tilførslevegane i overskotet frå brudrifta. Det er eit høgst usikkert reknestykke, som krev ein del føresetnader som historia ikkje støttar opp om.

Men sjølv om vegsjefen får rett, er det slett ikkje sikkert at ferja mellom Breistein og Valestrandsfossen er redda. Betre tilførslevegar vil få fleire ostringar til å bruka brua, sjølv om dei får ein omveg til Bergen. Og det er ikkje noko argument for å halda oppe ferjetilbodet.

Ostringane står bokstavleg talt ved eit vegskilje. Lite tyder på at ostringane kan går ei framtid i møte med både bru og eit ferjetilbod av den storleiken som eksisterer i dag. Kva som skjer med bergenspolitikarane sitt nye initiativ til Ulrikstunnel kan også vera avgjerande for Osterøybrua. Vår spådom er at vegstyresmaktene vil tvinga ostringane over brua, enten ved å leggja ned ferjesambandet eller ved å gjera ferjetilbodet så dårleg at trafikkgrunnlaget på brua må auka. Men det er ostringane sjølve som avgjer framtida både til osterøybrua og til ferja mellom Valestrand og Breistein.

Gula Tidend Tlf: 55 23 03 30 Fax: 55 90 24 36

Kjem ut onsdag og laurdag.
Strandgt. 223,
Postboks 1962, Nordnes
5024 Bergen
Telefon 55 23 03 30
til redaksjonen, bladtinging og kassa.
Telefaks 55 90 24 36
Bankgiro 6504.05.01880
Postgiro 0808 5 69 41 20

Annonseprisar 1995
Vanleg plass pr. mm. kr 7,30
Tekstside kr 8,60
fyrsteside kr11,00
tillegg særplass kr 0,20.

Abonnementsprisar 1995
Heilår kr 475,-
halvår kr 260,-
kvartal kr 140,-
Abonnementet gjeld til det vert sagt opp.

Redaksjonen (privattelefonar)
Redaktør
Svein Tore Havre ..... tlf: 55 24 74 41
pers.søkjar: 96 68 96 13

Redaksjonssekretær
Endre Lilletvedt ..... tlf: 55 24 87 16
Journalist Marita Haugen ..... tlf: 55 34 19 56
Journalist André Leknessund Wik tlf. 55 24 88 41

Marknadsavdelinga (privattelefonar)
Marknadssjef
Morten Klementsen ..... tlf: 56 17 60 51
mobil: 92 48 75 86
Marknadskonsulentar
Alrek K. Vedeler ..... tlf. 55 55 89 49
Øyvind Klementsen ..... tlf: 56 35 19 71
mobil: 900 17 119

Sats og montasje: ..... L/L Gula Tidend
Trykk: ..... Mediatrykk A/S

synspunkt

«Dei som styrer med nynorskformene vil ha ein viss orden. Dei sokalla Norge-tilhengjarane gjev truleg blaffen i rettskrivingskonsekvensar»

Hovudet yver vatnet

innlegg
av Lars Bjarne Marøy

■■ Ordskiftet um landsnamnspursmålet hev openberra ein tillaga allianse millom leidande talsmenn for Språkleg Samling og uorganiserte målfolk. Dei organiserte målfolki vert skulda for å setja tid og krefter inn på å hindra folk i å skriva Noreg. Då er det fåre på ferde for at nynorsken kann døy ut, men dersom Norge fær koma inn i nynorsknormalen hev fleirtalet millom nynorskfolki vunne fram, og då er alt i orden.

■■ Olav Randen og Kjell Venås held bastant på Noreg. Dei vil ikkje taka umsyn til meiningsmælingi til Norsk Språkråd. Lars S. Vikør spør kven Randen og Mållaget ynskjer å representera og kvifor det er uinteressant for laget kva resultat meiningsmælingi kjem ut med i eit sånt sentralt ideologisk spursmål (Dag og Tid nr. 3). Det er interessant at Vikør her nyttar ordleggjingi «eit sentralt ideologisk spursmål». Elles vil han gjerne tona ned og avsanna påstanden um Noreg som eit viktig symbolord for nynorsk, m.a. i ein artikkel i Norsk Tidend i fjor. Lenger nede i artikkelen slær han fast at sume hev ideologisert landsnamnspursmålet. Difor hev det interessa å høyra kva vanlege nynorskbrukarar meiner um denne saki, hevdar han.

■■ Vikør ser altso ikkje grunn til å avvisa ideologiseringi av Noreg i samband med meiningsmælingi. Han ser snarare ut til å vilja spela på denne ideologiseringi. Konklusjonen må altso vera at landsnamnspursmålet er ei viktig målpolitisk og ideologisk sak for Vikør, endå han læst som ho ikkje er det.
Vikør meiner at landsnamnformi ikkje høyrer inn under den generelle språknormeringi. Men kva skal ein kalla ei slik namnefastsetjing, ei spesiell språknormering? I liknande saker tidlegare hev det vore folkevalde organ som hev avgjort sånne spursmål. T.d. i samband med Nidaros-striden. I sånne høve hev det vore snakk om målpolitiske handlingar. Men Språkrådet skal etter segjande ikkje blanda seg upp i umdiskuterte målpolitiske spursmål, difor fekk dei norskdanske tradisjonalistane gjenomslag for tradisjonsformene sine. Språkrådet skal tvertimot dempa den målpolitiske striden, difor er det fint å kalla det ein driv med for språknormering. I røyndi er det bakstrevarsk sabotasje mot nynorsken.

■■ Den som ser kritisk på arbeidet til Språkrådet og knyt Språkrådet saman med målsoga kann berre slå fast at dei tri grunnleggjande pilarane i kampen mot nynorsk er dekt i samband med striden for Norge. Ein kjemper ned det nynorske normalmålet, insisterer på samnorsk og set dialektane upp som einskildnormer for nynorsk og bokmål. Alle desse elementi høver vel i hop med å gå inn for Norge. Nynorsken held på Noreg i skrift, men det er ingen som segjer Noreg burtsett frå dei som legg talen sin etter nynorsken. Når ein attpåtil finn sanningsvitne som brukar nynorsk normaltalemål, men segjer Norge hev ein gjort seg sers yvertydenade. Då er det ikkje noko argument at organiserte målfolk og nynorskbrukarar som skriv offentlegt er langt meir positive til Noreg enn andre målfolk. Då set ein upp samnorskdokmatikken um at ein skal byggja «på folkets virkelige talesprog». Dei som held på høgnorske serformer innanfor ein dialektisk nynorskvariant set seg upp mot andre dialektiske nynorskvariantar. Det finst ikkje nokon røynleg standard, so språket vil utvikla seg, og ingen kann insistera på nokor nynorsk form. Dessutan kjem den tridje pilaren inn. Det vert jo eit språk av nynorsk og bokmål i alle fall, difor må me velja den formi som vert einerådande i samnorsken. Det kann aldri verta Noreg, segjer dei vise menn i Språkleg Samling, for det er dei som skal tvinga igjenom samnorsk i alle fall, og det må alle vera samde i, heiter det i sirkelsnakket til samnorskmennene.

■■ Folk som hev nytta tid og krefter på å setja seg inn i språklege spursmål på friviljugt grunnlag og som er med i Noregs Mållag og røysta for at Noreg skal vera namnet på landet vårt på landsmøtet til mållaget, er ikkje meiningsføre. Dei som derimot ikkje hev havt like gode høve til å aktivisera seg og som sjeldan hev vorte konfrontera med dette spursmålet, skal avgjera. Dersom talsmennene for Språkleg Samling meiner at det uorganiserte målfolket vert yverkøyrd av Noregs Mållag må det vera fritt fram for Språkleg Samling å freista å vinna medlemer her. Det er eit heiderlegt tiltak. Me fær rett i alle fall. Berre vent og sjå.

■■ Dei som styrer med nynorskformene vil ha ein viss orden. Dei sokalla Norge-tilhengjarane gjev truleg blaffen i rettskrivingskonsekvensar. Nynorsken er ikkje noko ideal for mange av dei som skriv nynorsk i kjernestroki. Det er talemålet på staden uppblanda med bokmålsinnslag i dialekten som kjem fram i skriftmålet. Kvar gong Noregs Mållag hev kome bokmåliseringi i møte, hev det berre ført til at grensone for det som folk kann rekna for akseptabel nynorsk hev brigda seg.

■■ Alle dei nedbrytande pilarane som hev prega reaksjonen mot nynorsk er representerte i samband med landsnamnstriden. Dessutan er kløyvingsaspektet kome med. Målfolket vert kløyvd, um ikkje Noregs Mållag bøygjer seg for dei statlege språkplanleggjarane. Nynorsken fær ikkje framgang um ikkje Norge vert lovleg form. Nynorsken tapar på Noreg-formi. Men kva skal ein so segja um alt det språkplanleggjarane stend for når det gjeld nynorsk språknormering? Målrørsla toler definitivt ikkje ein samnorskideologi, som driv målgodset frå skanse til skanse.

■■ Vikør hev ei rar utsegn um at fleirtalet av nynorskbrukarar er det vatnet nynorsken pustar i. So vidt eg kann skyna vil folk som pustar i vatn drukna. Som høgnorskmann og bergensar vil eg segja at denne utsegni illustrerar mitt perspektiv. Eg pustar i høgnorsken. Høgnorsken er luft i kvardagsmålet mitt. Eg drikk gjerne frå nynorskvatnet. D.v.s. eg les bøker på alle slags rettskrivingar. Men dersom eg skulde ha freista å skriva ein av desse dialektiske nynorsk-variantane, vilde eg ha drukna.

Lars Bjarne Marøy

synspunkt

PÅ GODT NORSK

Attra seg

Å bita i seg noko eller gå attpå noko ein har sagt eller gjort er ikkje støtt like lett. Stundom kan det likevel vera lurt, om ein har tenkt å gjera noko på ein betre måte seinare. På norsk har me eit godt målføreverb for dette, nemleg **å attra.** På gamalnorsk heitte det **aptra,** og me ser lett at det må ha noko med adverbet **att** (gno. **aptr**) å gjera.

Ivar Aasen har sjølvsagt fått med seg mykje om dette verbet, godt

utbreidd som det visseleg var på hans tid. Grunntydinga er reint fysisk, nemleg **det å draga noko attende** eller **flytta noko tilbake** eller **attlenges.** I militærspråket kan ein såleis tala om **å attra seg** når ein hærførar mellombels lyt trekkje avdelingane sine attende. Frå Rogaland kjenner me og sidetydinga **rygga** eller **få til å gå attlenges,** og då tenkjer me særleg på hestar og motorkøyretøy.

Men **attra** er nok mest nytta i overført tyding i nynorsk i dag. Den

refleksive vendinga **attra seg** står då gjerne for **det å gå ifrå noko ein har sett seg føre** eller **koma på andre tankar.** Ein kan såleis **attra seg** på ein handel eller ei avgjerd som ein kanskje tykkjer var for stri når ein får tenkt seg om. Denne bruken av ordet finn me både i Vestfold, på Indre Agder og i Hordaland.

Elles kan **attra** og stå for **å taka attende** eller **gjera om inkje** ei

avgjerd eller liknande. Då fylgjer det gjerne av dette at det heile lyt lysast ugildt og gå om att. Å **attra orda sine** er då det same som **å gå attende på** det ein før har sagt. Elles er det vanleg å attra eit kjøp eller ein handel. **Då han var djupast lægd, vart domen attra som var på han lagd,** skriv **Alexander Seippel i Apostelgjerningane.**

I somme bygder på Austlandet kan dei somtid nytta attra i tydinga

hindra eller **halda att.** Såleis kan ein numedøl **attra** skuleborn som ikkje skal på skulen, medan ein romeriking kan **attra** folk frå å skriva under på lagnadstunge dokument. **Å attra seg i siste liten** kan vera lurt av og til. Stundom kan **attra seg** beintfram tyda **å angra seg.**

Det refleksive verbet attrast står ofte for det same som å gå attende (i

styrke og dugleik) eller **veikna.** Det er helst i Hordaland og Sogn og Fjordane dei bruker dette verbet, fortel **Norsk Ordbok. Han tok til å attrast,** kan dei her seia om ein som tek til å verta kruslen eller skral.

I nynorsk har me mange substantiv som byrjar på att(er)-. Svært mange har noko med verbet **å attra** å gjera. Såleis har me både **atterbere** (bakevje), **atterbod** (forfall, avbod) og **attergløyme** (møykjerring). Og **ekko** eller **gjenlyd** heitte før **atterljom** på nynorsk. For det bokmålske **forbehold** har me **atterhald** og mange av oss er gjerne **atterhaldne** når det trengst. Nederlag kan like godt vera **atterslag** medan det bokmålske **gjenfortelling** har det nynorske motsvaret attforteljing. Og for dei som likar spenning og mystikk, kan **attergangaren** vera noko å bryna seg på. I moderne bokmål er dei **gjengangere** (jf Ibsens skodespel).

Skriv til "På godt norsk" og kom med dine spørsmål om språk og språkbruk. Olaf Almenningen og medarbeidarane hans på Avdeling for leksikografi ved Insitutt for nordistikk og litteratur, Universitetet i Oslo, står til disposisjon for lesarane. "På godt norsk" tek opp aktuelle språkspørsmål frå fagleg synsstad med utgangspunkt i nynorskordboka og dei store samlingane på Avdeling for leksikografi ved Institutt for nordistikk og litteratur.

Redigert av Olaf Almenningen

GULATUN

Dette er møteplassen for meiningar og debatt. Skriv kort om aktuelle emne, helst under fullt namn. Om naudsynt vert innlegga korta ned. Innlegg som ik

Samnorsken og dialektanarkiet støyter folk frå seg

Landsnamnspursmålet hev vorte teke uppatt av Norsk Språkråd nyleg. Sist saki var uppe vekte ho mykje ordskifte og Språkrådet ynskte tydelegvis å markera seg på denne saki. I år er det ei sokalla uppnorsking av engelske lånord som hev stade i brennpunktet. Språkrådet skal gjera seg upp ei meining um kring 60 framlegg til sokalla uppnorsking. Tvo døme på uppnorsking er pub og taxi som skal heita pøbb og taksi, meiner fagseksjonen i Språkrådet. Utkastet verkar lite realistisk og ber merkje av at Språkrådet hev vanskar med å få merksemd.

Språkrådet byggjer arbeidet sitt på ein samnorskparagraf som segjer at rådet skal arbeida for at nynorsk og bokmål skal glida saman i eit språk i lengdi. Denne paragrafen er lite umtykt. Etter at bokmålet fekk attende dei tradisjonelle formene i 1981, hev paragrafen byrja å verta meir og meir urimeleg. Målfolket hev ikkje fenge tilsvarande konsesjonar som det bokmålet fekk i 1981. Rådet nektar å tillata og å gå inn for at t.d. i-former skal verta lovlege. I-formene skal ikkje ein gong få syna att i ordlistone. Ein må lesa tillegget til ordlista til Alf Hellevik for å få med seg at i-formene finst. Det held ikkje.

Dei som hev størst interessa av samnorskparagrafen er Språkleg Samling. Denne språkstridssamskipnaden hev munaleg målpolitisk makt. Medlemene og personar som kann knytast til dette samnorsksynet i denne samskipnaden skriv lærebøker i målsoga for skulen, og lærebøker og andre norskfaglege bøker for universiteti og høgskulane. Språkleg Samling er representerte i Språkrådet med tvo talsmenn. Dessutan kann folk frå Språkleg Samling representera andre institusjonar. Dette gjer at det finst krefter i Språkrådet som ynskjer å arbeida hardt for at samnorskparagrafen skal verta ståande.

Språkrådet hev utført ei meiningsmæling um landsnamnet. meiningsmælingi hev fleire tvilsame drag ved seg. Og ho hev møtt kritikk mellom anna frå Kringkastingsringen, som arbeider for meir nynorsk i NRK. Kringkastingsringen hev spurt medlemene sine, og eit klårt fleirtal av dei segjer at dei er for Noreg. Noregs Mållag hev eit soleklårt landsmøtevedtak. Mållaget ynskjer å halda på Noreg. Men Språkrådet er so desperate at dei godtek ikkje det målfolket sjølv segjer. Språkrådsleidaren er medlem av Språkleg Samling, og meiningsmælingi kann ikkje vera utført utan at han anten er vorten spurd eller hev gjenge inn for det. Dette er å rekna for ei umyndiggjering av målfolket. Dette er berre ein av mange grunnar til at riksstyret ved kulturdepartementet bør gripa inn og stryka samnorskparagrafen til Norsk Språkråd. Stortinget bør òg ha dette i tankane.

Når det ikkje hev vore råd å vinna gjenomslag for dei tradisjonelle formene i nynorsk, so hev det samanheng med den sigersrike framgangen til reaksjonen mot nynorsk. Dei norskdanske tradisjonalistane byrja alt i 1930-åri å vinna fram på kostnad av målrørsla. Pilarane i denne reaksjonen var motstanden mot nynorsk standardtalemål, uppkløyvingi av nynorsken til eit mål med fleire dialektvariantar og å insistera på at me ein gong fær eit samnorsk språk.

Men bokmålsreaksjonen starta eigentleg alt i 1917, då heitte det seg at den norske språkplanleggjingi skulde byggja på ei tilnærming i riksmål og landsmål som skulde føra med seg at målformene nærma seg «folkets virkelige talesprog». Dette førde med seg at dialektane vart aktuelle. Ein innførde eit radikalt riksmål som skulde representera dialektane på Austlandet. Det same gjorde ein i 1938. Denne gongen skulde ikkje formene vera valfrie, men obligatoriske. Båe gongene dei statlege språkplanleggjarane prøve å innføra samnorsk førde det til at bokmålet intensiverte reaksjonane mot nynorsken. Med målbrigdet på nynorsksida i 1938 vart det usemjor millom målfolket. Leidingi i mållaget etter krigen hadde so sterk tru på den statlege målplanleggjingi og samnorsken at bokmålsfolki fekk setja inn med den sokalla Folkeaktionen mot samnorsk. Då denne aksjonen stod på høgdi yvertok dei mest samnorskkritiske leidingi i mållaget. Då sette Dagbladet inn med ein pressesjikane mot høgnorskfolki som skulde gjera usemjone millom målfolket langt større enn dei var. Det var samnorsken som førde til at målfolket kom i denne kattepina. Seinare førde den same samnorskpolitikken til målbrigdet i 1959. Dette var ei rettskriving som hev ført med seg ei umfattande bokmålisering.

Bakgrunnen for argumenti mot landsnamnet Noreg må knytast både til Landslaget for Språkleg Samling, men òg til nedbrytingi av det nynorske normaltalemålet, samnorskdogmet og dialektlina. Det vert sagt at Noreg er ei namneform som er eit symbol på høgnorsk og normaltalemål og ikkje på dialektane og folkenorsk, og at dei som vil ha Norge ikkje kann identifisera seg med namneformi Noreg. Denne maniske redsla for nynorsk normaltalemål som nynorskbrukarane innanfor språkstridssamskipnaden Språkleg Samling gjer seg til dei fremste talsmennene for, er beint fram skadeleg for nynorsken og nynorskbrukarane. Det er stødt bokmålet, bokmålstalemålet og bymåli som skal vera rettesnorer for nynorsken. Ein må for all del ikkje insistera på at noko er nynorsk og ferdig med det. Det er ein illusjon å tru at dette fører til eit samnorsk mål. Dialektane i Noreg hev ein altfor samansett sosiolingvistisk komposisjon til at dette kann lukkast, og skriftmålsvanane og ikkje minst normaltalemålet til bokmålet stend mykje for sterkt til at denne ideologien kann slå igjenom. Samnorsken hev vorte attendeslegen på alle punkt i målsogesamanheng.

Landsnamnet Noreg heng saman med ei rad andre internasjonale namn på landet vårt. Me som vil ha Noreg av historiske grunnar vil ikkje gjera hemn yver soga. Me vil tvertimot understreka at landsnamnet vårt er knytt til Nordveg. Det er rart å halda fast ved Norge som ikkje samsvarar eller avslører upphavet til landsnamnet vårt. Me hev eksportert Nordveg-formene til mest heile verdi, men me sjølve skal gå frå denne formi, meiner Norge-medhaldsmennene. I russisk, arabisk, persisk og i verdsspråki engelsk, fransk, spansk og tysk er det Nordveg-formene som gjeng att. Norge er ein skriftrett uttale av dansk. Danskane sjølve segjer Norre eller liknande.

Dersom me tek miningsmælingi til Språkrådet for god fisk, må det vera paradoksalt at dei organiserte målfolki er for Noreg, medan andre målfolk ikkje er det i same grad. Det tyder at di meir folk lærer um nynorsk, di meir held dei på nynorsken. Det er kunnskapsløysa som held liv i samnorsken og Norge-tilhengjarane. Det vil segja at di meir sakleg argumentasjon for Noreg, og i det heile di meir ordskifte um landsnamnet, di meir hev målfolket å vinna i kampen mot samnorskreaksjonen.

Det er nett at dette skriftbiletet i norskdansken skal påverka utformingi av nynorsknormalen som er ei kjernesak for sume. Norsk Språknemnd bygde upp um denne argumentasjonen i samband med målbrigdet i 1959. Skriftbiletet i nynorsk er ukjend, heitte det, so me må byggja på skriftbiletet i bokmål. Det er i alle fall det som vil ha framgang. Eit slikt syn er heilt øydeleggjande for nynorsken. Bokmålsfolket vann stort på at det norskdanske normalmålet kom inn i radioen på 1930-talet. På bakgrunn av dette må ein undra seg yver at ein og annan millom målfolket, og då serleg medlemene av Språkleg Samling, er so livredde for nynorsk normalmål.

Den sokalla dialektlina skal etter segjande vera so gagnleg for målrørsla. Men i dag vert denne strategien berre ei einaste stor meiningsløysa. Å segja at nynorsken skal vera talemålsnær er berre å uttrykkja ei angstnevrotisk haldning til alt sprengstoffet i nynorsken. Striden mot Noreg er eit godt døme på sume av dei utslagi samnorsklina gjev. Påstanden um at Noreg-formi fær folk til å skriva bokmål, viser berre kor hol heile samnorskideologien er. Ein er so nevrotisk redd for å skilja seg ut at kvar nynorskform vert ei bør. Målrørsla kann ikkje byggja på eit slikt grunnlag.

Dialektlina og argumentasjonen kring denne lina hev ikkje vore avgjerande for framtidi og framgangen til målrørsla dei siste 25-30 åri. Den statlege nærings- og distriktspolitikken hev vore meir viktig. Den hev gjort det mogleg å utdana seg i eit nynorsk og nynorskvenleg miljø serleg avdi mange kommunar hev fenge nynorske gymnas. Det hev ført til at me hev fenge mange nynorske akademikarar. Dei hev mangla ei samlande nynorsk norm, og dei aller fleste hev gripe til dialektlina i mangel av noko alternativ. Soleis er ikkje dialektlina ei drivkraft til å vinna nye nynorskbrukarar. Ho er langt viktigare som ei grunngjeving for nynorsken for dei som alt nyttar nynorsk.

Høgnorsken, rettskrivingi frå 1917, er enno den mest samlande nynorsknormalen som gjev best utgangspunkt for eit nynorsk normalmål. Den tvilsame og taktiske meiningsmælingi som samnorskvenene styd seg attum, er eit grovt misbruk av Norsk Språkråd. Ein kann ikkje ha tiltru til eit Språkråd som kastar seg på tabliod-sjangaren. Neste gong kann dei spyrja kva folk meiner um samnorsk. Sist gong det var ei meiningsmæling på dette vart det eit klårt og eintydig fleirtal mot samnorsk.

Lars Bjarne Marøy

KLASSEKAMPEN

Utgitt av Klassekampen AS

Besøksadresse:	Grønlandsleiret 31, Oslo
Postadresse:	Boks 9257 Grønland, 0134 Oslo
Nettadresse:	http://www.klassekampen.no/
Telefon:	22 05 95 00
Telefaks:	Redaksjon: 22 05 95 80 Administrasjon/annonse: 22 05 95 87
E-post:	sentralb@klassekampen.no
Trykk:	Avistrykk Oslo AS
Ansvarlig redaktør:	Jon Michelet
Disponent:	Marga van der Wal
Abonnement:	Postgiro 0804 2066991
Løssalg, annonse og annet:	Postgiro 0807 2081669
Bankkonto:	1600.40.27667
Foreninga Klassekampens Venner:	Postgiro 0824 0544939 Bankkonto 1607.51.62611

Sensurkåte byråkrater

Klassekampen er klaget inn for Pressens Faglige Utvalg (PFU). Og klageren er ikke en hvilken som helst, men Justisdepartementet. Klagen er at på lederplass ble ekspedisjonssjef Terje Sjeggestad sammenliknet med Rasputin. Lederen var signert Jon Michelet og sto på trykk 9. mai i år. Dere som tar vare på aviser: Bla tilbake og les. Det var en særs god leder. Det er derfor den er klaget inn, selvsagt.

Departementet skriver i sin klage at det er den politiske ledelsen som er ansvarlig for politikken som blir ført. Det må jo bety at det er Aud-Inger Aure som har ansvaret for den klagen som er sendt, selv om den er ført i pennen av departementsråd Morten Ruud. Men hvorfor i all verden vil ikke da den politiske ledelsen uttale seg om klagen til pressa? Det blir ikke lett å forholde seg til et departement som ikke sier noe politisk, men lar byråkratene herje.

Det at departementets politiske ledelse, det vil si justisministeren, har det politiske ansvaret for asylpolitikken kan dessuten ikke frata byråkratene et personlig ansvar. Det burde selv Aud-Inger Aure forstå. Og siden hun understreker at det er hun som bestemmer, og ikke Rasputin, har vi bare ett råd: Kom deg vekk fra taburetten. Det politiske gangsynet mangler.

Men saka har en langt mer alvorlig side enn en middelmådig ministers avgang. Den er et dårlig skjult forsøk på å innføre sensur på ytringer som departementet ikke liker, og det gjelder både embetsverket og den politiske ledelsen, i samlet saueflokk. Følgende er ganske sikkert: Justisdepartementet irriterer seg grønn på at de ikke har maktmidler til å stoppe kritikk, juridiske maktmidler. Derfor går det til PFU med et ørlite håp om at pressorganet selv skal komme kritikere til livs.

Dersom Justisdepartementet skulle få medhold i PFU, noe vi ikke tror, står det dårlig til med ytringsfriheten i Norge. Og spesielt høyt under taket bør det være i lederartikler, noe også lederen i Norsk Journalistlag, Diis Bøhn, påpeker. Justisdepartementets forslag til takhøyde betyr at alle må krype rundt på knærne og være klakører til en umenneskelig asylpolitikk.

ASTOR LARSEN

se også side 12 og 13

ÅPENT FORUM

Målpolitisk hestehandel mellom Ap og FrP

Norsk Målungdom har arbeidd hardt dei siste to åra for å tryggja viktige elevrettar før den nye opplæringslova skulle vedtakast. Den førre regjeringa, med Ap-minister Reidar Sandal i spissen, gjekk til åtak på mellom anna retten til å få lærebøker på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris, skriv **Erik Bolstad** i Norsk Målungdom.

Desse rettane kjempa elevane seg til gjennom dei store lærebokaksjonane på 70-talet; og som elevane forsvarte seinast i fjor då 35 000 elevar deltok i aksjonane for språkleg rettferd i skulen,

Denne elevrørsla greidde å stogga åtaka frå regjeringa, og det nye lovframlegget sikra at alle bøker og læremiddel skulle liggja føre til same tid og same pris på båe målformene.

> Lovendringa er utan tvil eit demokratisk tilbakesteg

Arbeidarpartiet var med og skaffa eit breitt fleirtal for lovparagrafar som styrkjer retten til læremiddel på begge mål, styrkjer nærskulen og tryggjer retten til opplæring for einskildelevar i nynorsk/bokmål på bokmål-/nynorskskular.

So les eg komitéinnstillinga: «Et annet flertall ...» Arbeidarpartiet gjekk saman med Framstegspartiet i ein hestehandel rett før opplæringslova skulle opp til vedtak i Stortinget. Der gjekk dei inn for å avgrensa røysteretten ved rådgjevande røystingar om opplæringsmålet i skulekrinsen. Berre foreldre som har born i skulen på røystetidspunktet får no lov til å røysta. Slike framlegg har aldri vore med i det omfattande ordskiftet eller i handsaminga av framlegget til ny opplæringslov. Difor har heller ingen fått høve til å uttala seg. Tidlegare har berre to framlegg vore aktuelle: Å halda fram med at alle innbyggjarane i krinsen skal ha røysterett, eller å avskaffa dei rådgjevande krinsrøystingane heilt. Det nye framlegget var ei stor overrasking for alle.

Stor semje

Den ålmene rådgjevande røysteretten om opplæringsmålet i skulekrinsen vart innført av koalisjonsregjeringa mellom Høgre, KrF og Senterpartiet i 1985. I denne regjeringa var Kåre Willoch statsminister og Kjell Magne Bondevik kyrkje- og undervisningsminister (!). Vedtaket i Odelstinget var samrøystes. Då var det brei politisk semje om at opplæringsmålet i skulen var eit viktig ålment politisk og kulturelt spørsmål for heile lokalsamfunnet.

Språkvalet var ikkje berre eit pedagogisk spørsmål for dei som hadde born i skulepliktig alder. Då innsåg Arbeidarpartiet at det kunne vera verdt å høyra ogso på dei med livsrøynsler og born som var ferdige med grunnskulen. Studentar med barneskulen nær innpå seg i tid, foreldre til born i førskulealder, ja til og med barnlause kunne ha noko å koma med i ei slik viktig sak for lokalsamfunnet.

Innskrenkinga av røysteretten står i skarp motstrid til idégrunnlaget for einskapsskulen som Arbeidarpartiet stort sett har lagt til grunn elles når det gjeld opplæringslova. Skulen skal vera ein sentral kulturell møteplass i lokalsamfunnet. Språket er ei særleg viktig side ved denne kulturelle møteplassen.

Demokrati

Arbeidarpartiet og Framstegspartiet har no sytt for at dette sentrale samfunnsspørsmålet so langt råd er vert gjort til eit privat, individuelt og upolitisk spørsmål. Berre menneske frå ein bestemt livsfase og stort sett med ein familiestatus er funne verdige til å gje råd i slike saker. Ikkje ein gong foreldre med born i førskulen skal kunne røysta no.

Slikt tankegods er ikkje ukjent i Framstegspartiet og Riksmålsforbundet. Standpunktet høver likevel særs dårleg med Framstegspartiet sin iver for folkerøystingar i alle andre samanhengar. Men eg har særleg vanskeleg for å skjøna at standpunktet til Arbeidarpartiet i denne saka er i samsvar med kulturpolitikken og samfunnssynet deira. Gruppa som har røysterett vert endå snevrare enn før 1985 ved at ikkje ein gong foreldre til førskuleborna får røysta. Dei gruppene som ikkje får vera med å gje råd om so viktige kulturspørsmål, kan med full rett kjenna seg

> Dette sentrale samfunnsspørsmålet so langt råd er vert gjort til eit privat, individuelt og upolitisk spørsmål

krenkte og tilsidesette. Det må sjølvsagt vera slik at heile lokalsamfunnet skal vere med på slike viktige politiske avgjerder.


Lovendringa er utan tvil eit demokratisk tilbakesteg: Ho tek frå lokalsamfunnet retten til å styra språkpolitikken i skulen; og ho syner den lemfeldige og teknokratiske skulepolitikken til Arbeidarpartiet på sitt verste.



Då nynorsken kom til Nordhordland

I år er det hundre år sidan Ivar Aasen døydde. Ivar Aasen- året 1996 vil verta markert over heile landet, særleg på dei stadene han vitja. Vonleg kan mange dette året få læra meir om denne stillfarne mannen som kunne meir og gjorde meir enn dei fleste. Fotspora hans finn ein i den gamle postvegen gjennom Lindås, frå Fanebust til Isdalstø, derifrå til Hamre, Steinestø, Haugsvik og Litlebergen, der han vart verande i ni månader.

Av SISSELI-ANNY HJELMTVEIT



Hosanger var den første bygda i Nordhordland som tok i bruk nynorsken. Foto: Rune Solberg.

Med berre tre års skulegang hadde han lært seg ni språk. Og dette i ei tid då bøker var sjeldsynte. Ein kunne undra seg over det nasjonale engasjementet hans, tankane om sosial oppreising for småkårsfolk og kunnskapane hans. Det måtte vera sterk grobotn der han voks opp mellom dei gamle og høge fjella i Ørsta på Sunnmøre. Morlaus vart han tre år gammal og farlaus då han var tolv. I livsgjerninga si vart han ein nasjonal filosof som arbeidde for folkeopplysning og demokrati.

Ivar Aasen - ein ekte «køntriartist»

Ivar Aasen var eit språkgeni som heile tida ville vera ein av folket. Som lyrikar rima han så folkeleg enkelt, rytmisk og melodisk, at hadde han levd i dag, ville han truleg vore ein populær køntriartist med eit professorat i språkvitskap på si.

Takka vere denne vesle, geniale systematikaren fekk Noreg eit norsk skriftspråk i 1885.

Men folk flest ville ha dansk

Ein skulle tru at nordmennen ville vera jublande glade for å få eit eige norsk skriftspråk, særleg sidan nasjonalkjensla vakna til live på så mange andre område i 1880 åra. Men det viste seg at folk flest ville ikkje ha noko «tukling» med det skrivne ordet. Særleg vart dei norske bibeltekstane rekna for å vera vulgære. Dei danske seiemåten og den danske skrifta var så innarbeidd gjennom fleire generasjonar at folk flest trudde at Gud, Jesus og læresveinane snakka dansk, og at norsk språk krenkte høgare makter. Difor kom nynorsken dei fleste stader inn i kyrkjemålet 40-50 år etter at det kom inn i skulen. Enno lever det mange som hugsar kampen om kyrkjemålet både i Seim, Myking, Hundvin og i andre kyrkjesokner.

(Nokon bør samla stoff om dette før det er for seint.)

«Britå te Joen» og «svimlingane oppe hjå Tveiten»

Nordmennene var vane med det danske skriftspråket på alle felt, og var vel nøgde med det. Dei forstod ikkje dette nymotens påfunnet. Mor mi var frå Hosanger og fortalde ofte kva ei eldre kone på nabogarden Hole, ho Britå te Joen, sa då ho skulle hjelpa vesleguten Jon med bibelsogestykket «Svimlingen i kveiten» i 1920- åra. «Dette er det svimlingane oppe hjå Tveiten som har funne på,» sa ho rett ilsken. Britå var fødd i 1865, og var som alle andre van med dansk skrift. Den forstod ho. Forteljingane i bibelsoga vart slettes ikkje dei same med dei norske orda som med dei danske.

At landsmålet låg nærare opp til Britå sitt talemål enn dansken gjorde, hjelpte henne ikkje, ho såg det ikkje. Det var rett og slett irriterande å lesa ord og uttrykk skrivne på ein annan måte. Det var ikkje noko spesielt med Britå, ho var lik alle oss andre. Slik er det i dag óg. Ikkje noko er endra i språkkjensla til det norske folket. Folk vil ha det skriftspråket dei er vane med, og i dag er det bokmålet. Det har lite å seia for dei fleste at nynorsken er eit vakkert og norsk skriftspråk. Det er for lite nytta til at folk kan kjenna det som sitt. Då som no indentifiserer nordmennene seg med det språket dei ser mest, om det ligg aldri så langt i frå talemålet.

«Svimlingane» var føregangsmenn i næringsliv og kulturarbeid

Britå visste vel at folka oppe hjå Tveiten i Hosanger hadde vore pådrivarar for å få gjennom det kommunale vedtaket om å kjøpa inn bibelsoge og lesebøker på landsmålet i bruk i skulen. Den andre bygda var Bygland i Setesdal. Dei gjorde det til og med to år før Stortinget i 1892 gav skulestyra rett til å velja norsk eller dansk opplæringsmål.



Innføringa av nynorsken i våre bygder?

Fram til om lag 1905 var dansken med få unntak einerådande som skulemål og kyrkjemål i heile landet, også her hjå oss. Sjølv om skulestyra hadde fått rett til å velja landsmål som opplæringsmål i skulane, hjelpte det lite når lærane ikkje kunne det. Først i 1902 vart landsmålet obligatorisk eksamensfag på lærarskulane.

Men så kom snunaden. I gamle Alversund kommune fekk 8 av 15 skular lesebøker på nynorsk i 1908. Alle dei 19 skulane i Lindås gjekk over til nynorsk i tida 1898-07. I Austrheim fekk alle dei 10 skulane nynorsk i tida 1898- 1907. Dei 21 skulane i Masfjorden gjekk alle over til nynorsk i 1907. Gamle Manger kommune (Radøy) kom etter i tida 1908 - 20 med 8 nynorskskular av totalt 13. I Herdla kommune (Meland) gjekk 3 av 13 skular over til nynorsk i 1919.

På Osterøy gjekk 14 skular (alle) i Haus kommune over til nynorsk i 1907 og i Bruvik 19 av 20 skular same året. Alle dei ni skulane i Modalen gjekk over til nynorsk i 1890, i lag med 11 av 13 skular i Hosanger.

I Åsane kommune tok nynorsken over 2 av 6 skular i 1919, seinare kom dei andre skulane etter.

Bymålet

På same tida, frå 1900, vart det målbyte mange andre stader i landet. Men ikkje i byane. Først dei siste tjue åra er det kome klassar med nynorskopplæring i Stavanger, Sandnes, Haugesund, Tromsø, Eigersund, Ålesund og Tromsø. Oslo fekk den første nynorskklassen for tre år sidan. Dette var historisk og vekte stor åtgaum. Byen vår, Bergen, lever enno språkisolert frå resten av omlandet. Den bokmålsdominerte sentralstyringa i Bergen har på ingen måte stødd opp under nynorsken etter kommunesamanslåinga med Åsane, Arna og Fana i 1972. Difor er nynorsken nesten utradert i desse utkantområda. Endåtil i bygda Kyrkjekrinsen i Åsane har dei no bygd ny «kirke».


Næringslivet og media har aldri tilpassa seg skulespråket, kyrkjespråket eller nynorsk administrasjonsspråk, men har køyrt sitt eige språkløp. Under slike vilkår er det ikkje lett å overleva for noko språk, uansett kor godt det måtte vera.

Bustønad. Hjelp til å klare buutgiftene.

1. termin 1996. (Perioden januar t.o.m. april)

Bustønad blir gitt som eit behovsprøvd økonomisk bidrag til husstandar med låge inntekter og høge buutgifter. I tillegg til behovsprøvinga blir det stilt krav til bustaden og husstanden.

Ta kontakt med bustønadkontoret i kommunen og undersøk om du kan få bustønad. Her får du søknadsblankett og brosjyre med informasjon om regelverket.



Søknaden må leverast innan 10. februar til bustønadkontoret i kommunen (Oslo: bydelen). For partshavarar i burettslag er søknadsfristen 2. februar, og søknaden må leverast til forretningsførar i burettslaget.

Husbanken 19 46 96

DEBATT

Til Strilen

Turvegar- treng me det?

I Strilen for 4.12. 95 står det ein del om kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg i Meland kommune. Der er planlagt mange gode tiltak for dei første fire åra, men dette med turvegar vil eg gjerne seia litt om.

Ein må spørja seg om det er behov for turvegar i vanleg utmark der der er fri ferdsel. Folk har gjennom alle tider tatt seg fram i skog, mark og fjell utan merking og anna hjelp. Er me så mykje dårlegare i dag?

Området Rossland- Skintveit er eit av dei områda som er ført opp med turveg. Der går det i dag ein naturleg opptrakka sti som dei aller fleste kan ta seg fram på. Rett nok kan ein ikkje ta seg fram med barnevogn her, med det er trass alt ikkje så lang periode småen ligg i vogn. Det vil vera for gale om det her kjem ein 2 m brei grusveg. Det same gjeld andre område.

Er der eit område der ein vil at turgåarar skal halda seg innanfor ein bestemt trasé, kan ein føreta ei miljøvenleg merking. (Som vert borte etter ei tid) og turgåarar vil etterkvart trakka opp ein naturleg sti. Eit døme på korleis det kan gjerast er turstien over Eldsfjellet. Den vart i starten merka med små trepinnar. I dag er pinnane stort sett borte, og stien ligg der godt synleg.

Her i Stavanger kommune har eg sett ein del nedslåande tiltak når det gjeld turvegar. Friareal- reine naturperler - innimellom bustadfelta, har ein rasert med 2-3 m breie grusvegar, gjerne med ein galvanisert stålbom i kvar ende (hindra biltrafikk), og langs turvegen er der plassert søppeldunkar. Kor vert det av naturopplevinga?

Meland kommune har mange og tildels store turområde, der ein finn både skog, lyngmark og fjell. I tillegg har ein den lange kyststripa rundt kommunen som for ein stor del er open for fri ferdsel.

Det som og er fint, er at dei som bur i kommunen kan nå desse områda med sykkel, til fots eller med båt. Dermed slepp ein parkeringsplassar ved inngangen til turområda. Ein bør tenkja seg godt om før ein føretek inngrep i naturområde. La unge og eldre no og i framtida få ha den opplevinga det er å ferdast i mest mogeleg uberørt natur.

Og ser ein på den økonomiske sida av saka, så er det ikkje berre anleggskostnaden (i dette tilfelle ca 2 millionar over fire år) men og vedlikehaldskostnader som grusing o.l. i åra framover.

Men kva med dei som ikkje kan bevega seg på vanleg måte - rullestolbrukarar og andre - har eg ikkje tenkt på deira friluftsliv? Jau eg har ein del tankar om det og, med det får eg koma attende til.

Erling Skurtveit

Misnøgd med legekontoret



Ei dame ringjer og er ikkje nøgd med Knarvik legekontor.

—Eg var dårleg og ringde kontoret og bad om å få koma til, men då fekk eg beskjed om å kontakta vaktsentralen klokka tre eller ta kontakt med Knarvik allmennpraksis. Eg fekk ikkje ein gong tid til å forklara kva som var gale, seier dama. Dette tykkjer ho er ein svært dårleg måte å verta møtt på av helsevesenet.

Kvifor ikkje Holsenøy kommune?

No om dagane vert det snakka og skrive mykje om stadnamnendringane i Meland kommune. Og me som tidlegare har «utvandra» frå kommunen er interesserte i å fylgja med i dette som skjer, fordi me er fødde og oppvaksne, og har hatt mykje av ungdomstida vår i denne kommunen. Framleis reknar me dette som heimen vår, der me har våre slektningar — og— «kjenningar i kvar ei krå». Såleis er det heller ikkje uvesentleg for oss kva endringar som vert føretekne i heimegrenda vår. No skal ein sjølvsagt ikkje venta at ein utanbygds «einsleg svale» skal ha så stor innverknad på denne avgjerda, men ein ville no gjerne få koma med nokre synspunkt likevel.

Eg merka meg framlegget til øy- og stadnamneendringane i lysinga i BT 9.12.95. På meg kom vel dette nærmast som eit sjokk, og ikkje så lite ein skremande lesnad. Desse øynamna som i generasjonar har vore nøytrale, og av den grunn gjeve rom både for språk og dialektar, vert det no gjort framlegg om å «forkvakla». Me som har vakse opp med ei mengd dialektord, merkar dagleg at desse er meir og meir på veg ut. Me kan beklaga det, men me lyt bøya oss for kjensgjerningane. Hugs at det dei siste førti-femti åra har vore ei rivande utvikling på alle omkverve. Der har kome nye kommuneinndelingar, nye generasjonar og ei mengd innflyttarar, som i desse åra har auka innbyggjartalet i kommunen frå omlag 1700 til omlag 5000. I tillegg har «øynæ» vorte fastland, og har etter kvart vorte meir og meir prega av «framand» kultur, ikkje minst bykultur — både i språk og gjerning. Og dette er sjølvsagt heilt naturleg. Difor trur eg ikkje noko serleg på at me skal redda den «gamle» kulturen ved å blanda dialektord og «normert» språkføring. Skal tru kor mange der er av øybuarane — og andre, som vil kjenna seg heime i eit øynamn — som endar på «øyna»? For dei aller fleste vil dette truleg verta ein heilt unaturleg uttale, og såleis ikkje verta anna enn «knot». Og då vert det naturleg nok heller ikkje nytta.

Etter alt som har vorte sagt — og skrive — om dette i det siste, er motstanden mot framlegget stor, og då vil det vel vera uklokt av Statens organ å pådytta brukarane noko dei ikkje ynskjer. Nei, la øynamna Håøy, Flatøy og Hols(e)nøy få vera like nøytrale i framtida som dei har vore i uminnelege tider. Då kan det framleis verta «morosamt å leva».

Eg lyt vedgå at eg stiller meg uforståande til kvifor det skal vera så nødvendig å plukka gamle tradisjonelle namn frå kvarandre, slik det har vorte lagt opp til her. Mange vil sikkert hugsa då det for ein del år sidan kom nye vegar og bruer mellom Holsenøy og Knarvik. Då kom der også nye vegskilt, og eit av desse var Holsnøy — utan E. Først trudde eg det måtte vera ein skrivefeil, og at det sjølvsagt måtte verta retta. Men nei. Her hadde «den nye tid» tydeleg funne ut at namnet måtte greia seg med ein bokstav mindre for framtida. Kvifor dette var så viktig, har eg aldri skjøna. Like lite skjønar eg at det no vert lagt opp til at namnet vert rasert til det ukjennelege, altså Holsnøyna. Dette må då vera meiningslaust.

Mange vil sikkert framleis hugsa den gamle dampen «Holsenøy», med sine skinande messingbokstavar på styrehuset. Dette var bokstavleg tala øybuarane sin eigen båt — som gjekk i rute — hovudsakleg på Herdlefjorden, i åra mellom 1928 og 1947. Det var grunn til å vera stolt både av dampen — og namnet. Begge delar var øybuarane sin «identitet» i lang tid.

Og ein ting til: Visste dei som den gongen «amputerte» bort E-en i namnet Holsenøy — at der i Sunnhordland er ei øy som har namnet Halsnøy? Og at denne E-en alltid har hjelp til å hindra feilsendingar og feiltolkningar p.g.a namnelikskapar? Bokstavane O og A har alltid vore lett å laga vanskapte.

Og med det same: Hadde det ikkje vore lurt om Meland kommune hadde endra kommunenamnet til Holsenøy kommune ved kommunesamanslåinga for over tretti år sidan, slik dei andre øyane i Nordhordland gjorde? Tenkja seg til kommunane — Askøy, Holsenøy, Radøy, Osterøy — nesten på rekkje og rad. Hadde ikkje dette vore stilfullt? Kanskje ikkje minst for Kartverket. Ein representant frå nordre Holsenøy var også inne på Holsenøy som kommunenamn — i eit lesarbrev for litt sidan, og der er sikkert mange fleire som har same synet på dette. Ville det ikkje vera meir fornuftig å retta oppatt «gamle synder» enn å «forkludra» øy-namna våre til det nesten ukjennelege?

Og gardsnamna våre? Er det slik å forstå at sume av desse har vorte så «slitne» at der finst namn og bokstavar som beint fram må skiftast ut — eller i det minste endrast? Sjølvsagt er det både viktig og interessant at me ser oss tilbake og prøver å finna ut mest mogeleg om forfedrane våre, både korleis dei har levd — og kva namn som har vore nytta. Me veit også at det i gjennom tida har vore nødvendig å endra på namn — for å få dei i takt med tida osv. Då tenkjer eg ikkje minst på at landet vårt i tidlegare tider både har vore svenskstyrt og danskstyrt, med dei språklege forvirringar som dette førte med seg Men eg meiner å kunna tru at forfedrane våre har vore flinke til å sjå framover, når det gjeld nemneendringar og liknande. Difor trur eg ikkje noko særleg på at det har noko for seg å plukka fram namn og bokstavar — som har vore brukte, eller ein trur dei har vore brukte — i farne tider. Forfedrane våre har då forlengst forlete desse. Og folket endra seg fortfarande. Det same gjer språkkulturen. Difor synest eg ikkje at dette namneframlegget kjem til sin rett i det heile.

Ta t.d. Valde. Meir ekstremt enn å riva dette tradisjonelle gardsnamnet opp «med rota», kan det vel nesten ikkje verta. Erstatningsnamnet Vollo er vel og bra, men kan likevel ikkje verta anna enn eit «framandelement» i dette høvet. I «gamle dagar» sa me rett nok i blant dialektordet Vodlo, men skal tru kor mange det er som brukar dette i dag? Det er mange generasjonar sidan Valdenamnet «slo røter». No må me sjå framover. Difor bør namnet få fred. I alle høve dersom garden og brukarane ynskjer det.

Og vidare har me endringsframlegga for Sagstad/Sakstad, Odland/Ådland, Skarpenes/Skarpeneset, Skjelanger/Skjeljanger osv. Her skjønar eg heller ikkje kvifor det skal vera så viktig å plukka fram bokstavar frå farne tider, og i tillegg «komponera» nye, som om det er om å gjera å få det tradisjonelle namnet øydelagt, det som forlengst har «slått røter»? Vert desse endringane «pålagt», kan det lett verta slik at det eksisterande namnet framleis vert brukt av dei som ikkje ynskjer endring, og dei som måtte falla for det nye — brukar dette. Men kan det då verta noko anna enn namneforvirring? Bør ein ikkje vera varsam med endringar som går langt inn i sjela på folk? Og slikt bør ein vel heller ikkje gjera utan at det er eit sterkt ynskje frå brukarane?

Og så har me gardane — som etter framlegget — skal få eit tilleggsord til namnet, —ytre, indre, øvre, nedre, nordre, søre. Ja, skal tru kor mykje desse er bruk for i dag? Men den busetnaden som dei hadde før århundreskiftet, kunne dette vera praktisk. Den gongen stod gardshusa i klyngjer (konf. Havråtunet på Osterøy), og gardbrukarane hadde mange teigar. Ved århundreskiftet vart dette endra på — ved utskifting, og gardshusa vart flytta til nye tun. Det er nærliggjande for meg å bruka Dale som døme. Husa til dei øvre Dale var plasserte på høgdedraget mot Kjeldedalen og Åsen, og dei nedre Dale sine, var plasserte på «Høyen» i kryssområdet ved gnr. 21, bnr. 1, 2 og 3. Truleg er det denne høgdeskilnaden som har gjort at dei brukte å kalla det for øvre og nedre Dale. Men etter at husa vart flytta og busetnaden endra seg, har denne nemninga ikkje vore like naturleg seinare. Og her må ein hugsa på at Dale ikkje berre er gardshusa rundt Dalevatnet, men går — med inn- og utmark — heilt ned til Herdlefjorden. Her har vore stor byggjeaktivitet gjennom tida i dette området, og nede ved Herdlefjorden er der lagt ut eit bustadområde på omlag førti bustader. Slikt bør vel også takast omsyn til ved endringar?

Helsing
Oddmund Dale

DEBATT

Vi ber om at innlegg blir sendt som e-post (klassekampen@klassekampen.no) eller på diskett (alle formater). Telefaks og vanlige brev bør unngås.

Det vestnordiske Vestlandet

I innlegget «Storfylke på Vestlandet?» i Klassekampen 23. juni, listar Oddny Bell opp likt og ulikt av alt som kan gjerast for å døyva vestlendingane sin trong til å byggja opp att sitt eige nasjonale miljø i ein større vestlandsregion. Til dømes går eit framlegg ut på å la ihuga stortingsrepresentantar få hjelpa til i slåttonna på dei gardane som måtte finnast att på Vestlandet.

Kanskje òg Håkon Magnus og Jens Stoltenberg burde vitja Vestlandet oftare, helst kledde i hardangerbunad?

Bell kjem ikkje inn på den store språkleg-kulturelle skilnaden mellom Vestlandet (med eit par enklavar austpå og nordpå) og resten av landet. Det er på Vestlandet me finn dei nynorske kjerneområda, og den vestlandske nynorsken er som kjent eit vestnordisk mål liksom færøysk og islandsk. Bokmålet høyrer derimot til dei austnordiske måla, som svensk og dansk.

Historikaren Torgrim Titlestad kasta nyleg fram i eit innlegg i Dag og Tid (2. juni) eit framlegg til drøfting om blant anna å sjå nærare på korleis det danar seg ulike typar nasjonale miljø, korleis dei endrar seg over tid og årsaker til dette. Korleis har til dømes nynorsken endra seg frå Gustav Indrebø si tid og fram til no? Har nynorsken fått utvikla seg i fred og ut frå sine eigne føresetnader slik at vestlendingar flest framleis kan kjennast ved han? Når Nils Gunnar Lie endrar (eller «normaliserer») det vestnordiske dialektordet «leilegheita» til det austnordiske hankjønnsordet «leiligheten», oppfattar då vestlendingar flest ei slik endring av vestnordisk til austnordisk som naturleg her på Vestlandet?

Meiner Verdikommisjonen med Landgangen i brodden at Nidarosdomen, Ibsenmuseet og Slottet har like stor minneverdi for vestlendingane som steinkrossane langs kysten av det heidne Nordvegen, som Ivar Aasen-tumet, som Knudaheio?


Her skulle vera mykje å ta opp til drøfting for Oddny Bell og andre i samband med samlinga av Vestlandet, det gamle Gulatingsområdet.

Trygve Lande
Bergen

Fotos i Se og Hør

I teksten «Selge sjela» sist tirsdag bringer jeg på ett punkt en feil informasjon, og som en følge av det en urettmessig karakteristikk av redaksjonen i Se og Hør. På tross av at jeg kikka grundig etter, kunne jeg ikke finne mine to fotos fra Afghanistan kreditert i Se og Hørs reportasje om sosialminister Guri Ingebrigtsen. Men krediteringen fantes, på begge bildene, uten at jeg hadde greid å oppdage den. Uten noen ytre tilskyndelse beklager jeg herved både feilinformasjonen, og bruken av ordet «sjofel» om det jeg trodde var redaksjonens utelatelse av krediteringen. **Magnar Mikkelsen**

Mellom sekterisme og selvutslettelse



De sosialistiske kreftene i Norge må bygge en brei folkefront mot EU og på en rekke andre områder, mener innsenderen. Arkivfoto: Ola Sæther

1. mai samlet SV og RV i samarbeid med miljø- og kvinnebevegelse om lag 300 mennesker til en felles seksjon i 1.mai-toget. Samarbeidet har vært angrepet fra flere hold. Den ivrigste kritikeren, Terje Valen, har påstått at 1.mai-arrangementet var en «partimarkering» og dermed sto i motsetning til å samle oppslutning om anti-imperialistiske fronter og fagforeninger i toget.

For det første er denne motsetningen noe kunstig fordi også vår seksjon inneholdt paroler mot Nato, mot gasskraftverk og flere paroler fra kvinnebevegelsen. Alle disse parolene samlet mange folk som ikke var medlemmer av SV eller RV. Jeg tror SV/RV-seksjonen fikk mange mennesker som ikke hadde gått i 1.mai-tog på lenge til å komme i år. Valens bruk av ordet «partimarkering» er videre et forsøk på å ta monopol på begrepet «front». Han slår fast at deltakelse i RV/SV-seksjonen gikk på bekostning av frontarbeidet. Dette er å legge juksepremisser for debatten. Den handler ikke om at noen er for frontarbeid, mens andre er mot. Den handler om en vurdering av hva slags fronter som er best egnet til hvilken tid.

To strategier

Sosialister kan velge to ulike strategier i frontarbeidet. 1.mai-samarbeidet i Bergen var en typisk enhetsfront, en front hvor progressive krefter samles på et radikalt parolegrunnlag. Enhver front med sosialisme og systemskifte som del av sitt politiske grunnlag vil ha et begrenset nedslagsfelt. Der vil bare de som har utviklet en politisk forståelse som går i denne retningen kunne delta. Det betyr imidlertid ikke at enhetsfronten er et dårligere virkemiddel en breiere fronter. Ofte vil slike fronter være det eneste mulige alternativet for å fremme systemoverskridende krav og paroler. En slik front har selvsagt ikke som mål bare å tilfredsstille dem som deltar i den, men også å påvirke folk utenfor. Slik blir enhet mellom RV og SV på det sosialistiske folkestyrets grunn et viktig signal til omverdenen. Debatten som fronten vår har utløst om nettopp sosialisme og folkestyre, er vel et tegn på at vi har lykkes denne gangen.

Andre ganger vil det være nødvendig for sosialister å mobilisere langt breiere enn det vi kan gjøre med en enhetsfront av medlemmer og sympatisører i egne partier. Ofte krever umiddelbare politiske utfordringer at vi hurtig kan mobilisere for å vinne små eller store delseirer i samfunnskampen. Da vil alliansene bli helt andre. På denne måten inngår de sosialistiske kreftene i Norge i en folkefront mot EU, sammen med alt fra sosialdemokrater til dypt konservative kristne miljøer. Det er stort sett bare i EU-saken vi kan bygge en front som er så brei og omfattende. Men også på en rekke andre områder søker vi å mobilisere breiest mulig. Et godt eksempel er aksjoner til støtte for flyktninger eller miljøaksjoner. I antikrigsnettverkene i fjor gikk vi ofte inn for langt mer moderate paroler enn vi egentlig kunne ha ønsket oss i håp om å kunne mobilisere så mange mennesker som mulig for å stoppe Kosovo-krigen. Dette var selvsagt en riktig praksis. Men i noen tilfeller er den likevel utilstrekkelig. Den vil sjelden kunne flytte våre posisjoner fram på annet enn delspørsmål. Den vil med andre ord ikke aleine kunne bidra til å utvikle sosialistisk og revolusjonær bevissthet. Det er betimelig å spørre: Hvordan vil Terje Valen skape oppslutning om tanken om sosialisme i Norge hvis vi ikke en gang kan reise kravet på en parole i 1.mai-toget i Bergen?

Selvutslettelse

Det viktigste blir å ikke forholde seg dogmatisk til de to strategiene. Velger man bare den første vil man uunngåelig ende opp i sekterisme. Slik ser vi for eksempel at IS ødelegger mange aksjoner ved alltid å spre propaganda for egen organisasjon, alltid bære med seg materiell som forkynner at aksjonen er for sosialisme og ved alltid å velge mest mulig militante aksjonsformer. Dette er en praksis som ofte skader mulighetene til å mobilisere mange mennesker, og som i verste fall gjør at aksjonen mister sin effekt, altså at viktige saker tapes og at delmål ikke blir nådd. Men like ille blir det hvis man utelukkende vil velge den andre strategien. Da vil man bare kunne få fokus på krav som i seg selv ikke beveger seg utenfor kapitalismen og det politiske systemets rammer. En slik praksis gjør det nærmest umulig å fremme paroler som bryter med systemet og kan dermed heller ikke være revolusjonær. Det er en strategi for selvutslettelse.

Samarbeidet på 1.mai var en front for et sosialistisk folkestyre. Hvis det revolusjonære standpunkt, at kapitalismen må avskaffes og erstattes med et sosialistisk samfunn, overhodet skal ha noen mening må vi vite å delta i den voksende systemdebatten. Det gjør vi ikke ved bare å gjemme oss i de spørsmålene som er enkle å ta stilling til for folk flest. Til syvende og sist gjør vi det ved å ha mot til å reise kampen for sosialismen. Å skrive ordet sosialisme på en parole er slett ikke nok for å få den kampen i gang. Men å ikke ville skrive det er en ganske effektiv garanti for at den aldri kan begynne.

Audun Lysbakken
Styremedlem i Bergen SV og bystyremedlem i Bergen

KRONIKK

Om diktatur og sosialisme



Bjarke Friborg leder RVs programkomite

Dagens revolusjonære som mener sosialisme og demokrati er to sider av samme sak er ikke historieløse ungdommer som tar avstand fra alt som er vondt og vanskelig i sosialismen. Tvert imot ser vi kimen til et forsøk på å gå i dybden med disse spørsmålene, skriver **Bjarke Friborg**.

De siste månedenes KK-debatt henger mye sammen med uenighet rundt de såkalt sosialistiske landene. Et av problemene er at det fortsatt er mennesker på venstresiden som ser disse regimene som en form for genuint sosialistiske eksperimenter, trass i eventuelle mangler. På sitt forrige landsmøte gikk RV langt i å rette opp dette synet, men fremdeles henger det igjen rester av den gamle tenkningen. Et viktig symptom er at store deler av norsk venstreside fremdeles har en helt forskrudd innstilling til hva som er «høyre» og «venstre» på den politiske skalaen. «Venstre» blir forbundet med partidiktatur, omskoleringsleire og militær organisering, mens «høyre» blir forbundet med forsvaret for de borgerlig-demokratiske rettighetene og med muligheten for en åpen debatt. Det er en begrepsbruk som snur tingene helt på hodet, og som vi snarest må legge bak oss. For det er ingen tvil om at kampen om begrepene er viktige.

Diktatur og demokrati

Følgen av dagens selsomme forvirring er en polarisering etter høyst uheldige skillelinjer. På den ene siden har vi tendensen til å ta avstand fra hele den sosialistiske molevitten, og gi seg over til den borgerlige tenkningen om at opprør alltid vil føre til ny undertrykking. På den andre siden finnes det mennesker som desperat klamrer seg til det gamle, og til og med forsøker å innføre meningsløse og frastøtende begreper som «despotisk kommunisme». Min partifelle Terje Valen hører til de siste, og det er ergerlig fordi jeg samtidig kjenner ham som en herdet klassekjemper og en politisk veteran som holder ut til det siste. Men uten et oppgjør med denne typen tenkning må vi innse at dagens revolusjonære ikke vil vinne oppslutning rundt våre ideer om en ny samfunnsform. Den typiske reaksjonen er utsagn som «vi vil gjerne stemme på dere og støtte deres kamper, men vi vil aldri at dere skal styre landet». Selvfølgelig er det ikke oss som bestemmer over når makthaverne vil piske opp antikommunismen, men det er ingen grunn til å gi kaldkrigerne gratispoeng ved å forespeile at det samfunnet vi ønsker kan bli et diktatur. Svaret er imidlertid ikke offentlige botsøvelser, men derimot et møysommelig arbeid for å dra lærdommer på vitenskapelig basis og å meisle ut en troverdig plattform – om nødvendig må vi også innføre nye begreper.

Dette er ingen ny innsikt, men er blitt sagt av revolusjonære anti-stalinister i flere tiår. Allerede i 1950 skrev de amerikanske marxistene Max Shachtman og Hal Draper følgende: «... det er viktig å være klar på at nøkkelordene «demokrati» og «diktatur» var konkrete referanser knyttet til den tidlige tiden rundt bolsjevikrevolusjonen og den Kommunistiske Internasjonalen. Å klynge seg til begrepene fra den gamle polemikken i dag, i en radikalt annerledes situasjon, er politisk galskap. [...] I dag forbinder arbeideren på ingen måte begrepet diktatur med det inspirerende sovjetdemokratiet under bolsjevikrevolusjonen. Det representerer derimot hva han selv har opplevd i sin egen tid og på sin egen rygg, nemlig fascistisk eller stalinistisk totalitært styre. Despotiet fremkaller en dyp og helt berettiget følelse av frykt og hat. [...] Betydningen av politiske begreper blir over tid bestemt av folket og ikke av en elite. Og selv hvis denne eliten er sosialistisk og arbeider vitenskapelig har den lite eller ingenting å miste ved å bøye seg for den folkelige dommen.»

I den bevegelsen som har kalt seg selv sosialistisk har det alltid vært en sterk understrøm som dro et klart skille mellom demokratisk sosialisme og de byråkratiske samfunnene i øst. Blant annet på grunn av den enorme prestisjen til bolsjevikrevolusjonen var det likevel lenge vanskelig for mange å kutte båndene til Sovjetunionen, av frykt for å kaste ut barnet med badevannet og å bøye av for antikommunistisk hets. Til og med langt inn i den revolusjonære og anti-stalinistiske bevegelsen har det for eksempel vært utbredt å se på Sovjet som en type «arbeiderstat», kun på grunn av den statliggjorte økonomien. Det samme har vært tilfellet for de statene der ulike typer geriljapartier har tatt makten, for eksempel Kina, Cuba eller Nicaragua. Med stalinismens kollaps er denne typen tenkning naturlig nok svekket.

Det var ikke sosialisme!

Konkret var dette samfunn der det gamle borgerskapet var blitt avskaffet og staten hadde konfiskert det meste av eiendommen. Men det var også samfunn der arbeiderklassen helt fra begynnelsen ble nektet grunnleggende rettigheter som for eksempel retten til å streike og å organisere seg uavhengig av statsmakten. I stedet for samfunn som ikke lenger baserte seg på å dele inn befolkningen i klasser, var det samfunn som helt fra starten var basert på en ny form for klassedeling med utgangspunkt i statsbyråkratiet. Etter mitt syn er det meningsløst å kalle slike samfunn for sosialistiske, det var ikke en gang



Da bolsjevikene kom til makten var det på et program i tråd med idealene fra Pariserkommunen, skriver kronikøren. Maleriet viser Lenin i samtale med soldater og matroser i St. Petersburg i 1917. Arkivfoto: Scanpix

overgangssamfunn på veien til sosialisme. I hvert fall er det slik så lenge man ser på sosialisme som en samfunnsform der målet er å bevege seg i retning av det klasseløse samfunnet, det vil si kommunismen.

To ulike modeller

Noe av forvirringen mener jeg skyldes en sammenblanding av to helt ulike typer revolusjon. Fremdeles er det ganske vanlig på norsk venstreside å sidestille for eksempel Russland 1917 med enten Kina, Kuba eller Vietnam som eksempler på en sosialistisk makterobring og forsøk på å bygge sosialismen. Men da bolsjevikene kom til makten var det på et program for «all makt til sovjetene», i tråd med idealene fra Pariserkommunen og med den bølgen av arbeideroppstander som på det tidspunktet fant sted i hele Europa. Staten skulle knuses og erstattes med en ny form for arbeidermakt på internasjonalt plan. Dette står i sterk motsetning til de staliniserte kommunistpartiene som kom til makten etter 1945. Her var målet å opprette et sterkt statsapparat, og å drive frem en rask industrialisering gjennom å rive seg løs fra verdensmarkedet. Det er to helt forskjellige revolusjonsmodeller, med ulike målsettinger og ulik klassebasis.

Trass dette finnes det også viktige likheter. Sovjet og de andre regimene oppstod alle i en situasjon der borgerskapet ikke lenger var i stand til å styre, men der heller ikke arbeiderklassen var i en posisjon til å ta over. Uansett årsakene til dette (krig, dårlig organisering, feil strategi og så videre) var resultatet hver gang at noen helt andre enn arbeiderklassen tok makten og innførte regimer a lá Stalins Sovjet. Stort sett tok makterobringen form av en militær operasjon, mens arbeiderklassen ble tildelt en tilskuerrolle. Selv om omveltningene rundt 1945 i hovedsak hadde bred folkelig støtte var det ikke blitt opprettet arbeiderråd eller «sovjeter» som under revolusjonsbølgen i Europa omkring 1917. Med andre ord fantes det ikke selvstendige folkelige motmaktorganer mot den kommende allmektige staten. Og ettersom fagbevegelsen stort sett ikke hadde fått organisere seg under det gamle regimet, fantes det heller ingen sterke uavhengige arbeiderorganisasjoner til å føre revolusjonen over i den sosialistiske fasen.

Dermed var arbeiderklassen i høyden representert gjennom kommunistpartiene, som imidlertid ikke hadde tenkt seg å opprette motmaktorganer som var uavhengige av dem selv. For dem var idealet den sterkt sentraliserte ettpartistaten som hevdet å kunne styre på vegne av arbeiderne og folket som helhet. Såkalte kommunister stod ved nærmere ettersyn for tradisjonell borgerlig formyndertenkning. Resultatet var at staten samlet all makt på sine hender, og at opprørslederne ble omdannet til et nytt lag av styrende med interesse i å befeste sin egen makt. Enhver opposisjon ble raskt undertrykt.

Arbeiderråd

Revolusjonsbølgen etter 1945 ble dermed ganske forskjellig fra revolusjonsbølgen etter den første verdenskrigen: I årene etter 1917 var det brutt ut borgerkrigsliknende tilstander i land som Tyskland, Finland, Ungarn og Italia. Kampen stod mellom to ulike samfunnssystemer – sosialisme mot kapitalisme. I disse landene hadde arbeiderrådene vist seg å være helt avgjørende organer til å skape en situasjon med dobbeltmakt der arbeiderne selv satte i gang med å forvalte og styre samfunnet.

Også ved senere anledninger har det oppstått arbeiderråd med perspektiver utover det bestående samfunnet, både i Spania, Frankrike, Chile, Portugal, Iran og Polen.

De konkrete rådene har hatt ganske ulike former og vært mer eller mindre velutviklet som bærere av bevisstheten om at arbeiderne og folket selv kan ta over samfunnet, men prinsippet har vært det samme: Det er folk selv som har satt i gang makterobringen, uten å bli beordret til verks av en sentralkomite eller av lederne for geriljahæren. I en slik situasjon er det sosialistenes oppgave å bidra til at rådsmakten i kimeform utvikler seg til en reell basis for et nytt samfunn – et sosialistisk demokrati.

For å utmeisle et revolusjonært program for år 2000 er det nødvendig å se nærmere på denne typen eksempler, og å legge bak oss illusjonene om «den reelt eksisterende sosialismen». Den marxistiske tradisjonen har bare mening som en bevegelse for arbeidermakt og sosialisme nedenfra, og ikke som et program for mer eller mindre velmenende partimakt på vegne av folket.

Folkeeventyr ved Sogn og Fjordane teater

Vener av Asbjørnsen og Moe bør setje av laurdag 20. januar til å vitje Sogn og Fjordane teater i Førde. Teateret har då premiere på familieframsyninga «Trollspegelen», eit stykke som er bygd rundt dei gamle folkeeventyra.

Trond Eirik Olsen

Førehandsrapportane tyder på at folk vil få sjå ei spennande og fargerik framsyning. Carl Morten Amundsen, som har dramatisert stykket, har laga si eiga historie bygd på ulike eventyr av Asbjørnsen og Moe. I «Trollspegelen» vert vi betre kjent med velkjende figurar frå mange av desse eventyra. Per, Pål og Espen Askeladd vert dei sentrale aktørane i stykket, men også andre vil dukke opp undervegs. Prinsesser, kongar, trollet, trollkjerringa og dei tre bukkane Bruse kjem alle til å gjere sitt inntog undervegs. Vi kjem også til å få møte mange av dyra, som så ofte går igjen i dei kjende og kjære folkeeventyra.

Dramaturg Carl Morten Amundsen håpar han med stykket skal klare å få folk til å sjå seg sjølv mellom figurane i stykket.

- Når vi kikkar i teater-spegelen vår, ser vi kanskje oss sjølve, endå vi verken liknar bukk, prinsesse eller bergtroll.

Kjende skodespelarar

Dei fleste skodespelarane i «Trollspegelen» er henta frå haustens storsuksess «Jeppe på Bjerget». For dei som såg dette stykket, bør det vere velkjende ansikt. Kyrre Eikås Ottesen har fått rolla som Espen Askeladd, medan Morten Andersen og Thor-Ivar Forsland har fått rollene som brørne Per og Pål. Jannic Bonnevie speler mora deira, og Nora Plau prinsessa. Musikkansvarleg for stykket er Per Janke Jørgensen. Tore Westbye har regien.

Det meste ligg til rette for ein spennande premiere. Ved teateret håpar dei på fullsett sal, der både små og store finn vegen.

Engelske ord pressar ikkje ut dei norske

(NPK): Engelske ord som vert nytta i norsk får nesten utan unnatak ei snevrare tyding på norsk enn på engelsk, og har ofte preg av å vere fagspråk eller slang. Engelske lånord vert ofte nytta i samband med omgrep som ikkje frå før finst i det norske språket. Det er sjeldan at engelske ord "pressar ut" norske ord som tyder det same.

Dette viser cand.philol. Anne-Line Graedlers doktorgrad. Graedlers undersøking av engelske lånord i norsk er den største som er gjort sidan 1945. Undersøkinga omfattar 17.000 døme, det vil seie om lag 3.760 ulike ord som er samla inn i hovudsak frå aviser frå periodane 1960-63 og 1988-1994.

Graedlers avhandling syner elles at det engelske språket også har ein symbolfunksjon i norsk. Engelske ord vert ikkje berre nytta fordi ein treng eit nytt ord, men også fordi den framande forma i seg sjølv signaliserer prestisje.

Graedler analyserer på kva måtar engelsk vert nytta som stilistisk verkemiddel for å oppnå mellom anna teknisk stil, lokalkoloritt, ironi og ulike former for ordspel.

Svært mange av engelske ord som vert lånte inn i norsk vert bøygde som på engelsk. Over halvparten av substantiva i materialet hadde s-ending i fleirtal. Lånte verb og ein del korte adjektiv vert bøygde som på norsk.

Fleirdobla bruken av norsk musikk

(NPK): Bruken av norsk musikk vart fleirdobla på Færøyane då Jan Kløvstad var direktør for Nordens Hus i perioden 1989 til 1994. Årsaka var at han sørgde for å få oversendt norske musikkproduksjonar gjennom eit samarbeid med Norsk kulturråd og Norsk Musikkinformasjon.

– Tre fire gonger årleg kom det pakker med 30-40 CD-ar, og musikken vart stadig spela i radio og fjernsyn, seier Kløvstad. No står han på startstreken for å byggje opp kulturhus på Grønland, og vil prøve å få til ei tilsvarande avtale for å spreie norsk musikk der.


Gula X-ORD nr. 202

202	PRØVA	SKRED	STOFF (BAKV.)	AUSTR. BY	DYR	DAME	FORK.	TOLLE-GANG	LIKE / LEIKAR		RUSTE	FØR		
FENG-SEL														GÅ RUNDT
DAB-BEL												FORK.		
TÅ PÅ					PREP. / PÅ FLY				SELSK. / GÅV-MILD			ORG. / SHAKS-STOFFET		
SKLI AV							SNAKKET / 6.-NAMN							
SLETTE								GAM-MAL		LYSNE / HARDT				
			KAVE		MANGE									
KANT		STØRRE / PÅ-LEGG												
KJEMPE					LEIST / LIKE				APPA-RAT / PRON.					SÆR-MERKE
6.-NAMN / FUGL				FELT / BIB. MANN							KONJ.		FEI-RING	
			STØVE / ENG. TILTALE				HEMN							
BRENNE					TONE (BAKV.)		BAKERST / REI-SKAP					DVS / DRETTE		
VENSTRE-HANDA						LIKE / FORK.			HOVUD-STAD		ÅTE / SORGA (BAKV.)			
RETTE-SNORA														
KONJ.				STELE	GJE FRI / TØNE									
SKIPS-FORK. / HENG-SLETE			LIKE			RUTE / FISK						NABOAR / VERDS-DEL		
							KJEM. TEIKN / FORK.			SKÅP / PÅ-LEGG				
TRAU			PRON.	PAVE / SKORPE				GUD	TEMPO		FISK / APPA-RAT			
ARTIS-TISK / RAGE														
						VÆSKE								

Vinnarar nr. 201:

Ingvald Ulvund, Voss (5 Flax-lodd),
Magne Myhra, Voss (Bok),
Sigrunn Grimastad, Bulken (Bok)

Løysing:





PREMIAR:
5 Flax-lodd
& flotte
bokpremiar frå
Det Norske Samlaget

Løysinga må vera hjå Gula seinast torsdag 18. jan. og merk konvolutten med "x-ord nummer 202".

Namn

Adresse

Postnummer/stad

GULATUN

Dette er møteplassen for meiningar og debatt. Skriv kort om aktuelle emne, helst under fullt namn. Om naudsynt vert innlegga korta ned. Innlegg som ikkje vert nytta, vert til vanleg ikkje returnerte. Vel møtt til frisk meiningsbryting i Gulatun.

Samlaget og nynorsken

Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag er sterkt usamde i bruken av lærebokformer i lærebøker som er gjevne ut på Samlaget. Me meiner at Samlaget hev høve til å nytta eit rikare og meir variert språk innanfor det som er jamstelte former i normalen for skulen. Difor sende med brev til Samlaget i haust. Brevet var attgjeve i Gula Tidend i haust, men me tek opp att nokre kjernepunkt nedanfor.

«Årsmøti i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag er kjende med at målbruken i nynorske lærebøker vert dreia i leid av det norskdanske bokmålet. Me kjenner til at umsetjingane av bokmålsbøker til nynorsk m.m. vert lagt mykje lenger upp mot bokmålet enn det som er turvande etter læreboknormalen. Me er sterkt misnøgde med at det nynorske ordtilfanget vert uhola i lærebøkene. Me er serlegt skeptiske til at e-infinitiven tykkjest å verta meist einerådande i lærebøkene og i andre bøker.

Ålmeint sett vil me segja at den store bokmåliseringi i lærebøkene er skadeleg. Elevane upplever at talemålet deira og målet i lærebøkene kjem i konflikt. Målbruken i nynorske lærebøker er óg med på å senda ut signal til lærarar i bokmålsskulen. Når lærebøkene ikkje nyttar sernorsk ordtilfang fær lærarane i bokmålsskulen høve til å segja at elevane i bokmålsskulen må skriva nærmare upp mot bokmålet, endå um elevane i bokmålsskulen kann ha hug til å driva måldyrking.

Me vil råda til at Samlaget er meir open for å nytta det høgnorsknære måltilfanget innanfor læreboknormalen. Seleg tykkjer me at a-infinitiven bør verta nytta meir».

I svaret frå Samlaget heiter det at Samlaget hev minst førti års tradisjon for det språket dei brukar i lærebøkene. I bøker for skulen må ein setja strenge krav til språkbruken, og der tykkjer Samlaget at dei hev lagt seg på ei lina som dei meiner er den best samnemnaren for dei fleste brukarane. Samlaget ser ikkje nokon grunn til å endra praksis. Samlaget skriv at dei hev nokre bøker med andre former enn dei samnorsknære, og viser til ei bok av Olaf Almenningen og Aud Søyland som heiter «Praktisk Norsk».

Samlaget skriv at dei hev minst førti års tradisjon for språket dei brukar i lærebøkene. Dei meiner vel at dei hev minst førti års tradisjon for å fylgja læreboknormalen, men læreboknormalen kann tolkast mangeleis, og eg er langt frå viss på at Samlaget hev tolka læreboknormalen likt heile tidi. Når t.d. e-infinitiven hev fenge ei rådrik stoda etter 1959 er det trulegt Samlaget meir enn Norsk Språknemnd å takka. Nynorskfolket valde å føra samnorskpolitikken vidare, trass i at norskdansken var på veg burt frå denne politikken. I dag er ikkje samnorskpolitikken aktuell i det heile teke. Det er difor grunn til å revurdera denne politikken. Det er óg kome uppmoding til Samlaget um å nyttameir a-infinitiv, serleg i ordlistor. Med ordlistone til Alf Hellevik er Samlaget med på å normera nynorsknormalen trongare enn det som er naudsynt. Ein ting er at dei ikkje vil taka med i-endingane som hev sideformstatus. Noko anna er at dei ikkje ein gong tek med a-infinitiven som er jamstelt. Kvifor er dei so einsynte i viktige målspursmål, medan dei er nøgne med å føra upp alle sideformer som ligg nært upp til bokmålet. Bokmålselevar vil ikkje ha alle dei bokmålsnære formene. Det er heller lærarane i den norskdanske skulen som vil ha deim, so at dei kann fylgja upp den reaksjonære tripilar reaksjonen mot nynorsken (i kamp mot nynorsk normaltalemål, for samnorsk, for dialektanarkiet).

Det er klårt ein må setja strenge krav til språket i lærebøker, men det er ikkje dimed sagt at ein treng å føra inn den ålmenne bokmåliseringi i lærebøkene. Det er heller ikkje sagt at ein treng å stryka ut jamstelte former i læreboknormalen. Serleg ikkje når dei som skriv lærebøkene ikkje ynskjer å nytta dei mest bokmålsnære formene.

Samlaget skriv at dei hev valt den lina som dei meiner er den beste samnenmaren for nynorskbrukarane jamt yver, må ein spyrja seg um kva tankar dei hev til folk i Sogn, Hordaland, Rogaland og andre stader der dei hev a-infinitiv eller kløyvd infinitiv. Denne argumentasjonen held ikkje. Kartet stemmer ikkje med terrenget. Det er på tide at målfolket i kjernestroki reiser protestar mot dette. Det må verta større samsvar millom den tradisjonsviljen som ligg til målbrukarane i kjernestroki i slike grunnleggjande spursmål og den målnormeringi som Samlaget driv. Når det gjeld bokmåliseringi bør derimot Samlaget halda att.

Landsmøtet i Noregs Mållag gjekk inn for lik bruk av a-infinitiv og e-infinitiv frå Mållaget si sida. Landsmøtet gjekk dessutan inn for at Mållaget skal arbeida for det same i Norsk Barneblad, Samlaget og Det Norske Teatret. Samlaget ser ingen grunn til å endra praksis. Landsmøtevedtaket til Noregs Mållag skulde vera ein god grunn. Lokalavisone ser ut til å fylgja det lokale målet i dette spursmålet, trulegt utan umsyn til målbakgrunnen til den einskilde bladmannen. Den dialektvariasjonen som ein ser i lokalavisone er ikkje urimeleg. Utfrå ein slik variasjon skulde minst 50 prosent av lærebøkene ha a-infinitiv.

I brevet skriv elles Samlaget at dei opnar for sideformer i sakprosabøker. det er vel endå meir bokmålsnære former som er meint. I-former fær nok ikkje koma inn i moderne sakprosa. Det same kann ein vel segja um andre sernynorske former.

Lars Bjarne Marøy,
formann i Vestlandske Mållag

Milliardprosjekta i vest

Oppslaget i Gula Tidend 31. januar forundrar meg. Til no har eg alltid rekna Gula som ei avis først og fremst for vestlandsbygdene sine interesser. Kva har «milliardprosjekta» hatt å seia for bygdene på Vestlandet? Spør dei ute i Nordhordland.

Det får vera måte på kor mange milliardprosjekt som skal klubbast gjennom til fordel for Hordaland, seier AUF-leiar Giske. Men kven er det som i hovudsak betalar fordelane for Hordaland?

Etter det eg veit er staten sin del i prosjekta på Vestlandet heller beskjeden i høve til område som ligg nærare Løvebakken. Hardanger og Voss har, med god hjelp frå Hordaland fylke og Bergen by, samla midlar i snart ti år til den omtala brua, etter at vi var ferdige med å betala ned den tunnelen som fører fram til brua.

Lat oss vona at både Hardangerbrua og Trekantsambandet kjem på plass som planlagt, til uvurderleg nytte for bygdene i Hardanger og Sunnhordland. Eg hadde vona at «Trekant-general» Øivind Halleraker og underteikna kunne vera samde om at det er lite ynskjeleg med ein situasjon slik Gula Tidend prøver å framstilla: At det eine gode tiltaket skulle stengja for det andre.

Samson Instanes,
ordførar i Eidfjord kommune,
styreleiar Hardangerbrua A/S

I Ivar Aasen-året

Atter må eldar tendrast.
Atter må lysa det heilage bål -
for vårt mål.


Atter må luren vekkja,
vekkja vår ungdom til fedrearv-song,
framtids-song.

Kjærleiksfullt livsordi dyrka,
viljande, vyrdslande målskatten all,
fylgja kall.

Sanning kan ikkje folna.
Sanning, som fræva ved Aasen-fjord ferm,
knoppskytt erm.

Sjølveige mål vil sigra,
vera for ånde det tolkande sjel,
tolka sjel!

Martin Votlo



«Dei bles i røykjelova»

Dette er overskrifta på eit Gulatun-innlegg av skrivande pensjonist Kjell Råd den 3.2. 1996. Han har hatt oppteljing hjå dei avlidne og gjer oss kjend med at «mellom 7000 og 8000 døyr kvart år i Norge av tobakksskadar». Hadde dei ikkje vore slike syndarar, ville dei truleg vore sikra æveleg liv.

Sjølv har eg vore piperøykjar i meir enn 50 år. Far min var òg piperøykjar heile livet etter at han vart vaksen. Men så vart han då òg berre 91 år. Dersom han ikkje hadde teke livet sitt ved røyking, ville han truleg vorte konkurrent til Metusalem.

Det er heilt rett dette at me treng ikkje lenger røykjarar for å avliva folk. Det sikrar me oss no ved nedbygging av elektrifisert jernbane og råkøyring med «miljøvenlege» eksosutspyande vogntog på «dertil egnete» autobanar. For det er no eingong slik at me vert styrd av miljødronning som ikkje *berre* opptrer på møte i Brasil.

Og til slutt eit råd til Råd med «skrivande pensjonist»-tittel. Hald fram som du stemner! Det kan hjelpa til med å få folk til å tenkja.

Audun Østhassel

Utleige av skulebøker

AUF si fanesak i valkampen var fylkeskommunal utleige av skulebøker til den vidaregåande skulen. Veljarane fekk fortalt at dette er god Arbeidarparti-politikk. Seinare har AUF fremja forslag om dette i mange fylkesting. AUF har mellom anna fått støtte av Unge Høgre om køyrde same sak i ein del fylke i valkampen.

I spørjetimen på Stortinget onsdag 24. januar var det Unn Aarrestad frå Senterpartiet som tok opp spørsmålet om å opna for dette. Ho meinte ein burde sjå gode grunnar for å finna løysingar på området, særleg etter Reform 94 byrja å gjelda, og elevane stort sett må kjøpa alle skulebøkene sine nye.

Statsråd Åse Kleveland svara på spørsmålet. Ho peikte på at skulebøker er åndsverk, og dermed verna av åndsverklova. Denne lova vart endra i juni 1995 som følgje av EØS-avtalen. EØS-direktivet slår fast at opphavsmannen sine økonomiske interesser skal stå øvst. Unn Aarrestad spurde om statsråden ville medverka til ei lovendring, men det svara Kleveland klart nei på. Norge kan ikkje gjere ei lovendring avdi det ville vere i strid med våre plikter etter EØS-avtalen.

Dermed har AUF og Unge Høgre møtt seg sjølv i døra. Begge ungdomspartia har snakka varmt om EØS-avtalen i tre valkampar. No viser det seg at avtalen hindrar vedtak som dei sjølve står i spissen for.

Senterungdommen vil peika på at fridomen til å fatta uavhengige vedtak etter eige ønskje ikkje er tapt. Vi må berre seie opp EØS-avtalen.

Monika Soltveit,
skulepolitisk ansvarleg i Senterungdommen

Dette er møteplassen for meiningar og debatt. Skriv kort om aktuelle emne, helst under fullt namn. Om naudsynt vert innlegga korta ned. Innlegg som ikkje vert nytta, vert til vanleg ikkje returnerte. Vel møtt til frisk meiningsbryting i Gulatun.

Den reaksjonære språkplanleggjingi

Trygve Bull vert intervjua av Dag og Tid 4. januar 1996. Eg vil karakterisera Bull som ein talsman for dei meir moderate på den norskdanske sida. Dei moderate definerer seg burt frå dei norskdanske tradisjonalistane eller riksmålstilhengjarane. Dei forsvarar og er lojale andsynes den sernorske språkplanleggjingi med rettskrivingsnemnder med meir. Bull meiner at me vil nå fram til eit samnorsk språk um ein hundreårs tid, men ein kann ikkje bruka terror og tvang. Men er ikkje heile språkplanleggjingi eit døme på nett terror og tvang? Når ein set upp hovud- og sideformer avdi ein vil normera språkbruken, skapar ein strid og nyttar nett terror og tvang til å prøva å pressa fram ein språkbruk. Utan slik valdsbruk vert heile samnorskprosjektet umoglegt å gjenomføra. Det danske kulturspråket stod for sterkt i Noreg til at det kunde ovra seg noko røynlegt blandingsspråk millom landsmålet og dansk. Likefullt vart det skapt ein språkplanleggjingspolitikk. Språkplanleggjarane, dei som var uppvaksne med det dansknære talemålsidealet, tykte samnorsktanken var den beste måten å bryta bandi med Danmark på når målrørsla vart brysam.

Bull reiser spursmål ved at mange austlendingar ikkje vil ha nynorsk. Men um ein ser historisk på dette spursmålet, kjem me snøgt til at det er feil å segja austlendingar. Ein må heller spyrja kvifor so mange austnorske bladmenn, offentleg tilsette, forfattarar og forlag og andre som nyttar skriftmål og normaltalemål hev vore so uforståande til nynorsken. Desse personane var eit lite mindretal av folkesetnaden på Austlandet umkring 1920. Det var desse som introduserte den moderate/radikale norskdansken i 1917. Dette språket skapa målstrid på Austlandet på 1920-talet. Målrørsla på Austlandet fekk ikkje spira fram. Ho vart stogga og slegen attende just fyrr ho kunde ha kome. Dei intellektuelle austlendingane og mange andre arbeidde intenst med å byggja ein nasjonal identitet gjenom norskdansken. Nynorsken måtte for all del ikkje koma inn å skipla den norskdanske nasjonsbyggjingi. Felleslitteraturen og det språklege hopehavet med Danmark laut legitimerast.

Kunde og kann målrørsla gjera noko for å vinna dei intellektuelle norskdanske austlendingane i hovudstaden? Det fyrste me må gjera er å opponera mot dei vanlegaste motargumenti mot nynorsken. Ei av dei viktigaste innvendingane mot nynorsken er nett samnorskargumentet. Visjonen og målet «nynorsk til einaste riksmål» bryt grunnleggjande med ein annan visjon. Den andre visjonen heiter: Samnorsk på norsk folkemålsgrunn.

Språkplanleggjingi og samnorskideologien hev vore til meins for nynorsken på fleire måtar. Rettskrivingi med upplegg til målbrigde i 1917 var skilsetjande for målrørsla. Denne rettskrivingi og fyrearbeidet til henne slo fast at sosiolingvistiske variablar skulde spela ei avgjerande rolla i normeringi av målformene. Det heitter seg at rettskrivingi skulde «aapne veien for en ny utvikling fram imot national samling paa grundlag av folkets virkelige talesprog». Men korleis skal ein greida å regulera seg fram til eit mål som er sams millom sunnmørsk og austfoldmål, oslomål og bergensk, vestfoldmål og heidemarksdialekt og so burtetter? Det er det sokalla folkemålet som vert sett fremst her. Dette er ikkje i samsvar med Knudsens normaltalemålslina, slik eg ser det.

Det er derimot eit brot med Ivar Aasens etymologiske orientering. Rettskrivingi slo fast det ortofone rettskrivingsprinsippet. Motsetnadene millom målføri stod fram p.g.a. 1917-rettskrivingi. Men den nynorske normalen, høgnorsken, vart ståande. Uppsplittingi til dei personlege rettskrivingane som fleire av dei leidande nynorskskribentane vart lura eller pressa inn i på 1920- og 1930-talet, og endå noko seinare, tek alle utgangspunkt nett i høgnorsken. Desse nye normalane var framleis det me kann kalla sermerkt nynorske, men dei mangla ein samla einskap.

Denne utviklingi hindra målrørsla i å få utvikla eit normalmål, og det norskdanske freista å gjeva målrørsla skuldkjensla for at ho ikkje hadde vunne fram med nynorsken på Austlandet. Dei norskdanske nytta det framandgjorde folket på Austlandet og elles i landet millom anna i kyniske aksjonar mot nynorsk i Kringkastingi. Høgnorsken og vestlendingane var stødt fremste skyteskiva serleg på 1950-talet. Folk flest var ikkje van til nynorsken takka vera det sokalla radikale riksmålet som hadde teke av for verste støyten i striden mot landsmålet, difor tykte dei det var kult å protestera mot nynorsken og når dei førande samfunnsberarane gjekk fyre, gjekk hine etter. Men det var ikkje utan vidare fordi folk høyrde på radioen at dei gjekk imot nynorsken der. Mange av dei som protesterte mot riksprogramsjef Olav Midttun hadde sannsynlegvis ikkje ein gong radio. Eg kann ikkje gå i detaljar her. Lat meg berre visa til Hans Fredrik Dahl, 1975, i boki um Kringkastingi i millomkrigstidi.

Eit viktig argument som kom til seinare var at det norskdanske talemålsidealet stod so sterkt at skriftbiletet i norskdansken vart kjend, medan det nynorske var ukjend. Soleis skulde dei formene i nynorsken som målbrigdet i 1938 ikkje hadde greitt å kvitta seg med ut ved rettskrivingsbrigdet i 1959. Då skulde det helst heita først, vørdnad med meir, ein skulde helst nytta e-infinitiv. Ein skulde helst stryka burt palataliserande former. Det førde til eit rettskrivingskaos av dimensjonar. Eit ord som rekkjefylgja på høgnorsk kann i dag skrivast på umlag ti ulike måtar. Dette virvaret vart spreidd gjenom offentlege tvangs- og terrorordlistor. Slike yvergrep er det som må til for at samnorsktilhengjarar som Bull skal få leva ut dei visjonane dei målber.

Underkuingi og sjikanen mot nynorsken frå førande intellektuelle og framståande samfundsstyttor hev historiske linor. Dei som i dag reiser upp visjonen um nynorsk til einaste riksmål med varierande styrkje hev gjenomskoda holskapen i samnorskideologien og den haltande nasjonsbyggjingi i ein ung nasjon som Noreg. Dei hev gjenomskoda den djupt reaksjonære språkplanleggjingspolitikken. Ein politikk som er uverdig for eit land som vil kalla seg ein kulturnasjon.

Lars Bjarne Marøy

Gro som statsminister, administrasjon ikkje politikk

Statsminister Gro Harlem Brundtland er populær som statsminister, syner ei meiningsmåling nyleg. Mange kommentatorar tolkar dette som ei styrke, og som om at ingen kan måla seg med henne som statsminister.

Skal ein statsminister vera administrator for eit regjeringskollegium, er det utan tvil eit faktum at ho er suveren. Ingen statsminister i vårt snart 100-årige kongedøme har hatt mindre forbruk av statsrådar enn vår noverande statsminister. Statsrådane i regjeringa Brundtland har stor fridom til å styra landet utan sterk innblanding frå statsministeren. Ei viss avklaring med finansministeren er den viktigaste kontroll- og korrektivsjekking statsrådane må prøva tankane sine opp mot.

Ut frå dette står ikkje statsministeren så sterkt formelt sett. At ho lever høgt på manglande initiativ i den nasjonale politikken, vil etter kvart verta hennar bane. Det kan gå bra så lenge landet har god innteningsevne, men om ikkje må landet få ein leiar som tek initiativ på ein meir konstruktiv måte.



Administrator eller statsminister?

Mange politiske kommentatorar i media har store vanskar med å finna poeng og nye tankar i talane til statsministeren her til lands. Innhaldet er ofte ei mengd med ord utan dei store tankar. Tankar det til tider kan vera vanskeleg å finna meininga i. Når det er noko interessant i talane, er det sitat frå ein av statsrådane.

Vår noverande statsminister er nok meir inspirerande når ho får halda talar og foredrag i internasjonale fora. Dette er enkelt å forstå ut frå at Noreg er eit godt utvikla velferds- og økonomisk samfunn. Det krevst meir for å ivareta og utvikla vårt eige land, enn å ha meiningar om korleis internasjonale styringsprosessar bør utviklast.

Manglande initiativ og prioriteringar i nasjonal utvikling vert nok etter kvart eit av dei største alderdomsteikna på vår noverande statsminister. Legg ho ikkje om, vil det verta hennar bane, eller me kan få eit politisk sovande system og folk.

Det siste vart synt for sterkt ved siste val, med låg valdeltaking. Er det slik me ynskjer det?

Anders Gjerstad,
fylkestingsrepresentant
frå Senterpartiet

Framtida for norsk epledyrking

Generalsekretær Johnny Ødegård i Norsk Bonde- og Småbrukarlag har i et innlegg i Nationen og Gula Tidend en kommentar til et møtereferat om norsk epleproduksjon som ble holdt i Lier 20.11.95. Bakgrunnen for møtet var et direkte initiativ fra Produsentforeningens sekretær, som bl.a. på bakgrunn av et fyldig intervju med Torstein Lindheim (NBS) i Bondebladet i høst, følte et berettiget behov for å drøfte økonomien i norsk epleproduksjon. Til stede på møtet var representanter fra ulike organisasjoner og omsetningsledd som var invitert til en uformell drøfting av sentrale problemstillinger knyttet til framtida for norsk epleproduksjon. Fra NBS møtte Torstein Lindheim og Kåre Lutro.

Alle som deltok på møtet var enige om at epleproduksjonen nå er, og også i de nærmeste åra ser ut til å bli, for stor i forhold til hva det er naturlig å forvente at markedet kan avta av norske epler. På møtet ble flere problemstillinger knyttet til tilpasning av produksjonen til behovet drøftet. Det synes å være klart for alle at produksjonen må reduseres, og ulike måter å gjennomføre dette på ble vurdert. Tilskudd til rydding og eventuelle tilskuddssatser i denne sammenheng ble diskutert. Videre var det naturlig å drøfte den tilskuddsordningen som har størst betydning for epleprodusentene, nemlig Distrikts- og kvalitetstilskudd til frukt.

Når Ødegård, med grunnlag i et møtereferat fra et uformelt møte, klarer å konkludere med at Norges Bondelag har gått inn for å omprioritere tilskuddet til fordel for store produsenter i sentrale strøk, må det selvsagt stå for Ødegårds egen regning. Vi har til hensikt å bruke de innspill som kom på nevnte møte i vårt videre arbeid når vi skal drøfte framtida for norsk epleproduksjon. Om Ødegård og småbrukarlaget mener møtet i Lier tok endelig standpunkt i denne saken, gir det mer et bilde av hvordan småbrukerlaget arbeider organisasjonsmessig enn hvordan de øvrige deltakerne på møtet oppfattet dette.

Norges Bondelag regner med, og oppfordrer til, at de organisasjoner som var til stede på møtet bruker referatet som grunnlag for videre diskusjoner om hvilke tiltak som må gjennomføres for å sikre økonomien i norsk epledyrking.

For øvrige vil vi nevne at avtalepartene skal drøfte ordningene med Distrikts- og kvalitetstilskudd på grøntsektoren i en arbeidsgruppe foran jordbruksforhandlingene i 1996. Eventuelle endringsforslag som kan komme i den forbindelse, vil bli drøftet grundig i våre grøntutvalg før endelig standpunkt blir tatt.

Bernt Robert Hansen,
sjefkonsulent i
Norges Bondelag

Kyrkjedugnaden i god gjenge

Av Kenneth Ø. Monsen

For halvanna veke sidan stod grunnmuren ferdig. Laurdag var det ny dugnadsrunde, og drivkreftane bak flyttinga av «Amerikakyrkja» er optimistiske med omsyn til framdriftet i prosjektet. Oddmund Skjelvik, ein av primus motorane i arbeidet for å reisa kyrkja på Sletta, seier til avisa at dei rekner med at Brampton Lutheran Church vil stå ferdig i nye omgjevnader i god til før det planlagde opningsarrangementet 4. juli neste år.

- Og det må ho berre vera, all tid me har motteke påmelding frå eit hundretals gjester frå Brampton-området i USA som vil koma til Radøy i samband med markeringa, seier Skjelvik. Han fortel vidare at det er ein aktiv dugnadsgjeng som utover vinteren og våren vil syta for at det gigantiske «puslespelet» vert sett saman til ei kyrkje. Prosjektet har i tillegg tilsett èin person på full tid som vil ha hovudansvaret for framdrifta i arbeidet. - Vedlkommande er utdanna snikkar, så me reknar med at reisinga av bygget er i dei beste hender, konkluderer Skjelvik.



Handamakt og maskinkraft: Frode Mellingen, John Henning Rath og Frode Ystebø er i full gang med å leggja ut stålprofilar som «årgangsplankane» frå andre sida av Atlanterhavet skal kvila mot.

Straffa med fjorten dagar

Av Kenneth Ø. Monsen

Masfjorden: Utval for oppvekst og omsorg gjorde onsdag vedtak om å staffa Stordalen Fjellstove sine påståtte brot på alkohollova ved å trekkja inn skjenkeløyvet for fjorten dagar. Som Strilen omtala onsdag, fann to skjenkekontrollørar ved ei vitjing til fjellstova i september tilhøve som kommunen meiner det må reagerast på. Administrasjonen hadde i si sakutgreiing og forslag til vedtak vurdert ei vekes inndraging, noko som altså vart skjerpa av politikarane.

Innehavaren av Stordalen Fjellstove, Arne Stordal, seier til Strilen at vedtaket i utvalet er fatta på feil grunnlag. Han meiner vidare at det har skjedd sakshandsamingsfeil frå kommunen si side som må få konsekvensar når kommunestyret skal avgjerda saka. Stordal sin advokat, Halfdan Mellbye forklarar: - Rapporten frå skjenkekontrollørane skal leggjast fram for innehavaren av skjenkestaden innan ein veke etter kontrollen har vore gjennomført. Dette for at dei tilsette, i lys av det relativt korte tidsrommet frå kontroll til framlegging av rapport, kan koma med sin versjon av hendingane. Dette er ein rett som utvetydig går fram av alkohollova, seier han. Mellbye legg til: - Kontrollen vart utført den 15/9. Rapporten er stempla som motteke av Masfjorden kommune den 7/10. Først den 17/10, altså over ein månad etter kontrollen, vart rapporten presentert for Stordal.

Mellbye vil presisera at det har vore fire skjenkekontrollar ved fjellstova sidan drifta tok til. Under ein av desse vart det oppdaga mindre ting som fekk kontrollørane til å reagera. Difor meiner advokaten at 14 dagars skjenkenekt på langt nær står i forhold til funna. Saka vert endeleg avgjort i førstkomande kommunestyremøte, og då med ei presisering av Stordal sitt syn som vedlegg til sakspapira.

Ei veke i Ivar Aasens fotefar

Av Alf Strand

Det er ikkje kjent om Ivar Aasen nokon gong vitja Masfjorden. Men elevane på Sandnes skule har likevel gått i Ivar Aasens fotefar den siste veka. Dei har nemleg vore ute og samla inn ord og uttrykk frå den lokale dialekten. På slutten av veka vart alt saman presentert for bygdefolket.

På Sandnes skule vart den årlege grunnskuleveka og Ivar Aasen-jubileet slegne saman til eit prosjekt. Markeringa av at det i år er 100 år sidan Ivar Aasen døydde, inspirerte skulen til å gjera eit arbeid i Aasen si ånd, nemleg å samla inn lokale ord og uttrykk.

Utstyrte med blokk og blyant og delvis med bandopptakar vandra elevane ut i bygda for å prøva seg som ordsamlarar. Mange foreldre, besteforeldre og andre bygdefolk har vorte intervjua, og skulen sit att med ei fin samling. På denne måten fekk ein og teke vare på det som har vore hovudtanken bak grunnskuleveka i år, nemleg «den samarbeidande skulen». Samarbeidet vart og understreka ved at FAU stod for kafedrifta på avslutningsdagen.

Medan dei store elevane elevane samla inn stadnamn frå ulike gardar, konsentrerte elevane på mellomsteget seg om ord og uttrykk frå arbeid på sjø og land. Dei kom att med mange gamle ord som dei sjølve ikkje skjøna «bæret» av, og som også mange foreldre hadde vanskar med.

Småskuleelevane hadde som oppgåve å samla gamle vers, rim regler og gåter, og dei kom att med svært mykje. Det var tydeleg at ein del besteforeldre hadde teke seg god tid til å finna fram att ting som dei hadde lært den gongen dei var små. Mange av versa og reglene er felleseige, men somme var heilt lokale, som t.d. visene om han «Nils på skjeret« eller han «Jo på neset». Dei minste elevane fekk og æra av å framføra ein del av det dei hadde samla inn.



Nokre jenter r frå 1. og 2. klasse song folketonen «Reven han sat i sete».

Utstillinga av elevarbeid og utsegner frå elevane tyder på at dei både hadde lært mykje og hatt ei kjekk, men annleis skuleveke.

Orlio Bones P.P. avslutta sterkt

Av Eivind Berge

Orilo Bones P.P. var einaste firbeinte lokale aktør på Bergen travpark torsdag. I eit løp som starta dramatisk med ein skjebnesvanger galopp for favoritten Super Soto.Truleg skada han beinet så mykje at den slitestreke Etnetravaren ikkje vert å finna i løpsbana meir. Rolf Tvedt sleit med å få Orilo i gang på den sølete bana. Sprut har Orilo aldri sett pris på. Først ut på oppløpet tok den slitesterke travaren i for fullt, og mot mål passerte han alle så nær som Vibro Super og Åge Skjold. Rolf Tvedt har vorte reinaste grossisten når det gjeld andreplasar. Torsdag kuska han låneoppsitta treårige Dalend og lite tiltrudde Howdy Mcman inn til sølv. Under rikstotokøyringa på Forus laurdag kuksa lokaltrenaren Igor Sund inn til fjerdeplass. Rolf Tvedt måtte bakka Igor Sund sist frå start og hadde altfor langt fram på oppløpet til å vinna løpet, sjølv om hesten avlsutta i overlydsfart.

TEIKNINGSINNBYDING

Dag og Tid A/S - Aksjeteikning. Teikningstid 30. mars - 30. september 1995

Generalforsamlinga i Dag og Tid A/S den 29. mars 1995 gjorde følgjande vedtak:

1. Nedsetjing av aksjekapitalen
Aksjekapitalen i Dag og Tid A/S vert sett ned med kr 777.600,-, frå kr 864.000,- til kr 86.400,- til dekning av akkumulert underskot. Nedsetjinga vert gjort ved at pålydande aksjar på kr 250,00 vert sett til pålydande kr 25,00. Nedsetjinga av aksjekapitalen vert først sett i verk etter at fristane som er aktuelle etter lovgjevinga er ute, og når aksjeteikninga i tida 30. mars til 30. september 1995 er gjennomført.

2. Aksjeteikning 30. mars - 30. september 1995
Det vert sendt ut innbyding til teikning av nye aksjar i Dag og Tid A/S for utviding av aksjekapitalen, for ikkje mindre enn kr 250.000,- og ikkje meir enn kr 500.000,-. Teikninga skal vera til 100% overkurs. Pålydande vert kr 25.00 og teikningskursen kr 50,00. Overkursen skal nyttast til dekking av noverande underbalanse og til reservefond. Minsteteikning skal vera 10 aksjar.

Noverande aksjonærar i selskapet har føreretten til å teikna aksjar i samme høve som dei i dag eig aksjar i selskapet og i samsvar med § 4-2 i Aksjelova av 4. juni 1976. Dei som ønskjer å gjera denne føreretten gjeldande, må gjera det innan 28. april 1995.

Tildelte aksjar skal betalast innan 10. oktober 1995. Om betaling ikkje er motteken til fastsett tid, kan teikninga strykast, eller tildelte aksjar kan seljast for teiknaren si rekning. Det er ikkje høve til å overdra teikna aksjar før dei er betalte.

Vert det overteikning, har styret rett til å stryka teikningar som ikkje er sikra ved føreretten som noverande aksjonærar har til å teikna aksjar. I så fall skal det leggjast til grunn om teiknaren er fast tingar av avisa og deretter tidspunktet for teikninga.

Nye aksjar gjev rett til utbytte frå og med rekneskapsåret 1995.

3. Vedtektsendringar
Vedtektene i Dag og Tid A/S vert endra til å lyda:

VEDTEKTER

§ 1. Namnet til selskapet er Dag og Tid A/S.

§ 2. Selskapet har forretningskontor i Oslo.

§ 3. Selskapet har til føremål å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne driva handel og eiga eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.

§ 4. Selskapet har ein aksjekapital på kr ____, fordelt på ___ aksjar à kr 25.

§ 5. Selskapet har eit styre med formann og fire styremedlemer. Styret vert valt av generalforsamlinga. Formannen skal veljast ved særskilt val kvart år. Styremedlemene skal veljast for to år om gongen. Styret skal seg i mellom velja varaformann. Formannen saman med ein styremedlem bind selskapet med underskrift.

§ 6. Generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av april månad. Innkalling saman med sakliste skal kunngjerast i Dag og Tid seinast 14 dagar før generalforsamling skal haldast.

På generalforsamlinga gjev kvar aksje ei røyst. Ein aksjonær kan gjera rettane sine gjeldande på generalforsamlinga ved personleg frammøte eller ved skriftleg fullmakt. Ingen aksjonær eller fullmektig kan røysta på generalforsamlinga med meir enn 500 røyster.

Den ordinære generalforsamlinga skal:

1. Fastsetja resultatrekneskap og balanse.
2. Avgjera korleis årsoverskotet skal nyttast eller korleis årsunderskotet skal dekkjast, og om det skal delast ut utbyte.
3. Velja styre og varamedlemer til styret.
4. Handsama andre saker pålagt av lov og vedtekter.

§ 7. Eigarskifte av aksjar må godkjennast av styret. Eigarskifte som har gått føre seg mindre enn fire veker føre generalforsamling, gjev ikkje røysterett for den nye eigaren.

§ 8. Formannen kallar inn til styremøte. Dersom ein av styremedlemene, redaktøren eller disponenten krev det, skal formannen straks kalla inn til slikt møte. Skal eit styrevedtak vera bindande, må minst tre medlemer røysta for det.

Styret tilset redaktør og disponent og skal godkjenna andre tilsetjingar i selskapet.

§ 9. Elles gjeld aksjelovgjevinga til kvar tid.

4. Fullmakt
Generalforsamlinga gjev styret fullmakt fram til 31.12.1995 å fastsetja kor stor aksjekapitalen skal vera, etter at fristen for aksjeteikninga er ute, og til å setja i verk føresegnene i § 4 i vedtektene som er fastsette i denne generalforsamlinga.

Informasjon om selskapet
Dag og Tid A/S har til føremål å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne driva handel og eiga eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.

Selskapet har føretaksnummer 911092417. A/S Dag og Tid vart stifta i 1964 og bytte namn til Dag og Tid A/S i 1986.

Noverande aksjekapital
I generalforsamlinga i Dag og Tid A/S den 29. mars 1995 vart det vedteke å setja ned aksjekapitalen i selskapet på kr 864.000,-, 3.456 aksjar pålydande kr 250,-, med kr 777.600,- til dekning av akkumulert underskot. Nedsetjinga vert først sett i verk når aksjeteikninga i tida frå 30. mars til 30. september 1995 er gjennomført og fører då til at noverande aksjar vert sette til pålydande kr 25,- pr stk.

Aksjeteikning 30. mars til 30. september 1995
I generalforsamlinga den 29. mars 1995 vart det vedteke å by inn til aksjeutviding, for å auka aksjekapitalen med ikkje mindre enn kr 250,000,- og ikkje meir enn kr 500.000,-.

Aksjeutvidinga vert gjennomført ved teikning av fleire aksjar i selskapet, kvar aksje pålydande kr 25,- til 100% overkurs. Overkursen vert nytta til dekking av noverande underbalanse og til reservefond. Teikningskursen vert kr 50,- og minsteteikning er 10 aksjar.

Utbytte
Selskapet har ikkje betalt utbytte. Aksjonærane kan ikkje rekna med utbytte så lenge noverande reglar for pressestøtte gjeld. For å gje ut Dag og Tid er selskapet avhengig av pressestøtte, og aviser som får pressestøtte har ikkje høve til å gje aksjeutbytte.

Formålet med aksjeutvidinga
Dag og Tid A/S treng ein positiv eigenkapital for å sikra at vi kan gje ut avisa med tilfredstillande kvalitet. Selskapet arbeider med å få sjølve avisdrifta til å gå med overskot. Dei siste åra har drifta vore heilt avhengig av salsinntektene frå produkt utanom bladdrifta. Etter fleire år med opplagsnedgang er det no gode utsikter til opplagsauke.

Dei siste åra har vi investert mykje i ny teknikk og vi er no i stand til å produsera avisa rimelegare. Produkt utanom bladdrifta kan framleis gje overskot, men framtida for produkta er no så usikre at bladdrifta ikkje kan baserast på dette.

Dag og Tid har store likviditetssvingningar gjennom året og er derfor avhengig av driftskreditt i periodar. Føremålet med kapitalutvidinga er å gjera selskapet mindre avhengig av slik kreditt og styrkja grunnlaget for at selskapet kan få nødvendig kreditt.

I forslaget til ny aksjelov er det dessutan stilt strengare krav til kapitalen i aksjeselskap. Dag og Tid treng ny kapital for å tilfredstilla desse krava, dersomn dei blir vedtekne frå 1.1.1996.

Av føremålet følgjer at styret må leggja stor vekt på at aksjekapitalen til kvar tid skal vera på plass.

Teikningstid og stad
Teikninga vil finna stad frå og med 30. mars til og med 30. september 1995 på forretningskontoret til Dag og Tid A/S, Pilestredet 8, 0180 Oslo.

Tildeling
Dei som teiknar aksjar vert tilskrivne om tildeling. Vert det overteikning, har styret rett til å stryka teikningar som ikkje er sikra ved føreretten som noverande aksjonærar har til å teikna nye aksjar. Styret vil i så fall leggja til grunn om ein teiknar er fast tingar av avisa og deretter tidspunktet for teikninga.

Noverande aksjonærar i selskapet har førerett til å teikna aksjar i samme høve som dei i dag eig aksjar i selskapet og i samsvar med § 4-2 i Aksjelova av 4. juni 1976. Dei som ønskjer å gjera denne føreretten gjeldande, må gjera det innan 28. april 1995.

Innbetaling
Tildelte aksjar skal betalast innan 10. oktober 1995 til konto 8101.12.50955 i Fokus Bank. Av for seine innbetalingar vert det rekna etterskotsrente med 12 % p.a. Om betaling ikkje er motteke til fastsett tid, kan teikninga strykast, eller tildelte aksjar kan seljast for teiknaren si rekning.

Dei nyteikna aksjane
Det er ikkje høve til å overdra teikna aksjar før dei er betalte. Når teikninga er gjennomført vert nyteikna og tidlegare aksjar stilte likt.

Aksjeoverdraging og stemmerett
Eigarskifte må godkjennast av styret. Eigarskifte som har gått føre seg mindre enn fire veker før generalforsamling, gjev ikkje røysterett for dei nye eigarane. På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn 500 aksjar.

Kostnader
Kostnadene ved teikninga og aksjejeutvidinga vert dekt av selskapet.

Opplysningar om drifta
Dag og Tid flytta hausten 1994 til høvelege lokale i Pilestredet 8, saman med andre nynorske medietiltak i Oslo.

Pr. 31.12.94 var det sju fast tilsette i selskapet, fem i redaksjonen og to i forretningsavdelinga. To av dei tilsette hadde deltidsstilling.

Selskapet driv tre avdelingar: Avis, forlag og dataavdeling. Dataavdelinga produserer og sel nynorske elektroniske ordlister. Drifta i forlag og dataavdeling har til føremål å skaffa pengar til bladdrifta.

Produksjon
Avisa vert produsert med ny teknologi. Vi har moderne og godt produksjonsutstyr og eit tagleg vel kvalifisert personale. Både journalistisk og teknisk held avisa ein høg standard.

Særskilde opplysningar
I samband med "Det norske ordrettingsprogrammet" har Dag og Tid A/S og Åsmund Forfang stemna Lotus Development Nordic AB, Houghton Mifflin Company og Kolbjørn Heggstad for Oslo Byrett. Saka gjeld rettane til ordlister for stavekontroll i elektronisk tekstbehandling. Saka kjem truleg opp for Oslo Byrett i første halvdel av 1995.

Årsresultat
Dag og Tid har hatt overskot i åra 1987 til 1992, i 1993 og 1994 har selskapet hatt underskot.

År	Årsresultat	Eigenkapital	Godkjent nettoopplag
1987	kr 120.334	kr -414.574	6.683
1988	kr 102.572	kr -312.001	7.404
1989	kr 107.502	kr -204.499	7.486
1990	kr 117.677	kr - 86.823	7.074
1991	kr 106.662	kr 19.840	6.799
1992	kr 120.856	kr 140.696	6.638
1993	kr - 89.329	kr 54.367	6.263
1994	kr -296.824	kr -242.457	5.886

Finansiell informasjon, utdrag av rekneskpen

	1994	1993
Driftsinntekter	kr 6312.402	kr 6 519.562
Driftskostnader	kr 6341.573	kr 6 489.580
Ordinære avskrivingar	kr 216.117	kr 149.510
Driftsresultat	kr - 245.288	kr - 119.528
Finansresultat	kr - 51.536	kr - 66.801
Støtte frå Riksfondet for nynorsk presse		kr 100.000
Årsresultat	kr - 296.824	kr - 86.329
Omsetningsmidlar 31.12.	kr 923.304	kr 1 094.604
Anleggsmidlar 31.12.	kr 592.935	kr 527.900
Kortsiktig gjeld 31.12.	kr 1699.019	kr 1 353.047
Langsiktig gjeld 31.12.	kr 59.677	kr 215.090
Akkumulert underskot 31.12.	kr 1106.457	kr 809.633

Oslo den 29. mars 1995

I styret for Dag og Tid A/S

Hans H. Skei (formann)

Jon Magne Hiller (nestformann) — Asbjørn Rødseth (styremedlem)

Leiv Ellingen (styremedlem) — Tove Bakke (styremedlem)

Må ikkje klippast frå:

TEIKNINGSBLANKETT Teikningstid 30. mars - 30. september 1995

Eg / vi teiknar _____ aksjar i Dag og Tid A/S pålydande kr 25,- til teikningskurs kr 50,-. (Minsteteikning 10 aksjar)

Namn:_____

Adr.: _____

Fødselsnummer (11 siffer) _____

Stad: _____ den _____ (Teikninga må vera datert i teikningstida)

Bindande underskrift: _____ (Teiknaren må ha fylt 18 år og vera myndig)

Skal sendast til: Dag og Tid A/S, Pilestredet 8, 0180 OSLO. Telefon 22 33 00 97 - Telefaks 22 41 42 10

ORDSKIFTE

Den nynorske polkadotten



YTRING

Ja, Johan Brox, målrørsla er ei samansett rørsle. Ei rørsle som tel 20.000 medlemer til saman må vera det. Sjølv om me er usamde om mykje, nokre kan vel kanhenda seia det meste, veit me eitt: Utan det nynorske målet ville Noreg ha vori eit fattig land. For sume er det dit semja strekkjer seg.

For sjølv om ein stør at folk som skriv nynorsk skal få halda fram med det, er det tydeleg ikkje so sjølvsagt at ein vil at endå fleire skal gjera det (jfr. Einar Schibevaag sitt innlegg 4. mai). For når skal ein setja grensa for kor mange som skal få lov til å skriva nynorsk? Kanhenda ved 49 prosent, då vert jo nynorsk framleis eit minoritetsspråk og kan få utvikla seg som eit motkulturelt språk for nynorskeliten i Pilestredet 8.

Ærleg tala: var det ikkje heller ein idé å kjempa for at dei verdiane «motkulturen» står for vert rådande i resten av samfunnet, og ikkje berre på skrivarstova i Dag og Tid?

Er desse verdiane so gilde måtte det vera det beste? Men nei, lat nynorsken vera liten, so vert dei profesjonelle nynorskskrivarane si rolle so mykje større. Postmodernismen leva!

Språkkvalitet eller kvalitetsspråk?

Brox argumenterer mot NMU-parola om at «Dårleg nynorsk er betre enn bokmål», og syner til André Bjerke si dikting. Kor ille hadde ikkje det vorti på nynorsk? Men vent eit bel: Skreiv ikkje Bjerke på majoritetsspråket?

Kan henda det er soleis at det ikkje er storleiken på språket det kjem an på, men heller han/ho som skriv på det? Ein revolusjonerande tanke. Iallfall på skrivarstova i Dag og Tid, trur eg.

Eg trur (no fornærmar eg kan henda Brox, det får våga seg, han tek godt i sjølv òg nokre gonger) at Brox hadde skrivi artikkelen i Dag og Tid 4. mai like godt på både bokmål og nynorsk. Resten av det han skriv òg for den del. Eg trur nemleg at alle språk er like gode å kommunisera med, dersom det er det einaste målet. Eller har danskane ein ringare litteratur enn oss av di dei har berre eitt språk? Eg vonar at eg og Brox er samde i at det er tøv.

Det er sjølvsagt ikkje avgjerande for kvaliteten på språket at det er lite. I seg sjølv er det ingen kvalitetsskilnad på bokmål og nynorsk. Det er jo to ulike språk!

Nei, grunnen til at det er skilnad på bokmål og nynorsk er skilnadene som ligg utanfor den reine kommunikasjonen. Skilnaden i grammatikk, syntaks og ordtilfang er ikkje der for at eg og du og vi to skal få breia oss med ord som er so mykje vakrare enn på bokmål, men av di me kan få nytta eit språk som er meir **norsk** enn alternativet, eit språk som er meir **demokratisk** oppbygd enn alternativet. **Difor** er det betre med dårleg nynorsk enn godt bokmål.

Hauge

Olav H. Hauge skreiv ikkje berre flotte dikt om draumar, men han let òg målungdomar koma og intervjua seg i Hardanger. Der sa han mellom anna: «Norsk og dansknorsk er dei rette namni på skriftmåli. **Nynorsk** er ei rett språkhistorisk nemning, men ho er misbrukt og misvisande. Ein segjer ikkje **ny**svensk um det svenske målet. Ordet **bokmål** gjev ikkje meining i det heile».

Dette var vel ikkje so valdeleg langt unna sitatet Brox reiv laus frå Sæbø sin samanhang?

No er eg ikkje so oppteken av å bruka Hauge som sanningsvitne, men han kan vanskeleg forsvara seg sjølv mot Brox si evne til å velja tekstdelar som passar for honom.

Brox og målrørsla

Brox seier at han meiner Sæbø sitt innlegg er prega av at han er påtroppande NMU-leiar, og at dette er hans målpolitiske manifest (det vil seie, Brox seier det sjølvsagt ikkje, han ymtar berre frampå. Han er jo ordkunstnar, so at han uttrykkjer seg klårt er for mykje forlangt). Og kva so?

Eg er mykje meir uroa over at Brox sitt innlegg kanhenda er **hans** «målpolitiske» manifest som påtroppande leiar i Mediemållaget.

Vidar Lund
skrivar i Norsk Målungdom

I KLARTEKST

India: Overflod av matkorn?

For åttande år på rad står India framfor ei normal regntid som kjem til å gje landet rekordhaust av kveite og ris. Lagra er allereie fulle, og rundt fire millionar tonn kveite og ris rotnar på lager kvart år.

– Overskotet på matkorn skuldast at stadig fleire indarar ikkje har råd til å kjøpe nok mat, seier økonomen Kirit Parekh i den indiske avisa The Economic Times.

Gjennomsnittsindaren et no 465 gram korn dagleg, mot 511 gram for to å sidan, viser tal frå den statlege plankommisjonen. Økonomen Parekh er ikkje åleine om å kritisere styresmaktene for å vurdere å eksportere korn og ris, mens millionar av indarar er underernærte. Ved å eksportere kan India kome til å presse matkornprisane på verdsmarknaden ytterlegare nedover, slik at inntektene ikkje blir så store. (IPS)

Framandspråk: Fleire lærer spansk

Spansk er på frammarsj som andre framandspråk i skulen, seier generalsekretær Humberto Lopez i styret for Institutt for det spanske språk. Morales trekkjer fram Sverige og Austerrike som døme. Der ynskjer mange elevar å lære spansk, sjølv om desse landa ikkje har så stor kontakt med den spansktalande verda.

– Mest gledeleg er det at spansk etter ein lang og fruktbar kamp no har blitt innført som første framandspråk i ungdomsskulane i USA, seier han.

I Noreg er framleis tysk mest populært når elevar i ungdomsskulen skal velje andre framandspråk, opplyser Statistisk sentralbyrå. (IPS)

Kultur: Indiansk språk truga

Då dei spanske erobrarane kom til Mexico for 500 år sidan, var det over 200 indianske språk i landet. Sjølv om det indianske folket er blitt meir enn dobla i mellomtida, har talet på språk blitt redusert med to tredelar.

– Når språk forsvinn, blir dørene til ein rikare kulturarv stengde, seier Miguel Leon-Portilla ved Det nasjonale College.

Det mest utbreidde indianarspråket i Mexico i dag er nahuatl, brukt av 2,1 millionar. Medan opata berre blir brukt av ei handfull menneske. Innfødde lærarar, akademikarar og skribentar kjempar for å halde liv i dei språka som er att. 7,5 prosent av dei 12 millionar indianarane som bur i Mexico, får tilbod om tospråkleg utdanning. Ansvaret for å ta vare på språka kviler på skuldrane til innfødde forfattarar, og på elleve radiostasjonar som sender indianske språk.

– Trass i fleire års undertrykking som held fram i dag, kjempar vi for å ta vare på språkarven, seier Natalio Hernandez, president for Forbundet av meksikanske innfødde forfattarar. (IPS)

Italia: Anti-valdtektslov

Dei kvinnelege folkevalde i Italia står samla bak ei ny lov mot seksuell vald. Lovforslaget set sluttstrek for ein 18 år lang debatt i nasjonalforsamlinga. 73 av 95 kvinnelege folkevalde frå alle parti, har arbeidd fram forslaget som mellom anna vil gjere seksuelle overgrep straffbare anten dei blir gjorde av framande eller i familien. 8. mars vart 230.000 underskrifter frå italienske kvinner som kravde ei lovendring leverte president i nasjonalforsamlinga Irene Pivetti.

Lova frå 1930 ser på valdtekt berre som eit brotsverk mot «moralen og sømda». Forslag til endringar blei lagde fram allereie på 70-talet, og seinare i 1989, men vart nedstemd.

Etter den nye lova kan overgrep etterforskast utan offeret melder det, viss far eller verje har forgripe seg på barnet. Strafferamma blir dobla og det blir innført minimumsstraff for å hindre at skuldige slepp fengsel. Det blir og opna for rettssaker bak stengde dører i saker der mindreårige er innblanda.

No håper kvinnepolitikarane å få sitt forslag et vedteke før sommarferien slik at dei kan leggje på det bordet på FNs kvinnekonferanse i Beijing i september. (IPS)

Spania: Doblar gasskjøp?

Spania vurderer å doble importen av naturgass frå Noreg. Det spanske gasselskapet Energas reforhandlar no kontrakten med Statoil. Spania planlegg òg direkte import av gass, utan at det enno er lagt nokon klare planar om kvar røra skal leggjast. Landet får i dag naturgass via rør frå Frankrike.

Ei pressemelding frå Energas melder at Spania vurderer naturgass frå Russland som eit alternativ til auka import frå Noreg. Men på grunn av høge transportutgifter, er tilbodet førebels ikkje kommersielt interessant. (IPS)

UTANRIKS

Rettssak mot de

I sytten år styrte oberstløytnant Mengistu Haile Mariam det tidlegare imperiet til Haile Selassie. Hundre tusentals menneske vart ofra. Meir enn to tusen tiltalte og medskuldige må i desse dagar svare for seg i Addis Abeba.

BERTRAND LE GENDRE

Han vart kalla raude Negus. Negus tyder kongen over alle kongar og vert brukt om den regjerande fyrsten i Etiopia. I 17 år, frå 1974 til 1991 regjerte general Mengistu Haile Mariam i Etiopia, som ligg på Afrikas horn og som er dobbelt så stort som Frankrike. Marxist-leninismen var dogma han styrte etter og terroren var metoden han brukte. Han er ein av dei verste kriminelle i dette hundreåret.

Offera hans er komne opp i hundretusentals, kanskje så mange som ein million. Dei vart torturerte, myrda eller utsletta av svolt. Svolt og katastrofar som Mengistu og mennene hans nekta å sjå eksisterte.

Megalomanien som prega regimet hans var òg grunnlaget for kallet han hevda å ha fått, kallet som ein kunne lese på framsida av avisa *Ethiopian Herald*. Dette er regjeringa si dagsavis og ho slo fast at: «Me skal fjerne den djevelske arven frå fortida og sjølv kontrollere naturen og livet».

«Me skal fjerne den djevelske arven frå fortida og sjølv kontrollere naturen og livet»

Historia lét heldigvis ikkje dette skje. Oppgjeret starta i dag i auditoriet til utviklingsdepartementet som i høvet er omgjort til rettssal. Det heile går føre seg i hovudstaden Addis Abeba. Både Mengistu som har flykta frå landet, og nokre av medarbeidarane hans er dømde in absentia. Men eit femtitals statstenestemenn frå denne perioden sit i tiltaleboksen. Dei må gjere opp for seg, det er som eit afrikansk Nürnberg.

Korleis ser dei så ut, desse statlege mordarane? Var det menn med kvite kragar som terroriserte innbyggjarane over fleire år?

Dergen

Det var vanlege utdanna borgarar. Dressar med fint snitt og lyse skjorter. Mange av dei bar uniform. Dei høyrde alle til Derg, Det førebels militære administrative rådet, som er namnet på Komiteen, den øvste instansen i regimet. Kvelvet i auditoriet er framleis dekorert med symbolet for den besetjande doktrina, kartet av Etiopia i bronse med den raude stjerna i framgrunnen. Verken resignert eller arrogant. Eit verdig symbol. Som eit symbol på den lange høgtidelege talen til kamerat Mengistu. Det er berre det at dei i dag må svare for seg. For folkemordet, for lovbrotet mot folket. Etter fire år i varetekt har tida no teke det første truande steget. Ei rettssak som tok til i desember 1994 og som kan vare i over eit år. Dei risikerer å få dødsdommar.

«Hyenen» på fyrste benk

På første benk sit general Teka Tulu, ein av dei mest frykta sjefane i tryggingstenesta. Han har snøkvitt hår og skjegg og hendene kviler på ein stav, slik det høver seg for respekterte og vise menn i Afrika. Han har vore grusom, kald og bereknande og derfor har folket i Addis gitt han tilnamnet «hyenen». Ved sida av han ser ein kaptein Fekreselasse Wegderes, tidlegare statsminister og den viktigaste personen i rettssaka bortsett frå Mengistu som ikkje er til stades. Av dei frammøtte finn ein også sersjant Legesse Asfaw, han som ein seier var sovjetarane sine auge i Dergen, ein av dei viktigaste organisatorane i «den raude terroren» som vart utløyst av regimet i 1977. Han var mannen bak heile apparatet og ideologien.

69 medlemmar av Dergen skal samla svare for drapa på 1.832 personar, blant dei Haile Selassie som vart kvelt i si eiga seng i ein alder av 83 år. Når desse blir dømde kjem turen til dei underordna medarbeidarane, dei som førte ordrane vidare. Til slutt er det utøvarane som skal stillast for retten og blant desse finn ein torturbødlane. Til saman 2.250 personar, agentar eller medarbeidarar skal gjere opp for seg. Regjeringa til president Meles Zenawi har bestemt at alt skal fram i dagen. Metodisk og skrupuløst slik at dei skuldige skal straffast. Og i tillegg, for å gi etiopiarane tilbake trua på regjeringa og institusjonane. For at demokratiet skal få fotfeste må ein kunna sjå fortida i augene, forklarer etiopiarane.

Kongen

Dei unge offiserane som i 1974 styrta Selassie, den hata monarken, hadde inga politisk erfaring. Kongen over alle kongar hadde styrt alt for lenge. Han var ein korrupt føydal korrupsjonsmakar. I opprørarane sine auge måtte brotet vere radikalt. Ein måtte stå saman og samle seg om berre eitt parti. Det aller viktigaste var å ha ein politisk ideologi. At den marxistiske læra var tilpassa eit



Norske rettsaker på lydbånd

Oslo (NTB): Justisdepartementet vil ha lydbåndopptak av norske rettssaker for å øke rettssikkerheten. Iløpet av 1996 vil opptaksutstyr for millionbeløp være på plass i norske rettssaler.

Departementet har innhentet vurderinger av ulike typer utstyr som skal installeres i 13 nye tinghus som er under planlegging i Norge. Opptak utstyret skal i løpet av året også være på plass i rettssaler som allerede er installert med utstyr for video– og bildefremvisning.

Kveldsnytt hele uken

Oslo (NTB): Fra høsten blir det kveldsnyheter hele uken i NRK. Fjernsynsledelsen planlegger egne nyhetssendinger på kveldstid både på lørdag og søndag.

— Når NRK–2 kommer legger vi om hele skjemaet, sier aktualitetssjef Tom Berntzen til Verdens Gang (VG).

I NRK–1 planlegges det nyhetssendinger hver dag klokken n3.00. I NRK–2 blir det nyheter klokken 22.00.

De to 11 år gamle jentene funnet i god behold

Førde (NTB): To 11 år gamle jenter som var savnet rett sør for Førde ble funnet i god behold like etter midnatt søndag. Jentene ble meldt savnet ved 18–tiden da de ikke kom tilbake fra en skitur.

Jentene ble funnet på en støl i området, opplyser Fjordane politikammer, som ledet letearbeidet, til NTB. 11–åringene la ut på en skitur som var beregnet å ta to timer — ut fra Langeland — ved 16.00–tiden.

SV vil skattlegge aksjeutbytte

Oslo (NTB): SV–leder Erik Solheim mener næringslivets utbyttefest er usolidarisk, og går innfor å skattlegge aksjeutbytte og omfordele pengene til lavtlønte og minstepensjonister.

Solheim viser til at de 15 største finans– og industriselskapene har økt betalingen av utbytte til aksjonærene med 27 prosent i 1995.

–Svært mye av dette utbyttet forsvinner utenlands, sier Solheim.

Lundeneset
vidaregåande skole
Studietilbod hausten 1996
Grunnkurs for allmenne, økonomiske og administrative fag
Vidaregåande kurs 1 og 2,
● allmennfagleg retning
● øk. og adm. retning
Internat. Be om skuleplan.
Misjonssambandet eig skulen.
Tlf. 53 77 51 00 Fax 53 77 51 51
5582 ØLENSVÅG



Panelet hadde svært varierende syn på familieliv da Studentersamfunnet inviterte til debatt fredag kveld. Fra høyre: Christian Beck, Jan Brøgger, Ellen Mortensen og Birger Angvik.

FOTO: TOR HJELSET

Familien:

En bastion i forfall?

Av TOR HJELSET

Studentersamfunnet i Bergen fredag. Debatten dreide seg om familien, en bastion i forfall, der også offentlighetens økende innflytelse på barna og familiekjærligheten var sentrale tema.

-Lesbiske og homofile kan ikke uten å lyge si at de kan få barn med en mann eller kvinne som de elsker, hevdet Christian Beck i en debatt arrangert av Studentersamfunnet inviterte til debatt om familien fredag kveld, med spørsmålet «Familien, en bastion i forfall?». Med spørsmålet om familien har utspilt sin rolle, utfordret de et panel på fire: Professor i sosialantropologi Jan Brøgger, Førsteamanuensis ved Pedagogisk Forskningsintitutt ved UiC Christian Bech, Førsteamanuensis i litteraturvitenskap ved UiB Ellen Mortensen og Professor ved UiB Birger Angvik. De to sistnevnte var lesbisk og homofil.

Med dette panelet mye av debatten rundt dette spørsmålet: Er det kun familien mann, kvinne og barn som er den rette? Allerede i innledningen hadde Christian Beck hevdet dette synspunktet:

-Det kan være fristende for sosialantropologer å snakke om seks-syv ulike familietyper. Men det er livets gave at et barn bare har én far og én mor. Dette danner det vesentlige menneskegrunnlaget.

Fra salen og deler av panelet høstet han kritikk for å hevde dette. Det ble blant annet hevdet at lesbiske og homofile godt kunne ha egne barn. Han svarte slik på tiltalen:

-Lesbiske og homofile kan ikke uten å lyge si at de kan få barn med en mann eller kvinne som de elsker.

Mortensen i panelet var blant dem som stilte spørsmål ved «idealfamilien», og uttrykte sympati for dem som ikke ønsker å gå inn i en slik familiesituasjon:

-Idealfamilien produserer alt mulig slags avkom. Det må da være i familiens interesse å tilrettelegge slik at hvert enkelt barn får levelige vilkår, og kan blomstre slik det best måtte ønske. Dette gjelder den enslige tanten, den unge kvinnen som skiller seg, og den lesbiske datteren som ikke klarer å finne sin plass i hjemmet.

En bastion i forfall?

Ved å påpeke at familien stadig har vært i «krise», stilte Birger Angvik spørsmålet om familien noen gang har vært en bastion. Både panel og sal hadde forståelse for at barn trenger referanserammer, men kunne ikke disse referanserammene være andre enn mor og far i barnefamilien? Mortensen og Angvik sympatiserte med dem som reiste dette spørsmålet.

Beck og Brøgger var ikke i tvil om at barnefamilien med kjærlighet mellom mor og far er det ideelle. Men de innrømmet samtidig at denne familien i mange tilfeller er i oppløsning. Brøgger stilte seg skeptisk til offentlighetens stadig økende innflytelse på barna, og kritiserte sosialdemokratiets kontroll over oppdragelsen:

-Vi bør ikke la offentligheten gjøre beslag på verdiskapningen hos barna våre. Ressursene bør tilbakeføres til barnefamiliene, slik at foreldrene kan være hjemme og oppdra barna sine selv. Barna trenger foreldre, ikke foreldrekompetanse.

Beck støttet denne uttalelsen, men de møtte motbør i salen:

-Beck går ut fra at familien er trygg, men den er ingen konstant størrelse der barna kan realisere potensialet sitt, hevdet en av studentene som hørte på. Han nevnte eksempler fra morens erfaringer som lærer; hun hadde sett tilfeller av både vold og incest, og måtte i to uker ta seg av en jente som ikke kunne være hjemme hos foreldrene. Dermed stilte han spørsmålet: Kanskje sosialdemokratiet ikke er så dumt likevel?

Beck svarte slik:

-Den barmhjertige samaritan sørget for hjelp, men han tviholdt ikke på mannen han hjalp. Den sårede ble overlatt til andre, mens samaritanen kun så til at han fikk det han trengte. Sosialdemokratiet slipper aldri taket i barna. Det viser seg når foreldre blir anmeldt til barnevernet for å ta barna sine ut av barnehagen.

En av tilhørerne prøvde også å sette fingeren på årsaken til oppløsningen av familier:

-I det gamle samfunnet gikk det ikke så fort. Kona satt hjemme, mens manne var på åkeren eller sjøen. Om kvelden kom han hjem, og da var familien samlet. I dag skjer alt mye raskere. Familiene har ikke så mye tid til hverandre. Samtidig blir vi overskyllet med reklame, der aller er perfekte. Da har vi lettere for å finne feil med hverandre. Kanskje er det derfor vi stadig skifter partnere?

Kjærligheten

I løpet av debatten hevdet blant andre Beck at kjærligheten mellom mann og kvinne burde styre livene våre i større grad. Da ble det stilt spørsmål ved kjærligheten, om ikke den også var noe av problemet. Brøgger svarte først med disse to poengene:

-Dersom vi baserer oss på fløktige følelser og ser på kjærligheten som et nytelsesmiddel, gir den et dårlig grunnlag. Kjærligheten er også et økonomisk og organisatorisk forhold. Etter 20 år som sosialantropolog har jeg dessuten sett at vi mennesker er umulige å ha med å gjøre. Hadde det ikke vært for kjærlighetens evne til å overse svakheter, så hadde vi ikke holdt ut med hverandre.

Spørsmålet ble også tatt opp blant studentene i salen. En av dem stilte følgende spørsmål: Hvorfor fokuseres det så mye på problemene først etter at et problem har oppstått?

-Den nye skolereformen omfatter bedriftslære. Der skal de unge lære å gå konkurs. Bør de ikke også lære om hvordan et sosialt samliv fungerer, uten at det seksuelle presset stadig er til stede? De bør få prøve ut sosiale relasjoner, slik at de vet litt om hva de møter senere.

Allerede innledningsvis leverte Beck et ganske dristig synspunkt på dette feltet:

-Dere blir lurt til å tro at dere trenger mye utdanning for å komme noen vei i verden. Gift deg heller med kjæresten din, få unger, og ta utdanningen ad hoc.

KRONIKK

Imamar og iatmular i slutta mållag

Bror min er framleis militærnektar. Før var han mest målungdom: «Berre om dei kriminaliserer målsaka, vil eg ta til våpen», sa bror min då, til han blei utfraksjonert på eit NMU-landsmøte. Sidan har han vore bokmålsmann, skriv Johan Brox.

Nynorsken tapte nok ikkje større på at bror min fann seg nye leikesaker. Det burde truleg fleire gjera. Eg tenkjer då ikkje minst på Trond Sæbø, som no er nestleiar i NMU. Med slike vener, treng ikkje nynorsken fiendar.

Ulukke

Trond Sæbø skriv lesarbrev om «Eittspråk-skulen». Kvifor skriv han lesarbrev om eittspråk-skulen? Jo, det må vera for å overtyda andre målungdomar om at han – Sæbø – er ein kompromisslaus forsvararar av målsaka. Diverre ropar han ikkje i lukka rom, som til dømes i Vestmannen, Tal, Gula eller Norsk Tiend, men i den opne avisa Klassekampen. Difor blir Sæbø ei ulukke for nynorsken, når han skriv som han gjer:

«Me må bryta med den samnorsk-politikken og språkfredslina som har vore førande. Vantande medvit om norsk språk stør berre det makt- og prestisjetunge bokmålet. Nynorsk bør med tida verta det einaste offisielle norske skriftmålet».

Her nyttar Sæbø fundamentalismen som middel, for å nå målet, som ikkje kan vera dei uskilde Klassekampen-lesarane; det ville vera absurd å tala til urbane bokmålsbrukarar på den måten.

Men som ei koda melding til imamar og mogular – det vil, som me skal sjå, seie iatmulane i målrørsla – kan eit slikt brev fungera godt. Altså tena Sæbøs sak, som me berre ikkje må forveksla med målsaka.

Formfundamentalismen

Hjå Roar Madsen og Lars Bjarne Marøy som skriv (lesarbrev i Dag og Tid og Vestmannen) om «Språkleg vern um åndsverk» er det ikkje noko å seia på meiningsinnhaldet. Her er det formfundamentalismen som sperrar vegen mellom innhaldet og lesaren. For berre imamar, mogular og iatmular i målrørsla les ord som: «evnor, skyna, mynstergilde, dømi, umsetjar, rettleidingi», utan å undrast meir over kven som har skrive, og kvifor, enn kva der står.

Marøy skriv elles i Gula Tidend om «Skriftmålet og livsvilkari til folket»:

«Dersom målrørsla skal koma vidare, må ho byggja på dei unormalisera dialektane. Medvitet um dialektane må styrkjast, og folk må verta vane med å leggja talen sin etter nynorsken og ikkje etter norskdansken», slår han fast.

Slik har målungdomar uttrykt seg så lenge eg har vore målmedviten. Det blir kryptisk for folk flest og komisk for kritikarane. Som når ein spelefilm er dårleg teksta; berre då merkar folk at det er gjort på nynorsk, ikkje om det er bra.

Nynorske bokmålsfolk

Då den slegne NMU-fraksjonen gret av sinne og fortviling ved talarstolen på mållags-landsmøtet i Tromsø, og sidan sette på dør, tenkte eg at jøss; når dei tek dette så tungt, må det vel vera viktig!

Landsmøtet i Tromsø var mitt fyrste. Og beste, ikkje minst takka vera talen til Kjartan Fløgstad, som fekk ikkje berre meg, men òg Borgny Tøfte til å forkynna at no fyrst skjøna ho kvifor ho hadde ofra tid og krefter i alle desse åra på målstrevet.

Og med tida har nynorsken blitt meg alt viktigare, det er den eg lever av no. Difor vaktar eg han som ein hauk.

Med nye haukeauga gjorde eg nett to oppdagingar. Den eine var at minst halve tingarflokken til Dag og Tid var bokmålsfolk, altså folk som sjølve finn det mest praktisk å skriva bokmål, men som gjerne les nynorsk. Desse er det som held liv i Dag og Tid. Berre nokre hundretal av kring 13.000 mållagsmedlemer er brydde med å tinga den einaste riksdekkjande nynorskavisa i verda. Gjorde dei det, ville Dag og Tid hatt råd til å bruka dei beste nynorsk-skribentane, og ikkje berre dei mest idealistiske. Men det var ei avsporing.

Iatmulane

Den andre oppdaginga er nært knytt til denne fyrste, og eg fann henne i andre halvbind av «Sosiologisk årbok» frå 1992, under overskrifta «Schismogenetic conflicts».

Skismogeneseteorien blei utvikla av Gregory Bateson i tida mellom 1935 og 1949, etter feltarbeid han gjorde hjå iatmulane på Ny Guinea. Teorien kan på sitt mest generelle brukast til å forklara alt frå kald krig til orgasme.



Men underarten «symmetrisk skismogenese» er like målsydd for nynorsk-fundamentalistane som for iatmulfolket. Hjå begge gruppene er der «strid mellom individ som freistar overgå kvarandre i å uttrykkja truskap mot sams verdiar».

Men gjer det noko, då?

Det hadde vel ikkje gjort noko at målfolk som Sæbø byd over kvarandre om å vera mest kompromisslaus forsvarar av nynorsken, om verda berre var inndelt i nynorskhatarar og nynorskelskarar. Det trudde eg nemleg før – at nynorsk var for spesielt interesserte og bokmål for spesielt uinteresserte. Men slik er verda ikkje.

Eg har oppdaga den tredje gruppa, som eg trur er større enn dei to andre til saman: Dei bokmålsskrivande nynorsklesarane. Desse som ikkje har noko imot at borna har nynorsk på skulen og elles held liv i den nynorske litteraturen og såleis i sjølve nynorsken.

Sæbø & Co vil takka desse, dei bokmålsskrivande nynorsklesarane, for maten ved å frårana dei hovudmålet. Det er ikkje nok at folk kjøper og les nynorsklitteratur, dei skal tvingast til å skriva nynorsk òg.

Den perverse symmetrien

Etter det eg skjønar, står òg Noregs Mållag på eit landsmøtevedtak om at nynorsk bør vera einaste offisielle målform i Noreg.

Det kan ikkje vera kjærleik til nynorsk, og heller ikkje hat mot bokmål og danevelde som er opphav til slike ekstreme uttrykksmåtar, men ei villfaring i skismogenesens perverse symmetri. I eit nøtteskal er han om lag slik:

A, som berre går inn for noko meir nynorsk i NRK, blir vurdert til å vera ein mindre overtydande målmann enn B, som vil bannlysa heile bokmålet. Ut med A. Når B-ane såleis har sparka A-ane or reiret, og drege til dei med fiskestonga, rår dei grunnen åleine. Til ei ny splitting oppstår, og hjulet tek ein tørn til.

Slik blir målrørsla ei sentrifuge som kastar mål-moderatane ut til alle kantar. Dermed slår dei også den moderate – eller skal eg seia moderne? – nynorsken ut med vaskevatnet.

Slik var det òg hjå iatmulane på Ny Guinea: Eit lite overgrep måtte svarast på med eit større overgrep, og såleis voks konfliktane. Men på Bali derimot, fanst bremsemekanismar i samfunnet, slik at responsen på eit overgrep som regel blei mindre enn overgrepet. Slik døyr dei fleste konfliktar litt etter litt ut.

Saftig nynorsk

Noregs Mållag kunne ha vore ei slik balinesisk bremse mot Sæbø-syndromet, om ikkje iatmulane hadde fått dominera der òg.

Dersom Sæbø & Co hadde hatt, eller sett ut til å kunna få, makt til å setta bak eit slikt hårreisande trugsmål, blei dei nynorskvenlege bokmålsbrukarane nøydde til å resignera eller rusta til kamp. Truleg sukkar dei i staden og ristar litt oppgjevne på hovudet. Dei veit at tigrar som knitrar ikkje bit. Men det tærer kan hende på tolmodet.

Imålungdom, imamålmenn, måliatmular, papirtigrar og tomme trugsmål kan ikkje rydda nynorsken rom. Men dei kan rotfesta ei – feilaktig får me tru – oppfatning om at målrørsla er sær og sur. Rekrutterings-svikten til Noregs Mållag vitnar om det.

Mållaust liv har og ei meining, men ikkje livlaust mål. Å visa kor spenstig, saftig og levande nynorsken kan vera – nynorsk for horer, hallikar og sullikar, ikkje berre for presteskapet! – må vel vera betre enn å tygga drøv på det evige daneveldet?

Om det er andre enn berre iat- og surmular i målflokken som skal overtydast?

Johan Brox

ORDSKIFTE

Nynorske tregrepsakkordar?



YTRING

Johan Brox gjer i Dag og Tid ein tapper freistnad på å verta martyr i kampen mot nynorske imamar og fundamentalistar. Med store ord og fakter freistar han trampa på so mange tær at han i neste runde kann spela rolla som ein liten, forfylgd Rushdie som åleine stend uppreist mot sinte fundamentalistar. Og kvifor ikkje? Eg lyt vedgå at han lukkast med å irritera meg. So – her kjem eit svar frå ein aggresiv, einøygd fundamentalist som einast er ute etter vinna gunst hjå imamane.

Brox hev plassert meg – som formfundamentalist. «Hjå Roar Madsen og Lars Bjarne Marøy som skriv om 'Språkleg vern um åndsverk' er det ikkje noko å seia på meiningsinnhaldet. Her er det form-fundamentalismen som sperrar vegen mellom innhaldet og lesaren. For berre imamar, mogular og iatmular i målrørsla les ord som: 'evnor, skyna, mynstergilde, dømi, umsetjar, rettleiding', utan å undrast meir over kven som har skrive og kvifor, enn kva der står».

Det er noko sant i detta. Men Brox er truleg litt for bastant. Upplagi til diktsamlingane til Olav H. Hauge tyder jo på at det er fleire enn imamane som er sopass lesekundige at dei kann lesa «evnor» og «dømi» utan å sjå raudt. Tek eg ikkje mykje feil, gjeld det òg sume bokmålsfolk. Med det sagt, er det ein røynleg vanske Brox peikar på. Men eg er redd Brox hev litt for lettvinte løysingar.

Kløyver seg i tri

Folkerørslor hev alltid drag av rettruarskap og intoleranse. Det gjeld ikkje einast målrørsla. Truleg er detta ein del av den lutherske kulturarven vår, som me lyt læra å handskast med. Brox hev ei einfelt løysing for oss som er usamde med honom: Me fær halda oss til dei lukka romi i «Vestmannen» eller «Norsk Tidend» slik at vanleg folk ikkje fær sjå oss – elles so fær me finna uss andre leikety.

No er det truleg fleire enn eg som hev upplevt korleis nynorsken kan té seg låtteleg for folk flest. Det skal knapt meir nynorsk til enn «dykkar» for at folk finn noko å mora seg med. «Er det dykkar dykkarar som hev dykka?» Truleg finst det ei mengd folk som gjeng ut or grunnskulen som vil ha vanskar med å lesa ein so lang – og innfløkt – nynorsktekst som den Johan Brox hev skrive i Dag og Tid. Det er diverre ikkje slik at alle nordmenn utan vidare godtek ord som «røynleg», «døme» m.fl.

Grovt sét kløyver målmannsflokken seg i tri når det gjeld løysingar på detta. Nokre løyser detta med å leggja seg sjølve - og nynorsken – meir og minder flat.

Det finst upplagt grunnar som talar for. Men ikkje einast. Um me tek ein nynorskdiktar som slett ikkje gjer det – t.d. Olav Nygard – lyt dei fleste nytta ordlista på slutten for å koma gjennom mange av dikti. Og eg trur heller ikkje den vanlege nordmann utan vidare visste kva «kløkke lundar» var då desse samlingane kom ut. Men eg trur òg mange som tek seg det bryet synest dei fær att for det. Me er ikkje fødde med sperrer mot å læra nye, norske ord. Desse sperrene utrustar me oss med etterkvart som me vert sosialiserte inn i det norske språksamfunnet. Hovudvansken med å leggja nynorsken flat er at mange synest dei nynorske tregrepsakkordane vert for preglause. Dei spør etter vitsen med å halda uppe eit mål som knapt skil seg serleg frå bokmålet.

Mange lyte

Den andre strategien andsynest detta er å – so langt ein kjem – freista nytta heile registeret i den nynorske tradisjonen, skriva so godt norsk ein kann – og so fær dei som ikkje iddest lesa det heller lata vera. Eg vedgår meir enn gjerne at det heftar mange lyte til denne strategien. Men som millom anna Olav H. Hauge hev synt, treng ein slett ikkje vera fødd inn i klassisk nynorsk tradisjon for å ha gleda av han. Folk hev sans for kvalitet – og greier ein hamra slagget av målet, ser folk at det er hald i det som ligg og gløder på stéet.

Og so hev ein jo ei tridje løysing. Som dei fleste nordmenn hev andeleg legning for: Middelhavssigling. Finst det nokon norsk fundamentalisme – og truleg gjer det dét – er det nett middelhavssiglingi som er Bibel og Katekisme. Og Johan Brox meiner – som dei fleste norske fundamentalistar, eller «norskingar» som Georg Johannesen kallar dei, at denne løysingi er sjølvinnlysande riktig.

Godta usemje

No er det eit greitt nok standpunkt – som det er mogleg å vera samd med honom i, og for den del vera usamd. Og eg trur faktisk me målfolk lyt læra oss å leva med slike usemjor. Ikkje på det viset at me sullar oss ned i andeleg sløvskap der alt er like rett og urett. Men at me lærer oss å godta at me er usamde – og dryfter usemjone sakleg, i staden for å låtteleggjera alt og alle som ikkje fylgjer vår rettskriving.

No skal eg ikkje gjera meg til dydsmønster – eg hev sjølv vore med og trakka yver andsynes målet i ei bok Rolf Theil Endresen hev gjeve ut, som er skrivi i eit mål som ligg langt frå det eg reknar for å vera god nynorsk. Og eg er venteleg i godt lag. Det landsmøtefyredraget til Kjartan Fløgstad som Brox synest er so forvitneleg, hev spark til Vestmannalaget som knapt er uttrykk for anna enn andeleg småmannsferd. Leitar me, finn me nok av døme på at me knapt er serleg flinke til å syna vyrdnad for at det finst fleire tankar um korleis me kan vinna fram for målreisingi i Noreg. Og onnor løysing finst knapt på detta enn at kvar fær feia for si eigi dør, og skriva engasjert, men sakleg når ein er usamd.

I NMU hev me havt eit par slagord som eg trur kann vera brukande: «Skriv kva du vil, men skriv nynorsk» og «Dårleg nynorsk er betre enn godt bokmål». Eg synest faktisk desse slagordi er gode rettesnorer for målrørsla, um ho ynskjer koma ut or innavlen og vinna nye folk for nynorsken.

Til slutt: Johan Brox er sikkert ein hyggeleg mann, som vil nynorsken alt vel. Eg hev i alle fall ingen grunnar til å tru noko anna. Eg hev ingen ynske um å gjera meg til uven med honom. Difor vil eg uppmoda honom um å syna litt vanleg folkeskikk. Eg synest det er meir enn ufint å uppmoda folk som faktisk bryr seg so mykje um framtidi til nynorsken her i landet at dei nyttar tid og krefter på å sikra tilgangen til nynorske lærebøker, og på å få ungdom til å organisera seg i målrørsla og ta ibruk nynorsken, til å «finna seg nye leikesaker». Sjølv er eg nokso van med å få mangt slengt etter meg for målet eg nyttar, serleg frå målfolk. Eg unner dei forsovidt den gleda, um dei ikkje hev likare å nytta engasjementet til. Og klassisk nynorsk mål hev vore halvkriminalisert so lenge i målrørsla at eg knapt ser noko løysing yver notti, sjølv um eg hev ei von um at fleire med tidi vil sjå galskapen i å ha eit so avstumpa tilhøve til sin eigen tradisjon. Men når det gjeld det usaklege åtaket Brox kjem med på Trond Sæbø, synest eg Brox bør krupja til krossen og be om orsaking. Me er vaksne folk, og den typen vrengjing av hjarta og nyro og «sosiologisering» av andre sine standpunkt Brox driv med hev inkje med sakleg ordskifte å gjera. Og um du les upp att det du hev sett på prent, Brox, trur eg faktisk du greier å sjå nett det sjølv.

Beste helsing,
Hans Olav Brendberg

Målrørsla er ei samansett rørsla

YTRING

Johan Brox kjem med fleire skuldingar mot delar av målrørsla og serleg mot slagordet «Nynorsk som einaste riksmål» i Dag og Tid 23. mars. Dessutan avviser han at folk flest er i stand til å få med seg at det er eit nytt målpolitisk poeng at folk bør leggja talen sin etter nynorsken.

Brox meiner det er absurd å reisa ynskjemålet um nynorsk til einaste riksmålet. Trond Sæbø hevdar dette synspunktet, og vert automatisk skulda for å vera fundamentalist av Brox. «...det ville vera absurd å tala til urbane bokmålsbrukarar på den måten», meiner Brox. Han peikar på at halve tingarflokken til Dag og Tid er bokmålsbrukarar. Sæbø & Co. vil frårana desse sympatisørane hovudmålet, og tvinga dei til å skriva nynorsk, hevdar Brox. Brox ser på dette som eit tomt trugsmål. Eg kann ikkje sjå at Sæbø hev sett fram noko trugsmål i det heile teke. Han vil so langt eg kann sjå korkje frårana eller tvinga nokon til noko som helst. Han set derimot upp ein visjon. Ein visjon som er i strid med den visjonen som eg fekk presentera i mi norskbok på gymnaset. Der var det visjonen om eit samnorskt språk som vart presentera. Eg kann ikkje sjå at samnorskvisjonen er realistisk, endå den vart lagt fram i ei lærebok, so kvifor skal ein målstridsorganisasjon som arbeider med å yvertyda folk til å nytta nynorsk vera meir måtehaldne.

Eg skal ikkje taka standpunkt til slagordet «Nynorsk som einaste riksmål» her. Men eg trur slett ikkje det er absurd å avvisa samnorskpolitikken og venda seg til urbane bokmålsbrukarar med målsaki. Det er m.a. gjenom talemålsnormering at einskilde målmenn kann føra målsaki vidare. Når eg skreiv i Gula Tidend at folk må verta vane til å leggja talen sin etter nynorsken, meiner eg at målrørsla må markera klårt og eintydig at det norskdanske daningsidealet, bokmålsidealet, ikkje er einerådande i Noreg. Korvidt einskildpersonar i målrørsla hev hevda at nynorsken må vera rettesnor for talemålet til i folk er ein ting. Det er noko heilt anna å peika på dette som noko som bør verta eit meir gjenomgåande drag ved målbruken til meinige målfolk. Det var det eg gjorde.

Folk flest vil ikkje skyna dette med å leggja talen sin etter nynorsken, og kritikaren Brox synest dette er komisk. Då vert det vel like rart å segja at folk må leggja talen sin etter bokmålet og at so mange som mogeleg må nytta normalisera bokmål. Denne bodskapen ser ut til å nå svært godt ut samanlikna med tilsvarande praksis på målrørsleplan. Eg trur dette hev samanheng med at bokmålsrørsla hev havt evna til å inkludera ulike uppfatningar um språket m.a. gjennom den statlege samnorskpolitikken. Einskilde målmenn hev sett ei viktigare uppgåva i å sperra og sabotera for høgnorsken enn å inkludera ulike uppfatningar um kva som kann føra til framgang for målsaki. Det er skamlaust å gjera høgnorsken til eit språk berre for primitive trudomsdyrkarar, upphøgde herskarar og islamske prestar. Høgnorsken samsvarar med høgst levande talemål.

Ivar Aasen-sambandet ved Lars Bjarne Marøy og Roar Madsen vert umveges sette upp som primitive truskapsdyrkarar, islamske prestar og upphøgde herskarar. Noregs Mållag vert skulda for å driva ei tilsvarande trudomsdyrking. Mållaget lid under trudomsdyrkarane i NMU og andre stader. Dei gjev målrørsla eit surmule og surt uttrykk. Dersom det stend so gale til som Brox framsteller det, burde han visa til målpolitiske alternativ. Å få horer, hallikar og sullikar til å nytta nynorsk er vel og bra. Det hadde vore fint um Brox fortalde oss kven denne målgruppa femner um. Skal målrørsla arbeida for å få med seg Blitz-ungdomen, husokkupantar, fangar i fengsli, bordellverksemder, avrusingssentralar, sosialklientar m.fl., må ho nok leggja noko um på drifti? Eller var dette ei sirumpa tolking av deg, Brox? Som høgnorskmann ser eg på dette som ei interessant utfordring.

Den viktigaste uppgåva til målrørsla er å nå ut som ei samansett rørsla. Målfolk må trena seg i å formidla dei verdiane som målrørsla stend fyre til ulike gruppor i samfundet. Visse verdiar må knytast til målsaki for at det skal verta råd å formidla ei interessa for målsaki. Målrørsla må vekkja visjonar og engasjement. Dersom det skal verta nedbrytande trudomsdyrking å halda på i-mål og høgnorsk, å hevda parolen «Nynorsk som einaste riksmål» og kryptisk å hevda at folk må verta vane til å leggja talen sin etter nynorsken og dersom høgnorsken skal stemplast som livlaus, då vil eg segja at det er Brox som er ekskluderande og ikkje me som han åtakar.

Lars Bjarne Marøy

MADS OG MERRA



MØRKT: Medan ungdomsklubbane i gamle dagar var staden der kvikk og fregnete ungdom drakk eplemost og spela kurång, har vi i dag fått avartar berre dei færraste forstår. (Foto P. Nome).

Systematisk diffusjon

Tåke, skodde, sludd, regn og yr i språkets skyming.

Rockefeller er eit underleg etablissement i ei bakgate i Oslo aust.

Så underleg faktisk, at ein eldre og difor stupkonservativ mann som språkspalteredaktøren har store vanskar med å sjå om staden a) representerer eit botnlaust hol i kulturen, eller b) om det berre er ein alminneleg idiotplass av same kaliber som dei andre musikk- og ølstovene i hovudstaden.

Bakgrunnen for all tvilen er artikkelen «Dyster stemning i nyåpnet klubb» i Aftensaften.

Der fortel journalisten at *Rockefeller* har opna den nye klubben *Groove Check*. Eller omvendt, eigentleg: klubben *Groove Check* har leigd seg inn til faste tider på *Rockefeller*.

Som ein skjønar startar forståingsproblema allereie her.

Dei blir berre verre, etter kvart som vi får fortalt at *Groove Check* representerer ein kultur som går i ring rundt seg sjølv: «for det var en merkelig stemning i lokalet. Selv om musikken som ble spilt unektelig er et produkt av 90-tallet, er det ubestridelig at den noe depressive auraen har sine røtter i 80-tallet, der farven sort dominerte, gjerne med dyster eksperimentell synthmusikk i bakgrunnen.»

Rockefeller var i høve klubbopninga kledd i fleire lag med tunge stoff i svart og metall, og med spelelaget *Scorn* på podiet.

Scorn bestod av ein mann på bassgitar.

Han spela tungt, massivt og svært påståeleg, går det fram av referatet.

«Konserten til *Scorn* manifesterte det som på mange måter er kjernen i elektronisk musikk i 90-årene: minimal oppmerksomhet på utøverne og helautomatisert musikk. Foruten mannen på bass var det ikke flere på scenen, og han prøvde hele tiden å gjemme seg bak PA-anlegget. Men bak ham ble det kjørt film».

Kveldens vertinne Gunhild Bjaalid, i artikkelen titulert som klubbens *hoved-DJ* under det treffande namnet *DJ RAW* , kunne likevel forsikre om at framføringa i *Groove Check* var hennar yndlingsmåte å formidle eit musikalsk *kick* til andre menneske på.

Ho la til at ho for tida er hekta på *dub* , ei krysning av reggae og danserytmer, og *trip-hop*.

Når Gunhild kjøper plater, kjøper ho dei helst frå plateselskapet *Mo Wax*.

Språkspalteredaktøren, som er mest vand med å formidle påfunna til enkle og stupide anglisistar som *LEATHER shop*. *Shopping Arkaden i SAS Hotellet»* har store vanskar med å trenge inn i Gunhilds verd.

Difor all denne tvilen.

Olgamelding

Men no visse.

Olga M. på Majorstua er ein ivrig radiolyttar, og ho kan over for språkspalteredaksjonen stadfeste at ein mann i Dagsnytt Atten-studio sa at «barn av økonomisk bedrestilte foreldre har fraværende relasjoner til innvandrere».

Vi skulle for vår del undre oss lite dersom det kom fram at vedkomande mann sjølv har sterkt fråverande relasjonar til alminneleg norsk språkbruk.

Dagblabla

Horereiret i Akersgata 49 har nettopp levert ein ditto unge til språket, melder vår lesar i Fredrikstad. Han oversender ei Dagblad-sak som paradoksalt nok handlar om å dressere foreldre.

Der står det slik:

«...men det er forskjell på det jeg vil karakterisere som 'vanlige grusomheter' og 'systematiske grusomheter'. Det sistnevnte er grusomheter som gjentas og gjentas, dermed oppstår en *langterm*-effekt.»

Vår mann i Fredrikstad har diverre gløymt å få med kven som uttalar seg såleis om den grufulle effekten.

Men vi får nok greie på det i god tid før neste termin.

Romsdalsvona

Inntil vidare greier vi oss godt med det greie namnet på den nye premie, gåve- og suvenirverksemda på Åndalsnes.

Den heiter **Trolltinn** , fortel Romsdals Budstikke.

Offisielt er **Trolltinn** ei verksemd for yrkesvalhemma.

Faktum er at dei fleste anti-anglisistar er yrkesvalhemma i våre dagar. Difor må **Trolltinn** først og fremst oppfattast som ei oase i språkørkenen.

Morgondagen er din

I følgje språkspaltas automatiske, laserstyrte augereflek-sindikator, som er montert øvst på kvar språkspalteside, kan vi konstatere at du – ja, nettopp du –

kjære lesar, no har brukt tre minutt og 47 sekund på denne språkspalta.

På ein måte kan vi seie det slik at du no skuldar oss denne tida, og at vi gjerne vil ha betaling for ho i form av tusenkronesetlar, eventuelt i form av gode tips og vemmelege språkblemmer som du synest fortener å dingle i galgen.

Skriv difor til oss og forklar korleis ei blemme eigentleg kan henge i eit tau.

Er ho ikkje både for glatt og for lita?

Svaradressa finn du annan stad i avisa, medan svarfaksen heiter 22 41 42 10.

Merk sendinga «Mads og merra».

Lars Aarønæs

HERBJØRN SØREBØ



Sogningane slost godt

I samband med femtiårs-jubileet for frigjeringa i 1945 kjem det til å bli fortalt mykje historie i bøker og blad. Lokalhistorie har alltid eit stort publikum, og før jul gjekk sogningane mann av huse for å kjøpe ei bok av den legendariske, maurflittige redaktøren av avisa «Sogn og Fjordane», Einar Svartefoss (85): «5-årsnatta. Leikanger i krigsåra 1940-45». Boka tek som tittelen seier for seg hendingane i krigsåra i Leikanger, men sidan fylkesadministrasjonen låg der den gongen også, får vi med mykje krigshistorie frå heile fylket, sett inn i ein nasjonal samanheng. Einar Svartefoss er sjølv sunnfjording, fødd og oppvaksen i Guddal, så det har vore naturleg for han å sjå ut over det lokale, endå om han har hatt den lange arbeidsdagen sin i Sogn og boka er utgjeven av Systrond Sogelag. Mykje av det han har å fortelje har nasjonal interesse.

Det var ikkje lett for tyskarane og dei norske nazistane å styre i Sogn og Fjordane. Til den vanskelege geografien kom det at det var få nazistar der. Medan det i heile landet var nær 47.000 medlemmer i NS i 1945, fortel statistikken at det var berre 370 NS-medlemer i Sogn og Fjordane, men Einar Svartefoss legg forklarande til at ein må hugse på at «svært mange av dei var innflyttarar». Det var vanskeleg å finne nazistar til å gå inn i styringa på alle område. Ein av dei som vart send dit, oberst Konrad Sundlo, mannen som var sjef for dei militære styrkane i Narvik då tyskarane kom den 9. april 1940 og vart skulda for å ha gjeve bort byen utan å ha gjort motstand, vart innsett som fylkesmann i Sogn og Fjordane i 1944. Særleg godt orientert om kvar han kom var nok ikkje obersten. Ein dag kom han med eit kart til ei av kvinnene på kontoret og spurde kvar Sunnfjord var. Ho sa at det ligg mellom Sogn og Nordfjord. – Nei-men om det gjer, det står ikkje på kartet, sa Sundlo. Han hadde venta å finne ein fjord som heitte Sunnfjord slik som det heiter Sognefjorden og Nordfjorden. Med dissens i Høgsterett fekk Konrad Sundlo fengsel på livstid. Eit mindretal på tre røysta for dødsstraff.


To av «ministrane» i Quislings «regjering» var fødde i Vik i Sogn – Sverre Riisnæs og Gulbrand Lunde. Vik var den bygda i Sogn som utan samanlikning hadde flest medlemer i NS med om lag 30 av bygdefolket. Einar Svartefoss spør om det kan tenkjast at vikjene såg opp til desse karane at dei følgde etter dei inn i NS. Begge kom fleire gonger på talarferd til Vik, men dei vart sanneleg ikkje like godt mottekne av alle. Sverre Riisnæs gjekk ein gong for å helse på den gamle barnejenta si, ho Juvik-Anna. Då ho såg han, sa ho: – Kva er det eg høyrer om deg? Gjorde eg rett, tok eg ein staur og gav deg eit rapp over ryggen!

Det yrer av slike småsegner i denne boka, skriven av ein journalist med sans for det folkelege. Eitt kapittel har overskrifta «Sogningane slost godt», og det er god dekning for det som blir fortalt både om innsatsen i krigen i 1940 og motstandsarbeidet under okkupasjonen. Men det er ei bok som tek for seg alle tilhøve desse fem åra: Okkupasjonen, motstandsarbeid og svik. Det er ein detaljrikdom som vitnar om grundige kjeldegranskingar, men også er farga av personlege opplevingar og den ettertanken som eit langt og hendingsrikt liv i journalistikk gjev grunnlag for. Eit særleg nært og fint portrett teiknar Einar Svartefoss av den siste lovleg utnemnde fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hans Seip, tingmann for Venstre i to bolkar og fylkesmann frå 1930 til han vart avsett. Han nekta å sende helsingstelegram til Quisling. Ein gong var det ein tysk vaktmann som spurde han om pass. – Kennst du nicht der Fylkesmann? spurde Hans Seip strengt, og då steig vaktmannen til side.

Dei siste vekene før krigen var slutt låg Einar Svartefoss i dekning i heimbygda Guddal i Sunnfjord. Der budde han i eit slag hytte som var tenkt til bustad for ein sølvrev, men vart flytt inn i skogen. Der skreiv han mykje til denne boka. Skal tru om det ikkje ville vere god bruk av tid å søkje ut i einsemda ein og annan gongen? undrast han nå. Og det kan vi slå fast at det var. Boka vitnar om det.

ORDSKIFTE

Språkvitskap og bjeffing



YTRING

Den 8. september i fjor gjekk det ein song som frå eit bikkjekor gjennom dei språkvitskaplege fagmiljøa i Noreg. Årsaka var ein kronikk i Dagbladet som siviløkonom og framtidsforskar Hans Lunder hadde skrive under overskrifta «En nødvendig språkrevolusjon». Den faglege glefsinga fekk ny inspirasjon etter eit innslag med Lunder i radioprogrammet «Ukeslutt» to dagar seinare, og på språkinstitutta ved universiteta vart det nytta ord og vendingar som kunne ha kvalifisert til injuriesøksmål frå Lunders side dersom han hadde høyrt dei. Men kva var det eigentleg som hadde hendt?

Saka dreidde seg om noko som alle menneske har eit forhold til, nemleg språk. Soleis var det heller ikkje uventa at folk skulle ha meiningar om emnet, og meiningar kan ein gjerne vera usamd i.

Visste ikkje mykje

Det som skapte spetakkel, var at Lunder i kronikk og radioinnslag gjorde seg til talsmann for vanlege førestellingar om språk og språkvitskap som fagfolk ikkje kjenner seg att i. Størst inntrykk gjorde det nok likevel at både ei storavis og eit seriøst radioprogram hadde late ein mann med tittel få uttala seg fagleg på eit område han tydeleg ikkje visste so mykje om. Saka vart heller ikkje betre av at det nettopp var snakk om mistydingar som fagfolk strid med i den daglege kontakten med folk flest. For om alle har eit språk, so tyder ikkje **det** at alle veit kva eit språk er. Den som har telefon, veit ikkje alltid korleis telefonen fungerer reint elektronisk.

Mellom anna knipsa kronikøren med fingrane og gav oss svar på ei gåte som har vore forska på i snart to hundre år: Kvifor endrar språk seg? «På grunn av dårlige kommunikasjoner fram til vår tid har det utviklet seg forskjellige språk», kunne Lunder slå fast, og på dette grunnlaget bygde han ut ein heil språkpolitisk ideologi.

Dette enkle svaret på den gamle gåta verkar sjølvsagt fint nok, men det er ikkje spesielt fagleg. Ein liten observasjon kan vere god som bilete på kvifor løysinga er tung å svelgja: Born snakkar alltid annleis enn foreldregenerasjonen i sitt eige språksamfunn, og då kan det umogeleg vera dårlege kommunikasjonar som er årsaka. Språk må med andre ord vera meir enn berre «et organisk sett av lyder, som kan endres etter behov, tidsmessig og geografisk». Bestefar til den moderne språkvitskapen, den sveitsiske lingvisten Ferdinand de Saussure, slo fast allereie ved hundreårsskiftet det sjølvsagde at me bør skilja mellom språksystemet og dei lydane som språket er årsak til. Språklydane i seg sjølve er ikkje språk. Nyare forsking, med amerikanaren Noam Chomsky som inspirasjonskjelde, støttar opp under dette.

«Enkelt språk»?

Men framleis finst det nokre endå meir grunnleggjande brot med sentrale språkvitskaplege prinsipp. Det er vanleg å høyra som Lunder skreiv, at engelsk «er et rikt, vakkert og relativt enkelt språk». I radioinnslaget fekk me óg høyra at esperanto er «lite varmt» og «lite nyansert». Men ogso dette er ei lei mistyding. Det er ikkje noko språk som er rikare enn andre språk. Er det snakk om å telja ord, so vil ein likevel måtte nytta ulike teljekriterium for ulike språk, fordi språka byggjer opp orda sine på forskjellige måtar. Alle språk kan uttrykkja akkurat dei same nyansane, men med ulike middel. Skilnaden på ein «veldig vond» og ein «sabla vond» rygg ligg stort sett i eins eigen sinnstilstand, ikkje i ryggsmertene; denne skilnaden må andre språk få fram på andre måtar. Ideen om ulike nyansepotensiale er sterkt i slekt med Sapir-Whorf-hypotesen frå mellomkrigstida, som gjekk ut på at dei språklege uttrykksmidla set grenser for tanken. Hypotesen er no kjend meir eller mindre daud på empirisk og teoretisk grunnlag, **det** er elementær faghistorie.

Eit språk kan heller ikkje vera varmt eller kaldt, det er språkbrukaren som er **det.**Esperanto passar dessutan inn i skildringane av naturlege språk, laga som det enn er: Det finst folk som har det som morsmål på grunn av språksituasjonen i heimen, og det har endra seg på ikkje planlagde måtar på dei fleste nivå i språket: ordtilfang, semantikk, fonologi, syntaks og morfologi. Det har jamvel oppstått slanguttrykk og vulgærord.

Og at engelsk er «relativt enkelt», stemmer rett nok for folk med vesteuropeisk språkbakgrunn, men for til dømes ein japanar er det vanskeleg å forstå kvifor det heiter «turn it on» og ikkje «turn on it», når begge leddfylgjene er mogelege dersom me skiftar ut «it» med «the light». Dessutan plar europearane å snu på ordfylgda når dei vil spørja om noko, medan japanarane berre hektar på eit lite ord til slutt.

Desse brota med fagleg skikk og bruk gjorde sitt til å skapa høgrøysta samtalar på universiteta. Der tok ein det ogso som ein illustrasjon at det var faktiske feilopplysningar i kronikken. Det stemmer nok at engelsk vert nytta i Canada, USA, England, India «delvis», Australia og New Zealand. Men det er meiningslaust å setja fleirspråklege land som Sveits og Noreg i kontrast til dette. Alle dei nemnde landa er nemleg språkkløyvde, og USA har ikkje eingong noko offisielt språk.

Det skulle vel ogso ha teke seg ut om franskmenn og tyskarar var dumme nok til å gjeva politisk avkall på sitt eige språk berre fordi om me gav det engelske språket eit anna namn, «Globish», som Lunder gjorde framlegg om.

Debatten i kantine og auditorium konkluderte med eit sukk: Kvifor er det slik at ein kan få sleppa til med kvasifaglege oppspinn dersom det er språk det gjeld? Motsett ville det vera vanskeleg å tenkja seg ein cand. philol. skulle få sleppa til med ein kronikk om til dømes adjektivets innverknad på konsumprisindeksen, trass i seks års språkstudium og lange røynsler med pengebruk og studielån.

Fagleg kompetanse

Professor Jan Terje Faarlund ved Universitetet i Trondheim tok opp emnet fagleg journalistikk i eit innlegg i Adresseavisen 9. februar 1994. Han tok til ordes for at journalistar bør vita noko om kva dei skriv om. Men det hadde vore fint om ogso kronikkar utanfrå kunne verta vurderte av sakkunnige, spesielt når forfattaren er fagleg inkompetent. På denne måten vil pressa unngå å støtta opp under populære misoppfatningar og fordommar som at eitt språk skulle vere generelt betre enn eit anna, til dømes som målform til artium. Ein føresetnad er sjølvsagt at pressa ikkje vel seg konsulentar som i utgangspunktet er uglesedde i fagmiljøa. Det er lite hjelp i ein fin tittel dersom ein er illgjeten for å bryta med faglege grunnprinsipp. Det er gjerne desse som er kjende som fagfolk ute mellom folk flest, men massemedia bør vakta seg for dei like mykje som for anna generell synsing utan fagleg ballast.

Denne kronikken vart ikkje teken inn i Dagbladet.

Jardar Eggesbø Abrahamsen, hovudfagsstudent i nordisk språk

NYNORSK SPRÅKBRUK OG STILSKRIVING

Dette arbeidsheftet er både ei *innføringsbok* og ei *hjelpebok*. Boka høver godt til sjølvstudium.



FRÅ INNHALDSLISTA:

- Aktivt, konkret, verbalt, personleg og variert
- Attergangarfeil i sidemålsstilane: minigrammatikk
- Perfektum partisipp
- Dobbel bunden form
- Genitiv
- Substantivsjuke
- Anbehetelse
- Omsetjing til nynorsk
- Skulestilen som genre
- Oppgåvene i hovudmål og sidemål
- Tekst-genrane
- Tekstkommentar
- Oppgåver med reklametekst
- Litterære oppgåver
- I grenselandet: Sakprosa og litterær tekst
- Diktanalyse som norsk stil
- Analyse av prosatekstar
- Eksamensoppgåver

Ja, vi tingar ____ stk. Nynorsk språkbruk og stilskriving. Pris kr 70,- + porto.

Namn: .....

Adr.: .....

Postnr.: ..... Poststad: .....

Telefon:.....

Underskrift: .....

(skriv tydeleg)

Du kan også ringje inn tinginga di på telefon 22 33 00 97, eller fakse henne til 22 41 42 10


DAG OG TID betalar portoen i Noreg

Svarsending
Avtalenr. 120000 / 120 / om

DAG OG TID
Sentrum
0109 Oslo

ORDSKIFTE

Litt om kva jamstelling er og ikkje er



YTRING

Etter det Olav Randen skriv i Dag og Tid nr. 17 skal eg ha argumentert godt for skulemål og dårlegare mot jamstelling som hovudoppgåve for Noregs Mållag. Han har rett i det. Det var viktigare å forsvara skulemålet enn å gå mot jamstelling. Men kva er jamstelling?

Jamstelling har aldri vore Noregs Mållag sin politikk, heller ikkje i offentleg målbruk. Målrørsla krev nynorsk og berre nynorsk. Noregs Mållag arbeider for at foreldre skal velja nynorsk opplæringsmål for borna sine, at skulekrinsen skal velja nynorsk, og vidare:

Noregs Mållag arbeider for at kommunane skal velja nynorsk styringsmål og krevja nynorsk når statsinstitusjonar vender seg til kommunen og til dei som bur innanfor kommunen. Noregs Mållag arbeider for at fylka skal krevja nynorsk på same måten.

Dette er ikkje jamstelling. Noregs Mållag krev ikkje jamstelling etter nøytralitet. Olav Randen viser til jamstellingsvedtaket av 1885. Det vedtaket var eit krav til regjeringa om kva regjeringa skulle gjera. Regjeringa skal sjå til at måla er jamstelte. Men skal Noregs Mållag òg gjera det?

Noregs Mållag skal krevja at regjeringa ser til at måla blir jamstelte. Sjølvsagt skal Noregs Mållag krevja det, og Noregs Mållag gjer det. Men Stortinget har vedteke lover som gjev målfolket høve til å gå mykje lenger.

Mållova og skulelova gjev rett til å krevja nynorsk. Det skal målfolket gjera, og det skal målrørsla oppmoda og hjelpa folk til å gjera. Skal då Noregs Mållag i staden krevja jamstelling? Er det betre og rettare enn å krevja nynorsk?

Kvifor vil Olav Randen og nokre i styret ha jamstelling og ikkje nynorsk til hovudoppgåve i arbeidsprogrammet? Er det blitt umogleg å krevja nynorsk? Eller er det ikkje så viktig? Det seier Noregs Mållag dersom landsmøtet vedtek å gjera jamstelling til hovudoppgåve.

Med det same går landsmøtet mot prinsipprogrammet. Det seier at jamstelling berre er eit steg på vegen fram mot språkleg frigjering. Dermed er det òg sagt at språkleg frigjering er noko meir enn jamstelling. Det er at det norske folket i bygd og by vel og krev og tek i bruk sitt eige mål i tale og skrift. Er det blitt for sterkt for Noregs Mållag så målfolket ikkje vil stå for det til dagleg? Skal det berre stå i eit prinsipprogram og så motseiast i arbeidsprogrammet og i praksis?

Visst er regjeringa dårleg og falsk. Det er ei bokmålsregjering. Sjølvsagt skal me krevja retten vår av denne regjeringa. Regjeringa har høve til å gjera rett og skil i målspørsmålet og det skal regjeringa bli mint om. Men trur me at regjeringa vil gjera det? Skal me seia at me trur det når me ikkje trur det? Eller trur me at regjeringa vil jamstella om me berre let vera å krevja nynorsk?

Nei, tvert om. Fyrst når mange nok krev nynorsk over heile landet får me nynorsk; fyrst nokre stader, så fleire. Og etter kvart som fleire krev nynorsk, får me òg meir og betre jamstelling frå staten.

Her er òg samanhengen mellom skulemål og offentleg målbruk. Då det gjekk til atters med nynorsk skulemål i 1950- og 1960-åra, kom det stadig frå bokmålspolitikarar av typen Trygve Bull at no var det berre spørsmål om nokre få år, så ville nynorsken ikkje lenger vera offisielt jamstelt med bokmålet. Slike røyster har tagna no. Men dei kjem att straks målfolket byrjar ta lett på skulemålet og let andre og lettare oppgåver vera viktigare.

Noregs Mållag har før kravt offentleg tilsynsordning for mållova. Det er eit rett krav. Men Noregs Mållag kan ikkje sjølv bli ei slik tilsynsordning. Noregs Mållag er ei folkerørsle for nynorsk og kan ikkje vera anna. Prøver me på noko anna, lurer me berre oss sjølve.

Anders M. Andersen

NYNORSK SPRÅKBRUK OG STILSKRIVING

Dette arbeidsheftet er både ei *innføringsbok* og ei *hjelpebok*. Boka høver godt til sjølvstudium.



FRÅ INNHALDSLISTA:

- Aktivt, konkret, verbalt, personleg og variert
- Attergangarfeil i sidemålsstilane: minigrammatikk
- Perfektum partisipp
- Dobbel bunden form
- Genitiv
- Substantivsjuke
- Anbehetelse
- Omsetjing til nynorsk
- Skulestilen som genre
- Oppgåvene i hovudmål og sidemål
- Tekst-genrane
- Tekstkommentar
- Oppgåver med reklametekst
- Litterære oppgåver
- I grenselandet: Sakprosa og litterær tekst
- Diktanalyse som norsk stil
- Analyse av prosatekstar
- Eksamensoppgåver

Ja, vi tingar ___ stk. Nynorsk språkbruk og stilskriving. Pris kr 70,- + porto.

Namn: .....

Adr.: .....

Postnr.: ..... Poststad: .....

Telefon:.....

Underskrift: .....

(skriv tydeleg)

Du kan også ringje inn tinginga di på telefon 22 33 00 97, eller fakse henne til 22 41 42 10

DAG OG TID betalar portoen i Noreg

Svarsending
Avtalenr. 120000 / 120 / om

DAG OG TID
Sentrum
0109 Oslo

Nye språklege alliansar?

YTRING

K.E. Steffens har rett når han skriv her i D & T (20. april) at det for meg, som for andre etter Garborg, er nettopp det som han kallar «eit skal av ljod- og bøygningsformer» som skil nynorsken frå bokmålet.

I følgje Steffens skal det nynoske «skalet» vera så uthola av bokmåliseringa at eit samanbrot for nynorsken er nær.

«Nynorskfolk i dag kvir seg for å nytta særmerkte ord og uttrykk, dei vil vera moderne og «progressive» og fungerer difor som språklege femtekolonistar,» skriv han.

Sjølv har eg andre røynsler frå mine møte med moderne og progressive nynorskingar. Mange av dei som til dømes skriv i meldingsbladet til Norsk Målungdom, slår om seg med så mange særmerkte ord og uttrykk at det er ei lyst for oss alle. Stort sett iallfall. Dei einaste som kanskje ikkje «finn» slik nynorskdom fullt så lysteleg, er desse tyngde, ansvarlege, ottefulle, som «på det noverande tidspunkt» «ser med stor uro på situasjonen» og som kjenner det som «si tunge plikt» å halda styr på dei villaste og mest særnorske seiemåtane – noko som kan vera like vanskeleg som å gjeta kongens harar. Desse gjetarane ser då òg ut deretter, plaga og medtekne som dei skulle lida av konstant styringsverk.

Lat oss ta det særnorske ordet «brigde» (= forandring). Når den moteriktige supereuropéaren Daniel Braut alvorleg og seriøst strevar med å tilpassa oss dei marknadsliberale tilhøva «i dei landa det er mest naturleg for oss å samanlikna oss med» – til dømes England – og han av den grunn ymtar frampå «eit ynske om ei effektiv modernisering av sosialpolitikken vår», så set han sikkert ikkje pris på å sjå ynsket sitt omsett, på norsk målungdoms vis, med «eit ynske om eit stort brigde i norsk sosialpolitikk».

Det får vera måte på klar norsk tale! synest vesle Daniel.

Men nå er det slik at det finst dei som likar å tenkja meir som A. O. Vinje og Garborg enn som han Daniel Braut, og desse er det vel i grunnen både Steffens og eg ynskjer å alliera oss med.

Trygve Lande

ORDSKIFTE

Skolemål eller jamstelling

YTRING

Korleis kan ein best nå fram med målsaka, kor er muligheitane størst? Kva slags praktisk arbeid skal ein prioritere, kva skal ein først og fremst bruke tid, pengar og folk til?

Noregs Mållag har i fleire år prioritert skolemål, og har derfor hatt tilsett skolemålsskrivarar. Dersom Noregs Mållag skal prioritere jamstelling mellom bokmål og nynorsk slik styret i Noregs Mållag no gjer framlegg om, skal det da i staden tilsettast jamstellingsskrivarar?

Kravet om jamstelling mellom bokmål og nynorsk vender seg mot det offentlege. Det er berre der ein i vårt demokratiske styresett kan krevja jamstelling av andre. Jamstellingsarbeidet i Noregs Mållag har derfor til no vorti kalt offentleg målbruk. Den formelle jamstellinga gjev den einskilde rett til å velje sitt eige skriftmål, men eit reelt val har berre den som kan både nynorsk og bokmål. Ei reell jamstelling i samfunnet er også avhengig av det.

Den språklege fridomen hos folk flest blir ikkje større om det kjem fleire stortingsmeldingar på nynorsk, endå så viktig det er. Fridomen blir større ved å kunne og å meistre. Derfor er det framleis nynorskopplæring som er viktigast «for at det norske folket skal frigjera seg språkleg» som det står i prinsipprogrammet. Det er først og fremst kunnskap og opplysning som kan kome gamle fordomar og vankunne til livs, så nye haldningar kan få rom.

Dei mest grunnleggande haldningane blir lagt i oppveksten, derfor må Noregs Mållag ta på alvor arbeidet i barnehagen, for seksåringane og i skolefritidsordninga.

Arbeidet må settast inn for kunnskap og haldning hos dei som mest påverkar målbruken hos folk. Det er lærarane og journalistane først og fremst. Noregs Mållag må derfor prioritere arbeidet for at lærarutdanninga og journalistutdanninga må likestille nynorsk og bokmål både i haldning og i praksis.

Presset på sidemålsstilen har vori utidig i mange år. Men målfolk og gode skolefolk har stått i mot ved å stå på. Riksmålsfolket ligg stadig på dørene for å kverke den positive haldningsendringa som betre sidemålsopplæring har skapt. Dei gnålar stadig om å ta bort sidemålsstilen, eller gjera sidemålet om til periodelesing. Den siste varianten er at ei slags «forsking» skal vise at ein blir betre i norsk av å redusere faget. Dette må Noregs Mållag møte med offensiv politikk, og slett ikkje overlate til riksmålsfolket å vera dei «nytenkjande».

Alle ungane i dette landet bør ha nynorsk som første opplæringsmål. Omsorg og arbeid for nynorskklassar på bokmålsskolar, for nynorskkrinsar og for bokmålskrinsar som bør skifte til nynorsk, er det berre Noregs Mållag som har. Ingen andre enn Noregs Mållag kjenner skyldnad til å hjelpe foreldre i dette strevet. Dette er det viktigaste arbeidet Noregs Mållag kan bruke tid, pengar og folk til. Noregs Mållag treng skolemålsskrivarar som reiser ut i heile landet og gjev konkret hjelp til å byta ut bokmålet i skolane med nynorsk.

Marta Østerås Falch

Gratulerer med Dagen D.N.A.

Lite lam i enga
beiter gras og bit i strå.
Lita tulle ligg i senga
drøymer draum for auga blå.

Klippe, klippe lammet
no blir Folket godt og varmt.
Heiser flagg for Landet
Feirer Rett og Sant.

Klippe, klippe luggen lys
Bort med skjendig ham!
Lita tulle gret og frys
hårlaus – med si skam.

Gunnar Gravås

Kyststamvegen

YTRING

Det har den siste tida kome opp eit nytt alternativ for vegføring for Kyststamvegen langs ei ytre line frå Sognefjorden til Ålesund. Prismessig skil dette alternativet seg ut som det dyraste. Alternativet er fremma av næringslivsinteresser på strekninga som ønskjer ein stamveg nærare seg og si verksemd. Dei hevdar at det reint bedriftsøkonomisk vil vere lønnsomt å få ei slik transportåre nærare. Men kva er dei miljømessige og samfunnsmessige konsekvensane av alternativet?

Ein stamveg nord-sør på Vestlandet bør gå etter ein korridor der ein kan «plukke med seg» trafikk frå alle delar av regionen. Det er i dag gode kommunikasjonsårer aust-vest i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Dessutan er det ei god kommunikasjonsåre nord-sør: Riksveg 1. Rv.1 har god standard på det meste av strekninga. Med ein Kyststamveg som følgjer dagens Rv. 1 vil ein kunne samle opp alle delar av regionen mest effektivt. viss vegen blir lagt lenger inn i landet eller ut mot kysten, vil det utløyse nye vegkrav, av di ein då må byggje ut meir enn eitt alternativ. Uansett kva vegføring ein vel, må ein sikre seg mot dette, som vil vere både det dyraste og miljømessig dårlegaste alternativet. Det logiske valet blir då å velje ei vegføring etter midtre alternativ.

Kva så med Nordfjord/Sunnmøre? Natur og Ungdom meiner ein bør ta stilling til vegkorridoren i denne regionen så snart som råd. Tilhøva er uoversiktlege og nye alternativ dukkar opp heile tida. Mange som bur i regionane teiknar for tida på sine eigne alternativ, og dei fire som har vore lanserte til no er berre dei mest aktuelle.

Også på strekninga Nordfjord-Sunnmøre må ein ta omsyn til at vegen bør tene eit så breitt felt som råd. Dersom ein legg Kyststamvegen gjennom Kviven, vil dette gje dårlegare tilhøve for Måløy/Bremanger-regionen enn ønskjeleg. Dette vil då kunne føre til eit krav om utbygging av Riksveg 61 frå Maurstad til Åheim/Fiskå og vidare til Hareidlandet. Dermed vil ein måtte byggje ut to parallelle traséar der ein kunne greidd seg med ein. Det same viss ein vel å legge Kyststamvegen over Rv.61; då vil det kome krav om byggjing av Kvivsveg og/eller opprusting av Rv.1 gjennom Stigedalen.

Natur- og miljøvernmessig er ingen av desse alternativa gode. Rv.61 går nær viktige strandsoner, Rv.1 går gjennom ein unik dal med eit verna vassdrag og Kvivsvegen vil øydeleggje verdifulle våtmarker, dallandskap og elvenatur. Etter ei samla vurdering har Natur og Ungdom kome fram til at vi vil støtte ei skånsom utbyggjing av Rv.1, hovudsakleg av di vi ser behovet for ei utbyggjing av eit av alternativa på strekninga, samstundes som vi vil dempe behovet for utbyggjing av fleire enn eitt alternativ.

Ut frå dette vil Natur og Ungdom på strekninga Førde-Ålesund rå til at ein vel eit alternativ der ein opprettheld dei tre fergestrekningane Anda-Lote, Folkestad-Volda og Festøy-Solevåg. Det må understrekast at den vegstandsarden som blir vald ved opprusting av Rv.1 må senkast ned mot den standard som trafikken krev. Det vil seie at det ikkje er naudsynt å ruste opp vegen meir enn at han får gul midtstripe på det meste av strekninga. Dette for å dempe ein eventuell trafikkvekst og for å unngå naturkonfliktar.

Kristian Aas og Edvard Sandvik, NUs Kyststamveggruppe

Landsnamnet – heidrast den som heidrast bør

YTRING

Eg segjer meg leid for at eg ikkje tok med i bladstykkjet mitt um «Norge» (D&T nr. 46 1994) at det var Vilhelm Naadland som var mi kjelde um dei nyaste granskingane um den misstolking (misslesing) som D.A. Seip hadde gjort seg skuldig i – og som han bygde heile si vronglære på um Norgenamnet, og som hev fengje slikt meiningslaust resultat – det at dette missfoster av eit namn hev fengje slik ein prestisje at jamvel sume av dei fremste førande i målmannsflokken vil velja denne bytingen av eit landsnamn til sitt eigi i staden for det historisk rette namnet.

Ført bak ljoset

Me er Vilhelm Naadland stor takk skuldig fordi han henta fram denne kunnskapen, og fekk han prenta i «Maal og Minne» nr. 3 for 1988.

Det han der hev henta fram burde ha fengje ein mykje større publisitet enn berre gjenom det litle bladstykkjet i «Maal og Minne» – som vel er eit blad som vert lest av ein «engere krets» akademikarar. For det måtte då vera ein stor sensajon at eit heilt folk er ført bak ljoset i alle fall i **meir enn sytti år** berre på grunn av ei misslesing av eit ord – ei utegløyming av ein einaste bokstav!

Villeidande

Her kann me tala um at ei liti tuve kann velte eit stort lass. Eller koma i hug den litle rispa: «Lykten tente, koen spente Chicago brente». Det er vel ingen tvil um at dersom denne storguruen i norsk målvitskap – som D.A. Seip var – og faktisk enno er – lengje etter at han er død – ikkje hadde gjort denne fatale lesefeilen – og vedkjent at han hadde lesi feil, so hadde me ikkje havt den hetsen mot det historisk og lingvistisk rette namnet på landet vårt som me enno hev. Me hadde då ikkje – enno i dag – havt den villeidande orientering i Store Norske leksikon som enno finst der – og som Carl I. Hagen og hans mange drabantar støttar seg til i sitt hertog mot både norsk tungemål og det historisk rette namnet på landet vårt.

Men denne sensajonelle uppdagingi – som Vilhelm Naadland her hev henta fram – den skal helst dyssast ned. Eg oppliver med til dømes Aftenposten – ved den ikkje heilt ukjende politikaren – og for all del – kulturredaktøren – Lars Roar Langslet – at ein artikkel um dette temaet – den kann ikkje prentast i **det** bladet.

Kvar er DT?

Kvi heller ikkje Dag og Tid kunde prente ei utgreiding um den villfaring som Store Norske leksikon presenterar for alt folket um temaet, det hev eg enno ikkje skyna – og heller ikkje fengje svar på.

Eg trudde at sanningi var viktug å få fram på alle område i livet – inntil eg freista å få avsløring av lygni fram i pressa. Då upplivde eg at sumt var likevel viktugare enn sanningi. Eg skynar berre ikkje at Dag og Tid må vera med på denne galeien.

Eg vonar det finst eit plausibelt svar på det.

Toralv Bergwitz

Ris til eigen bak

YTRING

Herbjørn Sørebø analyserer dei moglege grunnane til at avisene – ikkje minst tabloidane i Oslo – må sjå at lesartala går ned. HS peikar på at fjernsynskanalane drep lesarlyst og sopar inn annonsekroner som før gjekk til avisene.

Ein årsak som ikkje mange har peika på i dette ordskiftet om tabloiddauden, er det daglege knefallet for alt som går føre seg på skjermen. Avisene har fleire feite sider kvar dag om kva ein kan sjå på i dårekista – slik at ein ikkje får tid til å lese aviser!

Skulle (dei kommersielle) TV-stasjonane betale annonsepris for PR-stoffet om kor mykje ein kan sjå, ville det bli **millionar kvar dag**, etter som heile den norske dagspressa skriv piss om pisset. Er ikkje dette å lage ris til eigen bak? Krev annonsekroner av dei rikare og rikare TV-selskapa. Kvar er ellers tekstreklamereglane som hindrar avisene å skrive om gode, norske produkt?

Daniel Liseth



«KrF er et politisk parti, ikke en religiøs bevegelse.»

VALGERD SVARSTAD HAUGLAND, påtroppende partileder



«Jeg trodde ikke jeg var såpass til kjendis at jeg havnet på forsida av både VG og Dagbladet med konkursen min.»

JØRN HOEL, mega-kjendis (?)

BA FOR 30 ÅR SIDEN

21. april 1965. 38. årgang. Løssalg 70 øre.

I disse dager er det 100 år siden de første beløp til opparbeidelse av en bypark i Bergen ble bevilget. I «Bergen 1814–1914» utgitt av Bergen kommune finner vi: «Mellom Olav Kyrres gate og Christies gate ble det ved kommunestyrebeslutning av 29. april 1865 fattet bestemmelse om utførelse av et parkanlegg – Byparken – hvortil der ble bevilget 800 spesiedaler.» (3200 kroner.)

Det var i begynnelsen av 1860-årene at kaien ved Lille Lungegårdsvann ble bygget. Sttrekningen mellom Christies gate og Olav Kyrres gate lå den gang i lite tiltalende forfatning, men det måtte kunne gjøres noe ut av den store, nesten plane og sentralt beliggende grunn.

«Ville det ikke være like rimelig om man følte litt ansvar selv, for de ting man satte virkelig pris på i livet?»

Det er ikke min skyld!

Av og til tror jeg det er BA som holder liv i meg.

For en stund siden var det en hjerteskjærende historie om en stakkars mann fra Åsane, som var blitt robbet for alt, av et tankelaust boliglag.

Ja, livet er ikke lett! Jeg så for meg en stillferdig Syden-reiser, som kom hjem til en rundstjålet leilighet, etter tre uker på Tenerife.

Men så galt var det ikke. Karen og hans kone dro til Spania for sju år siden, og etterlot en leilighet som ble utleid møblert, til et menneske som ikke betalte husleien, slik at leiligheten ble solgt på tvangsauksjon for fire år siden.

Ja, slikt er sørgelig. For det er dyrt å dra hjem, fra Spanie til Norge, og man kan ikke godt vente at ens egne barn skal ta seg av slike saker, når man selv slår seg ned i Syden.

Så da får man vente litt innsats av sitt boliglag i stedet?

Ja, selvfølgelig! Vi må alle vente at andre gjør sitt, mens vi selv nyter solen i Spania.

Dermed kom sønnen og hentet kjøkkenmaskinene, samt sofagruppen, men dessverre ikke sølvtøyet og fotoalbumet fra guttedagene.

Ja, er det ikke sørgelig?

Men på den annen side: Når den bolde sydenelsker ikke selv husket sine fotografier, hvordan i all verden skulle andre kunne gjøre det?

Jeg kikker på fjeset i avisen. En kraftig kar, i sine beste alder.

Så da er det ikke lett. Da er man et menneske som godt kan tenke seg å etterlate sine fotografier og andre herligheter i sju av sine beste år, uten å savne dem. Men som til gjengjeld blir dypt forferdet når man så endelig kommer hjem, og oppdager at alle de familieklenodier man selv har gitt seg goddag i sju år, heller ikke blir tatt vare på av noen andre i mellomtiden.

Nei, slikt er ikke lett. Og BAs skribent føler dypt og inderlig med offeret.

Men hva skal vi andre si? Vi som leser om tragedien ved frokostbordet?

Jeg tenker rørt på mine egne fotoalbum fra guttedagene. Og husker ellers da jeg sist kjøpte en brukbar sofagruppe på Fretex, for fem hundre kroner. Jeg hadde tenkt den til et utleierom jeg den gang skulle ordne. Men istedet ga jeg hele greia til en student, som ble jevnt robbet av en hushai i sentrum.

Mer var det ikke med den sak.

Men det er selvfølgelig helt anderledes for en familie som må reise til Spania for å bedre helsen, og får store utgifter der nede?

For slike stiller alt seg helt annerledes. Så det er bare rimelig at de venter at andre skal ordne opp for dem.

Om ikke den nærmeste familie vil ta vare på skattene, så i hvertfall formannen i boligbyggelaget?

Jo, selvfølgelig venter vi! Og blir opprørt når vår tillit blir skuffet.

Da er man plutelig blitt robbet for alt, og det er slett ikke kjekt.

På den annen side kan der jo være en og annen leser som tenker forvirret:

Er det blitt skikkelig godtatt at det alltid er andre som har ansvaret for de uhell som skyldes våre egne forsinkelser?

Ville det ikke være like rimelig om man følte litt ansvar selv, for de ting man satte virkelig pris på i livet?

Og gjør BA sine ofre noen tjeneste, når man slår slike ensidige saker mot andre opp over en hel side ved frokostbordet, for lesere som stirrer ut på mars måneds hjerterå pøsregn, her oppe i de gamle nordmenns Valhall?

Der hvor alle slåss til de stupte den dagen, for så å begynne om igjen neste morgen?

I hvert fallt alle hjemmesitterne, – som ikke strøk til Spania istedet.



***KLART** vi venter at andre skal ordne opp for oss...*

SYNSPUNKT



ARILD HAALAND

Nynorsk for innvandrarar

I BA 10. april gjer Gerhard Øksnes eit poeng av at Hordaland Mållag stiller krav om nynorske læremiddel til norskopplæring for framandspråklege for å markere underteikna som ny leiar. Det er greitt at Øksnes trur det, men her er bakgrunnen for kravet.

INNLEGG

GRETE RIISE
Leiar i Hordaland Mållag

Hordaland har 31 nynorskkommunar og tre kommunar som er språkleg nøytrale. I alle kommunane er det skular med nynorsk opplæringsmål. I dei fleste kommunane finst det berre nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Og for oss «innfødde» vestlendingar er det faktisk normen at vi snakkar ei lokal dialekt og lærer nynorsk skriftmål i skulen!

Flyktninger og asylsøkjarar blir busette av Utlendingsdirektoratet og kan ikkje sjølve avgjere kvar dei skal bu. Det norske Stortinget har vedteke at alle norske kommunar skal ta imot personar som har fått asyl i Noreg.

Innvandrarbarn går inn i det ordinære skuleverket og får i tillegg til morsmålsopplæring det same undervisningstilbodet som norske elevar, også i norsk. For dei som går i klasse med nynorskelevar vil det seie at det blir undervist på nynorsk.

Vaksne innvandrarar får og tilbod om norskopplæring. Læremiddel til slik norskundervisning for framandspråklege finst i dag berre på bokmål. Vaksne som berre lærer bokmål, vil dermed få barn som lærer nynorsk i skulen. At dei sjølve lærer eit anna språk, gjer det vanskelegare for dei å følgje med i og eventuelt hjelpe ungane sine med leksene.

Vi krev ikkje at alle innvandrarar skal kunne både nynorsk og bokmål. Men innvandrarane må få høve til å lære det språket som blir brukt der dei bur.

Til sist vil eg minne om Øksnes om at det finst fleire forfattatarar i Noreg enn Ibsen og Bjørnson. Namn som Garborg, Duun, Vesaas og Hauge, burde og vere allment kjende. For å vere integrert i det norske samfunnet må du kjenne att både «Mellom bakkar og berg» og «Ja, vi elsker» på 17. mai!

Innlegg til debattsidene må signeres med fullt navn. Vi forbeholder oss rett til å forkorte innleggene. Innsendte manuskripter blir ikke returnert. Skriv kort! Bergensavisen AS, postboks 824, 5002 Bergen, mrk. «Innlegg»

Nyt fra Europa

17. årgang — Udgivet af Europa-Parlamentets Centrale Presseafdeling — Nr. 11

ISSN-0255-6499 — November 1995

Den Europæiske Unions stilling

– Der skal være plads til debat om de store emner i europæisk politik, sagde Europa-Parlamentets formand *Klaus Hänsch* i sin tiltrædelsestale i juli 1994. Dette løfte blev indfriet, da Europa-Parlamentet afsatte onsdag den 15. november til en debat om Den Europæiske Unions stilling. Indledningstalerne blev holdt af Klaus Hänsch, *Jacques Santer*, formand for Kommissionen, og *Felipe González*, Spaniens ministerpræsident og fungerende formand for Det Europæiske Råd.

EU og borgerne har brug for at komme tættere på hinanden var et tema, der gik igen i mange indlæg. Felipe González fremhævede, at der i EU er blevet opbygget et område med fred, demokrati og stabilitet uden fortilfælde i Europa og på verdensplan. Rådsformanden så en skærende kontrast mellem det, EU har opnået i de seneste år – realiseringen af det indre marked, Maastricht-traktaten og udvidelsen af EU med tre nye lande – og den euro-skepsis, som er så udbredt.

– En af de vigtigste opgaver, som Unionen står over for i dag, er at tilnærme Unionen og dens institutioner til borgerne, mente Jacques Santer. Netop derfor bør en første prioritet være bekæmpelsen af arbejdsløsheden, og medlemslandene og EU må i fællesskab gennemføre en samlet strategi, fremhævede han.

Klaus Hänsch advarede mod en voksende ny-nationalisme i Europa. Der udtrykkes ikke blot mere eller mindre berettiget kritik af EU. Den nye nationalisme dækker sig ofte bag udtryk som »for Europa men mod politisk Union«, beklagede parlamentsformanden. Også i det nye udelte Europa, må gælde, at aldrig igen må et land blive så suverænt, at det alene kan bestemme over krig og fred og over nabolandenes ve og vel, advarede Klaus Hänsch.

En opfordring til at se på EU's opbygning ikke som en øvelse for eliten, men som en proces, hvor borgernes ønsker inddrages, kom fra briten *Pauline Green*, formand for De Europæiske Socialdemokraters Gruppe. Hun nævnte de mange problemer, vi står over for – arbejdsløshed, manglende social samhørighed, miljøforringelser – men disse problemer er fælles for os alle i en verden, som ændrer sig hurtigt. De er en følge af den dynamik, der præger vort århundrede. Det er ikke problemer, som skyldes EU – selv om regeringerne gerne vil give EU skylden for deres problemer – det passer ikke, og det er ikke ærligt, kritiserede hun.

Pauline Green efterlyste forandringer uden at sætte det, der er opnået, over styr. Med støtte fra befolkningerne i Europa bliver det en langsom og vanskelig proces, men også et spændende forehavende, hvor vi kan tilbyde en vision af noget, der er anderledes, en model for samarbejde med andre dele af verden, håbede Pauline Green. Har vi ikke støtte fra befolkningerne, er processen umulig, advarede hun.

Formanden for Det Europæiske Folkepartis Gruppe,belgieren *Wilfried Martens* mente, at hovedspørgsmålet bør være, om EU er i stand til at opfylde borgernes elementære behov for fred og frihed. I den forbindelse pegede han på de interne trusler og den eksterne ustabilitet. Fred er ikke noget evigtvarende, men derimod noget, man skal arbejde på at bevare og sikre. Han opfordrede også til at gøre mere for at bekæmpe problemerne med den store strukturelle arbejdsløshed.



EU og borgerne har brug for at komme tættere på hinanden, var et tema, der gik igen i mange indlæg under Europa-Parlamentets debat om Unionens stilling.

Formanden for Det Europæiske Liberale og Demokratiske Partis Gruppe efterlyste mere handlekraft, demokrati og gennemskuelighed. Effektive miljøregler, en CO_2-afgift, en fælles asylpolitik og fælles kontrol ved de ydre grænser mangler, fordi der inden for disse områder kræves enstemmighed i Rådet, kritiserede han.

De Vries advarede mod blot at foretage kosmetiske ændringer af Maastricht-traktaten under den kommende Regeringskonference. Sker det, vil befolkningerne næppe godkende resultatet, og så kan Unionen ikke blive udvidet, sagde Gijs de Vries.

Jens-Peter Bonde (JuniBevægelsen) kritiserede, at den reflektionsgruppe, der forbereder Regeringskonferencen, ikke er kommet med nye tanker. Der er pæne ord om åbenhed, miljø og beskæftigelse men ikke én formulering, som vil skabe større åbenhed, bedre miljø eller flere arbejdspladser, kritiserede han.

Ja til udvidelse – nej til udvanding

– Hvem havde for fem år siden forestillet sig EU udvidet med Sverige, Finland og Østrig, og hvem havde dengang kunnet forudsige, at Polen, Ungarn og Rumænien og andre lande i Central- og Østeuropa nu forbereder sig på at blive medlemmer af Unionen, spurgte Europa-Parlamentets formand. Han så det som den største udfordring for Unionen at gøre en udvidelse af Unionen mulig, uden at den udvandes. Netop derfor er der brug for reformer af traktaten, og vi har brug for klare målsætninger og en realistisk tidsplan, sagde Klaus Hänsch.

Felipe González så i lyset af de mange udfordringer behovet for at lade tingene tage den tid, der er nødvendig. Han erklærede sig fortrøstningsfuld og forudså et større og mere effektivt EU med en fælles valuta, en ny sikkerheds- og forsvarsmæssig opbygning og med forstærkede relationer udadtil.

– Regeringskonferencen i 1996 skal forberede Unionen på udvidelsen, sagde kommissionsformand Jacques Santer. Hvis det ikke sker, vil en udvidelse blive umulig, eller vi risikerer at få en udvidet men lammet Union, advarede han. Santer opfordrede til at bevare og uddybe de resultater, som Unionen har opnået. Der er naturligvis behov for en vis fleksibilitet. Europa har ofte haft brug for overgangsperioder og midlertidige undtagelser fra visse regler. Målet er stadigvæk at skabe en stadig tættere Union, og Unionen er ikke et supermarked, hvor man på hver enkelt hylde kan vælge de varer, man har lyst til, sluttede Jacques Santer.

Europaaftaler med de baltiske lande godkendt



Den danske socialdemokrat Niels Sindal er formand for Den Interparlamentariske Delegation for Forbindelserne med Estland, Letland og Lithauen.

Europa-Parlamentet godkendte den 15. november med overvældende flertal Europaaftalerne med Estland, Letland og Lithauen.

– Aftalerne sender et vigtigt signal til de tre landes befolkninger om, at vi i Vesten ikke glemmer, men tværtimod har en interesse i at hjælpe og støtte dem økonomisk som politisk. Det sagde socialdemokraten *Niels Sindal* i sin ordførertale under parlamentets debat om aftalerne. Niels Sindal er formand for Den Interparlamentariske Delegation for Forbindelserne med Estland, Letland og Lithauen. Delegationen har i ugen 18. – 24. november møder med regeringer og parlamenter i de tre baltiske lande, og Niels Sindal glædede sig til at overbringe budskabet om godkendelsen.

De tre baltiske lande har siden 1. januar 1995 haft frihandelsaftaler med EU. Ved at underskrive Europaaftalerne indgår vi nu også en politisk dialog, som skal bruges til at få diskuteret en lang række problemer som kriminalitet, miljø og energi samt spørgsmålet om, hvordan de baltiske lande får harmoniseret deres lovgivning i forhold til EU-standarder, forklarede Niels Sindal. En løsning på disse spørgsmål er forudsætningen for fuldt medlemskab af Unionen. En anden forudsætning er at få cementeret demokratiet, fortsatte Niels Sindal.

Han så demokrati som grundlag for reel velfærd i landene. Det er ikke nok at sikre økonomisk velstand til befolkningerne, der må også skabes en overordnet ramme for en markedsøkonomi, understregede Niels Sindal.

